

Budsjett 2024 og økonomiplan med handlingsdel 2024-2027

Vedteke i Kommunestyret 14.12.23 i PS-103/23



Foto: Kjell Stian Brunnes

Innholdsfortegnelse

Kommunedirektøren har ordet	5
Slik les du dokumentet.....	6
Dokumentet si oppbygging.....	6
Sentrale kapittel.....	6
Litt om webdokument og orientering i dette	7
Informasjon på det enkelte tenesteområdet	9
Organisering, styring og verdier.....	10
Visjon	10
Verdier.....	10
Politisk struktur	11
Administrativ struktur.....	12
Plan- og styringssystem	13
Menneskelege ressursar.....	17
Budsjettvedtak.....	18
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd	26
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd	27
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd	27
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd	28
Satsingsområde.....	31
Attraktiv kommune	31
Barn og unge	34
Velferd og omsorg.....	37
Aukra i regionen.....	39
Fornyning, forenkling og forbedring.....	41
Kompetente medarbeidarar, rekruttering	42
Berekraftig økonomiforvaltning.....	45
Klima og miljø.....	46
Gebyrliste	48
Foreldrebetaling barnehage	48
Foreldrebetaling SFO	49
Eigenbetaling dagsentertjenester.....	51
Eigenbetaling praktisk bistand	51
Eigenbetaling matombringning.....	52
Eigenbetaling tryggleikspakke	53
Eigenbetaling leie GPS	54

Økonomiplan for 2024-2027

Eigenbetaling opphald i Institusjon	55
Elevavgift Aukra kulturskole	56
Betalingssatsar Aukra Basseng	57
Gebyr for vatn, avløp, renovasjon, slamtømming, feiing og tilsyn.....	58
Gebyr for sakbehandling plan-byggesaks- og oppmålingsområdet	61
Husleige kommunale boligar	70
Klimabudsjett	70
Klimatiltak med i økonomiplanen	74
Utvikling i befolkning	74
Demografi	76
Befolkningsprognose	76
Finansiering av kommunesektoren	78
Statsbudsjettet sine føringar	79
Frie disponible inntekter for Aukra kommune	81
Budsjettføresetnader	89
Kommunen si samla drift	90
Perspektivmelding 2021	91
Det er for seint å fikse 2040 i 2040	93
Kompass Aukra 2030.....	94
Netto løyvingar drift.....	140
Oversikt innmeldte ønska driftstiltak frå einingane som ikkje er prioritert.....	157
Kjerringsundet.....	159
Investeringar i budsjett og økonomiplan.....	160
Investeringstabell for kommunen samla	160
Investeringar - endring i vedtekne løyver i økonomiplan 2023-2026	166
Nye investeringar i økonomiplan 2024-2027	168
Oversikt Investering og finansiering	169
Hovedtala i forslag til budsjett og økonomiplan Sentrale inntekter	171
Driftsutgifter per tenesteområde (1B).....	171
Finansinntekter og -utgifter	172
Avsetnader og årsoppgjersdisposisjonar	172
Fondsutvikling for kommunen	173
Disposisjonsfond per 31.12.2024.....	173
Disposisjonsfond per 31.12.2025.....	174
Disposisjonsfond per 31.12.2026.....	174
Disposisjonsfond per 31.12.2027.....	174

Økonomiplan for 2024-2027

Kommentar til disposisjonsfonda	175
Til disposisjon for tenesteområda	176
Disponering av driftsramma	176
Økonomisk utvikling i planperioden	178
Berekraftig økonomisk utvikling	178
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	180
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar	181
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	182
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter	183
Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter	184
Vurdering av den økonomiske utviklinga	184
Kommunen sine ramme- og tenesteområde	185
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	185
Økonomiavdelinga	189
Organisasjonsavdelinga	192
Barnevern	195
Pedagogisk rådgjevar	196
Næring, revisjon, kyrkja mm	198
Gossen barne og ungdomsskole	200
Julsundet skole	204
Barnebo barnehage	208
Bergetippen barnehage	211
Innvandring og integrering	214
Kultur	218
Institusjon og butenester	223
Tenester til heimebuande	226
Helse	229
NAV Aukra	230
Tekniske tenester	232
Kjerringsundet	237
Sentrale ansvar	237
Vedlegg	238
Aktuelle rapportar knytt til Kompass Aukra 2030	238

Kommunedirektøren har ordet

Urolege tider

I det kommunedirektøren no legg fram sitt forslag til budsjett for 2024 og økonomiplan for 2024 – 2027 står vi i ei uroleg tid med nye krigar. Her heime lever vi heldigvis i ein trygg krok av verda, men mange merker effekten av inflasjon og auka lånerenter i sin eigen økonomi. Sjølv Aukra kommune merkar at renter, løn og prisar aukar. Som eksempel kan nemnast at vi på berre to år har meir enn tre-dobla renteutgiftene. Frå kr 11,5 millionar i 2022-budsjettet til kr 36 millionar i 2024-budsjettet. Noko skyldast auka rente og noko skyldast auka lånegjeld knytt til nye og gode investeringar. Like fullt; det skal betalast.

To store utfordringar framover

Kommunen sin aller største investering ligg fortsett framfor oss. Vi set av mykje pengar til å realisere Kjerringsundet. I fleire år er det sett av 100 millionar til fastlandsfondet. Fondet har vokse, men kanskje ikkje så mykje som det burde? Avkastninga av fondet har ikkje blitt lagt inn i fondet, men gått inn i drifta av kommunen. I avtalen med Møre og Romsdal fylkeskommune som vart vedteken i kommunestyret hausten 2022 er det avtalt at avkastninga heretter skal kome fondet til gode. I tillegg skal det årlege beløpet indeksjusterast kvart år. Med det vil fondet auke raskare, men det vert mindre pengar til drifta av kommunen.

Den andre store utfordringa framover er knytt til dei demografiske endringane. Sjølv om folketalet i Aukra kommune totalt sett aukar so ser vi at alderssamansetninga endrast mykje. På Gossen går talet på barn og unge nedover. Talet på innbyggjarar under 16 år på øya er no 84 færre enn ti år før. Same periode auka gruppa over 67 år med 115 personar. På Julsundet ser vi derimot auke i både unge og eldre. Uansett vil dei demografiske endringane krevje ei omfordeling av ressursane dei neste tiåra.

Behov for omstilling – Kompass Aukra 2030

Då økonomiplana for 2023-2026 vart handsama i desember 2022 såg kommunestyret at det var naudsynt å sjå på drifta for å få økonomisk balanse, og vedtok ei bestilling knytt til dette. Kommunedirektøren kom tilbake til kommunestyret i mars 2023 og orienterte om at ein som svar på bestillinga ville sette ned eit prosjekt «Kompass Aukra 2030». Kommunestyret støtta arbeidet med prosjektet. Som avtala la kommunedirektøren fram informasjon om tiltaka på dialogmøtet med kommunestyret 2.november. Mange av tiltaka er no tatt inn i forslaget til budsjett.

Kommunedirektøren er stolt av den jobben som einingsleiarar, tillitsvalde og andre tilsette har gjort det fyrste året i Kompass Aukra 2030. Det har vore både krevjande og lærerikt. Omstillingsarbeid vil aldri opplevast enkelt. Det gjeld for både tilsette, brukarar og politikare. Kommunedirektøren vil då minne alle om at dess raskare ein gjer tilpassingar, dess mindre inngripande vil dei bli. Naudsynt omstilling blir tyngre om ein no vel å skyve omstillinga ut i tid. Sjølv om forslaget til økonomiplan tek pengebruken i Aukra kommune noko ned så må vi ikkje gløyme at vi fortsett ligg på eit driftsnivå langt over dei fleste kommunar. Aukra kommune leverer mange og gode tenester til innbyggjarane, og det vil vi fortsette med.

Med dette legg kommunedirektøren fram sitt forslag til budsjett for 2024 og økonomiplan for 2024 – 2027. No er det opp til dei folkevalde. Lykke til med arbeidet!

Slik les du dokumentet

Dokumentet si oppbygging

Kommunale budsjett er inndelt i to delar, eit driftsbudsjett og investeringsbudsjett.

Budsjetta er uavhengig av kvarandre, men investeringsbudsjettet påverkar driftsbudsjettet gjennom finansiering ved overføring frå drift til investering og gjennom utgifter til renter og avdrag på lån som kommunen har nytta til finansiering av investeringane. Det er berre til finansiering av egne investeringar kommunen kan ta opp lån.

Bruk og avsetting av disposisjonsfond kjem berre til uttrykk i driftsbudsjettet, og investeringsfond berre i investeringsbudsjettet.

Sentrale kapittel

Organisering, styring og verdier

Viser kommunen sin visjon, verdier og målstruktur. Kapitlet viser også den politiske og administrative strukturen, samt eit avsnitt om menneskelege ressursar der arbeidsgjevarpolitikk, kompetanseutvikling, rekruttering, heiltidskultur og nærvær og fråvær er tema.

Budsjettvedtak

Kommunen sitt formelle budsjettvedtak skal uttrykkast i forskriftsbestemte bevilgningsoversikt. Dette blir vist i dette kapitlet. Kapitlet inkluderar også verbalvedtak.

Drift

Skjema merka med (1A) viser frie disponible inntekter som Kommunestyret har mynde over, samla netto løyvingar til drift, finans-inntekter og utgifter som resultat av vedtekne låneopptak, og disponering av netto driftsresultat .

Skjema merka med (1B) viser løyve til det enkelte driftsområde.

Investering

Skjema merka (2A) viser sum investeringsutgifter, investeringsinntekter, netto utgifter til vidareutlån og sum overføring frå drift og netto avsettingar.

Skjema merka med (2B) viser oversikt over det enkelte prosjekt som det er gjeve løyvingar til i skjema 2A. Prosjekta er delt inn i store og små i samsvar med kommunen sitt vedteke økonomiske reglement.

Gebyrliste

Gebyrsaker har vore egne politiske saker tidlegare nå. Sidan dette er tett knytt opp til budsjett er alle gebyra no samla i budsjettdokumentet. Kapitlet viser ny sats for kommande år, og kva endring utgjir i forhold til førre år.

Klimabudsjett

Omhandlar kommunen sine klimamål og klimatiltak som er teke inn og prioritert i budsjettet.

Utvikling i befolkning

Viser framskriving av tal på innbyggjarar ved gitte føresetnader og kva endring denne vil gje i dei ulike aldersgruppene og utgiftene endringane i demografi vil føre til ti år fram i tid.

Status og Rammevilkår

Viser ei oversikt over dei viktigaste føringene i statsbudsjettet, og eventuelle oppgåveendring fra staten til kommunane. Frie disponible inntekter blir vist og kommentert.

Under budsjettføresetnader blir det opplyst kva som er lagt til grunn ved utmåling av drifts- og finansutgifter.

Drift i budsjett og økonomiplan

Her gjev Kommunalsjef drift eit overordna bilde av venta utviklinga i perioda.

Det blir vidare gjeve ein kommentar til økonomisk utvikling i drifta og vist oversikt over tilrådde tiltak og ønska tiltak frå drifts-områda, men som ikkje er tilrådde. Tiltak knytt til Kompass Aukra 2030 blir trekt ut i egne tabellar.

Kjerringsundet

Her blir det gjeve oppdatering av status i politisk vedtak om finansiering av fylkesveg-prosjektet som skal sikre fastlandsløysing til Gossen.

Investeringar i budsjett og økonomiplan

Viser ei oversikt over alle investeringane i økonomiplanperioden, sortert i andre investering og i investeringar knytt til sjølvkostområda. Her blir det og gjort greie for endringar som er gjort i gjeldande planvedtak som ligg til grunn for årets utarbeiding av budsjett og økonomiplan. Vidare viser eigen tabell ei oversikt over nye tiltak som kjem inn i denne budsjett- og økonomiplana. Ved å klikke på det enkelte prosjekt får du meir utfyllande informasjon om prosjektet.

Hovedtala i forslag til budsjett og økonomiplan

Her er en oversikt over kommunen sine sentrale inntekter og utgifter, finansinntekter og -utgifter, avsetningar og årsoppgjørdisposisjonar i driftsbudsjettet, samt fondsutvikling.

Økonomisk utvikling i planperioden

Kapittelet omhandlar utvikling i økonomiske nøkkeltal. Det gjerast greie for utviklinga i viktige finansielle måltal som viser korleis kommunen gjennom si økonomistyring sikrar forsvarlig langsiktig økonomisk utvikling. Oversikta viser både politisk vedtekne måltal i økonomireglementet og andre måltal.

Litt om webdokument og orientering i dette

Enkelte tabellar og andre grafiske element i webdokumentet er "levande", noko som vil seie at dei har funksjonalitet der ein kan klikke seg vidare inn for å få fram fleire detaljar. Eksempel på dette er tabellen som visar driftstiltak, der ein kan klikke på tiltaksnamnet for å få fram beskriving av tiltaket og ei oversikt over heile økonomiplanperioda.

Ei forbetring som nyleg har kome er at ein inne i kvart kapittel finn innhaldsliste i venstre marg som viser hovudoverskriftene i kapittelet og ein kan klikke på overskriftene for å hoppe til dei.

Innhaldslista er som webutviklarane i Framsikt kallar det "sticky" og blir værande til venstre uansett kor langt ned i kapittelet ein har scrolla. Dette gjer det enklare å orientere seg når kapitla er lange.

Budsjett 2023

Framsida /

Investeringar i budsjett og økonomiplan

Innhold på denne siden:

Investeringstabell for kommunen samla

Andre investeringar

Selvkost

Oversikt Investering og finansiering

Investeringar - endring i vedtekte løyver i økonomiplan 2022-2025

Nye investeringar i økonomiplan 2023-2026

Investeringar i budsjett og økonomiplan

Investeringstabell for kommunen samla

Andre investeringar

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Økonomiplan		
	2023	2024	2025
Kommunedirektør, politisk leing og serviceavdelinga			
ROR-IKT investeringar	475	995	995

Det er to innfallsportar til dei ulike delane av dokumentet. Dei er presentert både på framsida og i rullegardin meny oppe til høgre. Menyen oppe til høgre kan være grei å bruke når ein allereie er inne i eit kapittel og vil gå vidare til eit anna utan å måtte gå tilbake til framsida.

Budsjett 2023

Budsjett 2023

Økonomiplan med handlingsdel 2023-2026

Kommunedirektøren sitt forslag

Forside

Kommunedirektøren har ordet

Slik les du dokumentet

Organisering, styring og verdier

Budsjettvedtak

Utvikling i befolkning

Status og rammevilkår

Drift i budsjett og økonomiplan

Kjerringsundet

Investeringar i budsjett og økonomiplan

Økonomisk utvikling i planperioden

Hovedtala i forslag til budsjett og økonomiplan

Vedlegg

Meny X

Det er også mogleg å gjere søk på enkelte ord i søkefeltet oppe til høgre. Du vil da få fram ei liste over plassar i dokumentet der det ordet som blei søkt på nemnast.

Budsjett 2023

Budsjett 2023

Økonomiplan med handlingsdel 2023-2026

Kommunedirektøren sitt forslag

Disposisjonsfond

Meny ☰

[← Tilbake til økonomiplanen](#)

Søkeresultater

Disposisjonsfond

Resultat : 17 treff.

Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter

Sti: [Forside](#) / [Økonomisk utvikling i planperioden](#)

Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter

Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter

Sti: [Forside](#) / [Økonomisk utvikling i planperioden](#)

Disposisjonsfond er avsette midlar som seinare kan nyttast dersom kommune får uventa ikkje budsjetterte utgifter.

Disposisjonsfond per 31.12.2026

Sti: [Forside](#) / [Hovedtala i forslag til budsjett og økonomiplan](#)

Disposisjonsfond per 31.12.2026

Disposisjonsfond per 31.12.2023

Etter publisering blir dokumentet òg laga i Word-format som ligg ved politisk sak til handsaming. Framsikt legg til rette for dette, men funksjonalitet og lesarvenlegheit i Word-formatet er ikkje optimal, og ein mistar fleire av funksjonalitetane som ein har når ein les dokumentet på web. Framsikt informerer om at prioritering og utviklingsfokus vil være på å optimalisere publisasjon av dokument på web. For å få ein best mogleg lesaroppleving av Budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 er difor vårt råd å lese dokumentet på web. Trykk på lenka for å kome direkte til webversjon: https://pub.framsikt.net/2024/aukra/bm-2024-budsjett_2024

Informasjon på det enkelte tenesteområdet

Den enkelte eining/avdeling har på sine sider gjeve informasjon om tenesteområda, og kva utvikling desse vil ha i økonomiplan perioden. Vidare er det sagt noko om kva utfordringar og tiltak som gjeld for kommande år.

Tenesteområdet sitt handlingsprogram for å realisere kommuneplana sin samfunnsdel er vist. Desse er, i den grad det har vore mogeleg, knytt opp mot FN sine berekraftmåls og har fastsette indikatorar for realisering av delmål. Det er og informert om kva strategi ein har for å nå det enkelte delmål (slik gjer vi det) under hovudmåla (slik vil vi ha det) i samfunnsdelen.


Detaljer i fastsett driftsramme går fram på det enkelte tenesteområde. Nye tiltak er opplista dersom slike er tilrådd og ved å klikke på den blå teksten for det aktuelt tiltaket vil beskriving og løyve det enkelte året i økonomiplanperiode bli synleg.

Nokon av tenesteområda har oppdrag i forhold til klimabudsjettet. Desse vil kome fram i eigen oppdragstabell.

Organisering, styring og verdier

Visjon

Aukra kommune sin visjon er "Aukra - full av energi".



Aukra – full av energi

Verdier

Verdier seier noko om kven vi er og kva som er viktig for oss. Aukra kommune sine verdier vart til gjennom ein prosess knytt til førre utgåve av samfunnsdelen (2012). Verdiane er:




Verdiane skal vera synlege i tale og gjerning. Verdiane skal prege og legge grunnlaget for korleis kommunen som samfunn og organisasjon skal arbeide og utvikle seg. Verdiane speglar kommunen sin visjon/slagord (Visjonen er vidareført frå samfunnsdelen 2012).

Politisk struktur

Aukra kommune sin politiske styringsstruktur er formannskapsmodellen. Formannskapet er sett saman av kommunestyret sine representantar, og spelar ei avgjerande rolle ved at utvalet er plassert mellom fagutvala og kommunestyret i saksbehandlinga. Formannskapet innstiller til kommunestyret sitt vedtak i økonomisaker som er nemnt i kommunelova sin § 14-3 tredje ledd og til skattevedtak. Formannskapet kan få tildelt vedtaksmynde i alle saker dersom ikkje noko anna følgjer av lov.

Kommunestyret (21 medlemmar) er kommunen sitt øvste organ, og treff vedtak på vegne av kommunen, så langt ikkje anna følgjer av lov. Kommunestyret kan delegera mynde til å treffe vedtak til andre folkevalde organ, ordføraren eller kommunedirektøren innanfor rammene av kommunelova eller anna lov.



Administrativ struktur


Aukra kommune er administrativt organisert i to fullmaktsnivå, kommunedirektøren og einings- og stabsleiarane. Kommunedirektøren er leiar av kommunen sin administrasjon, og skal leie denne innanfor instruksar, retningslinjer eller pålegg som kommunestyret gjev. Kommunedirektøren skal sjå til at saker som blir lagt fram for fokevalt organ, er forsvarleg utgreidd, og utgreiinga gjev eit faktisk og rettsleg grunnlag for å treffe vedtak. Vidare skal Kommunedirektøren sjå til at vedtak som er treft av folkevalgte organ, blir sett i verk utan ugrunna opphald. Kommunedirektøren sitt ansvar og mynde er nærare gjort greie for i kommunen sitt regelverk for delegering,

Kommunedirektøren har det løypande personalansvaret for den enkelte, inkludert tilsetting, oppseiing, suspensjon, avskjed og andre tenestleige reaksjonar.

Einings- og stabsleiarane er ansvarlege for sine verksemder innanfor ramma av dei fullmakter som er delegert frå Kommunedirektøren. Det betyr at einingsleiarane har nødvendig mynde til å sikre einingane si drift både når det gjeld fag, økonomi og personaloppgåver.

Kommunen si verksemd er inndelt i 11 tenesteområder og 3 stabsområder:

ORGANISASJONSKART AUKRA KOMMUNE




Plan- og styringssystem

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Samfunnsdelen til kommuneplana vart vedteke i K-sak 11/19 den 05.02.19. Samandrag av plana er slik:

Kommuneplanen sin samfunnsdel er eitt av dei mest grunnleggande plandokumenta i kommunen. Det meste av kommunen sine aktivitetar har utgangspunkt i denne planen. Lovgrunnlaget for planlegginga er å finne i plan- og bygningslova med reglar for kommuneplanlegging og rullering av planprosessane i lengre og kortare «årshjul».



Figur 1. Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet.

Figur er teke fra [Miljødepartementet sin veileidar for Kommunal planstrategi](#).

Mål og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel skal nyttast som grunnlag for handlingsdelen. Handlingsdelen er fireårig, og har såleis ein kortare planperiode enn samfunnsdelen. Tilhøve som samfunnsdelen ikkje «såg», kan handlingsdelen ta opp i seg. Handlingsdelen til kommuneplanen i plan- og bygningslova er no samordna med reglane om økonomiplan og årsbudsjett i kommunelova § 14-42. I Aukra kommune sitt plansystem er ikkje handlingsdelen eit eige plandokument, men samlinga av måla og strategiane i samfunnsdelen.

Utarbeidd økonomiplan skal etter ny kommunelov og fungere som handlingsdel etter plan- og bygningsloven §§ 11-1 og 11-4.

Aukra kommune sin samfunnsdel av kommuneplanen finn du ved å følgje lenka

her: <https://aukra.custompublish.com/kommuneplanen-sin-samfunnsdel.5880882-364954.html>

FN's bærekraftsmål og kommunen sin målstruktur

FNs bærekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. For å oppnå måla må alle land i verda bidra, også heilt ned på kommunenivå. Måla har dermed stor innverknad på norsk politikk, både i kommunar og lokalsamfunn og nasjonalt.

Nasjonale forventningar til regional og kommunalplanlegging 2019-2023

(<https://www.regjeringen.no/contentassets/cc2c53c65af24b8ea560c0156d885703/nasjonale-forventninger-2019-bm.pdf>) seier følgjande om kommunane si rolle i realiseringa av FN sine bærekraftsmål:

«Fylkeskommuner og kommuner er nøkkelaktører for å realisere en bærekraftig samfunnsutvikling og realisering av bærekraftsmålene i Norge. De er nærmest befolkningen, lokale bedrifter og organisasjoner. Samtidig er de ansvarlig for mye av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påvirker befolkningens levekår og utviklingsmuligheter.»

Nedanfor ser du ei oversikt over FN sine bærekraftsmål.



For å lese meir om kvart av FN sine bærekraftsmål og korleis regjeringa arbeidar med dei på nasjonalt plan, kan du trykke på lenka her: <https://www.regjeringen.no/no/tema/fns-barekraftsmal/id2590133/>

Målstrukturen i Aukra kommune er delt inn i fleire målnivå. Heilt overordna er FN's bærekraftsmål. Vidare består kommunen sin målstruktur av 8 satsingsområde, der kvart satsingsområde er delt inn i hovudmål (omtalt "slik vil vi ha det") og deretter delmål (omtalt "slik gjer vi det"). I tillegg til desse har kommunen gjennomgåande perspektiv knytt til folkehelse og samfunns-tryggleik.

Kommuneplana sin samfunnsdel vart vedteke i K-sak 11/19 den 5. februar 2019 og gjeld i perioda 2019-2030. Der vart desse 8 satsingsområda fastsett:

- Attraktiv kommune
- Barn og unge
- Velferd og omsorg
- Aukra i regionen
- Fornyng, forenkling og forbetring
- Kompetente medarbeidarar, rekruttering
- Berekraftig økonomiforvaltning
- Klima og miljø

Kvart satsingsområde er som nemnt brote ned i hovudmål (omtalt "slik vil vi ha det") og delmål (omtalt "slik gjer vi det"). Enkelte av hovudmåla til kommunen kan knytast til FN's berekraftsmål, og skal bidra til å oppnå måla frå kommunalt nivå. For å sjå hovudmåla og kven av dei som er knytt til FN's berekraftsmål kan du klikke deg inn i kvart satsingsområde.

I hovudsak er desse FN's berekraftsmål valt:



For å realisere måla kommunen har sett seg har kvar eining/tenesteområde valt seg ut hovudmål og delmål som dei skal jobbe med i økonomiplanperioden (2024-2027). Desse kan du sjå ved å klikke deg inn på kvart tenesteområde.

Indikatorar på delmål

Ifølgje kommunelova § 14-4 skal økonomiplanen og årsbudsjettet vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei måla og premissane som økonomiplana og årsbudsjettet byggjer på. Revisjonen skal gjennomføre forenkla etterlevingskontroll av denne bestemminga i tillegg til vesentlege budsjettavvik. Revisjonen har peika på at det må etablerast målbare nøkkelindikatorar (KPI'ar), som vil gjere det mogleg å beskrive/evaluere samanhengen mellom mål og måloppnåing. Dette blir svara ut gjennom at einingane utarbeidd indikatorar på delmåla som dei har satt seg.

Gjennomgåande perspektiv

Oppfølging av dei gjennomgåande perspektiva i kommuneplana vil ikkje krevje økonomisk ressursar i 2024. Revisjon av overordna risiko- og sårbarhetsanalyse vil bli søkt gjennomført i 2024 utan å nytte eksterne ressursar.

Økonomiplan for 2024-2027

Folkehelse og samfunnstryggleik	Slik vil vi ha det (mål):	Slik gjer vi det (gjennomføringsstrategi):
	Aktiv innsats for å identifisere folkehelseutfordringar	<ul style="list-style-type: none"> • Årleg gjennomgang av kommunen sin folkehelseprofil og utfordringsbiletet som følgjer av denne.
	Aukra skal vere ein sikker kommune.	<ul style="list-style-type: none"> • Aukra kommune skal til ei kvar tid ha gode system og rutinar for beredskap. • Årlege revisjonar av krise og beredskapsplanverk. • Årlege øvingar av kriseberedskap.
		<ul style="list-style-type: none"> • I all fysisk planlegging og tilrettelegging skal kommunen legge vekt på å forebygge uhell, ulykker og naturbaserte uønskete hendingar.
		<ul style="list-style-type: none"> • Sikre system for alternativ transport ved krisesituasjonar.
	Aukra kommune skal ha ein kompetent beredskapsorganisasjon med samhandlingsevne med både private, frivillige og offentlege aktørar	<ul style="list-style-type: none"> • Arbeide kontinuerleg med å avdekke og følgje opp risikoområde
		<ul style="list-style-type: none"> • Utarbeide heilskapleg risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS) ein gong i kvar valperiode.
		<ul style="list-style-type: none"> • Aukra kommune skal ha gode rutinar for informasjon og varsling i forkant av hendingar og kriser

Status og oppfølging av satsingsområde

Plansystemet og -strukturen er lagt opp slik at operasjonalisering/tiltak vert tatt inn/vurdert i den årlege budsjett- og økonomiplanprosessen.

Såleis er oppfølging av satsingsområda i kommuneplana ein årleg prosess fram til 2030.

Med verktøyet Framsikt vil oppfølging av kommuneplana sine mål og satsingar ha ei systematisk oppfølging, ved at alle "Slik gjer vi det" vert tildelt eit ansvar i organisasjonen.

Kvart av satsingsområda i kommuneplana vil krevje ytterlegare konkretisering og operasjonalisering. Såleis er Omsorgsplan, Barne- og ungdomsplan, Klima- og miljøplan basert på vedteke kommuneplan. Desse inneheld ytterlagare konkretisering av moglege tiltak.

Menneskelege ressursar

Aukra kommune er ein stor organisasjon med arbeidsgjevaransvar for om lag 450 fast tilsette. I tillegg kjem mellom anna vikarar, timelønna, lærlingar og studentar. Vi har lav turnover, stabile medarbeidarar og leiarar.

Arbeidsgjevarpolitikk

Vi står overfor gjennomgripande endringar. Arbeidslivet er i endring. For å møte endringane treng vi ein nyskapande arbeidsgjevarpolitikk.

Ein arbeidsgjevarpolitikk skal bidra til at vi når måla i samfunnsoppdraget. Gjennom ein god strategi skal vi rekruttere, utvikle og behalde kompetente medarbeidarar.

Vi må ha fokus på endring og omstilling der vi vågar å utforske det ukjente og vågar å stå i spenninga mellom det nye og det gamle. Gjennom leiing har vi ei unik moglegheit til å påverke og å nå mål saman med andre.

Vi vil saman med leiarane og dei tillitsvalde starte arbeidet med å utvikle ein framtidsretta arbeidsgjevarpolitikk, med fokus på faktorar som gjer at vi blir ein framtidsretta og nyskapande arbeidsgjevar.

Kompetanseutvikling og rekruttering

Ein av dei største utfordringane vi ser, er tilgang på kvalifisert arbeidskraft. Kommunen har mykje god kompetanse. Likevel kan vi no sjå dei same utfordringane som resten av Noreg. Særleg gjeld dette helsefagleg kompetanse, men vi ser no at det også blir utfordrande i alle andre fagfelt.

Vi må ha kompetanseplanar som bidreg til utvikling av kunnskap, ferdigheiter, haldningar og evner. Det gir oss eit grunnlag for å skape en dynamisk organisasjon som er budd på endringar.

Vi ønsker å legge til rette for læring og utvikling. Den beste kompetanseutviklinga skjer gjennom det daglege arbeidet og mellom kollegaer. Denne forma for læring må verdsettast.

Kommunen har eige fond for rekruttering, utvikling og omstilling.

Heiltidskultur

Det har over lang tid vore fokus på heiltidskultur. Organisasjons- og personalavdelinga har hatt tett dialog med einingane. Tillitsvalde, administrasjonen og politikarar deltek i intern arbeidsgruppe. Per oktober er gjennomsnittleg stillingsstørrelse 85,4%. Nesten 80% av dei tilsette har over 75% stilling. Dette er svært gode tal. Sommarvikarar og andre korte engasjement tel med i statistikken. Desse saman med dei som har ein delvis uføregrad gjer at 100% heiltid verken er mogleg eller ønskeleg.

Heiltidskultur er viktig for gode tenester til brukarane og for attraktive arbeidsplassar. Ein vil forsette det gode arbeidet med mellom anna fokus på turnusordningar. Stillingar skal i hovudsak lysast ut som heile stillingar og ein vil arbeide for at flest mogleg har fulle stillingar.

Nærvær og fråvær

Lågt fråvær er ein av faktorane som må være på plass for at vi skal kunne levere på samfunnsoppdraget. Vi må auke innsatsen for å sikre høg grad av nærvær.

Enkelttiltak for å få ned sjukefråværet har ofte ikkje effekt på lang sikt. Ein må difor jobbe på fleire hald samstundes og med eit perspektiv som er langsiktig.

Vi vil jobbe på overordna nivå, den enkelte eining og med kvar enkelt tilsette. Leiar- og medarbeidarutvikling, AMU, lokale HMS-grupper, gode verktøy for styring og god samhandling med tillitsvalde og vernetenesta blir viktig.

Måлтаlet totalt for Aukra kommune er 6,12%.

Budsjettvedtak

Kommunestyret sitt vedtak

1. Driftsbudsjettet 2024 og økonomiplana sin driftsdel for 2024 – 2027 blir vedteke slik det går fram av «Løyvingsoversikt – drift, etter § 5-4, første ledd», og «Løyvingsoversikt – drift, etter § 5-4, andre ledd»
 - a) Av avsetting til ubundne fond utgjør kr. 1,25 mill. avsetting til fond for rekruttering, utvikling og omstilling (25600060) som er delegert til Kommunedirektøren å disponere jfr. gjeldande økonomireglement.
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å foreta budsjettendringar i kurante saker. Dette omfattar blant anna endringar i oppgåvefordeling, fordeling av andre fellesutgifter kor fordeling ned på det enkelte område ikkje er kjent ved utarbeiding av budsjettet, fordeling av budsjettert løns-buffer, flytting av tenestetilbod fra eit område til eit anna, og oppretting av feil som blir oppdaga og som ikkje har prinsipiell betydning.
3. Investeringsbudsjettet 2024 og økonomiplana sin investeringsdel for 2024 – 2027 blir vedteke slik det går fram av «Løyvingsoversikt – investering, etter § 5-5, første ledd», med løyvingar til dei prosjekt som går fram av «Løyvingsoversikt – investering, etter § 5-5, andre ledd»
4. Det blir vedteke å ta opp lån i 2024 med kr. 36 000 000,- til finansiering av sum investeringar etter at kompensasjon for mva og salsinntekter er teke omsyn til. Vidare blir det vedteke å ta opp lån til vidareutlån (startlån) med 20.000.000,-. Kommunedirektøren blir delegert fullmakt til å ta opp lånet, vel långivar og godkjenne avdrag og rentevilkår i løpetid.
5. Kommunen vedtek å skrive ut eigedomsskatt i 2024 «berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum» etter utskrivingsalternativ i esktl. § 3 bokstav c. Utskrivingsalternativet omfattar og flytande anlegg i sjø, jf. eigedomsskattelova § 4 tredje ledd.
6. Kommunen vil i 2024 skrive ut eigedomsskatt på «eit særskilt fastsett grunnlag» i tråd med overgangsreglane til esktl. §§ 3 og 4, første ledd. Overgangsreglane blei vedteke i lov-2017-12-19-118 d. Det særskilte grunnlaget vil i 2024 vere lik 1/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlag i 2018 og 2019 som er forårsaka av nye verdsetjingsreglar og at produksjonsutstyr og installasjonar ikkje lenger skal reknast med i grunnlaget for tidlegare "verk og bruk". Det følgjer av nemnde lovendring at «verk og bruk» frå og med 2019 blir sett på som næringsseigedom.
7. Kommunen vil i 2024 skrive ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 blir sett som næringsseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsreglane til esktl. §§ 3 og 4 andre ledd nemnt over.
8. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2024 er 7 promille, jf. esktl. § 11 første ledd.

Økonomiplan for 2024-2027

9. Takstvedtekter for eieendomsskatt i Aukra kommune vedteke i kommunestyret den 09.10.2018, skal gjelde for eieendomsskatteåret 2024, jf. esktl § 10.
10. Eieendomsskatten skal betalast i to terminar med forfall 15. april og 15. oktober i skatteåret.
11. Nye satsar for gebyr på kommunen sine varer og tenester blir vedteke slik det går fram av kapittelet gebyrliste. Gebyrlista må bli oppdatert med vedtekne innmeldte tiltak som påverkar gebyr/brukarbetaling.
12. Kommunedirektøren blir bede om å fremme ei politisk sak i 2024 som greier ut behovet for framtidige barnehageplassar og avklarar kva som må til om kommunen skal ha fleire barnehageopptak i året.
13. Barnebo barnehage: Forslag «Ikke tilby plass til barn uten lovfesta rett til plass» fjernes fra budsjettplan 2024-2027 og beholdes som i dag. Kostnader: 2024 kr 609.000. Inndekning: Generelt disposisjonsfond, økte rammer innarbeides i budsjettet fra 2025.
14. Barnebo barnehage: Forslag «Ta vekk søskenmoderasjon for familiar med barn i både SFO og barnehage» fjernes fra budsjettplan 2024-2027. Kostnader: 2024 kr 40.000. Inndekning: Generelt disposisjonsfond, økte rammer innarbeides i budsjettet fra 2025.
15. Bergetippen barnehage: Forslag «Avvikle ordningen med søskenmoderasjon mellom barnehage og SFO» fjernes fra budsjettplan 2024-2027. Kostnader: 2024 kr 60.000. Inndekning: Generelt disposisjonsfond, økte rammer innarbeides i budsjettet fra 2025.
16. GBU: Forslag «Rabatter SFO» fjernes fra budsjettplan 2024-2027. Kostnader: 2024 kr 17.000. Inndekning: Generelt disposisjonsfond, økte rammer innarbeides i budsjettet fra 2025.
17. Institusjon og butenester: Forslag «Endring av fleksitillegg for sykepleiere» fjernes fra budsjettplan 2024-2027. Kostnader: 2024 kr 200.000. Inndekning: Generelt disposisjonsfond, økte rammer innarbeides i budsjettet fra 2025.
18. Institusjon og butenester: Forslag «Endring i vedtakspraksis støttekontakt» fjernes fra budsjettplan 2024-2027. Kostnader: 2024 kr 138.000. Inndekning: Generelt disposisjonsfond, økte rammer innarbeides i budsjettet fra 2025.
19. Julsundet skole: Forslag «Rabatter SFO Julsundet skole» fjernes fra budsjettplan 2024-2027. Kostnader: 2024 kr 19.000. Inndekning: Generelt disposisjonsfond, økte rammer innarbeides i budsjettet fra 2025.
20. Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga: Forslag «Kompass- Julegaver tilsatte» fjernes fra budsjettplan 2024-2027. Kostnader: 2024 kr 100.000. Inndekning: Generelt disposisjonsfond, økte rammer innarbeides i budsjettet fra 2025.
21. Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga: Forslag «Overgang frå Skooler til Teams-tiltak 43» fjernes fra budsjettplan 2024-2027. Kostnader: 2024 kr 20.000. Inndekning: Generelt disposisjonsfond, økte rammer innarbeides i budsjettet fra 2025.
22. Kultur: Forslag «Redusere opningstider svømmehallen» fjernes fra budsjettplan 2024-2027. Kostnader: 2024 kr 111.000. Inndekning: Generelt disposisjonsfond, økte rammer innarbeides fra 2025.

Økonomiplan for 2024-2027

23. Sentrale ansvar: Forslag «Kompass- tilsettgodar» fjernes fra budsjettplan 2024-2027. Kostnader: 2024 kr 540.000. Inndekning: Generelt disposisjonsfond, økte rammer innarbeides fra 2025.
24. Sentrale ansvar: Forslaget om å «Lage budsjettmodell for grunnskolen» beholdes, men innsparingen settes til kr 0 i budsjettplan 2024-2027. Kostnader: 2024 kr 400.000. Inndekning: Generelt disposisjonsfond.
25. Sentrale ansvar: Forslag «Kompass sykefravær» øker med kr 300.000 hvert år i perioden.
26. Tekniske tjenester: Forslag «Redusere kostnader til stell av grøntområder» fjernes fra budsjettplan 2024-2027. Kostnader: 2024 kr 50.000. Inndekning: Generelt disposisjonsfond, økte rammer innarbeides i budsjettet fra 2025.
27. Tenester til heimebuande: Forslag «Endring i fleksitillegg for sykepleiere» fjernes fra budsjettplan 2024-2027. Kostnader: 2024 kr 100.000. Inndekning: Generelt disposisjonsfond, økte rammer innarbeides i budsjettet fra 2025.
28. Endringsforslag institusjon og butenester: Musikkterapeut på Aukra omsorgssenter med 15% stilling. Kostnader: 2024 kr 75.000. Inndekning: Generelt disposisjonsfond. Økte rammer innarbeidast frå 2025.
29. Endringsforslag Tekniske tenester: Vidare utgreiing og planlegging av Aukra idrettshall - auke i budsjett med kr 300.000. Kostnader: 2024 kr 300.000. Inndekning: Generelt disposisjonsfond.
30. Endringsforslag Kultur: Auke i lokale aktivitetsmidler til Aukra Idrettsråd med kr 20.000. Kostnader: 2024 kr 20.000. Inndekning: Generelt disposisjonsfond.
31. Endringsforslag Tekniske tenester: Planleggingsmidlar til legging av tartandekke: Det vert sett av midlar i 2024 til planlegging og førebuing av legging av tartandekke. Kostnader: 2024 kr 200.000. Inndekning: Generelt disposisjonsfond.
32. Endringsforslag tekniske tenester: Tiltak to forsterka bustadar, estimert til 4.000.000 kr, vert utsett til 2025 i påvente av ny bustadpolitisk plan. Redusert investering i 2024 kr 4.000.000. Redusert bruk av lån i 2024 kr 4.000.000. Auka bruk av lån 2025 kr 4.000.000.
33. Endringsforslag GBU og JUSK: Utgreiing for betre tilpassa uteområde ved Aukraskolane: Det skal utarbeidast ei utgreiing av uteområda ved Aukraskolane. Denne skal leggest fram for kommunestyret innan oktober 2024. Utgreiinga skal omfatte bruken av dei eksisterande uteområda ved Aukraskolane, og legge eit grunnlag for betre tilpassing til dei ulike klassetrinna. Utgreiinga skal vere basert på brei medverknad med elevar, lærarar, elevråd og FAU. Resultat frå utgreiinga skal danne grunnlag for avsetting i budsjett 2025 til formål Betre uteområde ved Aukraskolane. Kostnader: 2024 kr 200.000. Inndekning: Generelt disposisjonsfond.
34. Endringsforslag Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdeling: Grendautval – driftsmidlar: Det skal settast av eit årleg beløp til driftsutgifter fordelt mellom grendautvala. Kostnader: 2024 kr 10.000. 2025 kr 10.000. 2026 kr 10.000. 2027 kr 10.000. Inndekning: Generelt disposisjonsfond.

Økonomiplan for 2024-2027

35. Endringsforslag Kultur: Auka ramme til kulturmidlar. Kostnad: 2024 kr 250.000. Inndekning: Generelt disposisjonsfond, økte rammer innarbeidast i budsjettet frå 2025.
36. Endringsforslag Kultur: Opprette 30 % stilling som ungdomsarbeidar med arbeidstid etter ordinær skoletid. Kostnader: 2024 kr 200.000. Inndekning: Generelt disposisjonsfond, økte rammer innarbeidast i budsjettet frå 2025.
37. Endringsforslag kryssløsning i Julsundet: Utredning av kryssløsning Julsundet: Utredning av kostnader knytt til planlegging, prosjektering og bygging. Det skal også leggast fram ei plan for kostnadsfordeling knytt til heile prosjektet. Kostnader: 2024 kr 300.000.
38. Endringsforslag Organisasjonsavdeling: Forslag «100% stilling rådgjevar ved Organisasjonsavdelinga» fjernes frå budsjettplan 2024-2027. Reduserte kostnader: 2024 kr 847.000. Tilføres disposisjonsfondet
39. Endringsforslag GBU: «Eigenfinansiert SFO, redusert opningstid Gossen barne- og ungdomsskole» endres til: Opent SFO på sommar, stengt jul og påske. Kostnader: 2024 kr 60.000. Inndekning: Generelt disposisjonsfond og økte rammer innarbeidast i budsjettet frå 2025.
40. Endringsforslag Julsundet skole: «Eigenfinansiert SFO, redusert opningstid Julsundet skole» endres til: Opent SFO på sommer, stengt jul og påske. Kostnader: 2024 kr 60.000. Inndekning: Generelt disposisjonsfond og økte rammer innarbeides i budsjettet fra 2025.
41. Endringsforslag Tekniske tenester: Forslag «Endre brannberedskap fra dreiende vaktlag til deltidsmannskap» fjernes fra budsjettplan 2024-2027. Kostnader: 2024 kr 1.000.000. Inndekning: Generelt disposisjonsfond og økte rammer innarbeides i budsjettet fra 2025.
42. Endringsforslag institusjon og butenester: Auka grunnbemanning på Aukra omsorgssenter med 2 årsverk i pleie og aktiviteter. Kostnad 2024 kr 600.000 (forutsatt ansatt fra september 2024) Inndekning: Generelt disposisjonsfond og økte rammer innarbeides i budsjettet fra 2025.
43. Endringsforslag Julsundet skole - Opprettelse av avdelingsleiarstilling JUSK: 100 % avdelingsleiarstilling opprettes ved Julsundet skole. Kostnader fra skoleåret 2024/2025 kr 440.000. Inndekning: Generelt disposisjonsfond. Økte rammer innarbeidast i budsjettet frå 2025.
44. Endringsforslag Kultur - Oppretthalde avtalen med MOT: Forslag «Avvikle avtalen med MOT» fjernes frå budsjettplan 2024-2027. Kostnader: 2024 kr 100.000. Inndekning: Generelt disposisjonsfond. Økte rammer innarbeidast i budsjettet frå 2025.
45. Endringsforslag Julsundet skole - Reduksjon av svømmeopplæring: Forslag «Redusert svømmeundervisning Julsundet skole» fjernes fra budsjettplan og svømmeundervisningen opprettholdes på nåværende nivå. Kostnad 2024 kr 40.000. Inndekning: Generelt disposisjonsfond, økte rammer innarbeidast i budsjettet frå 2025.
46. Endringsforslag JUSK: Auka inntekt gjesteelevar: Fjernes frå økonomiplan til ny avtale foreligger. Kostnad 2024. Kr 0. Økte rammer innarbeidast i budsjettet frå 2025.
47. Endringsforslag Teknisk: Etablering av pumptrack på GBU, forventa kostnad kr 1.000.000. Kostnad 2024: Kr 0. Økte rammer innarbeidast frå 2026. Inndekning: Buffer

investeringsutgifter.

48. Opprusting av Hauglandsvegen (frå Hauglandskrysset til krysset mot flyplassen). Kr 300.000 avsettast til å utgreie opprusting og asfaltering av denne strekninga. Kostnader 2024 kr 300.000. Inndekning: Generelt disposisjonsfond.
49. Endringsforslag Barnevern: Tiltaket «alternativ organisering av barnevern» fjernes fra budsjett og økonomiplan. Administrasjonen forbereder en politisk sak hvor endringer siden sist vedtak tydeliggjøres før vi vurderer om avtalen skal sies opp eller ikke.
Kostnader: (Tapt besparelse)
2025: Kr 1 100 000,-
2026: Kr 1 100 000,-
2027: Kr 1 100 000,-
Inndekning: Rammen utvides til å dekke tapt besparelse.
50. Endringsforslag Tekniske tjenester: Fortsette driftstiltaket «Forvaltning av Aukraskogen» i årene 2025 – 2027. Kostnader: 200.000 årlig i perioden 2025 – 2027. Inndekning: Generelt disposisjonsfond.
51. Endringsforslag Investeringer i varige driftsmidler – store: Bygging av gang- og sykkelvei Småge – Smågetoppen. Kostnader: 5.000.000 i 2027. Inndekning: Buffer investeringsutgifter.
52. JUSK tildeles 300 000kr for å utgreie og realisere alternativ opplæringsarena, SMIÅ og vi ber om en politisk sak som avdekker reelle behov for midler for å etablere denne så snart dette foreligger. Vi ønsker å understreke at vi ønsker at AukraSMIÅ er et kommunalt tilbud som kan brukes på tvers av enheter der det er best.
Kostnader: 2024: Kr 300 000 Inndekning: Generelt disposisjonsfond

Verbalforslaga

1. Det er i dag et behov for utleieboliger i Aukra kommune, både eldre som kunne tenke seg å ikke lengre bo i egen enebolig og yngre som ønsker å leie leilighet sentralt i kommunen. Vi ønsker at kommunen vår skal være en katalysator for at det kan bygges boliger for begge disse gruppene og ønsker derfor å sende over følgende forslag:
 - c. Aukra kommune forbereder en politisk sak om tilgangen på utleieboliger i Aukra kommune, med hensikt å kunne se hvordan Aukra kommune kan bidra til at det er god tilgang på utleieboliger for alle brukere. Det er ønskelig at Aukra Boligstiftelse inkluderes i dette arbeidet for å opprette utleieboliger for eldre, gjerne som bofelleskap, sentralt på Falkhytten og i Julsundet.
 - d. Aukra kommune forbereder en orientering for kommunestyret om fremgangen i arbeidet med å etablere boliger for leie-til-eie, sendt inn i interpellasjon IN-2/22.
2. Strekingen Klippen-Løvika-Rød mangler i dag gangvei. Det har blitt gjort mye arbeid med infrastruktur der, både veibelysning og fiber har blitt lagt i bakken langsmed veien. Vi mener at det også trengs en gangvei på strekingen for å gi ungdommer som går av bussen på Klippen for så gå hjem fra skolebussen skal ha tryggere vei, samt at gangveien vil knyte sammen eksisterende gangveier. I tillegg ønsker vi at det vurderes om det kan være heldig å bygge en gangvei gjennom Oterhalsen for å trygge trafikksituasjonen for voksne og barn som bor der. For å understreke viktigheten av denne ønsker vi å sende over følgende forslag:
 - b. Aukra kommune forbereder en politisk sak hvor kostnader og omfang av gangveier på strekingen Klippen-Løvika-Rød og gjennom Oterhalsen er utgreid. Vår hensikt er å kunne vurdere om disse prosjektene kan legges inn i neste års budsjettbehandling, saken bes

derfor legges frem i løpet av 2024.

3. Aukra kommune tar kontakt med tilskuddsportalen for å arrangere et kurs i søking av tilskudd gjennom deres portal. Dette arrangerer de for mange kommuner, men de har så langt vi kan se ikke vært i Aukra de senere år. Det er ønskelig at det er minst to kurs, ett på Falkhytten og ett i Julsundet.
4. Rekruttering I budsjett dokumenta for 2024 går det fleire stader fram utfordringane ein har med rekruttering og behovet ein har for mellom anna helsepersonell, spesielt sjukepleiarar, og pedagogisk personale. På side 197 står det mellom anna følgjande; «Det har til tider vore utfordrande å rekruttere til institusjon, og dette gjeld særleg sjukepleiarar». Handlingsprogrammet for kommuneplana sin samfunnsdel omtaler og i eit delmål som omhandlar rekruttering følgjande; «Oppsøker aktivt utdanningsarenaer og jobbmesser». Målet for 2024 er satt til å besøke to utdanningsinstitusjonar/messer. Vi trur at dette arbeidet må intensiverast. Dette ikkje minst pga den demografiske utviklinga som viser at vi frå 2024 (168) og fram til 2030 (236) vil få ei auke i aldersgruppa 80-89 år på 68 personar. Til 2033 vil auken vere på 79 personar.

Vi ber på bakgrunn av aukande behov for rekruttering av viktig fagpersonell administrasjonen om å leggje fram ei sak kor ein med utgangspunkt i kommunen si rekrutteringsplan legg fram konkrete planar for korleis ein ønsker å intensivere rekrutteringsarbeidet i Aukra kommune og kva verkemiddel ein vurderer som viktige i denne samanheng. Denne saka må leggjast fram for kommunestyret seinast juni 2024.

Midlar til fleire tiltak og nye verkemiddel kan dekkast inn gjennom fond for rekruttering, utvikling og omstilling.

5. Eldreomsorg: Vi ønsker at ein på bakgrunn av den demografiske utviklinga blant eldre i Aukra kommune (vi viser til side 49-52 i budsjett dokumenta for 2024) at det vert lagt fram ei sak kor ein synleggjer behovet for antall institusjonsplassar, plassar til heildøgnsomsorg og eit aukande behov innan heimebaserte tenester. Med eit aukande antall eldre i Aukra kommune er det viktig å starte dette arbeidet no ikkje minst med tanke på eventuelt behov for vidare utbygging av både institusjonsplassar og plassar til heildøgns omsorg. Vi ønskjer at denne saka vert lagt fram seinast juni 2024.
6. Institusjon og butenester: Redusere ressursbruk i Bo og habilitering/kjøp av tenester. Ingen endringsforslag, men her er vi skeptiske til nedtrekk vidare i åra framover da det er store beløp som er lagt inn som innsparing. (2024 kr 500.000. 2025 kr 2.500.000. 2026 kr 4.000.000. 2027 kr 5.000.000.) Vi ber om ei forklaring på nedtrekka frå 2025-2027 i god tid før budsjettmøtet for 2025.

Formannskapet si innstilling

1. Driftsbudsjettet 2024 og økonomiplana sin driftsdel for 2024 – 2027 blir vedteke slik det går fram av «Løyvingsoversikt – drift, etter § 5-4, første ledd», og «Løyvingsoversikt – drift, etter § 5-4, andre ledd»
 - a) Av avsetting til ubundne fond utgjør kr. 1,25 mill. avsetting til fond for rekruttering, utvikling og omstilling (25600060) som er delegert til Kommunedirektøren å disponere jfr. gjeldande økonomireglement.
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å foreta budsjettendringar i kurante saker. Dette omfattar blant anna endringar i oppgåvefordeling, fordeling av andre fellesutgifter kor

Økonomiplan for 2024-2027

fordeling ned på det enkelte område ikkje er kjent ved utarbeiding av budsjettet, fordeling av budsjettert løns-buffer, flytting av tenestetilbod fra eit område til eit anna, og oppretting av feil som blir oppdaga og som ikkje har prinsipiell betydning.

3. Investeringsbudsjettet 2024 og økonomiplana sin investeringsdel for 2024 – 2027 blir vedteke slik det går fram av «Løyvingsoversikt – investering, etter § 5-5, første ledd», med løyvingar til dei prosjekt som går fram av «Løyvingsoversikt – investering, etter § 5-5, andre ledd»
4. Det blir vedteke å ta opp lån i 2024 med kr. 36 000 000,- til finansiering av sum investeringar etter at kompensasjon for mva og salsinntekter er teke omsyn til. Vidare blir det vedteke å ta opp lån til vidareutlån (startlån) med 20.000.000,-. Kommunedirektøren blir delegert fullmakt til å ta opp lånet, vel långivar og godkjenne avdrag og rentevilkår i løpetid.
5. Kommunen vedtek å skrive ut eigedomsskatt i 2024 «berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum» etter utskrivingsalternativ i esktl. § 3 bokstav c. Utskrivingsalternativet omfattar og flytande anlegg i sjø, jf. eigedomsskattelova § 4 tredje ledd.
6. Kommunen vil i 2024 skrive ut eigedomsskatt på «eit særskilt fastsett grunnlag» i tråd med overgangsreglane til esktl. §§ 3 og 4, første ledd. Overgangsreglane blei vedteke i lov-2017-12-19-118 d. Det særskilte grunnlaget vil i 2024 vere lik 1/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlag i 2018 og 2019 som er forårsaka av nye verdsetjingsreglar og at produksjonsutstyr og installasjonar ikkje lenger skal reknast med i grunnlaget for tidlegare "verk og bruk".
Det følgjer av nemnde lovendring at «verk og bruk» frå og med 2019 blir sett på som næringsseigedom.
7. Kommunen vil i 2024 skrive ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 blir sett som næringsseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsreglane til esktl. §§ 3 og 4 andre ledd nemnt over.
8. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2024 er 7 promille, jf. esktl. § 11 første ledd.
9. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Aukra kommune vedteke i kommunestyret den 09.10.2018, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2024, jf. esktl § 10.
10. Eigedomsskatten skal betalast i to terminar med forfall 15. april og 15. oktober i skatteåret.
11. Nye satsar for gebyr på kommunen sine varer og tenester blir vedteke slik det går fram av kapittelet gebyrliste. Gebyrlista må bli oppdatert med vedtekne innmeldte tiltak som påverkar gebyr/brukarbetaling.
I global samanheng skal Aukra kommune fremme lågutsleppssamfunnet med å redusere forbruket og stille klimakrav til varer og tenester som kommunen kjøper.

Historiske utslepp

Miljødirektoratet publiserer statistikk over utslepp av klimagassar i alle norske kommunar. Statistikken går tilbake til 2009 og omfattar dei direkte, fysiske utsleppa som skjer innanføre kommunen si geografiske grense.



Miljødirektoratet kan ikkje produsere utslepprekneskap for kommunar med tidsserie lenger tilbake i tid enn til 2009, dette er på grunn av at det enten ikkje finns datagrunnlag eller at datagrunnlaget ikkje har tilstrekkeleg kvalitet lenger tilbake i tid.

Målet om kutt i ikkje-kvotepliktig sektor tar som utgangspunkt at ein skal kutte utsleppa med 55% samanlikna med referanseåret 1990. Dersom vi skal nytte 1990 som referanseår må vi gjere berekningar sjølv, dette vil vere ressurskrevjande samtidig som det vil vere knytt stor usikkerheit til


dei tala ein får. Sidan miljødirektoratet sitt rekneskap går tilbake til 2009, vil vi i det vidare arbeidet med klimabudsjettet bruke 2009 som referanseår, slik at vi kan nytte miljødirektoratet sitt rekneskap som tar utgangspunkt i ein godt utvikla metode for utsleppsberkning. Å endre referanseåret frå 1990 til 2009 vil truleg ha liten praktisk betydning for ambisjonsnivået for klimaarbeidet, men vil gjere klimabudsjettet meir robust som verktøy for resultatstyring framover. Når ein ser på dei nasjonale utsleppstala var utsleppa i 2009 rundt 4% høgare enn i 1990.

I Aukra kommune er dei største klimagassutsleppa frå industri, olje, gass og sjøfart. Totalt for alle kategoriane samla har klimagassutsleppa verte redusert med 45% i perioden 2009 til 2021. For områda innan industri, olje, gass og sjøfart har kommunen svært lite innverknad, og om vi ser vekk i frå desse kategoriane har utsleppa blitt redusert med 7% sidan 2009. Ut i frå grafen henta frå miljødirektoratet på førre side, kan vi sjå at det er sektoren industri, olje og gass som er den største utsleppssektoren, men det er også her hovuddelen av kutta har skjedd, frå 2009 er klimagassutsleppa i sektoren industri, olje og gass redusert med 55%.

Målet om at utsleppa skal reduserast med 55% fram mot 2030 gjeld for ikkje-kvotepliktige utslepp i alle sektorane. Kvotepliktig sektor er utsleppskategoriane som er omfatta av EUs kvotesystem. For Aukra kommune er det sektoren industri, olje og gass som inneheld kvotepliktige utslepp. Utslepp innanføre luftfart er i si heilskap kvotepliktig, og innanføre kategorien energiforsyning er det også delvis kvotepliktige utslepp. I Aukra kommune er dei berekna utsleppa i desse kategoriane lik null, og når vi skal sjå på mengda utslepp i kvotepliktig sektor er det difor berre kategorien industri, olje og gass vi må ta omsyn til.

I 2013 vart kvoteplikta utvida til å gjelde fleire verksemdar, spesielt dei landbaserte industrinæringane. Det vil seie at frå før 2013 er det ikkje tal på utslepp i kvotepliktig sektor for Aukra kommune.

For å sleppe å justere referanseåret ytterlegare er det gjort ei berekning ved bruk av lineær regresjon for talet på kvotepliktige utslepp dersom kvoteplikta gjaldt på same måte tilbake i 2009. Dette er berekna ut i frå tala frå 2013 til 2021 og forholdet mellom totalt utslepp i sektoren industri, olje og gass og den delen av utsleppa som er kvotepliktige. Då dette er gjort gjennom ei enkel berekning, er det usikkerheit knyt til nøyaktigheita ved talet.



Klimagassutslepp i ikkje-kvotepliktig sektor er i perioden 2009 til 2021 redusert med 20,4%. Dei siste åra har utsleppa i ikkje-kvotepliktig sektor variert, og vi ser at for å oppnå målet om 55% reduksjon fram mot 2030 må vi sette i gang fleire tiltak som kan bidra til å nå målet.

Det er verdt å merke seg at vi i denne sammenhengen ser på direkte utslepp, altså dei utsleppa som skjer innanføre kommunen sitt geografiske område. Men alle i Aukra kommune bidreg til ei stor mengde utslepp utanføre kommunen sitt geografiske området, dette er dei indirekte utsleppa våre, desse er mange gonger større enn det direkte utsleppet vårt. Dei indirekte utsleppa er utslepp forbundet med varar og tenester som importerast til kommunen. Utsleppa knytt til produksjonen av bilane vi køyrer og andre produkt vi kjøper skjer andre stadar i verda, produksjonen av maten vi et, fører og med seg store utslepp som i all hovudsak skjer utanfor kommunen sine grenser. I tillegg bidreg vi til mykje utslepp når vi reiser utanfor kommunen. Alle desse utsleppa er ein konsekvens av aktiviteten til våre innbyggjarar og utgjer ein del av dei indirekte utsleppa våre.

Direkte utslepp – utslepp som fysisk finn stad innanføre eit geografisk område.

Indirekte utslepp – omfattar utslepp som oppstår utanføre det geografiske området som ein konsekvens av varer og tenester innanføre det geografiske området.

Klimafotavtrykk – omfattar både direkte og indirekte utslepp.

Grunnen til at indirekte utslepp ikkje er ein del av klimarekneskapet er fordi at våre indirekte utslepp er direkte utslepp i andre kommunar eller i andre land, så for å unngå dobbeltelling tek vi berre utgangspunkt i dei direkte utsleppa. Det vil og vere vanskeleg å fordele ansvaret for utsleppa dersom ein skal berekne indirekte utslepp. Men det er mykje vi kan gjere for å få ned dei indirekte utsleppa våre, og det siste klimamålet i kommunen sin miljø- og klimaplan er at vi skal fremme lågutsleppssamfunnet med å redusere forbruket og stille klimakrav til varer og tenester som kommunen kjøper, ved å gjere dette kan vi bidra til å redusere kommunen sine indirekte klimagassutslepp.

Situasjonsbeskriving

I handlingsdelen av *Klima- og miljøplan 2030* er det laga ei tiltaksliste med 88 tiltak for å nå måla Aukra kommune har vedtatt innan klima og miljø. I klimabudsjettet for 2024 har vi tatt utgangspunkt i nokre av måla frå denne plana som har reduserande effekt på klimagassutslepp.

Klimabudsjettet for 2024 er Aukra kommune sitt første klimabudsjett, og kommunen vil vidareutvikle klimabudsjettet år for år, med ein ambisjon om at klimabudsjettet skal forbetrast gradvis gjennom erfaring og kompetanseheving.

Tiltaka som er lagt inn i klimabudsjettet vil følgast opp gjennom årleg rapportering som ein del av årsrapporten.

Tiltakstabellar

Tabellane nedanfor viser klimatiltak som er teke inn og prioritert i budsjett 2024. Det er ikkje talfesta kor stor utsleppsreduksjon kvart enkelt tiltak medfører. Effektberekning blir ein viktig del av vidareutvikling av klimabudsjettet.

Klimatiltak med i økonomiplanen

Direkte utslipp

Reduksjonar synast i tonn CO2 ekvivalentar

Klimatiltak	Sektor	Kjelde	Reduksjon 2024
Omlegging til klimavennlege energiløysingar i alle kommunale bygg og utleigebustader som ikkje har det	Bygg	Elektrisitetsproduksjon og annen energiforsyning	0,0
Alle nyinnkjøpte kommunale tenestebilar skal vere fossilfri	Veitrafikk	Personbiler	0,0
Sum			0,0


Indirekte utslipp

Reduksjonar synast i tonn CO2 ekvivalentar

Klimatiltak	Sektor	Kjelde	Reduksjon 2024
Krav om energivennlege produkt og tenester i alle offentlege anskaffingsavtalar	Innkjøp	Annet	0,0
Prioritere grønne og innovative anskaffingar	Innkjøp	Annet	0,0
Sum			0,0

Utvikling i befolkning

Aukra kommune sin samfunnsdel av kommuneplana vart vedteke i februar 2019. Under satsingsområdet attraktiv kommune er det fastsett eit hovudmål om at kommunen skal ha ei positiv utvikling av folketalet lik gjennomsnittet i landet.



Etter stor vekst i talet på innbyggjarar gjennom åra 2014 og 2015 har Aukra frå 2017 til og med 2022 hatt lågare vekst enn landet.

Økonomiplan for 2024-2027

Befolkningstal presentert av SSB pr. 2. kvartal 2023 viser samla ei svært positiv utvikling for Aukra kommune med netto folkevekst på 42 innbyggjarar i løpet av 2023. Pr. 1. juli 2023 er det 3696 innbyggjarar i Aukra kommune.

Tabellen nedanfor viser historiske befolkningstal for Aukra kommune:

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
0 - åringer	40	39	36	27	35	30	33	31	23	31	22
Barnehage (1-5 år)	211	215	226	215	210	203	181	175	178	176	186
Grunnskole (6-15 år)	464	475	490	501	504	491	509	502	504	477	498
Videregående (16-19 år)	167	172	188	197	189	203	195	180	193	191	211
Voksne (20-66 år)	1 932	1 938	1 958	1 990	2 007	2 003	1 989	1 971	1 977	1 987	2 064
Eldre (67-79 år)	342	354	387	410	414	438	445	455	455	461	473
Eldre (80-89 år)	147	146	149	144	152	156	153	161	152	155	158
Eldre (90 år og eldre)	36	38	32	34	36	33	34	34	40	40	42
Total	3 339	3 377	3 466	3 518	3 547	3 557	3 539	3 509	3 522	3 518	3 654

SSB uttaler i sin rapport Nasjonal befolkningsframskriving 2022: ".....Befolkningsframskrivinger er i utgangspunktet usikre. Denne usikkerheten øker normalt jo lenger inn i framtiden vi ser. På grunn av den pågående krigen i Ukraina har det vært spesielt vanskelig å formulere våre forutsetninger knyttet til migrasjon, også på kort sikt. Brukere må huske på dette når de bruker de ulike alternativene fra 2022-framskrivingene, både på kort og lang sikt."

Framskrivning av befolkningsvekst basert på SSB sin siste framskriving i 2022, har ikkje vore representative tal for Aukra. Årsaka er den høge busettinga av flyktningar i åra 2022. SSB sine beolkningstal pr. 1.7.23 var høgare enn befolkning etter framskrivng pr. 1.1.2024.

For åra 2024 til 2027 har kommunen derfor bedt Telemarksforskning utabeidd egne framskrivingar basert på lokale forhold. Framskrivning av eigen befolkning viser at allereie i 2030 har talet på innbyggjarar over 80 år auka med 84 personar, tilsvarande ei auke på 42%. I aldersgruppa 6-15 år forventar vi nedgang på 66 barn (13%). 0-5-åringar viser nesten inga endring i denne perioden. Framskrivinga av samla folketal viser ei auke på 4,3% i perioden fram til 2030, då prognosen viser eit folketal på 3811.

Økonomiplan for 2024-2027

År	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030
00-01	54	53	62	63	65	66	66	66
2-5	154	155	131	126	128	129	139	143
6-15	498	497	491	480	474	467	441	432
16-18	163	171	177	181	169	162	160	164
19-22	182	186	190	204	210	221	229	214
23-29	279	278	297	298	300	310	314	320
30-49	950	966	959	964	971	974	988	989
50-66	701	722	719	718	716	723	728	752
67-79	473	472	476	477	479	452	452	447
80-89	158	167	178	189	199	224	235	242
90+	42	43	46	42	43	39	41	42
Folketall	3654	3710	3726	3742	3754	3767	3793	3811

Demografi


Befolkningsprognose

	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033
0 - åringer	22	36	36	37	37	37	38	39	39	39	39
Barnehage (1-5 år)	186	194	194	200	207	208	208	209	210	214	215
Grunnskole (6-15 år)	498	456	450	432	434	438	433	433	444	450	450
Videregående (16-19 år)	211	207	215	221	205	199	199	189	188	185	180
Voksne (20-66 år)	2 064	2 058	2 072	2 096	2 121	2 155	2 172	2 204	2 211	2 216	2 241
Eldre (67-79 år)	473	458	463	470	474	449	453	455	451	467	464
Eldre (80-89 år)	158	168	184	190	201	224	232	236	248	245	247
Eldre (90 år og eldre)	42	43	41	41	39	38	42	40	40	42	48
Total	3 654	3 620	3 655	3 687	3 718	3 748	3 777	3 805	3 831	3 858	3 884

Prognose type : Middels nasjonal vekst

Prognose periode : 10


Prognose vekst



Prognose type : Middels nasjonal vekst

Prognose periode : 10

Demografiutgifter



	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	Totalt
0 - åring	-808 110	1 257 060	0	89 790	0	0	89 790	89 790	0	0	0	718 320
Barnehage (1-5 år)	1 559 884	883 816	0	1 531 716	1 787 002	255 286	0	89 790	255 286	855 648	255 286	7 473 714
Grunnskole (6-15 år)	3 802 785	-	-	-	362 170	724 340	-905 425	0	1 991 935	1 086 510	0	-4 889 295
Videregående (16-19 år)	513 260	-106 484	211 052	162 600	-416 356	-143 440	7 664	-	-17 520	-60 224	-137 416	-269 360
								282 496				


Økonomiplan for 2024-2027

Voksne (20-66 år)	1 799 736	-190 900	274 292	571 802	637 722	767 118	403 494	719 290	87 316	97 152	517 490	5 684 512
Eldre (67-79 år)	764 616	-955 770	318 590	446 026	254 872	-1 592 950	254 872	127 436	-254 872	1 019 488	-191 154	191 154
Eldre (80-89 år)	639 747	2 132 490	3 411 984	1 279 494	2 345 739	4 904 727	1 705 992	852 996	2 558 988	-639 747	426 498	19 618 908
Eldre (90 år og eldre)	851 224	425 612	-851 224	0	-851 224	-425 612	1 702 448	-851 224	0	851 224	2 553 672	3 404 896
Total	9 123 142	-4 159 746	2 278 184	821 898	4 119 925	4 489 469	3 258 835	745 582	4 621 133	3 210 051	3 424 376	31 932 849

Finansiering av kommunesektoren

Inntektssystemet

Inntektssystemet definerer det statlege bidraget som kommunane får til si drift i form av rammetilskot og skatteinntekter. Dette er inntekter som kommunen kan disponere fritt over, utan andre føringar enn gjeldande lovar og regelverk. Nivået på dei frie inntektene vert bestemt ut frå pris- og lønsvekst, vekst i frie inntekter, innlemming av øyremerkte tilskot, korreksjon av rammetilskot for oppgåveendringar.



Eit overordna føremål ved inntektssystemet er å jamne ut kommunane sine føresetnader for å gje eit likeverdig tenestetilbod til sine innbyggjarar. Ved fordeling av rammetilskot tek ein omsyn til strukturelle skilnader i kommunane sine kostnader og skilnader i skatteinntektene. Dette vert gjort ved at utmålinga av rammetilskot vert påverka av utgifts- og inntektsutjamning.

Inntektsutjamning

Det er store variasjonar i skattegrunnlaget mellom kommunane, noko som skaper store skilnader i inntektsnivå. Gjennom utjamninga av skatt på inntekt og formue for personlege skattyttarar vert desse forskjellane delvis utjamna. Det betyr at kommunar med skatteinntekter mellom 100 og 90 pst. av landsgjennomsnittet vert kompensert med 60 pst. av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet. Kommunar med skatteinngang over landsgjennomsnittet vert trekt for 60 pst. av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet. Kommunar som har skatteinntekter under 90 pst. av landsgjennomsnittet, vert kompensert for 35 pst. av differansen mellom eigne skatteinntekter og 90 pst. av landsgjennomsnittet. Denne tilleggs-kompensasjonen vert finansiert ved at kvar kommune vert trekt med eit likt sum per innbyggjar.

Utgiftsutjamning

For den enkelte kommune er det utarbeidd kostnadsnøklar som saman med andre kriteriedata seier noko om kommunen sitt utgiftsbehov. Ut frå desse indeksane vert det gjort ei fordeling til kommunane etter deira varierende utgiftsbehov. Utjamninga er ei rein omfordeling – det som vert trekt frå nokre kommunar vert delt ut til andre. Samla for landet er kostnadsnøkkelen lik 1, for Aukra kommune er denne for 2024 sett til 1,0959. Det vil seie at utgiftsbehovet i Aukra kommune samla vert vurdert å ligge 9,59 pst. (10,48 pst. i 2023) over det samla gjennomsnittlege utgiftsbehovet i landet.

Aukra kommune vil i 2024 få kr. 22.982.292,- i utgiftsutjamning medan vi fekk kr. 23.655.293,- året før.

Lenke: [Statsbudsjett 2024 - nøkkeltal for Aukra](#)

Inntektssystemet for kommunane

I mai 2020 utnemnte regjeringa Solberg eit utval som fekk i oppdrag å foreta ein heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunane. Utvalet la fram sine råd i august 2022.

Utvalet peiker, ut frå målet om likeverdige tjenester i kommunane, på eit større behov for utjamning av inntekter mellom kommunane. Eitt av forslaga som blir gjeve for å oppnå dette er å utjamne 10 prosent av kommunane sine inntekter frå konsesjonskraft, havbruksfondet og eigedomsskatt på kraftanlegg mv

For Aukra kommune vil det ut frå kjent nivå på eigedomsskatt og inntekt frå havbruksfondet i dag bety eit inntektsbortfall på omlag 30 mill. årleg.

Utreiinga vart lagt ut til høyring med svarfrist 4. januar 2023. Aukra kommune har gjeve svar på høyringa, der mellom anna følgjande er uttalt.

“Aukra kommune sluttar seg til Inntektsutvalet sin hovudkonklusjon om at inntektssystemet slik det er i dag i all hovudsak fungerer godt. Kommunen ser derfor ikkje behov for store endringar i inntektssystemet og inntektsutjamning mellom kommunane. Aukra kommune er ikkje samd i delar av utvalet sitt forslag til endringar, spesielt ikkje at ein føreslår eit heilt nytt prinsipp om utjamning av eigedomsskatten. Ekstra urimeleg er det når berre delar av eigedomsskatten skal gå inn i den nye ordninga, og at utjamninga til og med skal kome kommunar som sjølv vel å ikkje ha eigedomsskatt til gode.”

Statsbudsjettet sine føringar

Regjeringa sitt kommuneopplegg for 2024

Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett ble lagt fram 6. oktober. I kommuneopplegget blir realveksten i *frie inntekter* for kommunen rekna til 5,1 mrd. kroner (dvs. 1,4 %), medan det i kommuneproposisjonen i mai vart det signalisert ein vekst i intervallet 4,4 - 4,7 mrd. kroner. Oppjusteringa må sjåast i samanheng med at berekning av pensjonskostnader som skal finansierast med frie inntekter, er auka med 0,7 mrd. kr basert på oppdaterte tall fra pensjonistleverandørane. Ved berekning av realvekst i kommunesektoren sine inntekter for 2024 er det lagt til grunn ein kostnadsvekst (deflator) på 2,5 % (fordelt med 4,3 % som årslønnsvekst og 1,6 % som prisvekst). I realveksten i kommunesektoren sine inntekter for 2023 er det lagt til grunn ein kostnadsvekst (deflator) på 3,7 % (fordelt med 4,9 % som års-lønnsvekst og 3,4 % som prisvekst). I realveksten ligg det inne 150 mill. kroner til satsing på psykisk helse og rus og 40 mill. kroner til helsestasjon og skolehelseteneste.

Økonomiplan for 2024-2027

Realveksten på 1,4 % er rekna frå inntektsnivået i 2023 slik det ble anslått etter handsaminga av Revidert nasjonalbudsjett 2023. Når veksten blir rekna frå anslag på rekneskap for 2023, blir inntektsveksten frå 2023 til 2024 lågare, sidan veksten blir rekna frå eit oppjustert nivå samanlikna med nivået i revidert nasjonalbudsjett 2023. Oppjusteringa for i år har samanheng med auka anslag på skatteinntekter for kommunane med 3,457 mrd. kr. Skatteinntektene for i år er no anslått å bli redusert med 5,7 % nominelt for kommunane. På kostnadssida bør spesielt merkast at deflatoren for inneverande år er nedjustert frå 5,2 % i RNB til no 4,5 prosent. Redusert prisvekst betyr og at realverdien av inntektsveksten for 2024 blir høgare. Deflatoren for 2024 er altså anslått til 4,3 %.

Regjeringa foreslår at den kommunale skattøyren for personlege skattyttarar for 2024 blir sett ned med 0,2 prosentpoeng, til 10,95 prosent. Denne justeringa har samanheng med eit makroøkonomisk styringsmål om at del av skatteinntekter (inkl. eigedomsskatt) skal utgjere 40 pst. av dei samla inntektene. Ordinær skatt på inntekt og formue (inkl. naturressursskatt) for 2024 er rekna til å bli 5,8 % høgare for kommunane samla, samanlikna med det sist justerte nivå-anslaget for i år. Rammetilskotet for kommunane er føreslått auka med 3,4 %. Sum frie inntekter blir etter dette berekna å auke med 4,7 % nominelt.

I kommunedirektøren sitt budsjettframlegg for 2024 er frie inntekter (ordinær skatt og rammetilskot) satt til **282,043 mill. kroner**, som er 0,977 mill. kroner høgare enn berekninga frå kommunal- og distriktsdepartementet. Kommunedirektøren legg per no til grunn **264,995 mill. kroner** som fire inntekter i år (2023). Korrigerer vi med 2,376 mill. kroner, som er summen av sokalla oppgåveendringar i kommuneopplegget, får vi 267,371 mill. kr i oppgåve-korrigererte frie inntekter 2024. *I kommunedirektørens budsjettforslag lblir det derfor lagt til grunn ein nominell vekst i frie inntekter på 14,672 mill. kr eller 5,5 %.* [1]

Oppgåveendringane over rammetilskotet omfattar følgjande innlemmingar, korreksjonar og regelendringar: Beløpet i kvar av linjene viser kommunen sin del av den enkelte korreksjon (fordelt etter aktuell delkostnadsnøkkel) - og som kan brukast ved berekning/dokumentasjon av rammeendringa for aktuelle tenesteområder.

	I makro	Aukra
Samlet korreksjon (1000 2023-kr)	3 565 632	2 376
Statlige og private skoler, endring i elevtall	-115 010	-96
Redusert pensjonspåslag for private barnehager	-55 100	-35
Gratis deltids plass SFO 2. trinn, helårseff.	827 965	693
Gratis barnehage tiltaks sone Finnmark og Nord-Troms, helårseff.	68 410	0
Diverse korrigeringer ny opplæringslov	45 288	38
Øket veiledende satser for sosialhjelp, helårseff. av endring i 2023	283 593	135
Gratis barnehage 3. barn i barnehagen, helårseff. av endring i 2023	23 011	15
Reduksjon i maksimal foreldrebetaling i barnehagen i 2024 og helårseff. av endring i 2023	1 559 773	998
Ytterligere reduksjon i maksimal foreldrebetaling i barnehagen i 2024 (sentralitet 5 og 6)	69 358	384
Endringer i kontantstøtten, konsekvenser for barnehage	114 765	73
Pasienttilpasset basistilskudd, helårseff. av endring i 2023	239 693	200
Ekstraordinære inntekter fra konsesjonskraft, reversert trekk i rammetilskudd	535 000	0
Vaksinasjon mot Covid-19, engangsbevilgning i 2023	-68 000	-56
Diverse korreksjoner	36 886	27

[1] Lokalt skatteanslag er i disse beregningene basert på kommunens gjennomsnittlige skatteinntekter per innbygger i de siste tre skatteårene (2021-23).

Frie disponible inntekter for Aukra kommune

Frie inntekter

Her blir det gjeve ein omtale av kommunen sine generelle inntekter som ikkje knyt seg til eit bestemt formål, og som berre kommunestyre har mynde til å disponere.

Rammetilskot og skatt på inntekt og formue er statlege frie inntekter. Kommunen nyttar KS sin prognose-modell i fastsettinga av desse. Som grunnlag for berekninga er det lagt inn forventna befolkningsvekst både for landet og for kommunen. I framskrivinga av kommunen sitt innbyggjartal er det lagt til grunn ei føresetnad om middels vekst knytt til fruktbarheit, levealder og innanlands flytting, medan det for innvandring er lagt til grunn høg vekst.

I statsbudsjettet for 2024, Prop. 1 S (2023–2024) for Kommunal- og distriktsdepartementet, blir det gjort greie for løyvingar over kap. 571 Rammetilskot til kommunar. “Grønt hefte” er eit berekningsteknisk vedlegg til statsbudsjettet, som gjer greie for fordelinga av rammetilskotet i 2024.

Spesifikasjon av frie inntekter frå staten i 2024 (Kjelde: Grønt hefte 2024)

Kommunedirektøren har for dei øvrige åra i planperioda (2025-27) budsjettert med ein årleg realvekst over kommuneopplegget på 3,0 mrd. kr eller 0,8 % (dvs. noko utover demografikostnadene i makro), og forutsett den same relative veksten på skatt og rammeoverføringar.

Oppsummert for åra i økonomiplan perioda blir det operert med følgjande berekning av frie inntekter (i 1000 2024-kr.) *)

	2023	2024	2025	2026	2027
Rammetilskot (fast del)	134 027	142 750	146 449	146 163	144 087
Skatt	116 920	124 210	125 182	126 144	126 957
Inntektsutjamning	14 048	15 083	15 194	15 304	15 396
Sum frie inntekter	264 995	282 043	286 825	287 611	286 440
%-endring		6,4	1,7	0,3	-0,4

*) I prognosekjøringen (basert på KS-modellen) er det lagt til grunn framskrevne innbyggertall både for kommunen og landet, konkret per 1.1.2023, 1.1.2024, 1.1.2025 og 1.1.2026 (SSB MMMM for landet og tal ut frå eigen berekning frå Telemarksforskning for Aukra). Historisk utvikling for kommunen). Innbyggjartal fordelt på de aktuelle aldersgruppene har telletidspunkt 1. juli år t, og vi lar disse være gjennomsnittet av tallene per 1.1 år t og 1.1 år t+1. Innbyggertall totalt og fordelt på aldersgrupper per 1. juli påvirker innbyggertilskuddet og utgiftsutjevningen det påfølgende året, mens innbyggertall totalt per 1.1. påvirker inntektsutjevningen aktuelt år.

Berekna endring frå 2023 til 2024

Veksten i dei frie inntektene er i berekningsteknisk dokumentasjon anslått til 13 mill. kroner

Økonomiplan for 2024-2027

svarande til 5,4 prosent. Ulik vekst i frie disponible inntekter kjem frå at ein ut frå kjente lokale forhold har korrigert venta inntekter på skatt. Vidare er høg vekst i rammetilskot frå 2022 til 2023 påverka av at regjeringa i 2022 har innarbeidd trekk for høge skattinntekter i landet generelt. Aukra kommune har ikkje hatt same høge skatteinngang, men får likevel ein del av generelt utmålt nedtrekk.

Rammetilskot

I kommunedirektøren sitt budsjettframlegg for 2024 er frie inntekter (ordinær skatt og rammetilskot) sett til **281,06 mill. kroner**, fordelt slik:

Dokumentasjon av frie inntekter 2023 og 2024 (Grønt hefte 2024).

Aukra	2023	2024
Innbyggertilskudd	100 796	110 139
Utgiftsutjevnerende tilskudd/trekk	23 655	24 982
Korreksjonsordningen for elever i statlige/private skoler	1 848	2 463
Inntektsgarantitilskudd, netto	-147	-270
Tilskudd til saker med særskilt fordeling	5 477	7 436
Distriktstilskudd Sør-Norge/småkommunetilskudd	0	0
Distriktstilskudd Nord-Norge	0	0
Veksttilskudd	0	0
Storbytilskudd	0	0
Regionsentertilskudd	0	0
Skjønnstilskudd*	0	0
= Sum rammetilskudd (fast del) ved framleggelsen av statsbudsjett	131 629	142 750
Anslag inntektsutjevnerende tilskudd/trekk fra KDD i statsbudsjettet	13 465	15 083
Skatteinntektsanslag fra KDD i statsbudsjettet	109 578	124 210
Endring rammetilskudd etter budsjettsaldering	573	0
Endring rammetilskudd i RNB (inkl. budsjettavtale på Stortinget)	1 825	0
Endring i anslag skatt/inntektsutjevning fra KDD målt mot oppr. anslag	7 705	0
= Sum frie inntekter (skatt og rammetilskudd)	264 775	282 043
Oppgavekorrigering**	2 501	0
= Anslag på oppgavekorrigerte frie inntekter	267 276	282 043

Økonomiplan for 2024-2027

Anslag prosentvis vekst relativt til fjoråret		5,5 %
Anslag på oppgavekorrigert vekst relativt til fjoråret		14 672

*) : Eventuelle tildelte skjønns-midler fra Statsforvalteren gjennom året inngår ikke i denne summen.

**) : I Grønt hefte er korreksjonane på kommunenivå i hovudsak gjort etter samla kostnadsnøkkel, se GH 2023 tabell 3-k.

Utgiftsutjamning

Dokumentasjon på utgiftsutjamning 2024 og endring frå 2023 til 2024:

Aukra	Vekt 2024	Utgifts- behovs- indeks 2024	Tillegg/ trekk i utgiftsutjevn (1000 kr) 2024	Utgifts- behovs- indeks Endring 2023-2024	Tillegg/ trekk i utgiftsutjevn (1000 kr) Endring 2023-2024
0-1 år	0,0058	0,7805	-305	-2,3 %	-52
2-5 år	0,1348	1,0176	568	-2,0 %	-584
6-15 år	0,2527	1,1516	9 176	2,4 %	1 589
16-22 år	0,0241	1,1312	757	-2,2 %	-59
23-66 år	0,1081	0,9239	-1 970	1,1 %	84
67-79 år	0,0605	1,0855	1 240	-1,5 %	-50
80-89 år	0,0806	1,1569	3 030	-10,1 %	-1 430
Over 90 år	0,0403	1,3296	3 182	-7,7 %	-350
Basistillegg	0,0163	4,0315	11 839	-16,5 %	370
Sone	0,0103	3,1639	5 340	-5,5 %	333
Nabo	0,0103	1,2996	739	-2,1 %	16
Landbrukskriterium	0,0019	1,0787	36	0,4 %	0
Innvandrere 6-15 år ekskl. Skandinavia	0,0067	2,0286	1 651	49,6 %	798
Flyktninger uten integreringstilskudd	0,0078	0,5779	-789	-1,4 %	-15
Dødelighet	0,0474	0,9319	-774	-0,1 %	-90
Barn 0-15 med enslige forsørgere	0,0168	1,2100	845	2,0 %	38
Lavinntekt	0,0105	0,6964	-764	-3,3 %	-44
Uføre 18-49 år	0,0060	0,8055	-280	6,9 %	101
Opphopningsindeks	0,0088	0,3858	-1 295	-1,6 %	-12
Aleneboende 30 - 66 år	0,0180	0,7331	-1 151	-1,3 %	-45
PU over 16 år	0,0507	0,5833	-5 061	-2,0 %	-712
Ikke-gifte 67 år og over	0,0474	0,9259	-842	-1,4 %	-227
Barn 1 år uten kontantstøtte	0,0163	0,7359	-1 031	-3,9 %	-194

Økonomiplan for 2024-2027

Innbyggere med høyere utdanning	0,0179	0,7297	-1 159	-2,1 %	-139
Kostnadsindeks	1,0000	1,0959	22 982	-0,9 %	-673
<i>Netto virkn. statlige/private skoler</i>			2 463		615
Sum utgiftsutjevnm.			25 445		-58

Dokumentasjon av utgiftsutjevning 2024 (og endring 2023-24) fordelt på tenesteområder:

Aukra	2024			Endr. 2023-2024	
	Vekt	Utgiftsbehovsindeks	Tillegg/trekk i utgiftsutjevnm. (1000 kr)	Utgiftsbehovsindeks	Tillegg/trekk i utgiftsutjevnm. (1000 kr)
Barnehage	0,1568	0,9554	-1 677	-2,2 %	-866
Administrasjon	0,0783	1,2304	4 324	-1,3 %	-38
Landbruk	0,0019	1,0787	36	0,4 %	1
Grunnskole	0,2410	1,2492	14 389	3,3 %	1 968
Pleie og omsorg	0,3607	1,0598	5 170	-3,7 %	-2 387
Kommunehelse	0,0673	1,2473	3 985	-1,9 %	596
Barnevern	0,0407	1,0384	374	-0,1 %	-33
Sosialtjeneste	0,0533	0,7132	-3 662	0,0 %	48
Kostnadsindeks	1,0000	1,0959	22 982	-0,9 %	-673

Skatt på inntekt og formue

Føresetnad for fastsett storleik på skatt på inntekt og formue og inntektsutjamninga i tabellen frie inntekter ovanfor.

Aukra kommune sitt skattenivå var i 2022 lik 85,8 prosent av landsgjennomsnittet. I anslag for 2023 er skattenivået sett til 84,3 prosent av landsgjennomsnittet. For åra 2024 – 2027 blir venta skatteinngang sett til same nivå, omlag 84,2 prosent av landssnittet.

Lågare skatteinngang enn 100 prosent av landsgjennomsnittet gjev ei inntektsutjamning berekna til 60 pst. av differanse mellom eige skattenivå og nivå landsgjennomsnittet. Samtidig skal kommunen vere med å finansiere kompensasjonen for kommunar som har eit snitt under 90 pst. av landsgjennomsnittet, i 2024 fastsett til kr 493 per innbyggjar. Netto inntektsutjamning er i 2023 ut frå dette berekna til 15,1 mill. kroner.

Eigedomsskatt

Budsjettvedtaket fastsett at skatteøyret vert sett til 7 promille, som er den høgaste skatteøyre ein kan ha jfr. eigedomsskattelova § 11.

Kommunestyret gjorde første gong vedtak om innføring av eigedomsskatt i sak 062/02, den 19.12.02. Det blei då vedteke at eigedomsskatten skulle utskrivast på tidlegare «verk og bruk», og at skattesatsen skulle settast til 2 % av takstverdien.

Kommunestyret vedtok den 22.11.2012 ny alminneleg taksering, saksnr. PS 138/12. Takstperioden i dette vedtaket var 2013 – 2022. Det blei vedteke at eigedomsskatten skulle utskrivast på tidlegare «verk og bruk», og at skattesatsen skulle settast til 7 % av takstverdien, sjå esktl. § 11.

Økonomiplan for 2024-2027

Kommunestyret gjorde 09.10.2018 vedtak om at det i tråd med endra ordlyd i esktl. § 3 bokstav c blei skriven ut eigedomsskatt på «kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum», også kalla «energianlegg». Utskrivingsalternativet omfattar og flytande anlegg i sjø, jf. esktl. § 4 tredje ledd. Sjø saksnr. PS 77/18.

I PS-sak 25/22 fatta Kommunestyret i møte den 19.05.22 vedtak om ny almenn taksering av skattepliktige eigedomar med verknad for skatteåret 2023.

Ny almenn taksering er gjennomført og blir lagt til grunn for utskrivinga av eigedomsskatt for 2024. Frist for taksering og vedtak om utskriving av eigedomsskatt av nye objekt er 28.02 i inntektsåret, og inntektene er soleis usikre fram til taksering er ferdig.

Eigedomsskatt er innarbeidd i budsjettet slik:

Tal i heile tusen kroner	2024	2025	2026	2027
Eigedomsskatt	249 498	248 249	248 249	248 249

Årleg reduksjon er innarbeidd ut frå nedtrapping knytt til endring i eigedomsskattelova frå 2019 med kr. 1 mill. Utskriving av eigedomsskatt på objekta som ikkje lenger er heimla i prinsippvedtaket om utskriving av eigedomsskatt blir avslutta ut frå og med 2025.

Eigedomsskatten kan bli endra som følgje av nytaksering, eventuelle klagesaker eller andre høve. I slike tilfelle vil endringa verte innarbeidd som budsjettkorrigering i løpet av året.

Andre generelle driftsinntekter

Havbruksfond

Stortinget vedtok i 2015 å opprette eit havbruksfond. Dette fondet fordeler kommunal sektor sin del av inntektene fra vekst i oppdrettsnæringa og inntekter frå avgifta på produksjon av laks, aure og regnbogaure. Auksjonering av auka kapasitet i lakse- og aureoppdrett er den primære inntektskilde for havbruksfondet. Auksjonane blir gjennomført annakvart år, sist i september/oktober 2022.

Alle kommunar og fylkeskommunar, som det framgår av Akvakulturregisteret at har klarerte lokalitetar for oppdrett av laks, aure og regnbogaure i sjøvatn, får en respektiv del av inntektene som skal fordelast årlig. Jo høgare del av lokalitetskapasiteten den enkelte kommune/fylkeskommune står registrert med i Akvakulturregisteret, dess større del av midlane som skal fordelast vil tilfalle dem.

Lokalitets-MTB (maksimal tillate biomasse) for alminnelige matfisktillatelser og løyver til særlege formål blir nytta som fordelingsnøkkel.

Kun lokalitetar for laks, aure og regnbogaure i sjøvatn vil inngå i fordelingsnøkkelen.

I revidert nasjonalbudsjett for 2023 vart det opplyst følgjande vedrørende verknad av vedteken grunnrenteskatt inn i kommunane si inntekt frå havbruksfondet:

“Forslaget skal særlig sikre lokalsamfunnene langs kysten og fellesskapet en større andel av de verdiene som skapes i oppdrettsnæringen, og innebærer derfor at vertskommunene og vertsfylkene får økte og stabile inntekter gjennom Havbruksfondet. Det skjer dels gjennom en økning av produksjonsavgiften på laks, ørret og regnbueørret frå 56 til 90 øre per kilo. Kommunenes andel av

Økonomiplan for 2024-2027

inntekter fra salg av ny tillatelseskapasitet gjennom Havbruksfondet økes dessuten fra 40 til 55 prosent. Ekstrabevilgninger til kommunesektoren i år med høy grunnrente skal sørge for at kommunesektoren samlet sett vil få halvparten av provenyet. Inntektene fra grunnrenteskatten kan brukes til å styrke tjenestetilbudet i kommuner og fylkeskommuner.”

Auke i produksjonsavgift gjeld frå 1.7.2023.

Instruks frå Nærings- og fiskeridepartementet vil redegjere for utbertalingar frå fondet. På frist for ferdigstilling av budsjett og økonomiplan er utbetalingar for 2023 og venta storleik for 2024 enno ikkje klart.

Budsjettert tilskot er derfor fasthalde som budsjettert i 2023, kr. 7.603.402,76,-. Dette er og vidareført for åra 2025 - 2027.

Integreringstilskot

IMDI (Integrerings- og mangfoldsdirektoratet) informerer om at talet på innvandrere i Norge har tredobla seg dei siste tjue åra. Ved inngangen av 2023 var busettinga slik:




I 2023 viser IMDI sin statistikk slik utvikling i busetting av flyktningar i Noreg:



Figuren nedanfor viser busette flyktningar som del av befolkninga (i promille).

Økonomiplan for 2024-2027



Aukra kommune har i 2022 busett 120 flyktningar og i 2023 80 inklusiv 10 familiegjenforeiningar. IMDi sine bosettingstallene, ut frå vedtakstal per. 3.10.2023 og siste måling 30.09.2023, viser at Aukra har då allereie busett alle flyktningane (70) i samsvar med anmodningstal per 26.05.2023.

For åra i økonomiplan blir det i berekninga av integreringstilskot og framskriving av folketal lagt til grunn ei årleg busetting av 40 flyktningar. Erfaring viser at nokon av dei busette igjen vil flytte frå kommunen same år eller i dei næraste åra. Dette vil påverke storleik på integreringstilskot. Her er det utvist eit skjønn som ein ventar må korrigerast i løpet av åra.

Status busetting og verknad fastsetting av integreringstilskot

Aukra kommune busette 120 flyktningar i 2022. Hittil i 2023 har kommunen busett 65 flyktningar. I tillegg har kommunen tatt imot 10 flyktningar på familiesameining og skal ta imot 3 til i november i år. Totalen for 2023 kjem då til å vere 83 personar. Av dei 70 som er kvota for 2023, er 4 av dei busette overføringsflyktningar. Alle dei som har kome på familiesameining har status som flyktningar (asyl), og kommunen vil motta integreringstilskot i 5 år for denne gruppa. Det same gjeld for overføringsflyktningane.

Av dei som er busett i 2022 og 2023, har 47 personar flytta frå kommunen. Dette er personar som enten har reist ut av landet eller flytta til andre kommunar på grunn av arbeid. Av dei 47 som har flytta er det 4 overføringflyktningar frå Syria, resten er frå Ukraina.

Fordrivne frå Ukraina har midlertidig kollektiv vern i inntil 3 år. Dei fordrivne får opphald for eitt år om gongen, og opphaldsløyvet blir automatisk fornya. Regjeringa i Noreg er klar på at ukrainarane skal reise heim om det blir slutt på krigen. Om nokon vel å bli i Noreg etter at krigen tek slutt (innanfor 3 årsperioden) må dei i tilfelle ha eit anna opphaldsløyve, som til dømes arbeidsløyve eller løyve for å bli i landet for å studere. Dette er opphaldsløyve som ikkje vil generere integreringstilskot.

Kva som skjer og kva for type opphaldsløyve ukrainarane vil få om krigen varer meir enn tre år, er ikkje kjent, men det vil truleg vere opphaldsløyve som genererer integreringstilskot. Sidan det er så

Økonomiplan for 2024-2027

mange spørsmål ein ikkje har svar på per dd, må ein sjå på integreringstilskotet for denne gruppa som usikre inntekter.

Når Aukra kommune går inn for å busette 40 personar i 2024, veit ein per dd ikkje noko om dette er einslege vaksne, barn eller eldre eller kvar dei kjem ifrå. Ein veit heller ikkje noko om kor mange som vil vere overføringsflyktningar eller fordrivne frå Ukraina, men ein må legge til grunn at dei aller fleste vil vere ukrainarar.

Det vart sendt ut ei ny høyring i samband med endringar i integreringlova for fordrivne frå Ukraina, der ein vil spisse tilbodet for å få ukrainarane raskast mogleg ut i jobb. Dette er i samband med at tilstrøyminga av fordrivne frå Ukraina til Noreg aukar. I høyringa er det forslag om at dei som har tilbod om jobb, ikkje skal få tilbod om introduksjonsprogram. Dei skal heller ikkje få forlenga programmet utover 6 månader (med nye 6 månader, maks eitt år) utan at dei har deltidsarbeid eller er i arbeidspraksis. Halvparten av programmet skal vere arbeidsretta, det vil sei at det maks skal vere 15 timar med norskopplæring per veke og at resten skal vere arbeidsretta tiltak. Saman med partane i arbeidslivet skal det gjennomførast ei informasjonskampanje om korleis arbeidsgjevarane kan bidra.

Ei slik endring i programmet, med auka fokus på arbeidsretta norskopplæring/arbeidsretta tiltak, vil mest sannsynleg føre til eit behov for auka ressursar i vaksenopplæring. Det vil også krevje at eininga, i samarbeid med NAV, må inngå forplikande avtalar med lokalt næringsliv.

Det er henta ut berekningar frå IMDI (Integrerings- og mangfoldsdirektoratet) sine nettsider over venta inntekter ut frå kjent busetting i dag. I desse anslaga er det lagt inn forventning om integreringstilskot i 5 år for alle som er busett. Dette ligg som grunnlag for berekning av storleik på kommunen sitt integreringstilskot, men dette er usikre føresetnader som kan bli endra og som då vil gje vesentleg reduksjon på fastsett inntekt.

Tilskuddstype	Busette	2024	Busette	2025	Busette	2026	Busette	2027
ÅR - 1	40	7 776 000	40	7 776 000	40	7 776 000	40	7 776 000
AR-2	61	15 219 500	35	8 682 600	35	8 682 600	35	8 682 600
AR-3	88	15 611 200	61	10 821 400	30	5 251 040	30	5 251 040
AR-4	14	1 232 000	88	7 744 000	61	5 368 000	30	2 147 200
AR-5	16	1 152 000	14	1 008 000	88	6 336 000	61	4 392 000
Totalt		40 990 700		36 032 000		33 413 640		28 248 840

Budsjettføresetnader

Følgjande generelle føresetnader ligg til grunn for budsjettframlegget:

Pensjonspremie KLP - fellesordning *	23,58 pst
Pensjonspremie KLP - sjukepleiordninga *	29,10 pst
Pensjonspremie STP	11,00 pst.
Arbeidsgjevaravgift	14,10 pst.
Prisvekst jfr. Statsbudsjett 2024	3,40 pst.
Lønnsvekst jfr. Statsbudsjett 2024	4,90 pst.
Deflator brukt i Statsbudsjett 2024	4,30 pst

**Bruk av premiefond vil påverke satsane.*

Det er berekna og avsett ein buffer for å dekke inn lønsauke i økonomiplan perioden. Vidare er det lagt inn forslag om auka fribeløp i arbeidsgjevaravgift i sone 1A frå 500.000,- til kr. 850.000,-.


Renteutgifter

Norges Bank auka torsdag 21. september styringsrenta med 0,25 prosentpoeng til 4,25 prosent. Dei varsla også at det er stor sansynligheit for at dei hevar renta vidare til 4,5 prosent i desember møte. Denne renteauka var venta i marknaden, men rentemarknaden hadde ikkje venta at dei skulle heve forventningane til inflasjon og dermed også heve rentebanen framover. Det var spesielt nivået i 2024 og deler av 2025 som ble trekt klart opp.

Dette tilseier at renta fortsatt er på veg opp og at styringsrenta vil bli liggande i området 4,25-4,5 prosent gjennom heile 2024. Norges Bank viser til at sjølv om presset i norsk økonomi har blitt redusert, er konsumprisveksten er klart over målet på 2 prosentdet og det er framleis eit stramt arbeidsmarked. Forventningane til lønsvekst for 2024 har steget og saman med ein lønnsvekst på 5,5 prosent i 2023 er dette noko som bidreg til auka inflasjonspress. Høg oljepris og store investeringar innanfor olje- og gassektoren bidreg til at aktiviteten i norsk økonomi samla held seg oppe.

Utvikling i styringsrente er ut frå dette sett slik:

Økonomiplan for 2024-2027



Kilde: Refinitiv Datastream, Statistisk sentralbyrå og Norges Bank

Aukra kommune nyttar kommunalbanken sitt forslag på budsjetterter for 2024 – 2027. Forslaget baserer seg på offentlig tilgjengeleg prognoser og marknadsrenter. Det er teke utgangspunkt i anslag for 3 mnd NIBOR med tillegg av påslag for åra 2024 – 2027. Som påslag er bankmargin på 0,60 prosentpoeng nytta.

Rentenivå inklusive bankmargin, vil ut frå denne utviklinga for enkelte år bli:

År	Anslag fra Norges Bank, pengepolitisk rapport 3/24					Anslag direkte fra rentemarkedet ("framtds-NIBOR")			
	Anslag styringsrente	Anslag påslag styringsrente	Anslag 3 mnd NIBOR	Påslag på NIBOR, lange lån	Budsjettert lånerente på lange lån	NIBOR fwd	Påslag på NIBOR, lange lån	Budsjettert lånerente på lange lån	
2024	4,4	0,35	4,75	0,6	5,35	4,73	0,6	5,33	
2025	4	0,35	4,35	0,6	4,95	4,26	0,6	4,86	
2026	3,4	0,35	3,75	0,6	4,35	3,85	0,6	4,45	
2027	3,33	0,35	3,68	0,6	4,28	3,68	0,6	4,28	

Aukra kommune har lagt til grunn nivå på budsjetterte lånerente på lange lån i si berekning av renteutgifter i åra 2024 - 2027.

Venta renteutvikling har endra seg frå gjeldande økonomiplan for 2023 – 2026, og gjev isolert sett noko høgare renteutgifter enn lagt til grunn i gjeldande økonomiplana (2024 – 4,05 pst, 2025 – 3,80 pst og 2026 - 3,60 pst.)

Gjennomsnittleg avdragstid på kommunen sine lån er ved inngangen til 2024 på omlag 21 år.

Kommunen si samla drift

Status og utvikling

I 2023 har organisasjonen jobbe godt med «Kompass Aukra 2030» med tanke på å få ned kostnadsnivået i drifta. Det er heilt naudsynt å få ned driftsnivået om fastlandsløysing skal realiserast. Sjølv om dei samla kostnadane vert reduserte, meiner kommunedirektøren det er fullt mogleg å framleis ha god kvalitet i tenesteytinga. Det er heller ikkje slik at det er ein direkte samanheng mellom økonomiske ressursar og kvalitet i tenestene. Dette er òg noko som Agenda Kaupang peikar på i sin analyserapport i samband med «Kompass Aukra 2030». Når vi snakkar om ressursinnsats og tenestekvalitet, er det verdt å merke seg at Aukra kommune, trass i høg

ressursinnsats, ikkje kjem særleg godt ut på KS sitt kommunebarometer. Bevisst tenestutvikling og målretta ressursinnsats er det kommunedirektøren meiner skal til for å auke kvaliteten.

Det var eit mål då vi gjekk inn i 2023, at driftskostnadane skulle flate ut. Dette har vi ikkje lukkast med, men kommunedirektøren vonar at gjennom den grundige jobben som no har vore gjennomført med potensielle tiltak for å senke driftsnivået, så vil vi lukkast betre framover.

Som i fjorårets budsjett og økonomiplan, finn kommunedirektøren det nødvendig å minne om at det for å oppretthalde ein berekraftig økonomi i åra som kjem, så må ressursinnsatsen dreiest meir mot helse og omsorgstenestene. Ei slik dreining vil òg spegle utviklinga i kommunen si befolkning, med ein større del eldre.

Flyktnings situasjonen er og har vore krevjande for heile kommune-Noreg. For Aukra kommune har dette medført stort press på fleire av einingane våre. Det å skaffe tilfredsstillande bustader til dei som kjem vil bli meir krevjande etter kvart. Men det er å vente at oppmodinga frå sentrale mynde på kor mange Aukra kommune blir bede om å ta imot, vil vere høgt òg for 2024.

I skrivande stund tek Aukra saman med 8 andre kommunar Helseplattformen i bruk. Vi har stor tru på at systemet skal bidra til betre og meir samanhengande helsetenester for innbyggjarane våre. Erfaringar frå dei kommunane som har hatt Helseplattformen ei stund allereie, tyder på at det for kommunehelsetenestene blir eit godt verktøy. Så er det berre å krysse fingrane for at utfordringane vi ser med Helseplattformen i spesialisthelsetenesta blir løyste, og at samhandlinga om pasientopplysingane mellom kommune og sjukehus blir langt meir straumlinjeforma enn kva ho er i dag. Slik det ser ut no vil fastlegane våre bli kopla på Helseplattformen i starten av 2025.

Perspektivmelding 2021

Kvart fjerde år legg Finansdepartementet fram ei stortingsmelding (perspektivmeldingen) som beskriv utfordringane Norge står ovanfor fram mot 2030 og 2060. Perspektivmeldinga seier noko om korleis regjeringa planlegg å møte desse.

Perspektivmeldinga 2021 (Meld. St. 14 (2020-2021)) viser til at Norge i åra framover vil stå ovanfor ei rekkje utfordringar knytt til mellom anna endra internasjonale rammevilkår, klimaendringar, endringar i befolkning og arbeidsliv, samt endra økonomiske føresetnadar. Det blir mellom anna understreka at det i tiåret som kjem vil stå færre i yrkesaktiv alder bak kvar pensjonist. Statens utgifter vil gå opp utan at inntektene aukar like mykje. På same tid skal vi gjennomføre eit grønt skiftet. Svekkja produktivitetsvekst dei siste tiåra er og ei utfordring Norge deler med mange andre vestlege land. I tillegg vil petroleumsnæringa miste mykje av si betyding som vekstmotor for norsk økonomi. Det er og knytt usikkerheit til dei langsiktige konsekvensane av koronapandemien og krigen i Ukraina.

Innovasjon i offentleg sektor er ei av regjeringa sine hovudstrategiar for å løyse dei utfordringane som samfunnet vil møte i åra framover. Perspektivmelding viser i tillegg til betydinga av effektivisering, og at det ligger eit stort potensial her. Det blir mellom anna understreka at dersom kommunane stiller same krav til auka effektivitet som statlege verksemder, tilsvarande 0,5 prosent av driftsutgiftene kvart år, kan vi til saman frigjere 1,4 mrd. kroner årleg som kan omdisponerast til andre formål.

Norsk økonomi og verdsøkonomien er for tida prega av langt større usikkerheit enn normalt. Handlingsrommet til kommunen blir og påverka av denne usikkerheita. Handlingsprogram 2023-


Økonomiplan for 2024-2027

2026 skal legge til rette for gode, likeverdige og framtidsretta tenester til innbyggerane innanfor dei økonomiske rammene som ligg føre.

Ein robust og berekraftig økonomi er avgjerande for at Aukra kommune skal kunne realisere finansiering av fastlandsløysing og samtidig oppretthalde og vidareutvikle tenestetilbodet til innbyggerane både på kort og lang sikt. God økonomistyring gjennom handlingsregler for driftsbudsjettet, eit redusert investering- og gjelds nivå vil medverke til ein framtidig berekraftig økonomi. Samtidig vil realiseringa av fastlandsløysing, auke i driftsutgifter knytt til demografi endringar med meir, gjort effektivisering og omstilling nødvendig.

Illustrasjonar frå Finansdepartementet sin presentasjon:

Samansetninga av eldre og unge - aldersgruppa 67+ som andel av yrkesaktive alder (20-66) endrar seg frå 4 til 2 per innbyggjar



Finansdepartementet uttaler at vi har eit godt utgangspunkt for å lykkas, og illustrerer det slik:

År	Man	Kvinn
1980		
Forventet levealder	72,2 år	78,7 år
I jobb	78,3 %	53,8 %
Høyere utdanning	13,2 %	9,5 %
Timer brukt på husarbeid ¹	2,1	5,6
Barn i barnehage	19,3 %	
Matutgifter av husholdningsinntekt	19,9 %	
Boutgifter av alle utgifter	14,1 %	
2000		
Forventet levealder	75,5 år	81,1 år
I jobb	75,1 %	66,6 %
Høyere utdanning	22,0 %	22,0 %
Timer brukt på husarbeid ¹	2,4	4,2
Barn i barnehage	62 %	
Matutgifter av husholdningsinntekt	14,6 %	
Boutgifter av alle utgifter	25,4 %	
2020		
Forventet levealder	81,2 år	84,7 år
I jobb	70,5 %	65,1 %
Høyere utdanning	30,3 %	39,0 %
Timer brukt på husarbeid ¹	3,0	3,5
Barn i barnehage	92,2 %	
Matutgifter av husholdningsinntekt	10,5 %	
Boutgifter av alle utgifter	31,2 %	

Følgjande viktige tiltak er presentert:

- Auka sysselsetting med fleire i jobb (høg andel uføre, og delen aukar hos dei yngre. redusere talet på sjukefråværsdagar)


- Vi må få meir ut av ressursane i offentlege sektor (behov for mange fleire årsverk i helse og omsorg)
- Vi må kutte i klimautsleppa

KS har uttalt “Kommune-Norge opplever store endringer. Folk flytter mot byene. Vi blir fleire eldre. Behovet øker. Utfordringene er langsiktige, og må forstås for å kunne løses”.

Vidare blir det sett fokus på reduserte inntekter og auka utgifter slik: “ Med en av verdens største pengebinger basert på inntekter fra olje og gass, er Norge bedre rustet til å møte økonomiske utfordringer enn mange andre land. Oljenæringen er også i særstilling høyproduktiv, men vil de neste tjue årene reduseres betydelig. Selv om det er mulig å erstatte arbeidsplasser som går tapt, er det vanskelig å skape arbeidsplasser som vil være like lønnsomme. Samtidig med denne dramatiske endringen i norsk økonomi, vil det være en vekst i offentlige utgifter til helse og omsorg og mange andre viktige områder. Ikke minst vil investeringer i veier, jernbane og kritisk infrastruktur øke, også fordi vi blir mer sårbare for klimaendringer med våtere og villere vær.”

Det er for seint å fikse 2040 i 2040

Med dette som utgangspunkt har KS utvikla framstidsverktøyet 2040, der ein kan simulere korleis det står til i eigen kommune. Modellen gjev oss slik innsikt i eigen kommune i dag:



Denne innsikta viser at Aukra kommune har ein lågare del tilsette i helse og omsorg , lågare yrkesaktiv del av befolkninga og høgare del av befolkning er over 60 år enn landet elles. Kommunen har lågare del av barn i familiar med vedvarande låginntekt. Det er ein større del av befolkning som berre har grunnskole, medan kommunen ha 4,9 prosent lågare rate for fråfall i vidaregåande skole enn landet samla.

Lenke til Norge 2040: <https://www.ks.no/fagomrader/innovasjon/norge-2040/>

Kompass Aukra 2030

Prosjekt "Kompass Aukra 2030"

Bakgrunn for prosjektet

Bakgrunnen er bestillinga frå kommunestyret i sak 84/22 Budsjett 2023, og økonomiplan med handlingsdel 2023 – 2026, punkt 6: Kommunedirektøren blir bede om å fremme ei politisk sak som viser fordeling av det innarbeidde tiltaket "Omstilling/Effektivisering i kommunen si drift", no plassert i ramme- og tenesteområde "Sentrale ansvar". I den vedtekne økonomiplanen vart behovet for omstilling/effektivisering berekna til kr 23,5 mill. i 2024, og ytterlegare kr 10,1 mill. i 2025 og kr. 10,9 mill. i 2026. Denne omstillinga er kravd for å sikre at kommunen greier å overhalde signert avtale med Møre og Romsdal fylkeskommune om tilskot til realisering av fastlandsløysinga Kjerringsundet.

Men omstillingsbehovet i Aukra kommune dei neste åra er slett ikkje berre ei følge av Kjerringsundet, men i stor grad også ei følge av samfunnsendringar og korleis vi ønsker å ha det framover. I sak 13/23 "Kompass Aukra 2030" vart det greidd ut om dei demografiske endringane. Både perspektivmeldinga (Stortingsmelding 14, 2020-2021) og Helsepersonellkommissjonens rapport "Tid for handling" (NOU 2923:4) er sentrale dokumenter.

Arbeid i prosjektet

I prosjekt Kompass Aukra 2030 vart det etablert eit kunnskapsgrunnlag frå Agenda Kaupang. Dette gav oss svært nyttig lærdom og langt betre innsikt i eiga drift og eige moglegheiter for effektivisering.

Prosjektleiari for Kompass Aukra vart kommunalsjef Geir Göncz. Prosjektet hadde styringsgruppe leia av kommunedirektøren. Alle dei fem hovudtillitsvalde i kommunen, som hovudverneombodet, var med i gruppa. Prosjektet hadde 3 arbeidsgrupper;

1. Oppvekst og kultur, med kommunalsjef Geir Göncz som leiar.
2. Helse og sosial, med kommunalsjef Jan Erik Hovdenak som leiar.
3. Administrasjon og teknisk, med organisasjons- og personalsjef Kirsti H. Angevik som leiar.

Alle grupper var sett saman av einingsleiarar, tillitsvalde og ein konsulent frå Agenda Kaupang.

Sluttrapporten "Kostnadsanalyse og tiltak for å redusere utgiftene" (vedlagt), datert 24.oktober, gjev eit samandrag av analysane og tiltaka som vart utgreidd i prosjektet.

Oversikt over tilrådde og ikkje tilrådde tiltak

Mange av tiltaka er tilrådd å ta inn i budsjettet. Kva tiltak som er tilrådd å ta med inn i kommunedirektøren sitt forslag til budsjett, og kva som ikkje vart tilrådd, går fram av tabellane nedanfor. For nærare utgreiing av tiltaka viser vi til den omtalte rapporten, som er eit eiga vedlegg til budsjett. og økonomiplana.

Økonomiplan for 2024-2027

Oversikt tilrådde tiltak Kompass Aukra 2030

Beløp i kroner

Org nivå 2	Tiltak	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027
Barnebo barnehage	Stengt barnehage i påske og juleveka for at tilsette skal avvikle ferie.	-132 000	-132 000	-132 000	-132 000
Bergetippen barnehage	Feriestengt jul og påske	-75 000	-75 000	-75 000	-75 000
Gossen barne og ungdomsskole	Økt foreldrebetaling SFO Gossen barne og ungdomsskole	-100 000	-200 000	-200 000	-200 000
Innvandring og integrering	Fleire flyktningar i jobb ved å tilrettelegge transporttilbod	-1 152 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Innvandring og integrering	Ikkje erstatte tilsette ved naturleg avgang i flyktingtenesta	-1 667 000	-2 433 000	-2 433 000	-2 433 000
Innvandring og integrering	Ikkje lovpålagte tenester	-500 000	-500 000	-500 000	-500 000
Innvandring og integrering	Innsparing på grunn av avvikling av bufellesskap for einslege mindreårige flyktningar	-740 000	-740 000	-740 000	-740 000
Innvandring og integrering	Redusert bruk av overtid	-600 000	-600 000	-600 000	-600 000
Institusjon og butenester	Bergtun bofellesskap redusert administrativ ressurs	-607 000	-607 000	-607 000	-607 000
Institusjon og butenester	Redusere kostnad pr. opphaldsdøgn i institusjon	0	-500 000	-850 000	-1 250 000
Institusjon og butenester	Redusere merkantile stillinger i PLO	-400 000	-400 000	-400 000	-400 000
Institusjon og butenester	Redusere overtidbruk i PLO	-250 000	-327 000	-404 000	-481 000
Institusjon og butenester	Redusere ressursbruk i Bo og Habilitering / kjøp av tjenester	-500 000	-2 500 000	-4 000 000	-5 000 000
Institusjon og butenester	Slutt på kjøp av tjenester / behov opphørt	-2 620 000	-2 620 000	-2 620 000	-2 620 000
Julsundet skole	Ta bort redusert leseplikt for samlingsstyrar bibliotek Julsundet skole	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000
Julsundet skole	Økt foreldrebetaling på SFO Julsundet barne og ungdomsskole	-100 000	-200 000	-200 000	-200 000
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Færre politiske møte - tiltak 39	-260 000	-260 000	-260 000	-260 000
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Kompass - Tilsettsamling	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Møtegodtgjersle - tiltak 70	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Kultur	Auke elevsatsar i kulturskolen	-20 000	-20 000	-20 000	-20 000
Kultur	Auke inntekter frå kulturhuset	-80 000	-80 000	-80 000	-80 000
Kultur	Ta vekk gratis årsavgift for 3. klasse i basseng	-52 000	-52 000	-52 000	-52 000
Kultur	Utleieinntekt kulturhuset	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
Sentrale ansvar	Avslutte bruk av ABAX køyrebok	0	-100 000	-100 000	-100 000
Sentrale ansvar	Effektivisering av administrative oppgåver	-185 000	-370 000	-370 000	-370 000
Sentrale ansvar	Kompass - permisjon	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
Tekniske tenester	Fjerne 50% stilling som driftsleiar for bygg	-450 000	-450 000	-450 000	-450 000
Tekniske tenester	Gratis ferge	-70 000	-70 000	-70 000	-70 000
Tekniske tenester	Redusere driftstiltaket "Ekstra vedlikehald på kommunale vegar"	-500 000	-500 000	-1 000 000	-1 000 000

Økonomiplan for 2024-2027

Tekniske tenester	Redusere fra to til ein tenestebil ved Tekniske tenester	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
Tekniske tenester	Redusere nivå på reinhald	-350 000	-500 000	-1 000 000	-1 000 000
Tekniske tenester	Redusere temperatur i bygg	-500 000	-500 000	-500 000	-500 000
Tekniske tenester	Reduserte driftsutgifter etter avhending av formålsbygg	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Tekniske tenester	Regulering av husleige til markedsleige etter 3 år	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000
Tekniske tenester	Sal av inventar og utstyr som ikkje lenger er i bruk	50 000	50 000	50 000	50 000
Tekniske tenester	Sparte driftsutgifter ved avhending av brakker ved Dagsenteret	0	-20 000	-20 000	-20 000
Tekniske tenester	Stenge Hauglandsvegen for gjennomkøyring	-25 000	-25 000	-25 000	-25 000
Tenester til heimebuande	Deler av koordinatorstilling inn i turnus	-268 000	-268 000	-268 000	-268 000
Tenester til heimebuande	Endring i vedtakspraksis omsorgsstønad	-300 000	-600 000	-600 000	-600 000
Tenester til heimebuande	Endring i vedtakspraksis praktisk bistand	-258 000	-258 000	-258 000	-258 000
Tenester til heimebuande	Endring i vedtakspraksis støttekontakt	-60 000	-120 000	-120 000	-120 000
Tenester til heimebuande	Redusere 0,4 årsverk rehabilitering	-266 000	-266 000	-266 000	-266 000
Tenester til heimebuande	Redusere merkantile stillinger i PLO	-800 000	-800 000	-800 000	-800 000
Tenester til heimebuande	Redusere overtidsbruk i PLO	-50 000	-70 000	-90 000	-110 000
Tenester til heimebuande	Sparte fergeutgifter	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Tenester til heimebuande	Ta ned vedtak i heimetenesta	0	-500 000	-850 000	-1 250 000
Økonomiavdelinga	Aukra Sokn - revidering av tenesteavtale	-167 000	-167 000	-167 000	-167 000
Totalsum		-14 814 000	-20 040 000	-23 337 000	-25 234 000

Stengt barnehage i påske og juleveka for at tilsette skal avvikle ferie.

Tiltaket går ut på å stengebarnehagane i juleveka og i påsken for å spare pengar til ferievikarar.

Den 5. ferieveka leiger vi inn vikar for ca. halvparten av alle tilsette i barnehagane. Vi har her rekna med utgangspunkt i lønn for assistent/vikar utan ansiennitet. Om vi stenger barnehagane i jul og påskadagane og alle tilsette får ta ut den 5. ferieveka, så treng vi ikkje leige inn ferievikar. Om tilsette tek ut denne ferien ved ordinær drift så må ein leige inn vikar for å oppretthalde bemanningsnorma. Vi har her sett på historikken dei siste 3 åra og kom fram til at barnehagane brukar ferievikar i ca. 50% av tida ved avvikling av den 5. ferieveka.

Barnebo 14 årsverk

Bergetippen 8 årsverk

Totalt behov for ferievikar for 22 tilsette 1 veke Årleg effekt: Kr. 9488 x 22 = Kr. 208.736

Konsekvensar (positive og negative)

Tiltaket må drøftast med fagorganisasjonane då tilsette sin ferie vert mindre fleksibel. Tiltaket kan skape vanskar for familiar der føresette arbeider i høgtidene.

Tidsplan og effekt

Tiltaket kan gjennomførast frå 2024.

Årseffekten er rekna til kroner 208.000. Tiltaket vil få full økonomisk effekt i 2024.

Feriestengt jul og påske

Tiltaket går ut på å stengebarnehagane i juleveka og i påsken for å spare pengar til ferievikarar.

Den 5. ferieveka leiger vi inn vikar for ca. halvparten av alle tilsette barnehagane. Vi har her rekna med utgangspunkt i lønn for assistent/vikar utan ansiennitet. Om vi stenger barnehagane i jul og påskadagane og alle tilsette får ta ut den 5. ferieveka, så treng vi ikkje leige inn ferievikar. Om tilsette tek ut denne ferien ved ordinær drift så må ein leige inn vikar for å oppretthalde bemanningsnorma. Vi har her sett på historikken dei siste 3 åra og kom fram til at barnehagane brukar ferievikar i ca. 50% av tida ved avvikling av den 5. ferieveka.

Barnebo 14 årsverk

Bergetippen 8 årsverk

Totalt behov for ferievikar for 22 tilsette 1 veke Årleg effekt: Kr. 9488 x 22 = Kr. 208.736

Konsekvensar (positive og negative)

Tiltaket må drøftast med fagorganisasjonane då tilsette sin ferie vert mindre fleksibel. Tiltaket kan skape vanskar for familiar der føresette arbeider i høgtidene.

Tidsplan og effekt

Tiltaket kan gjennomførast frå 2024.

Årseffekten er rekna til kroner 208.000. Tiltaket vil få full økonomisk effekt i 2024.

Økt foreldrebetaling SFO Gossen barne og ungdomsskole

Tiltak 45: Økt foreldrebetaling på sfo

Analyse

Vi har gjort ei berekning av kva økt foreldrebetaling kan gje av inntekter dersom ein vel å legge seg på same nivå som nabokommunane. Skulle elevtallet gå ned, gjer også bemanninga det. Totalt sett kan kanskje sfo sjølvfinansierast.

I dag kostar ein heilplass på sfo for 26880 kr pr år. Ein halvplass kostar 17760 kr. Til samanlikning kostar heilplass i Molde 34793 kr pr år og ein halvplass(3 dager) 23760 kr pr år. I Hustadvika kostar heilplass 31150 kr og halvplass(3 dager) 21050 kr.

Aukra kommune sine heilplassar er ca 7900 kr billigare enn i Molde og 4270 kr billigare enn i Hustadvika.

Halvplass i Molde er ca 6000 kr dyrare enn i Aukra, og Hustadvika 3290 kr dyrare.

Vi tek ikkje omsyn til ulike «rabattar» i dette reknestykket.

Om ein tek utgangspunkt i at det er like mange heil- og halvplassar i skulen, vil vi kunne auka inntektene med 180 000 kr for halvplassane og 237 000 kr. Dette er samanlikna med prisane i Molde.

Beskrivelse av tiltaket

SFO kan etter Opplæringsloven sjølvfinansierast. Tiltaket går ut på å dekke alle ordinære utgifter med eigenbetaling. Kommunen betaler lovpålagte rabattar og støtte til funksjonshemmede elever. Sfo er eit sosialt tilbod, og det gjer kvardagen enklare for foreldre som ikkje kan hente borna når skulen sluttar.

Konsekvenser (positive og negative)

Det kan bli færre elevar som ynskjer å ha sfo-tilbod fordi tilbodet er for dyrt. Det positive er at vi driv ein sfo etter selvkostprinsippet.

Fleire flyktingar i jobb ved å tilrettelegge transporttilbod

Eininga har ein 9-setar til disposisjon. Ved å bruke ein tilsett som blir overført frå avdeling for einslege mindreårige flyktingar, kan ein opprette eit tiltak der ein køyrer dei aktuelle arbeidstakarane til og frå arbeidsplassen. Dette vil for dei fleste arbeidstakarane vere i ei overgangsperiode til dei har økonomisk moglegheit til å kjøpe eigen bil. Dei fleste frå Ukraina har førarkort frå heimlandet, og dette er gyldig i Noreg.

NAV, INI og aktuelle arbeidsgjevarar må inngå forplikande samarbeidsavtalar om rekruttering, det også NAV sine verkemidlar kan bli tatt i bruk.

Konsekvensen er at mange fleire (maks 8 personar) kan kome i løna arbeid. Dette vil føre til store innsparingar i utbetaling av sosialhjelp. Ein vil sikre ein rask overgang frå introduksjonsprogram til løna arbeid, og flyktingane vil raskare bli økonomisk sjølvstendige.

Det er ingen negative konsekvensar ved dette tiltaket. Det vil vere ein liten kostnad ved bruk av tilsettressurs, men det utgjør ein svært liten del av det potensialet eit slikt tiltak vil ha med tanke på innsparing av sosialhjelp. Tiltaket vil vere ein liten del av mange arbeidsoppgåver den tilsette vil ha ansvaret for ei eininga.

Ikkje erstatte tilsette ved naturleg avgang i flyktingtenesta

Det er kjent at det vil være noko naturleg avgang dei næraste åra, og dei tilsette det gjeld vil ikkje bli erstatta slik situasjonen ser ut no. Ved ein slik reduksjon av talet på tilsette, vil det vere ein føresetnad at situasjonen ikkje endrar seg i vesentleg grad og blir meir ressurskrevjande enn per dd.

Reduksjonen i staben vil mest sannsynleg bli som følgjer:

2024:

Ein miljøterapeut i 100% stilling (frå januar 24)

Ein lærar i 100% stilling frå hausten 2024 (frå august 24)

Ein miljøterapeut går over til NAV i 40% stilling (frå januar 24)

2025:

Ein miljøarbeidar i 100% stilling

Konsekvensvurdering:

Tiltaket vil ikkje ha nemneverdige konsekvensar for drifta dersom situasjon på flyktingområdet ikkje endrar seg til å bli meir ressurskrevjande.

Ikkje lovpålagte tenester

Eininga har følgjande ikkje lovpålagte tenester:

- Aktivitetsveker for barn i sommarferien i samarbeid med Stiftelsen JoinUs.
- Eigne aktivitetsveker for flykningbarn i sommarferien, med hjelp av 10. klassingar som har sommarjobb.
- Internasjonal veke
- Språkkafè
- Gatefotball på onsdagar, eit samarbeid mellom INI, HET, NAV og Stiftelsen JoinUs.

Økonomiplan for 2024-2027

- Aktiviteter for kvinner på måndagar, eit samarbeid mellom INI, HET, NAV og Stiftelsen JoinUs.
- Dragefestival
- Ein gratis fritidsaktivitet for nybusetta flyktningbarn det første året etter busetting.

Ved å avslutte/reducere nokre av desse aktivitetane kan eininga spare om lag kr. 500.000,-. Ved å kutte i desse aktivitetane vil tilbodet til flyktningane bli noko redusert, men ikkje kritisk. Som følge av at ein opprettheld fleire av dei faste aktivitetane, kan ein førebygge at flyktningar vil oppleve einsemd, vere meir utsett for psykiske lidningar, ha utfordringar med å bygge nettverk, oppleve utanforskap og mangel på samhold og meistring. Å ikkje ha førebyggjande aktivitetar, kan på lang sikt føre til auka kostnader for kommunen med tanke på helseutfordringar og utanforskap.

Innsparing på grunn av avvikling av bufellesskap for einslege mindreårige flyktningar

På grunn av nedlegging av bufellesskap for einslege mindreårige flyktninga, vil det bli ei innsparing på fleire budsjettpostar som til dømes avtalefesta tillegg, ferievikar, matvarer og forbruksmateriell, husleige, data og telefon. Til saman blir innsparinga på omlag 740.000,-.

Konsekvensvurdering
Ingen konsekvensar

Redusert bruk av overtid

I samband med svært mange busettingar og ein krevjande situasjon i ei av avdelingane til eininga, fekk eininga auka ramme på overtid i 2023. Størstedelen av dette fell vekk i 2024.

Konsekvensvurdering
Ingen konsekvensar, då ei av avdelingane der det har vore naudsynt med overtid i 2023 vil bli nedlagt ved årsskiftet.

Bergtun bofellesskap redusert administrativ ressurs

Analyse

Bergtun har tidlegare hatt ei 80% administrativ stilling kor tilsetthar jobba med ulike administrative oppgåver (vedtak, fakturering av brukarar og dagsenter, varebestillingar, støttekontakt-koordinator og liknande)

Omtale av tiltaket

Tar vekk 80 % stilling som administrativ ressurs etter at personen har søkt om permisjon. Oppgåvene som tilsett hadde har no vert fordelt på fleire, som fagansvarleg, avdelingsleiar, saksbehandlar.

Konsekvensar (positive og negative)

Positive konsekvensar: Økonomi

Negative konsekvensar: Blir meir belastning på dei tilsette som har fått oppgåvene. Det kan vere vanskeleg å koordinere slik at dei tilsette som er fagleg ansvarleg får nok tid til vedtaksarbeid, fagmøter, ansvarsgruppe møter, utarbeide planar angåandemålretta miljøarbeid. Det tek også ekstra tid for avdelingsleiar som no har fleire oppgåver enn tidlegare.

Redusere kostnad pr. opphaldsdøgn i institusjon

Økonomianalysen viser høge kostnader per plass i institusjon. Dette ser vi særleg i Kostra-

statistikken som måler kostnad pr. opphaldsdøgn i institusjon. Vi vil sjå på tiltak for å optimalisere drifta, og meiner det er realistisk å ta ned kostnadane med i overkant av 1 million kroner i 4-årsperioden.

Redusere merkantile stillinger i PLO

Analyse

Merkantile ressursar kan sambrukasmeir ved å samle dei sentralt.

Omtale av tiltaket

Alt.1 Ei merkantil stillinghar allereie vore leigd ut over lengre tid i 50 %. No er denne stillingadelt mellom Teknisk Eining og pleie og omsorg med 50 % kvar.

Alt. 2 Ei 100 % stillingi Tenester for heimebuande har ikkje vore brukt dei dei siste to åra, då tilsett har hatt permisjon. Denne stillinga har vore leigd ut i 2 år før det (til saman 4 år). Mange av oppgåvene som tilsett tidlegare utførte er stoppa, eller andre tilsette gjer dei.

Alt.3 Stilling som økonomirådgevar kan ein vurdere å sentralisere i 50 % om det vertledig stilling i Økonomiavdelinga. Pleie og omsorg beheld 50 %.

Konsekvensar (positive og negative)

Alt 1 Ingen konsekvensar så lenge PLO beheld 50 % ressurs,og det er ein viss fleksibilitet i ordninga.

Tiltaket vert iverksett

Alt 2 Vedkommande har fast 100 % tilsetting i kommunen, men det er uvisst om personen kjem attende. Elles ingen konsekvens då arbeidsoppgåver er fordelt på andre gjennom dei siste to åra.

Tiltaket vert iverksett no

Alt 3 Tilsett har allereie fleire arbeidsplassar noko som har vore praktisert dei siste 2-3 åra. Personen får arbeide meir med tilsette med same kompetanse Kan bli mindre tilgjengeleg for PLO.

Tiltaket vert ikkje iverksett no

Redusere overtidsbruk i PLO

Analyse

Pleie og omsorg har klart å ta ned mykje overtidsbruk, spesielt det siste året. Framleiser samla budsjettet til overtid på om lag 2,1 mill. kr i pleie og omsorg. Det er framleis rom for å redusere overtidsbruken.

Omtale av tiltaket

Sambruke ressursar i størregrad der det er moglegutan at det går ut over tilbodetil brukarar.

I butenesta skal tilsette ha opplæring slik at dei kan gå på fleirebrukarar. Dette skaper fleksibilitet og fråvær er lettare å handtere.

Konsekvensar (positive og negative)

Ressursbruken blir meir bevisst. Fleire tilsette er kjente med fleire brukarar og sårbarheita ved fråvær vert redusert.

Meir fleksibilitet og fråværvært lettare å handtere.

Ved å sambrukeressursar kan vi gje meir teneste utan å auke budsjetta.

Redusere ressursbruk i Bo og Habilitering / kjøp av tjenester

Analyse

Enkeltbrukarar får meir teneste enn det dei har krav på sett opp mot Helse- og omsorgs-tjenesteloven. Aukra kommune kjøper teneste til enkeltbrukarar frå andre leverandørar som til dømes avlastning og andre tenester. Dette er kostbare ordningar. Dette gjeld særleg for barn og unge. Tilboda vert kostnadskrevjande, og ein får ikkje tilgang til kompetanse i same grad som om ein hadde hatt om tilbodet og kompetansen var i eigen kommune.

Vedtaka som brukarane har, har ikkje vore evaluert tidlegare. I Bu- og habilitering jobbar ein med målretta miljøarbeid, noko som førar til at behova og funksjonane til brukarane er i stadig endring. Med bakgrunn i dette må vedtak kontinuerleg revurderast.

Aukra Kommune har høg bemanning samanlikna med andre kommunar.

Forventingane til tenester er høge både blant brukarar/pårørande og på politisknivå (gjeld også omsorgsstønad, støttekontakt og avlastning).

Omtale av tiltaket

Tenestemottakar sine behov/funksjon skal vere hovudkriteriet for omfanget på tildelinga. Tildeling av teneste må vere meir nyansert enn den har vore til no, med utgangspunkt i funksjonsnivået til brukar. Like saker må behandlast likt. Kommunen bør i større grad yte denne tenesta sjølv.

Avlastningsbustaden bør vere større, slik at ein kan gjennomføre fleire avlastningar samtidig. Det bør til ein viss grad vere sambruk av personell med Bergtun bufellesskap, slik at ein i større grad får utnytte kapasiteten og kompetansen som ein har til ei kvar tid. Det vert nokon gonger ledig kapasitet på fast tilsette når brukarar dreg heim til sine, og med kjennskap til fleire brukarar i avlastning og bufellesskap vert tenesta meir fleksibel og mindre kostnadskrevjande om tilsette kan rullere. På systemnivå må det innførast ei rutine på at det også i bufellesskap og avlastning skal settast obs dato på enkeltvedtaka, og ein må gjennomføre systematiske revurderingar, då tenestemottakarar mest sannsynleg har ei endringi behov over tid. Det gjeld særleg barn/ungdom som er i stadig utvikling og endring. Det vert viktig at ein startar arbeidet med å gå gjennom alle enkeltvedtak i samarbeid med brukar/pårørande og spesialistteneste.

Konsekvensar (positive og negative)

Det er viktig at det blir brukt tid på prosessen for å få ein felles forståing for at kvaliteten på teneste ikkje nødvendigvis kjem av omfanget på teneste.

Positive:

- Tenesta kan bli meir effektiv med færre tilsette på vakt då litt «tidspress» kan medføre meir aktiv samhandling med bebuarane.
- Om det er færre tilsette til stade med bebuar, er det lett for at tilsette ikkje har like mykje fokus på kommunikasjon med bebuar

Økonomiplan for 2024-2027

- Med færre tilsette må ein arbeide meir systematisk og målrette, dette kan føre til auka fokus på fag og større arbeidsglede.

Negative:

- Endring i arbeidsrutinar kan vere krevjande for tilsette, tillitsvalde, leiar
- Misnøgde pårørande/bebuarar. Kan komme klage til Statsforvalter, det kan bli ein del arbeid i ein slik omstillingsprosess. Det er da viktig at det er ein god prosess.
- Endring/reduksjon i vedtak kan i startenføre til auke i klagesaker.
- Reduksjon i refusjon for særleg ressurskrevjande tenester
-

Slutt på kjøp av tjenester / behov opphørt

Analyse

Behov opphøyr, utgift fell vekk.

Omtale av tiltaket

Aukra kommunehar kjøpt tenestefrå anna interkommunal teneste utanfor kommunen. Behovet for teneste er ikkje lenger gjeldande frå ca. 1. september 2023.

Konsekvensar (positive og negative)

Reduserte kostnader

Ta bort redusert leseplikt for samlingsstyrar bibliotek Julsundet skole

Julsundet skole bruker 44 000 kroner på samlingsstyrer til bibliotek.

Beskrivelse av tiltaket

Julsundet skole har en – to ansatte som har noen timer nedsatt undervisningstid for å ta ansvar for innkjøp, rydding, utlån, inspirerer, lage utstilling og diverse oppgaver rundt skolebiblioteket.

Konsekvenser (positive og negative)

Det blir mindre orden og færre arrangement rundt biblioteket. En viss fare for at leseglede vil være synkende og inspirasjon til å tilbringe tid på biblioteket vil reduseres. Lesing er en grunnleggende ferdighet og en av bærebjelkene for læring.

Det er ikke en lovpålagt tjeneste å ha en ansatte som driver skolebiblioteket. Oppgavene kan fordeles mellom de som besøker biblioteket med klassen sin. Norsk lærere har god kompetanse på lesing og aktiviteter som inspirerer til lesing. Holde orden og kompetanse om drift av utlån kan delegeres til hver enkelt lærer/assistent. Er det tydelig sammenheng mellom gode resultat på nasjonale prøver og høy aktivitet på skolebibliotek?

Økt foreldrebetaling på SFO Julsundet barne og ungdomsskole

Tiltak 45: Økt foreldrebetaling på sfo

Analyse

Vi har gjort ei berekning av kva økt foreldrebetaling kan gje av inntekter dersom ein vel å legge seg

Økonomiplan for 2024-2027

på same nivå som nabokommunane. Skulle elevtallet gå ned, gjer også bemanninga det. Totalt sett kan kanskje sfo sjølvfinansierast.

I dag kostar ein heilplass på sfo for 26880 kr pr år. Ein halvplass kostar 17760 kr. Til samanlikning kostar heilplass i Molde 34793 kr pr år og ein halvplass(3 dager) 23760 kr pr år. I Hustadvika kostar heilplass 31150 kr og halvplass(3 dager) 21050 kr.

Aukra kommune sine heilplassar er ca 7900 kr billigare enn i Molde og 4270 kr billigare enn i Hustadvika.

Halvplass i Molde er ca 6000 kr dyrare enn i Aukra, og Hustadvika 3290 kr dyrare.

Vi tek ikkje omsyn til ulike «rabattar» i dette reknestykket.

Om ein tek utgangspunkt i at det er like mange heil- og halvplassar i skulen, vil vi kunne auka inntektene med 180 000 kr for halvplassane og 237 000 kr. Dette er samanlikna med prisane i Molde.

Beskrivelse av tiltaket

SFO kan etter Opplæringsloven sjølvfinansieras. Tiltaket går ut på å dekke alle ordinære utgifter med eigenbetaling. Kommunen betaler lovpålagte rabatter og støtte til funksjonshemmede elever. Sfo er eit sosialt tilbod, og det gjer kvardagen enklare for foreldre som ikkje kan hente borna når skulen sluttar.

Konsekvenser (positive og negative)

Det kan bli færre elevar som ynskjer å ha sfo-tilbod fordi tilbodet er for dyrt. Det positive er at vi driv ein sfo etter selvkostprinsippet.

Færre politiske møte - tiltak 39

Aukra kommune utbetalar kr. 955 000 kr i møtegodtgjersle per år for følgjande utval:

- Kommunestyret
- Formannskapet
- Livsløpsutvalet
- Drift- og arealutvalet
- Eldrerådet
- Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
- Ungdomsrådet
- Administrasjonsutvalet

I tillegg blir det utbetalt godtgjersle til andre utval som folkevalde er medlem av. Det går ikkje fram av lista. Andre råd og utval er ikkje teke med i denne utgreiinga då desse har møte etter behov og har ikkje eiga møteplan.

Fleire av møta til råd og utval blir i dag avlyst grunna få saker.

Forslaget er å redusere møteaktiviteten med 20 møte per år som vil vi ei innsparing på ca. kr 265 000,-. Møteplana vil då sjå slik ut:

- Kommunestyret: Frå 10 til 8 møte (tilbake til 8 møte slik utvalet hadde tidlegare)

- Formannskapet: Frå 9 til 8 møte
- LIV og DRA: Frå 9 til 6 møte
- Råda: Frå 9 til 6 møte
- ADM: Frå 4 til 2 møte

Kompass – Tilsettsamling

Analyse

Ein har ønske om å kunne påskjønne sin tilsette. Fellessamlingar gjer noko med fellesskap og tilhørighet som er viktige faktorar for måloppnåing og arbeidsmiljø. Det er ein anledning for arbeidsgjevar å nå mange av sine tilsette og kunne formidle viktige prioriteringar.

Tidlegare har mange assosiert arbeidsmiljø med velferdsgodar og tiltak som treffer enkeltindividet. Forsking pek på at det er på tide å rette fokuset mot de faktorane som har med sjølve arbeidet å gjere. Det er andre tiltak som bidrar til betre arbeidsmiljøet og auke tenesteproduksjonen. (Ref. STAMI)

Tradisjonelt har det vært arrangert ei felles juleavslutning for alle tilsette. I tillegg har enkelte einingar eller avdelingar ulike arrangement eller samlingar gjennom året. I 2022 endra man frå julebord til tilsettfest i august. Kostnaden kom på om lag 115.400. Planen for 2023 var opphøveleg sommarfest der leiarane skulle grille og lage fest for dei tilsette.

Det er ikkje krav om at det skal settast av midlar til dette.

Beskriving av tiltaket

Felles tilsettfest er ikkje lovpålagt og kan eventuelt avviklast.

Konsekvensar (positive og negative)

Positive: Innsparing

Negative: Opplevd fellesskap kan bli redusert. Arbeidsgjevar og arbeidstakar mister ein viktig arena og tiltak for samhold og fellesskap.

Møtegodtgjersle - tiltak 70

Kommunestyret har vedteke at ordførargodtgjersla skal ned frå 10,5G til 10G for neste kommunestyreperiode. Varaordførar får også ei lita endring grunna reduksjonen. I tillegg er den faste årlege godtgjersla redusert med ei samla innsparing på kr. 50 000,-.

Auke elevsatsar i kulturskolen

Det er kommunestyret som fastset elevsatsar i kulturskolen kvar haust. Aukra ligg godt under kommunane vi brukar samanlikne oss med.

Vedtak i kommunestyret 18.09.2022: «Elevavgift ved Aukra Kulturskole vert uendra for 2023»

Tilrådinga var slik, men blei ikkje vedtatt:

«Avgiftsatsane ved Aukra kulturskole blir auka tilnærma generell prisauke på 4,2%.

- *Elevavgifta blir endra frå kr. 2.528,- til kr. 2.634,- pr. år.*
- *Elevavgifta på fordjupningsplass blir endra frå kr. 5.057,- til kr. 5.269,- pr. år.*
- *Elev korpsaspirant blir endra frå kr. 1.852,- til kr. 1.930,- pr. år.*
- *Leige på instrument og materialavgift kunst blir endra frå kr. 521,- til kr. 543,- pr. år.*

Økonomiplan for 2024-2027

- *Elevmoderasjon på 25% frå og med 2. elevplass per familie og 50% frå og med 3. elevplass per familie blir uendra»*

Betalingssatsane i kulturskolen vart sist endra i K-sak 60/21. I saksframlegget vart det vist til oversikt over betalingssatsar i kommunane; Hustadvika, Aure, Suldal og Øygarden.

«Hustadvika kulturskole:

Elevavgift individuell: kr. 3.579,-

Elevavgift gruppe: kr. 2.948,-

Instrumentleige: kr. 500,-

Elevmoderasjon: 25 % på 2. elevplass og 50 % frå og med 3. elevplass pr. familie

Aure kulturskole:

Elevavgift: kr. 3.300,-

Materiell avgift: kr. 550,-

Årsavgift materialer Visuell kunst: kr. 450,-

Elevmoderasjon: 50 % søskenrabatt og 35 % for deltaking på fleire disiplinær.

Suldal kulturskole: Elevavgift individuell: kr. 3.020,-

Elevavgift gruppe: kr. 2.900,-

Elevavgift vaksne: kr. 4.440,-

Elevavgift kor/orkester: kr. 1.000,-

Instrumentleige: kr. 560,-

Materiell avgift noter: kr. 200,-

Materiell avgift biletkunst: kr. 600,-

Øygarden kulturskole:

Elevavgift: kr. 3.465,-

Søsken: kr. 2.850,-

Instrumentleige: kr. 1.110,-»

Her tar vi òg med betalingssatsar for Ulstein kommune som vi er samanlikna med i Kompass 2030:

Elevplass: kr. 3.400,-

Materiellkostnader kunstfag: kr. 400,-

Undervisningsmateriell notar: kr. 400,-

Instrumentleige: kr. 500,-

Kulturskolen har 20% moderasjon for sysken, denne gjeld også elevplassar ved fleire disiplinær.

Alle kommunar skal ha eit kulturskoletilbod for barn og unge, og vi skal arbeide for at kulturskolen skal vere eit ressurscenter i kommunen. Kulturskolen er trekt fram i Kompass 2030 med netto driftsutgifter som ligg høgare enn samanliknbare kommunar. Det er grunn til merke seg at kostratala er henta frå GSI-rapportering. GSI er basert på grunnskolerapportering og tala blir delt på innrapporterte elevtal. Dette har lenge vore kjent og kulturskolane har bede Norsk Kulturskoleråd om at dei må arbeide for at rapportering for kulturskolane må endrast slik at den viser heilheita av drifta, - inklusiv kulturskolen som ressurscenter. Som ressurscenter betyr det av kulturskolen driv med mykje aktivitet som slik ikkje kjem fram i rapporteringa, men kostnadane blir delt på elevtalet som er rapportert. Aukra kulturskole ligg langt framme når det gjeld å vere eit ressurscenter i kommunen om vi samanliknar med andre kulturskolar. Å vere ressurscenter betyr å vere ein kulturskole for alle, som igjen betyr at vi skal arbeide for å etablere lågterskeltilbod og tilby tenester som er gratis. Desse tilboda blir ikkje synleg gjennom antal elevplassar, men gjer at desse kostnadane blir delt på rapporterte elevplassar. Aukra hadde til dømes i 2022 gratistilbod i skolen som «Korps i skolen» og «Beat», songtilbodet «Syng saman» som ein del av Aktiv senior tilbodet,

Økonomiplan for 2024-2027

musikkterapigruppe på dagsenteret med ein eigenandel pr. deltakar på kr. 500,-, sal av tenester til kor og korps blir fakturert med 50% av faktiske utgifter. I kostra blir utgifter til desse tilboda lagt til pr. elev i alderen 6-19 år I tillegg sel kulturskolen tenester til grunnskole og Innvandring og Integrering.

Det er viktig å ta stilling til om kulturskolen i Aukra også i framtida skal vere eit ressurscenter som i dag, med lågterskeltilbod, gratistenester, samt kulturskoletilbod til vaksne, i tillegg til tilboda til barn og unge.

Vi har vore i kontakt med Ulstein kommune som vi blir samanlikna med. Dei sel også tenester til barnehage og grunnskole, men lærarane er tilsett i skolen. Då blir desse kostnadane ikkje ein del av kostra rapporten slik som i Aukra. Ulstein har også gruppeundervisning som tilbod , med mange store grupper. 279 elevar har gruppeundervisning i store grupper. (dans, teater og kunst) Dette reduserer lønnskostnadane. Aukra har få og små grupper til samanlikning.

Når politisk sak blir fremma er prisauke berekna med bakgrunn i konsumprisindeks det siste året for Kultur og fritid. Det har vore politisk semde om at kulturskolen skal ha låge elevsatsar for at flest mogleg skal kunne ha råd til å delta. Med betalingsatsar på line med kommunane vi samanliknar oss med vil inntektene auke.

Heilårseffekt i 2024 vil utgjere om lag kr. 20.000,-. Kommunestyret vedtek elevsatsar om hausten for det kommande året, der innstilling er basert på konsumprisindeks.

Kor og korps betalar i dag 50% av faktiske lønsutgifter. Ei auke i denne satsen, samt innføre honorar for sal av opptredenar kan også gi ei auke i inntekt. Dette er ikkje vurdert no.

Konsekvensvurdering

Positive: Ei auke i elevavgift gir ei auke i inntekt på om lag kr. 20.000,- utifrå elevtal i 2022. Det vil vere positivt å diskutere kva kulturskolen skal vere i Aukra og for kven.

Negative: Aukra kulturskole er kulturskolen for alle. Med låge elevsatsar skal kulturskolen gi tilbod som flest mogleg har økonomi til å delta på. Med låge satsar bidreg dette til sosial utjamning. Ei auke kan ekskludere fleire barn og unge frå å delta.

Med lågare elevtal kan tilbod stå i fare for å måtte avviklast. Dette fører til endå mindre stillingar for dei tilsette, noko som vil gjere det lite attraktivt å arbeide i Aukra kulturskole. Vi både kjøper og sel lærartenester frå og til andre kommunar. Kulturskolen sel også teneste til einingar i kommunen.

Med mindre elevtal og færre lærarar blir det vanskeleg å oppretthalde nasjonal målsetting om kulturskolen som ressurscenter for andre tenester i kommunen, samt for kor, korps og andre lag og organisasjonar.

Auke inntekter frå kulturhuset

Inntekter frå aktivitet i kulturhuset er lån og leige av lokalar, billettinntekter, sal av tenester i samband med aktivitet og kafé/kiosksal. Sak om mva-kompensasjon set føringar for inntektene. Satsane er låge og genererer slik stor pågang om lån og leige. Økonomiavdelinga arbeider med desse berekningane.

I politisk sak om betalingsatsar i bassenget er det gjort vedtak om låge betalingsatsar.

Aktiviteten i kulturhuset heng saman med kostnad for bruk av tilbod og lån/leige. Mva-

Økonomiplan for 2024-2027

kompensasjon set føringar for kva aktivitet eininga kan ha og slik kva inntekter det kan generere. Pr i dag har vi ikkje den oversikta som viser moglegheitsrommet.

Betre og spissa marknadsføring om tilbod kan auke inntekter.

Kulturhus i andre kommunar vi har vore i kontakt med har anna driftsorganisering som t.d. kommunalt føretak og kan ha inntekter frå t.d. alkoholservering ved arrangement. Slik sal vil også vere styrt av føringar for mva-kompensasjon. I tillegg set kommunen sine alkoholpolitiske retningslinjer føringar for dette.

Som andre kulturhus har vi frå august 2023 innført at vi bereknar ei avgift av brutto billettinntekter på arrangement med leigetakarar utanfrå kommunen. Vi har lagt oss på 16% etter å ha samanlikna med kva andre har. Dette er for kompensasjon for tid og ressursar vi bruker på tilrettelegging før, av og til også under, og etter alle arrangement med billettsal. Vi vil gjere ei vurdering om dette også skal gjelde alle arrangement med billettsal.

Haugt 2023: Utgreiing om mva-kompensasjon med tanke på lån/leige og sal av mat vil sette legge føringar for inntektene.

Når det gjeld %-andel av billettinntektene blir dette innført frå august 2023 og vil gi auke i inntekter avhengig av billettsalet på arrangementa. Heilårsvekna i 2024 kan vere 80.000,- (dette talet er usikkert)

Konsekvensvurdering

Positive: Auka inntekter gir eit større moglegheitsrom for aktivitetar og/eller reduksjon i budsjett.

Negative: Auka inntekter ved utlån og utleige kan redusere aktiviteten.

Ta vekk gratis årsavgift for 3. klasse i basseng

Vedtak i kommunestyre si behandling av budsjett og økonomiplan 2023-2026 den 15.12.2022

*«I Aukra har vi no eit flott basseng, som vi ønsker at flest mogleg av innbyggjarane bruker. Pr i dag så får alle våre 2. klassingar gratis inngang på Moldebadet. Vi ønsker at tilsvarande tilbod gis til Aukra Kommune sine 3. klassingar. Vi trur at ved å dele ut dette vil det også bli kjøpt fleire årskort av foreldre. Estimert kostnad på dette (basert på 40 elever) $40 * 1300 = 52\ 000\text{kr}$ Total kr 52 000,-.»*
Det er svært få som har nytta deg av dette tilbodet. I medio mai var det levert ut 5 årskort. Det har vore marknadsført, - men truleg ikkje godt nok.

I august er det to nye 3. klassar i Aukra. Tiltaket kan takast ut med nytt budsjettår. Då vil dei som har nytta seg av tilbodet fått gratis halve skoleåret. Innsparing vil vere kr. 52.000,- for 2024. Evt. om tilbodet skal takast ut sommaren 2024 vil vi få halvårseffekt kr. 26.500,-.

Konsekvensvurdering

Positive:

Dette er eit positivt tiltak med tanke på sosial utjamning. Barn under 10 år må vere i følge med vaksne i bassenget. Det gir økonomisk gevinst for tenesta. Det er viktig at barna er trygge i vatn og lærer seg å symje tidleg.

Negative:

Det er ikkje kjent kven som har nytta tilbodet no. Dersom eit bortfall av tilbodet gjer at dei av økonomiske årsaker ikkje kan bruke bassengtilbodet vil det vere negativt. - I ein kyst- og øykommune er det viktig at alle barn lærer seg å symje tidleg.

Utleieinntekt kulturhuset

Det er ulik praksis kring utlån og utleie av kommunale bygg.

Av spesielle årsaker har det nye kulturhuset første driftsår hatt særskilt handsaming med utstrekkt bruk av utlån i staden for utleie. Dette for å sikre at kommunen avviker frå framlagt driftsplan som vart lagt til grunn for førehandsuttale frå Skatteetaten og kommunen sin handsaming av mva. Det blir no sett spesielt på dette. I tillegg bør utleie elles harmoniserast og praktiserast som administrativt vedteke i alle kommunale bygg.

Konsekvensvurdering

Harmoniserer praksis og legg grunnlag for likehandsaming knytt til utleie/utlån for kommunale bygg. Vil medverke til auka inntekter.

Avslutte bruk av ABAX kjørebok

GPS er montert på alle kommunale bilar for å kunne dokumentere at vilkåra for ikkje å beskatte tilsette for privat bruk er svara ut. Er dette noko Skatteetaten krev? Kan kravet bli møtt på annan måte? Må alle bilar ha ABAX?

Beskrivelse av tiltaket

Det er etter skattereglene ingen generell plikt til å føre kjørebok. Skattemyndighetene kan heller ikke pålegge dette, men en nøyaktig ført kjørebok vil oftest være en avgjørende dokumentasjon for omfanget av eventuell yrkeskjøring. Fra og med inntektsåret 2016 er det innført et krav om elektronisk kjørebok ved individuell verdsettelse av skattepliktig fordel for yrkesbilar, samt for å kunne redusere standardfordelen ved særlig omfattende yrkeskjøring (over 40 000 km pr. år).

Konsekvenser (positive og negative)

Redusert administrering, og reduserte utgifter.

Må etablere reglement for privat bruk av kommunale bilar, med krav om parkering ved kommunalt bygg slik at ein ikkje risikerer at tilsette kan bli skattelagt urettmessig for privat bruk.

Må truleg framleis ha GPS på vaktbilar.

Tidsplan og effekt

Sparer årleg lisensutgift, berekna til kr. 100.000,-. Full effekt etter utløp av oppseiingstid.

Effektivisering av administrative oppgåver

Analyse

Oppgåver knytt til innkjøp, fakturahandsaming og personalskjema kan løysast meir effektivt. I 2022 betalte Aukra kommune 93 prosent (ikkje kvalitetssikra) av kommunen sine fakturaer til rett tid. Vidare har Andel Aukra kommunen eit mål om at 30 prosent av kommunen sine innkjøp (målt i tal på fakturaer) skal gjennomførast via eHandel. I 2022 nådde vi berre opp til 7 prosent.

I 4-5 verksemdar utfører administrativ nærstøtte oppgåver som tilsette sjølv kan/skal gjere digitalt. I staden fører den tilsette f.eks. timelister på papir, som på slutten av månaden blir levert til merkantile som so fører den over til elektroniske timelister. Oppgåvene kan alternativt løysast med mindre ressursbruk, der ein og unngår å kome i konflikt med nedfelte fristar og ilagte unngår purregebyr og forseinkingsrenter.

Går over til nytt tidsregistrerings-system som andre kommunar i RORikt samarbeidet nyttar. Lisens på gamalt system kan då seiast opp.

Omtale av tiltaket

Tilsette får nødvendig (oppfrisking) opplæring, og blir sett i stand til å bruke etablerte elektroniske skjema. Fjernar då dobbeltarbeid og uheldige forseinkingar. Etablert praksis som verksemdene i dag har etablert "eigne lønnsperioder" frå dato 20.-20 kan då fjernast.

Desse lønsperiodane er ikkje i samsvar med kommunen sitt personalreglement. Erfaring frå store einingar viser at det er utan problem å halde seg til lønnsperioder frå 01.-30/31. når ein digitale skjema og saksgang blir nytta.

Automatisk systemvarsel og manuell påminning må i enda større grad nyttast for å sikre handsaminga av faktura innan nødvendig tid før betalingsfrist.

Auka bruk av ehandel vil krevje systematisk opplæring og endring av haldningar til å gjere innkjøpa på ein ny måte.

Gamal avtale på tidsregistrering blir sagt opp og grunnlag for nytt blir etablert. Omorganisering av kvar systemansvaret skal ligge blir ein del av dette. Integrasjon vil kunne erstatte føring av timelister mm i dag (dette gjeld berre tilsette utanom skole og turnusarbeid)

Konsekvensvurdering

Meir effektiv løysing av oppgåver vil frigjere ressursar, som kan takast inn i ei heilskapleg vurdering i samband med Kommunedirektøren si vurdering av organisasjonsform. Ein kan slik oppnå reduserte lønsutgifter eller omdisponere desse ressursane til anna oppgåveløysing.

Større grad av betalte faktura i rett tid, større bruk av ehandel og lik handsaming og etterleving av overordna reglement vil gje ei betre styring av organisasjonen og eit betra omdømme.

Kompass – permisjon

Analyse

Permisjonsreglementet er frå 2021 og gjeld til 2025. Dei aller fleste permisjonar er lov- eller avtalefesta som vi ikkje kan endre lokalt.

Velferdspermisjonar som ikkje er lovfesta kan avtalast mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonar i det lokale permisjonsreglementet.

Retten til velferdspermisjoner er heimla i Hovedtariffavtalen, kapittel 1, § 14.1 andre avsnitt: "Når viktige velferdsgrunner foreligger, kan en arbeidstaker tilstås velferdspermisjon med lønn i inntil 12 arbeidsdager pr kalenderår. Det kan avtalast fleksibelt uttak av permisjonsdagene". (Nytt i HTA 14.1) Fri utover 12 dager eller utover det dagtall som er maksimum for dei forskjellige permisjonsårsakene, vert løyvd som permisjon utan løn.

Permisjonsreglementet opnar for vurdering av permisjon i desse tilfella:

Ved alvorleg sjukdom i næraste familie (ektefelle, sambuar, registrert partner, foreldre, svigerforeldre, besteforeldre, barn, svigerbarn, barnebarn, søsken eller andre som står arbeidstakaren nær) der den sjuke ikkje er sjøvhjulpnen. Her er det og opning for å vise skjønn når det gjeld andre enn dei som er lista opp. Man får ikkje permisjon med lønn dersom den sjuke blir tatt hand om av det offentlege helseapparatet.

Ved dødsfall i næraste familie: Inntil 3 dagar til den i nær familie som har oppfølgingsansvar ved dødsfallet, eventuelt med tillegg av naudsynnte reisedagar. Det må vere rom for å vise skjønn der arbeidstakar er næraste pårørande til andre personar.

Økonomiplan for 2024-2027

For tilvenning av barn i barnehage inntil 3 dagar og for å følgje barn til første skoledag inntil 1 dag.

Dersom flytting er naudsynt ved skifte av arbeidsstad hos ein og same arbeidsgjevar, vert det gjeve permisjon inntil ein dag.

Arbeidstakarar som er knytt til hjelpekorps, får løyvd permisjon med lønn i samband med utrykking til redningsaksjonar. Gjeld ikkje øvingar.

Nasjonale og internasjonale idretts-/kulturarrangement, landskampar o.l.: Inntil 5 dagar.

Finalen i Norgesmeisterskap: Inntil 2 dagar. Ordninga gjeld også for leiarar til deltakar.

I 2022 vart det gitt 223 dagar velferdspermisjon med løn og 114 dagar hittil i år.

I 2022 vart det gitt 143 dagar velferdspermisjon utan løn og 49 dagar hittil i år.

Blant dette er det ein rekke permisjonar som kjem under kategorien «andre velferdspermisjonar» og «andre permisjonar». I desse tilfella kjenner ein ikkje til årsaka til permisjonen.

Med ein gjennomsnittleg årslønn utgjer dette om lag kr. 416 000 kroner i tapte arbeidstimar for kommunen.

Det blir og innvilga permisjonar med lønn for inntil 4 timar per gong. Desse er ikkje registrert i HRM-system.

Om det gis per permisjonar med løn ut over det som permisjonsreglementet legg opp til, er naturleg vis ikkje råd å seie noko om.

Omtale av tiltaket

Kva for situasjonar som gir rett til velferdspermisjon, er det opp til kommunen å fastsette. Slikt sett har ein eit handlingsrom. Det er likevel slik at det er praksis i kommunane at man har regelverk om ulike situasjonar som gir rett til permisjon med løn. Dette kan variere frå kommune til kommune. Aukra sitt reglement er ikkje urimeleg samanlikna med andre kommunar.

Ein vil klargjere reglementet i organisasjonen og forvente at det praktiserast etter hensikta.

Ein kan slutte med å innvilge permisjonar inntil 4 timar. Andre kommunar reknar slike korte permisjonar for 1 oppbrukt dag, sjølv om det er forventa at ein kjem på jobb same dag (før eller etter avtale).

Desse to tiltaka kan om mogleg gi ei innsparing, sannsynlegvis beskjeden og kan vanskeleg talfestast.

Dei tilsette mottar løna si uansett om dei er på jobb eller har permisjon med løn. Gevinsten ligg i å nytta meir permisjon utan løn, eventuelle vikarkostnadar og ein kan unngå kvalitetstap.

Konsekvensar (positive og negative)

Positiv: Mogleg økonomisk gevinst, men den verkar å være beskjeden.

Negativ: Mogleg negativ symboleffekt.

Tidsplan og effekt

Nytt reglement må behandlast i løpet av hausten 23 eller våren 24.

Effekten synes liten. Foreslår 10.000 per år.

Konsekvensvurdering

Positiv: Mogleg økonomisk gevinst, men den verkar å være beskjeden.

Negativ: Mogleg negativ symboleffekt.

Fjerne 50% stilling som driftsleiar for bygg

Reduserer ei stilling med 50% ved naturleg avgang.

Konsekvensvurdering

Bruker digitale verktøy for koordinering av driftsoppgåver i formålsbygg.

Gratis ferje

Gratis ferge

Redusere driftstiltaket "Ekstra vedlikehald på kommunale vegar"

Analyse

Kommunen har ansvar for generelt vedlikehald av det kommunale vegnettet. Dette består i hovudsak av asfaltvegar ca. 80% og resterande er grusvegar.

Asfaltering har i hovudsak blitt utført med liming/ klebing på eksisterande dekkje, eller punktasfaltering der det er krakelering eller slaghol i vegbanen. På vegar med stor sporslitasje fresar ein ned til eit akseptabelt nivå før ein legg nytt dekke oppå.

På vegar med uviss, eller dårleg bærelag må ein inn med forsterking, enten ved masseutskifting eller geonett. Dette er kostbare operasjonar og krev planlegging då dette ofte fører til stenging av veg.

På grusvegar bør grusdekket ha tverrfall som sikrar avrenning. Det skal høvlust/blir lappa når det oppstår sjenerande hol danningar. Det bør i tillegg gjennomførast støvdemping av alle grusvegar om våren. Støvdemping har også ein forsterkande effekt på grusvegar som gjer at grusen held seg betre mot ytre påverknningar som f. ekse nedbør.

Grøfter og stikkrenner må ha jamnleg tilsyn og reinsking. Grøfter og stikkrenner gjer at vatn blir leda vekk frå vegbanen og ikkje påfører skader på veggen.

Beskriving av tiltaket

Halvere/Kutte det ekstra løyvet til vedlikehald på vegnett.

Konsekvensvurdering

Reasfaltering og vedlikehald av både grusvegar, grønfter og sideareal er noko som er essensielt med tanke på kostnadseffektiv vegdrift. Større etterslep vil føre til auka kostnader over tid. Forskning på drift av vegdekke av asfalt viser at kostnad og ressursbruk aukar betrakteleg om ein held opp vegvedlikehald.

Eksempelvis så vil reasfaltering av ein asfaltert vegbane som har gode grunnmassar, men har ein utsliten vegbane, bli så god som ny om ein reasfalterer, ev slipar og asfalterer. Om ein i tilfelle ventar til slitasjen går djupare kan ein rekne med at ein må grave av gammal asfalt og byggja opp igjen berelag før ny asfaltering.

I Aukra kommune i dag er det fleire vegstrek som treng vedlikehald, det er ei lang liste med vegareal som me prøvar å prioritere i forhold til kva som er mest belasta og i dårlegast tilstand. Det er viktig at det er løyvd resursar jamt over tid til vegvedlikehald.

Sparte midlar på kort sikt fører til meir utgifter på lang sikt.

Redusere fra to til ein tenestebil ved Tekniske tenester

Konsekvenser (positive og negative)

Bruke eigen bil, som medfører tidsbruk til kjøregodtgjørelse osv. .

Betre utnyttelse av bilen slik at fleire slepp å bruke eigen bil.

Tidsplan

og

effekt

Innsparing i drift pr. år: Forsikring og vegavgift + driftsutgifter = 20.000 + verditap – kjøregodtgjøring for bruk av privat bil.

Redusere nivå på reinhald

Analyse

Nivå på reinhald kan synes høgt på nokre formålsbygg. Det er og variasjon i behovet for reinhald mellom årstidene. Vidare kan brukarane av bygga gjere ein del tiltak som gjer reinhaldet enklare.

Beskrivelse av tiltaket

Gjere bygg enklar for reinhaldarane ved å samle søppeldunkar. Leige inn færre ferievikarar. Opplæring i meir fleksibelt reinhald. Innføring av robot

Konsekvensvurdering

Tilsette i bygg må legge til rette for eit enklare reinhald.

Redusere temperatur i bygg

Analyse

Nær alle bygg i kommunen vert varma opp av jordvarme. Kommunehuset og siste del av Julsundet skolen vert kobla over på jordvarme i 2023/2024. Ved 1 grad reduksjon sparer ein 5% i straumutgifter i hushaldningar. Denne effekten vil vi ikkje få i bygg med fjellvarme.

Mevoldtunet, Bygdestauå, Riksfjord, Bergland og Bergtun er framleis oppvarma av el. og varmepumper.

Nær alle kommunale bustader har el som energikjelde. Leigetakarane betaler dette sjølv.

Beskrivelse av tiltaket

Reduksjon av temperaturen med 1 grad i alle bygg.
Bedre styring av ventilasjon (investering).
Sensorer på lysstyring (investering).
Haldningsendring
Flytte varmepumper frå fråflytta bygg.

Konsekvenser (positive og negative)

Vil oppleve at det er «kjølig» i bygga.
Betre styring av ventilasjon og varme/kjøling ved varmepumper.

Tidsplan og effekt

Usikker effekt pga variasjon i straumprisar. Antek innsparingar på 50.000 i året.

Reduserte driftsutgifter etter avhending av formålsbygg

Analyse

Vi har to bygg som står tomme, Aukrheimen og ASAS. Bygga står og forfell i dag.
Markedsverdi Aukraheimen 5,5 mill
Markedsverdi ASAS 3,8 mill

Beskrivelse av tiltaket

Selge Aukraheimen og ASAS.

Konsekvensvurdering

Omgjering av kommunalt vedtak om å behalde ASAS-tomta til kommunalt bustadfelt. Ved sal av bygga kan ein framleis risikere at dei vert ståande og forfalle.

Regulering av husleige til markedsleige etter 3 år

Analyse

Fleire leigetakarar i kommunale utleigebustader flytter ikkje ut av bustadane sjølv om dei ikkje lenger har rett til bustaden etter dei kommunale retningslinjene for utleigebustader.

Beskrivelse av tiltaket

Endre retningslinjene for leige av bustader, slik at kommunen kan sette opp husleiga til marknadsleige etter tre år.

Konsekvenser (positive og negative)

Noko auke i inntekter.

Insitament for å få folk til å ta ansvar for eigen bustad.

Kommune får frigjort bustader og/eller kan eige færre bustader som igjen fører til lågare driftsutgifter, men og lågare husleigeinntekter.

Tidsplan og effekt

I samband med innføring av KOBO skal retningslinjene reviderast hausten 2023, og denne endringa kan vi ta samtidig.

Sal av inventar og utstyr som ikkje lenger er i bruk

Sal av diverse inventar og utstyr som ikkje er kjøpt inn over investeringsregnskapet.

Analyse

Vi har ein plottar (for utskrifter opptil A0 størrelse), denne blir lite brukt per dags dato. Vi har også ein storformat skanner (skanner opp til A0 størrelse) som ble kjøpt inn for å scanne eldre reguleringsplanar slik at dei kunne hentast inn kommunens gis system og vektoriserast/digitaliserast. Vi har mange brukte kjøkkenmaskinar og mykje inventar som kan selgast.

Beskrivelse av tiltaket

Ein person må få denne oppgåva som eit prosjekt. Må kontakte leverandørar for ein gjennomgang for å vurdere kva som kan selgast.

Konsekvensvurdering

Får rydda opp i gamle bygg og fjerna småutstyr som står lagra over alt i kommunale bygg.

Sparte driftsutgifter ved avhending av brakker ved Dagsenteret

Analyse

Vi har ein brakkerigg ved dagsenteret som vart bygd som avlastningsbustad som ikkje lenger er i bruk til dette formålet.

Beskrivelse av tiltaket

Avhende brakkene og dermed spare driftsutgifter.

Konsekvenser (positive og negative)

Modulane er montert inntil dagsenteret slik at det medfører bygningsmessige tiltak å fjerne desse. Mister sporadisk opphaldsrom på dagtid for brukar ved Bergtun.

Sparer straum, reinhald, forsikring, brannalarm, renovasjon, vaktmeister osv.

Tidsplan og effekt

Sparer driftsutgifter på om lag 20.000 pr år.

Tiltaket planlegges i 2024.

Stenge Hauglandsvegen for gjennomkøring

Konsekvensvurdering

Tiltaket kan ha en positiv effekt på veibanen, øke kvalitet på veien for beboere og samtidig senke vedlikeholdsbehovet.

Dei fleste nyttar andre vegar når dei skal til Rothaugen, men nokon vil nok oppleve at dei må køyre ein "omveg",

Positivt for bebuarane og gåande/syklande langs veggen.

Deler av koordinatorstilling inn i turnus

PLO har kreft- og palliasjonskoordinator i 100 % stilling, dagarbeid.

Kreft- og palliasjonskoordinator følgjer opp nye brukarar som ikkje har hatt teneste tidlegare, og brukarar med teneste. Kreft og palliasjonskoordinator er ei relativt ny stilling i kommunen, og tilsett har jobba ein del på systemnivå med førehandssamtaler, palliasjonsplan og andre prosedyrar.

Vedkommande har oppfølging med brukarar og pårørande, og er mykje på heimebesøk med tanke på tilrettelegging/ kartlegging/oppfølging.

Til no har ein tenkt at kreft- og palliasjonskoordinator skal ta ein størredel av det praktiske arbeidet ved til dømes tilrettelegging ved terminalpleie, og i situasjonar der det er behov for oppfølging heile døgnet i heimen. Dette for å frigjere helsepersonell i turnus til andre oppgåver. kreft- og palliasjonskoordinator skal bidra med kunnskap og informasjon ved innlegging i sjukeheim, då vedkommande som oftast er kjent og har følgt personane over lang tid.

Ein ser føre seg at kreft- og palliasjonskoordinator i framtida i mykje større grad vert nytta fast i turnus.

Kreft- og palliasjonskoordinator går i turnus i 50 % stilling av si 100 %

Konsekvensar (positive og negative)

Positive:

- Får følgje pasient/brukar heilt ut
- Kan påverke og dele kunnskap med medarbeidarar med si kompetanse i langt større grad enn i dag
- Får meir kontakto og meir teamfølelse ved å jobbe saman med andre medarbeidarar Ha meir kontakt med arbeidsmiljøet gjennom tettare samarbeid

Negative:

- Tiltaket krev sannsynlegvis endringsoppseiing
- For at tiltaket skal kunne gjennomførast må ein ha vakanse i 50 %
- Tiltaket kan føre til at ein kan miste verdifull kompetanse

Endring i vedtakspraksis omsorgsstønad

Rapporten «Analyse av kostnader og tjenesteprofil til ulike brukergrupper i pleie- og omsorgstjenestene i Aukra kommune» (Agenda Kaupang, mai 2023), viser at «Andel mottakere med omsorgsstønad er tydelig høyere enn snittet.» (16 kommunar). Intern gjennomgang viser rause vedtak, og at det er potensiale til å redusere kostnader ved å gjennomgå eksisterande vedtak og ved å sjå på vedtakspraksis framover.

Vedtakspraksis blir gjennomgått med mål om å redusere kostnad noko.

Konsekvensar (positive og negative)

Noko strengare praksis, men framleis gode tenester.

Endring i vedtakspraksis praktisk bistand

Rapporten «Analyse av kostnader og tjenesteprofil til ulike brukergrupper i pleie- og omsorgstjenestene i Aukra kommune» (Agenda Kaupang, mai 2023), viser at «Andel som mottar hjemmesykepleie og praktisk bistand er betydelig høyere enn snittet» (kommunegruppe 16). Intern gjennomgang viser rause vedtak, og at det er potensiale til å redusere kostnader ved å gjennomgå eksisterande vedtak og ved å sjå på vedtakspraksis framover.

Vedtakspraksis blir gjennomgått med mål om å redusere kostnad noko.

Konsekvensar (positive og negative)

Noko strengare praksis, men framleis gode tenester.

Endring i vedtakspraksis støttekontakt

Aukra kommune har ut frå sitt innbyggartal eit høgt tal innbyggjarar som har støttekontakt samanlikna med nærliggande kommunar og samanlikna med mange kommunar av same storleik. Det er potensiale både til å ta ned talet brukarar som har støttekontakt og omfanget av timar for enkelte av dei som har støttekontakt. Sjølv etter ein eventuell reduksjon vil Aukra tilby støttekontakt som er «normalt» ut frå behov og praksis i kommune-Noreg.

Vedtakspraksis blir gjennomgått med mål om å redusere kostnad noko.

Konsekvensar (positive og negative)

Det blir nokre færre som får støttekontakt og omfanget kan bli redusert for nokon.

Redusere 0,4 årsverk rehabilitering

Tenester for heimebuande har fått tildelt 40 % stilling til gjennomføring av fallforebyggande gruppe og kvardagsrehabilitering.

Tenesta kan dekkes med allereie tilgjengelege ressursar ved å tilpasse oppdrag til ledig tider midt på dagen, då det er mindre tidspress.

Konsekvensar (positive og negative)

Utgangspunktet når stillinga vart tildelt var å gjennomføre to grupper fallforebyggande på same dag to dagar i veka. Ein ser av dei siste åra at det ikkje har vore behov for meir enn ei gruppe dei dagane gruppa møtast. Ein ser difor at ein ved å flytte tidspunktet på gruppa frå føremiddag til ettermiddag kan gjennomføre gruppa på same måte som før, innanfor den ordinære drifta til heimetenesta.

Redusere overtidsbruk i PLO

Pleie og omsorg har klart å ta ned mykje overtidsbruk, spesielt det siste året. Framleis er samla budsjettet til overtid på om lag 2,1 mill. kr i pleie og omsorg. Det er framleis rom for å redusere overtidsbruken.

Sambruke ressursar i større grad der det er mogleg utan at det går ut over tilbudet til brukarar. I

butenesta skal tilsette ha opplæring slik at dei kan gå på fleire brukarar. Dette skaper fleksibilitet og fråvær er lettare å handtere.

Konsekvensar (positive og negative)

Ressursbruken blir meir bevisst. Fleire tilsette er kjente med fleire brukarar og sårbarheita ved fråvær vert redusert.

Meir fleksibilitet og fråvær vert lettare å handtere.

Ved å sambruke ressursar kan vi gje meir teneste utan å auke budsjetta.

Sparte fergeutgifter

Bil har blitt gratis på ferja Aukra – Hollingsholmen, noko som medfører sparte utgifter for alle tenester også indirekte når drosje vert nytta. Spesielt Heimetenesta vil nyte godt av gratis ferje.

Ta ned vedtak i heimetenesta

Økonomianalysen viser mange årsverk i heimebaserte tenester. Dette er særleg innan eldreomsorga. Det kan både kome av lav produktivitet og/eller stort volum (mange brukarar). Vi reknar med å kunne ta ned kostnaden noko gjennom ein noko strengare vedtakspraksis.

Aukra Sokn - revidering av tenesteavtale

Analyse

I samband med ny kyrkjelov og gravferdslov av 7 juni 1996, i kraft frå 1.1.1997 vart det inngått Avtale mellom Aukra kommune og Aukra Sokn. Denne avtalen regulerer mellom anna avtale om tenester på rekneskap- og lønnskøyring frå Aukra kommune til Aukra Sokn. Pris for oppdraget vart fastsett til kr. 25.000,- for 1997. Summen skulle regulerast i samband med årsbudsjetteringa i kommunen. Denne er berre sporadisk justert, og er i 2022 fastsett til kr. 30.000,-

I tillegg har det vorte avtalt ei avgift for kopiering mm på kr. 8.000,- til Aukra kommune.

Beskrivelse av tiltaket

Kommunen si inntekt for utført tenester er ikkje regulert. Hverken i forhold til prising eller endring av omfang. Tenesta har ein stor del av arbeidskraft i seg og det er derfor riktig at prisen blir juster i forhold til lønsutvikling. Aktiviteten i Aukra Sokn har sidan avtalen vart inngått i 1997 hatt ei større auke, mellom anna ved at det har kome på plass eit kyrkjehus som generer aktivitet og auka driftsomfang.

Avtalen vil no og inkludere kompensasjon for vintervedlikehald av parkeringsplasser ved kyrkja utført av tekniske tenester.

Vidare var det ved inngåing av avtale berre rekna inn utgifter til kopiering, porto mm. Lisens- og ikt-utgifter til HRM/økonomi-system er i dag og vesentleg høgare.

Konsekvensutredning

Ny politisk blir lagt fram. Gitt vedtak som kommundirektøren si innstilling vil dette gje auka inntekter. Tilsvarande vil dette gje reduksjon på netto utgift på området administrasjon (funksjon 120) og tekniske tenester på vintervedlikehald.

Økonomiplan for 2024-2027

Oversikt ikkje tilrådde tiltak Kompass Aukra 2030

Beløp i kroner

Org nivå 2	Tiltak	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027
Barnebo barnehage	Avvikle kokk i barnehage	0	-244 000	-438 000	-652 000
Barnebo barnehage	Ikkje tilby plass til barn utan lovfesta rett til plass. Auka produktivitet i barnehagane, ikkje halde plassar ledig.	-609 000	-609 000	-609 000	-609 000
Barnebo barnehage	Stenge barnehagen i vekene 28, 29 og 30	-70 000	-70 000	-70 000	-70 000
Barnebo barnehage	Ta vekk søskenmoderasjon for familiar med barn i både SFO og barnehage.	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000
Barnevern	Alternativ organisering av barnevernet	0	-1 100 000	-1 100 000	-1 100 000
Bergetippen barnehage	Avvikle kokk i barnehage (2025)	0	-337 000	-551 000	-551 000
Bergetippen barnehage	Avvikle ordning med søskenmoderasjon mellom barnehage og sfo	-60 000	-60 000	-60 000	-60 000
Bergetippen barnehage	Sommerstengt, veke 28,29 og 30	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000
Gossen barne og ungdomsskole	Avvikle/reducere kokk frå skolen Gossen barne og ungdomsskole	0	-1 083 000	-1 083 000	-1 083 000
Gossen barne og ungdomsskole	Eigenfinansiert SFO, redusert opningstid Gossen barne og ungdomsskole	-73 000	-73 000	-73 000	-73 000
Gossen barne og ungdomsskole	Rabatter SFO Gossen barne og ungdomsskole	-17 000	-17 000	-17 000	-17 000
Institusjon og butenester	Endring av fleksitillegg for sykepleiere	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
Institusjon og butenester	Endring i vedtakspraksis støttekontakt	-138 000	-278 000	-278 000	-278 000
Institusjon og butenester	Redusert bruk av fastvakt / bruk av frivillige i våketjeneste	-100 000	-200 000	-200 000	-200 000
Institusjon og butenester	Vakant stilling einingleiar blir ikkje tilsett i	-1 125 000	-1 125 000	-1 125 000	-1 125 000
Julsundet skole	Auka inntekter gjesteelever	0	-1 300 000	-2 600 000	-2 600 000
Julsundet skole	Avvikle/reducere kokk frå Julsundet skole	0	-839 000	-839 000	-839 000
Julsundet skole	Eigenfinansiert SFO, redusert opningstid Julsundet skole	-73 000	-73 000	-73 000	-73 000
Julsundet skole	Rabatter SFO Julsundet Skole	-19 000	-19 000	-19 000	-19 000
Julsundet skole	Redusert svømmeundervisning Julsundet skole	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Avslutte interkommunale samarbeid - tiltak 62	-640 000	-640 000	-640 000	-640 000
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Kompass - Julegaver tilsatte	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Møtemat politiske møter og ledermøte - tiltak 40	-60 000	-60 000	-60 000	-60 000
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Overgang frå Skooler til Teams - tiltak 43	-20 000	-40 000	-40 000	-40 000
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Reduksjon av stilling på serviceavdelinga - tiltak 67	-730 000	-730 000	-730 000	-730 000
Kultur	Avvikle avtalen med MOT	-100 000	-200 000	-200 000	-200 000
Kultur	Redusere opningstider svømmehallen	-111 000	-111 000	-111 000	-111 000
Pedagogisk rådgjevar	Avvikle kommunal skyss for elevar på 2. årssteg	-5 000	-10 000	-10 000	-10 000
Sentrale ansvar	Digitalisering	0	0	-500 000	-500 000
Sentrale ansvar	Kompass - Sykefravær	-350 000	-500 000	-500 000	-500 000
Sentrale ansvar	Kompass - tilsettgodar	-540 000	-540 000	-540 000	-540 000
Sentrale ansvar	Lage budsjettmodell for grunnskolen	-400 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Sentrale ansvar	RORikt - reduksjon av kommunen sine ikt-utgifter	0	0	0	-500 000

Økonomiplan for 2024-2027

Sentrale ansvar	Samarbeid om merkantile stillingar i einingane	-1 460 000	-1 460 000	-1 460 000	-1 460 000
Sentrale ansvar	Struktur på merkantila stillinger (administrativ nærstøtte)	-730 000	-730 000	-730 000	-730 000
Sentrale ansvar	Ta bort sommerjobb til 10. klassinger	-400 000	-400 000	-400 000	-400 000
Tekniske tenester	Endre brannberedskap fra dreiende vaktlag til deltidsmannskap	-1 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
Tekniske tenester	Redusere kostnader til stell av grøntområder	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000
Tekniske tenester	Stanse driftstiltaket Forvaltning av Aukraskogen	0	-200 000	-200 000	-200 000
Tenester til heimebuande	Endring i fleksitillegg for sykepleiere	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Totalsum		-9 410 000	-16 628 000	-18 836 000	-19 550 000

Avvikle kokk i barnehage

Innsparingstiltak å avvikle kokk i barnehage i forbindelse med Kompass Aukra 2030. I Barnebo barnehage gjeld det ei 100 % stilling.

Positive konsekvensar:

Økonomisk innsparing.

Negative konsekvensar:

Barn et med få unntak tre måltid i barnehagen. Effekten av eit godt og variert kosthald er godt dokumentert, både på kort og lang sikt, på fysisk og psykisk helse og for hjernen si utvikling. Matvaner ein etablerer tidleg gir sunne matvaner seinare i livet. Sosila utjamning, tannhelse og aukande fedme er og viktige omsyn i denne samanheng.

Ikkje tilby plass til barn utan lovfesta rett til plass. Auka produktivitet i barnehagane, ikkje halde plassar ledig.

Ved kun å tilby barnehageplass til barn med lovfesta rett til plass, sparar Barnebo barnehage ei stilling i grunnbemanning.

Positive konsekvensar:

Barnehagane dimensjonerer tilbudet etter hovedopptaket, slik at norm for grunnbemanning og norm for pedagogtettleik passar til tal på barn med lovfesta rett til plass. Dette er føreseieleg i forhold til økonomi, rekruttering av tilsette og pedagogikk. Auka produktivitet i barnehagane ved at ein ikkje har ledige plassar.

Negative konsekvensar:

Dersom ledige plassar blir barn på venteliste tildelt plass.

Barn frå familiar som søker plass gjennom året, enten ved tilflytting eller ved at barn fyller eitt år, får kun plass ved ledige plassar.

Kan utløyse meirutgifter knytt til at kommunen får gjestebarn i nabokommunar.

Stenge barnehagen i vekene 28, 29 og 30

Tiltaket går ut på å stenge barnehagane tre veker om sommaren: veke 28-30.

Tradisjonelt er dette dei tre vekeneom sommaren som flest barn og tilsettehar ferie.

Ein brukar nokre vikarar desse vekene og kan redusere dei utgiftene om ein stenger. Dette må sjåast i samanheng med ferietilbod på SFO. Og det må sjåast i samanheng med tiltaket om feriestengt jul og påske. Kan begge deler gjennomførast ?

Positive konsekvensar:

Lettare å få feriekabalen til å gå ihop for tal på barn i forhold til tal på tilsette.

Negative konsekvensar:

Økonomiplan for 2024-2027

Det kan vere foreldre som ikkje kan ta ut ferie desse vekene, knytt til mellom anna turnusarbeid. Om ein stenger vil foreldre og barn sin ferieavviklinga verte mindre fleksibel. Nokre foreldre har ikkje ferie desse vekene og vil få vanskar med å sørge for at barna har eit trygt og godt tilbod. Om vi har 3 veker feriestengt på sommaren og stengt 1 veke jul/påske og den 5. ferieveka til barna er når barnehagen har planleggingsdagar betyr dette at vi låser alle 5 ferievekene til barn og foreldre.

Barn som møtte i barnehagane i veke 28,29 og 30 i 2022 og 2023:

	Veke 28	Veke 29	Veke 30
Bergetippen 2023	33	25	13
Bergetippen 2022	25	22	13
Barnebo 2023	37	19	14
Barnebo 2022	44	31	32

Tabellen viser at det er mange barn/ familiar som nyttar barnehageplass i fellesferien og at stenging vil ha stor konsekvens for mange. Ein har ikkje kjennskap til om foreldre har høve til å be arbeidsgjevar om ferie i dette tidspunktet.

Ta vekk søskenmoderasjon for familiar med barn i både SFO og barnehage.

Innsparingstiltak å fjerne kommunal ordning med søskenmoderasjon for familiar med barn i både SFO og barnehage.

Negative konsekvensar:

Foreldre med god inntekt må betale meir for tenesta.

Positive konsekvensar:

Det er innført nasjonale ordningar som regulerer foreldrebetaling både i SFO og barnehage, slik at familiar med låg inntekt, ikkje skal betale meir enn 6 % av hushaldninga si inntekt. I tillegg er det; maksimalpris, redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid for familiar med låg inntekt, søskenmoderasjon i barnehage, gratis for elevar i SFO med særskilte behov på 5.-7. trinn.

Alternativ organisering av barnevernet

Ifølge Kommuneindeksen 2023 så har Aukra noe høgare kostnader enn kommunegruppe 6 på Kostrafunksjon 244 Barnevernteneste. Kvaliteten er derimot bedre enn kommunegruppe 6. Ifølge økonomianalysen så har kommunen eit handlingsrom på 1 mill kr sammenlikna med Kostra-gruppa. Kostnadsforskjellen mellom kommunen og KOSTRA-gruppen på funksjon 244 utgjør 0,4 mill. kroner i 2022.

Tiltaket er å få interkommunalt samarbeid om barnevernstenesta med Hustadvika kommune i staden for Molde kommune.

I kommunestyresak PS-88/21, 16.12.21, vart det vedteke ikkje å gå vidare med prosess for avtale om vertskommunesamarbeid med Hustadvika kommune. Bakgrunn for saka var vedtak i sak 55/20 den 3.9.20 om å sjå på alternative løysingar for organisering av barneverntenestene.

Eventuell oppseiing av avtale med Molde: Avtalen med Molde har 1 år (løpande) oppseiingstid.

Tiltaket kan ikkje settes i verk før 1.1.2025.

Potensielt årleg innsparing på administrative kostnader på 1.1 mill kr.

Konsekvensanalyse

Det er den administrative kostnaden som vil kunne variere og ikkje naudsynte barneverntiltak. Desse er behovsstyrt og sannsynleg uavhengig av samarbeidsløysing. Det vil likevel kunne vere slik at om fleire tiltak vert organisert «internt» (ikkje kjøp frå tredjepart t.d.), så vil det kunne vere økonomiske ressursar å spare òg på tiltakssida.

Avvikle kokk i barnehage (2025)

Innsparingstiltak å avvikle kokk i barnehage i forbindelse med Kompass Aukra 2030. I Barnebo barnehage gjeld det ei 100 % stilling.

Positive konsekvensar:

Økonomisk innsparing.

Negative konsekvensar:

Barn et med få unntak tre måltid i barnehagen. Effekten av eit godt og variert kosthald er godt dokumentert, både på kort og lang sikt, på fysisk og psykisk helse og for hjernen si utvikling. Matvaner ein etablerer tidleg gir sunne matvaner seinare i livet. Sosila utjamning, tannhelse og aukande fedme er og viktige omsyn i denne samanheng.

Avvikle ordning med søskenmoderasjon mellom barnehage og sfo

Innsparingstiltak å fjerne kommunal ordning med søskenmoderasjon for familiar med barn i både SFO og barnehage.

Negative konsekvensar:

Foreldre med god inntekt må betale meir for tenesta.

Positive konsekvensar:

Det er innført nasjonale ordningar som regulerer foreldrebetaling både i SFO og barnehage, slik at familiar med låg inntekt, ikkje skal betale meir enn 6 % av hushaldninga si inntekt. I tillegg er det; maksimalpris, redusert freldrebetaling og gratis kjernetid for familiar med låg inntekt, søskenmoderasjon i barnehage, gratis for elevar i SFO med særskilte behov på 5.-7. trinn.

Sommerstengt, veke 28,29 og 30

Tiltaket går ut på å stenge barnehagane tre veker om sommaren: veke 28-30.

Tradisjonelt er dette dei tre vekeneom sommaren som flest barn og tilsettehar ferie.

Ein brukar nokre vikarar desse vekene og kan redusere dei utgiftene om ein stenger. Dette må sjåast i samanheng med ferietilbod på SFO. Og det må sjåast i samanheng med tiltaket om feriestengt jul og påske. Kan begge deler gjennomførast ?

Positive konsekvensar:

Lettare å få feriekabalen til å gå ihop for tal på barn i forhold til tal på tilsette.

Negative konsekvensar:

Det kan vere foreldre som ikkje kan ta ut ferie desse vekene, knytt til mellom anna turnusarbeid. Om ein stenger vil foreldre og barn sin ferieavviklinga verte mindre fleksibel. Nokre foreldre har ikkje ferie desse vekene og vil få vanskar med å sørge for at barna har eit trygt og godt tilbod. Om vi har 3 veker feriestengt på sommaren og stengt 1 veke jul/påske og den 5. ferieveka til barna er når barnehagen har planleggingsdagar betyr dette at vi låser alle 5 ferievekene til barn og foreldre. Barn som møtte i barnehagane i veke 28,29 og 30 i 2022 og 2023:

	Veke 28	Veke 29	Veke 30
Bergetippen 2023	33	25	13
Bergetippen 2022	25	22	13
Barnebo 2023	37	19	14
Barnebo 2022	44	31	32

Tabellen viser at det er mange barn/ familiar som nyttar barnehageplass i fellesferien og at stenging vil ha stor konsekvens for mange. Ein har ikkje kjennskap til om foreldre har høve til å be arbeidsgjevar om ferie i dette tidspunktet.

Avvikle/reducere kokk frå skolen Gossen barne og ungdomsskole

Økonomianalysen viser at Aukra-skolen bruker ca 1950 000 kroner netto på kokk i 2022. Tenesta er ikkje påkrevd, men eit sterkt ønska tiltak frå elevane og ei satsing frå skoleeigar, politikarane våre, i 2019.

Beskrivelse av tiltaket

På Gossen barne- og ungdomsskule får elevane tilbod om frukost kvar dag, og ein varm lunsj pr veke. Dette tiltaket er helsefremmande og skapar trivsel blant elevane. Det er og viktig for elevane si meistring og læring gjennom ein lang

Positivt: Ikkje noko utover innsparing.

Negativt: Fleire elevar har ikkje med matpakke eller for lite mat og vil derfor slite mot slutten av ein skoledag. Lite mat skapar meir uro og utfordrande situasjonar på skolen. Auka spørsmål etter mat og fleire vil gå på butikkane for å kjøpe seg mat. Det er godt dokumentert kva effekten eit godt og variert kosthald har for psykisk og fysisk helse og for hjernen si utvikling tidleg i livet. Matvaner ein etablerer tidleg gir sunne matvaner seinare i livet. Sosial utjamning, tannhelse og aukande fedme er og viktige omsyn i denne samanheng.

Eigenfinansiert SFO, redusert opningstid Gossen barne og ungdomsskole

Eigenfinansiert SFO:

Økonomianalysen viser at Aukra bruker 2,5 millioner kroner netto på SFO i 2022. Tenesten kan etter Opplæringsloven sjølvfinansierast.

Redusert opningstid- 3 veker stengt på sommar og stengt jul- og påskeveka

Slik det var før K-sak: 21/22

Tilsaman

SFO kan etter Opplæringslova sjølvfinansierast. Tiltaket går ut på å dekke alle ordinære utgifter med eigenbetaling. Kommunen må betale lovpålagte rabatter og støtte til funksjonshemma elevar.

Konsekvenser (positive og negative)

Redusert opningstid:

Negative: familiare kan ikkje ta ut ferie når dei måtte ønske det

Positive: Enklare å avvikle ferie til tilsette. Vi slepp reinhald og oppvarming dei vekene det er stengt.

Rabatter SFO Gossen barne og ungdomsskole

Økonomianalysen viser at Aukra bruker 36 191 kroner på rabatter SFO i 2022. Rabatter for Julsundet skole utgjør kr 19 512,- og rabatter for Gossen barn og ungdomsskole utgjør kr. 16 679,- SFO skal i prinsippet vere sjølvfinansiert

Søskenmoderasjon (Barnehage og SFO):

Kommunale reglar (ikkje lovpålagt):

Barn 2: 25 % søskenmoderasjon

Barn 3: 50% søskenmoderasjon

Beskrivelse av tiltaket

SFO kan etter Opplæringsloven selvfinsieres. Tiltaket går ut på å dekke alle ordinære utgifter med

egenbetaling. Kommunen betaler lovpålagte rabatter og støtte til funksjonshemmede elever.

Konsekvenser (positive og negative)

Vi risikerer at færre barn nytter tilbudet.

Endring av fleksitillegg for sykepleiere

Analyse

Sjukepleiarar som i dag tek på seg å jobbe både i Institusjonstenester og Heimetenesta, mottek i dag eit fleksitillegg på kr. 50.000/år. Tillegget er for at arbeidsgjevar skal kunne flytte på tilsette etter behov, utan nærare avtale. Tillegget blir betalt ut til den som har inngåttavtale, og ikkje ut frå reelt flytta vakter der ein jobbar både inne og ute. Arbeidsgjevar ønskjer ei endring på dette.

Omtale av tiltaket

Endre frå fast tilleggfor fleksibilitet mellom Institusjonstenester og Heimetenesta, til å betale ut for vakter som reelt blir flytta. Noverande avtale må seiast opp og ny avtale framforhandlast.

Konsekvensar (positive og negative)

Betaling til tilsette blir meir reell og rettferdig etter faktisk fleksibilitet/flytta timar.

Endring i vedtakspraksis støttekontakt

Analyse

Aukra kommune har ut frå sitt innbyggartal eit høgt tal innbyggjarar som har støttekontakt samanlikna med nærliggande kommunar og samanlikna med mange kommunar av same storleik. Det er potensiale både til å ta ned talet brukarar som har støttekontakt og omfanget av timar for enkelte av dei som har støttekontakt. Sjølv etter ein eventuell reduksjon vil Aukra tilby støttekontakt som er «normalt» ut frå behov og praksis i kommune-Noreg.

Omtale av tiltaket

Vedtakspraksis blir gjennomgått med mål om å reduserekostnad noko.

Konsekvensar (positive og negative)

Det blir nokre færre som får støttekontakt og omfanget kan bli redusertfor nokon.

Redusert bruk av fastvakt / bruk av frivillige i våketjeneste

Analyse

I snitt har kommunen24 dødsfall på institusjon kvart år.

Dei aller fleste dødsfalli kommunen skjer på Aukra omsorgssenter. Pårørande vil i dei aller fleste tilfella sitte med sine på dødsleiet.

Ikkje alle pasientar har familie som kan vere med dei, og da må institusjonstenesta leie inn ekstra personale som er tilgjengeleg for pasienten.

Avgrense bruk av ekstrainnleie ved terminalpleie, ved å involvere frivillige.

Omtale av tiltaket

I større grad involvere til dømes Frivilligsentral for organisering av frivillige som kan ta slike oppdrag.

Frivillige kan ikkje erstatterhelsepersonell, men være en ressursog støtte i periodar med krevjande terminalpleie, og avlaste helsepersonell i enkelte oppgåver som ikkje krev fagleg kompetanse.

Konsekvensar (positive og negative)

Positive konsekvensar:

Økonomiplan for 2024-2027

Større involvering av frivillige i institusjonstenesta.

Avlastning av helsepersonell, når frivillige støtteropp i tenesta. Potensielt unngå bruk av overtid.

Negative konsekvensar:

Dersom ein ikkje lykkastå bruke frivillige til fastvakt må helsepersonell gjennomføre oppgåva.

Tenesta må investere meir tid i å kartlegge og involvere aktuelle frivillige

Vakant stilling einingleiar blir ikkje tilsett i

Analyse

Det er mogleg å ha felles leing for Institusjonstenester og Heimetenesta.

Omtale av tiltaket

Einingsleiar for Institusjonstenester slutta sommaren 2023. Det blir avdelingsleiarar for områda Institusjonstenester, Heimetenesta og for butenesta/tiltak funksjonshemma. Alle jobbarunder ein einingsleiar som er leiar både for Institusjon og Heimetenesta.

Konsekvensar (positive og negative)

Avdelingsleiarfunksjonen/-stillingane kan tenkjast å jobbe i team der dei alle har oppgåver på tvers av tenestemråda. Det vil gjere leing av tenestene meir robust ved t.d. fråvær og det vil òg bli lettare å støtte kvarandre i ulike oppgåver.

Det kan stillast spørjeteikn ved om oppgåvenemed berre ein einingsleiar blir for omfattande, men det kan kompenseras med ei styrking i måten avdelingsleiarane organiserast på.

Auka inntekter gjesteelever

Analysen av oppvekst viser at Aukra kommune bruker 10 årsverk mer enn skolestørrelsen tilsier i de to grunnskolene. Aukra bruker spesielt mye penger på spesialundervisning.

Aukra tar imot 64 gjesteelever i ungdomsskolen på Julsundet skole høsten 2023 etter avtale med Hustadvika kommune. Dette er elever som kommer fra Jendem barneskole. For 2023 får Aukra kommune en refusjon fra Hustadvika kommune på 133.000 kroner per elev, inkludert spesialundervisning. Det vil si 8,5 millioner kroner for 2023. Vedtak om spesialundervisning fattes av rektor ved Julsundet skole, i samråd med Hustadvika kommune.

Avtalen med Hustadvika dekker ikke kostnadene i Aukra kommune. Det er gjort en beregning av selvkost etter metoden som er vedtatt blant kommunene i Møre og Romsdal for oppgjør for fosterhjemsplasserte gjesteelever. Denne beregningen viser at de 64 elevene fra Hustadvika koster Aukra kommune rundt 11,1 millioner kroner i 2023. Beregningen er gjengitt i tabellen under.

Selvkost for gjesteelever fra Hustadvika på skole i Aukra 2022										
Satt opp i henhold til avtale mellom kommunene i Møre og Romsdal om refusjon for gjesteelever.										
		Korrigerte brutto driftsutgifter per elev (kr)						Elever	Sum	
		2018	2019	2020	2021	2022				
Grunnressurs	202 Grunnskole	111 889	118 541	120 142	131 248	138 390				
	222 Skolelokaler	28 720	29 231	33 452	36 450	36 991				
	223 Skoleskyss	-	-	-	-	-				
	Sum grunnskole	140 609	147 772	153 594	167 698	175 380				
Fradrag spesialundervisning	20 %	28 122	29 554	30 719	33 540	35 076				
Beløp til faktura		112 487	118 218	122 875	134 158	140 304	64	8 979 471		
		Vedtatt elevtimer per uke	Anslog lærertimer	Uker	Årstimer	Timepris	Sum			
Spesialundervisning	Lærertimer	78	39	38	1482	1002	1 484 964			
	Miljøterapeut	3	1,5	38	57	308	17 556			
	Assistent	81	40,5	38	1539	411	632 529			
	Sum spesialundervisning						2 135 049		2 135 049	
Sum kostnad for Aukra kommune										
Refusjon etter avtale mellom kommunene										
						133 000	64	8 512 000		
Underskudd for Aukra kommune										
								2 602 520		

Beskrivelse av tiltaket

Avtalen med Hustadvika om gjesteelever ved Julsundet skole varer ut skoleåret 2024-25. Tiltaket er å inngå en ny avtale fra skoleåret 2025-26 basert på standardavtalen i Møre og Romsdal for oppgjør for fosterhjemsplasserte elever. Denne avtalen passer for alle slags gjesteelever. Det er ingen spesielle økonomiske forhold knyttet til fosterhjemsplasserte elever. Aukra kommune har ingen forpliktelser for elevene ut over skoleåret 2024-25.

Tidsplan og effekt

Anslaget er at Aukra kommune vil spare 2,6 millioner kroner på dette tiltaket. Effekten avhenger av hvordan spesialundervisningen for de aktuelle elevene organiseres. Organiseringen er ikke avklart når dette skrives. Tiltaket kan gjennomføres fra høsten 2025. Tiltaket vil få halv effekt i 2025 og full effekt i 2026.

Konsekvensvurdering

Tiltaket får ingen konsekvenser for elevene ved Julsundet skole, dersom Hustadvika godtar avtalen. Tiltaket gir større inntekter for Aukra kommune.

En mulig konsekvens av tiltaket er at Hustadvika ikke lenger vil sende elevene til Julsundet skole, siden kostnadene stiger. Da må Hustadvika kommune finne en annen løsning for elevene. Aukra kommune får i så fall færre elever ved Julsundet skole. Det vil bli en klasse per trinn på ungdomsskolen, i stedet for to. Det blir et mindre arbeids- og elevmiljø.

Avvikle/reducere kokk frå Julsundet skole

Alle elever får varm lunsj tre dager pr veke på Julsundet skole. Dette tiltaket er helsefremmande og skapar trivsel blant elevane. Det er og viktig for elevane si meistring og læring gjennom ein lang skoledag.

Kokk Julsundet

Løn: Årsløn kokk 487 300,- x 1,35 (sosiale kostnader) = 657 855

Mat: Kr. 190 267,49,- Innkjøp matvarer kokk Julsundet skole i 2022

Total kostnad for kokk Julsundet: 848 122,-

Konsekvensvurdering:

Positivt: Ikkje noko utover innsparing.

Negativt: Fleire elevar har ikkje med matpakke eller for lite mat og vil derfor slite mot slutten av ein skoledag. Lite mat skapar meir uro og utfordrande situasjonar på skolen. Auka spørsmål etter mat og fleire vil gå på butikkane for å kjøpe seg mat. Det er godt dokumentert kva effekten eit godt og variert kosthald har for psykisk og fysisk helse og for hjernen si utvikling tidleg i livet. Matvaner ein etablerer tidleg gir sunne matvaner seinare i livet. Sosial utjamning, tannhelse og aukande fedme er og viktige omsyn i denne samanheng.

Eigenfinansiert SFO, redusert opningstid Julsundet skole

Eigenfinansiert SFO:

Økonomianalysen viser at Aukra bruker 2,5 millioner kroner netto på SFO i 2022. Tenesten kan etter Opplæringsloven sjølfinsierast.

Redusert opningstid- 3 veker stengt på sommar og stengt jul- og påskeveka

Slik det var før K-sak: 21/22

Konsekvenser (positive og negative)

Redusert opningstid:

Negative: familiane kan ikkje ta ut ferie når dei måtte ønske det

Positive: Enklare å avvikle ferie til tilsette. Vi slepp reinhald og oppvarming dei vekene det er stengt.

Rabatter SFO Julsundet Skole

Økonomianalysen viser at Aukra bruker 36191 kroner på rabatter SFO i 2022. SFO skal i prinsippet vere sjølvfinansiert.

Søskenmoderasjon (Barnehage og SFO):

Kommunale reglar (ikkje lovpålagt):

Barn 2: 25 % søskenmoderasjon

Barn 3: 50% søskenmoderasjon

SFO kan etter Opplæringsloven selvfinsieres. Tiltaket går ut på å dekke alle ordinære utgifter med egenbetaling. Kommunen betaler lovpålagte rabatter og støtte til funksjonshemmede elever.

Full årseffekt anslås til 36191 kroner. Det må vedtas nye vedtekter for SFO. Tiltaket bør gjennomføres frå oppstart av nytt skoleår. Tiltaket kan gjennomføres fra august 2024. Tiltaket vil få halv effekt 15 079 i 2024.

Konsekvensvurdering

Vi risikerer at færre barn nytter tilbodet.

Redusert svømmeundervisning Julsundet skole

Økonomianalysen viser at Aukra bruker 107 900 kroner på skoleskyss i 2022. Vi bruker ca 35 000 kr til lønn for innleie av vikar som dekker opp for en av de som må reise til Gossen sammen med svømmelærer. Vi har, for skoleåret 2023/2024 kuttet svømmeopplæringen med ca 30%. En besparelse på 35 000 kr.

Beskrivelse av tiltaket

Svømmeopplæring gis til alle klasser, 1-10. klasse, hvert år. Leie av svømmehall er gratis, og svømmelærer har vi. Fint tiltak, men måloppnåelse hos elevene kan kanskje nås med færre timer.

Konsekvenser (positive og negative)

Konsekvensen kan være færre svømmedyktige/svømmesterke elever.

Avslutte interkommunale samarbeid - tiltak 62

Det er eit forslag om å melde kommunen ut av samarbeidet Visit Nordmøre og Romsdal. Ein må analysere kva fordelar dette samarbeidet har for Aukra kommune og om vi tek ut potensialet av dette samarbeidet.

Kva konsekvensar får det å ikkje utbetale tilskot til Aukra næringsforum på kr. 500 000?

Kompass - Julegaver tilsatte

Det har vært variert nivå på gåvene i Aukra. Eksempelvis vart det i 2020 kjøp julegåver til tilsette for kr. 330.000. I 2021 vart det gitt vel kr. 50.000 til veldedig formål. I 2022 vart det gitt julegåver til tilsette for kr. 100.800. Totalt sidan 2016 har ein brukt nær ein million kroner. I snitt utgjør dette 138.340 per år.

I tillegg til dette har ein andre ulike velferdstiltak, bl.a. tilsettsamlingar og individretta tiltak som gåver til 50-åringar (verdi inntil kr. 2.000), dei som fyller 60- og 70-åringar (verdi inntil kr. 500), tilsette med tenestetid over 25 år (verdi inntil 3.000), pensjonistar, AFP og dei som går av med pensjon grunna sjukdom (verdi inntil 3.000). Det blir gitt krans i forbindelse med tilsett si gravferd. Elles gis blomst i ulike samanheng.

Beskrivelse av tiltaket

Julegaver til tilsette har vært ein tradisjon i fleire år. Det er ingen krav om at det skal settast av midlar for velferdstiltak.

Ein har ønske om å kunne påskjønne sine tilsette, men må kanskje sjå på om det er tid for å gjere det på andre måtar enn gjennom julegaver.

Tidlegare har mange assosiert arbeidsmiljø med velferdsgodar og tiltak som treffer enkeltindividet. Forsking pek på at det er på tide å rette fokuset mot de faktorane som har med sjølve arbeidet å gjere. Det er andre tiltak som bidrar til betre arbeidsmiljøet og auke tenesteproduksjonen. (Ref. STAMI)

Konsekvenser (positive og negative)

Ein kan rette inn ressursar mot tiltak som gjer meir for det heilhetlege miljøet. Ein har tilbakemelding på både at julegåver blir satt pris på, men ein ser også at nokon meiner det kan kuttast.

Tidsplan og effekt

Full årseffekt omlag til 100.000-140.000 kroner. Ein må vedta nye retningsliner hausten 2023.

Konsekvensvurdering

Ein kan rette inn ressursar mot tiltak som gjer meir for det heilhetlege miljøet. Ein har tilbakemelding på både at julegåver blir satt pris på, men ein ser også at nokon meiner det kan kuttast.

Møtemat politiske møter og ledermøte - tiltak 40

Fleire av dei politiske møta er av meir eller mindre kort varigheit og det er ikkje behov for møtemat. Dette gjeld også for leiarmøta.

Konsekvensvurdering

Ingen spesielle negative konsekvensar ved å ikkje servere møtemat. Positive er kostnadsreduksjonen og at sekretariatet ikkje har meirarbeid på grunn av bestilling, henting og opprydding. Signaleffekt å slutte med møte mat.

Overgang frå Skooler til Teams - tiltak 43

Skooler er eit LMS (LearningManagementSystem (læringsplattform)):

- Inndeling av klassegrupper, gi oppgåver og prøvar, elevane leverer inn oppgåver.
- Lærarane sitt system.
- Administrerer ikkje elevar og karakterar, det skjer i Visma flyt.

Teams kan derfor erstatte Skooler, men er ikkje eit fullverdig LMS.

Moldeskulane skal slutte med Skooler og erstatte det med Teams. Det er ønskjeleg å sjekke erfaringar frå Molde før Aukraskolen seier opp avtalen. Funksjoner i Team sin må aktiverast, men må ikkje betale noko for aktiveringa. Budsjettet ligg hos ROR IKT og det vil bli ein reduksjon i kontingenten vår som blir belasta 1043.

Skal Skooler avviklast, må det gjelde for begge skolane.

Konsekvensvurdering

Ved å gå over til Teams, får vi utnytta Teams enda meir og det fører ikkje til auka kostnadar. Reduksjon i lisenskostnadar og vi får fjerna eit system som lett kan erstattast av eksisterande løysing (Teams).

Reduksjon av stilling på serviceavdelinga - tiltak 67

Reduksjon av stilling: Frå 3,9 årsverk til 2,9 årsverk.

Politisk sekretariat:

I dag tilsvarar politisk sekretariat ei 50% stilling. I tillegg har ein annan tilsett kompetanse som politisk sekretær. Å ikkje lenger ha ein politisk sekretær vil få konsekvensar for oppgåveløysinga. Avdelinga har ikkje lenger kapasitet til å vere møtande sekretær i alle politiske møte. Dette kan løysast ved at tilsette frå administrasjonen kan vere møtande sekretær. Desse tilsette er stort sett til

stades i desse møta i dag også. Dette gjeld LIV, DRA og ADM. Når det gjeld råda, må møtetidspunkta flyttast om sekretæren skal ha høve til å møte i begge råda. For FSK og KST har vi per i dag berre ein tilsett med møtesekretærkompetanse.

Andre oppgåver:

Tilsette vil oppleve lenger ventetid på å få hjelp til å løyse andre oppgåver, t.d spørsmål om P360 og Compilo då avdelinga må prioritere oppgåver i rett rekkefølge.

Avvikle avtalen med MOT

MOT-arbeidet er ikkje ei lovpålagt oppgåve.

Kommunen har desse avtalene; Skolen som samfunnsbygger og Robust ungdom som har ein kostnad (2023) kr. 152.736,- eks mva

Avtalen kommunen som samfunnsbygger vil koste kr. 30.000,- pr. år eks mva

Kvar skole har sett av 10% ressurs til MOT-coach. Ungdomsarbeidar som er tilknytt kulturavdelinga er også koordinator for MOT-arbeidet i kommunen i tillegg til coach på begge skolane og har avsett omlag 35%.

Dersom MOT-arbeidet fell vekk vil ungdomsarbeidar omdisponere oppgåver til fritidsarenaen til ungdommane. Ved skolane er det barne og ungdomsarbeidar/miljørettleiar som har omprioritert oppgåver og fått sett av 10% kvar. Dei vil gå tilbake til tidlegare oppgåver.

Aukra har vore MOT-kommune sidan slutten av 90-tallet. Dette er godt innarbeida i begge skolane og evaluering frå ungdommane er kvart år veldig gode. Det er vedtatt i kommunen si samfunnsplan og Barne- og Ungdomsplan og Kulturplan at Aukra skal vere MOT-kommune.

Heile skoleprogrammet til MOT er knytt opp mot tema i læreplan.

Det har seinast vore arbeidd gjennom deltaking i eit pilotprosjekt med korleis vi kan involvere både frivillige lag og organisasjonar og næringsliv om å nå målsettinga om å arbeide førebyggjande med å motvirke samfunnsutfordringar som mobbing, utanforskap og psykiske vanskar. Det gjer vi gjennom å styrke ungdoms robustheit, livsmeistring og mot.

Kulturavdelinga dekker kostnad ved avtalane, til coach, Unge MOTivatorar, samt aktivitet gjennom året. Skolane dekker kostnad til coach som er tilsett i skolen.

Det er allereie gjort innsparingar i ressursbruken. Tidlegare har delte klassar (A og B) hatt MOT-besøka kvar for seg. Med reduksjon til 10% bruk må alle elevar på trinna vere i lag. Dette kan bli grupper på over 40 elevar. Dette er ikkje optimalt med tanke på elevar som ikkje føler seg trygge og ikkje tør å delta så mykje som dei ønskjer. Vi ser no på om dette kan løysast med involvering av vaksenpersonar i skolen som er i klasseromma.

Evaluering utført av elevar i 10. klasse kvart år viser gode tilbakemeldingar. Aukra kommune har hatt stor satsing på det førebyggjande arbeidet og MOT-verdiane ligg i botn for alt dette arbeidet. Vi har ein god modell, med samarbeid mellom skole og kultur. Kultur arbeider også med ungdom på fritid slik at vi på denne måten betre kan tenke og jobbe med 24-timars ungdommen.

MOT er eit godt innarbeida program i Aukra, men også på landsbasis og er anerkjent blant ungdom.

Tidsplan og effekt

Det er 6mnd oppseiing på avtalane med MOT. Dersom ein eller alle avtalar skal seiast opp bør det gjerast før nyttår slik at ein avsluttar etter avslutta skoleår. Oppsigelse av heile, eller deler av MOT-avtalen vil gi ei innsparing på eining kultur på inntil 182.736,- eks mva pr. år. Andre kostnader i samband med opplæring, samlingar og ulike aktivitetar gjennom året kan gi ei innsparing på om lag 20.000,-.

Totalt kr. 200.000,- som tidlegast kan iverksettast 2. halvår 2024, men halvårseffekt 100.000,- og heilårseffekt 200.000,- frå og med 2025.

Konsekvensvurdering

Positive: Ingen, ut over at kommunen sparer penger.

Negative: Blir avtale med MOT sagt opp mister vi ein stor og viktig del av verdiarbeidet som er nedfelt både i Samfunnsplan og Barne- og ungdomsplan. Utan MOT-avtale må vi fortsatt arbeide med verdiarbeidet – men i andre former – MOT har ferdige program – og verktøy, som blir oppdatert. Vi vil måtte bruke tid og ressursar på å planlegge verdiarbeidet vidare.

Redusere opningstider svømmehallen

Bassenget er ein del av det to-årige driftsprosjektet der evaluering skal gjennomførast 2. kvartal 2024. (ref. PS-22/22, den 19.05.22)

Når bassenget opna haustsesongen 2022 var opningstidene redusert for publikum med 1 time til 31 timar pr. veke i forhold til timetalet på 32 som var lagt fram i driftsplan for kulturhuset.

I driftsplanen blei det berekna å bruke 22 timar pr. veke til reinhald. Faktiske reinhaldstimar er 18,5 timar pr. veke i 2023. Opningstidene for hausten 2023 blir også redusert med 1 time til 30 timar pr. veke.

Ein reduksjon i opningstider vil medføre reduksjon i stilling for dei tilsette. Det er for tidleg å seie noko om dette kan gi reduksjon i billettinntekter. Ref. teknisk sjef er det ikkje noko å spare på teknisk drift av ventilasjon og straum ved å redusere opningstider i bassenget.

Besøkstalet er «under utvikling» vi ser stadig nye brukarar som kjem til. Derfor er vi glad for driftsprosjektet som gir oss tid til å finne optimale opningstider, både i antal timar og tidspunkt på dagen. Pr. 06.09. ligg ansvaret under budsjett. Billettinntekter er bokført for månadene januar-juni.

Aukra Basseng - Publikumsbading		Hausten 2022	Våren 2023	Sommaren 2023	Hausten 2023
Måndag	Babysvømming	Kl. 14.00 – 18.00	Kl. 14.00-18.00	•	•
	Leik-moro og familie			Kl. 17.00-20.30	Kl. 14.00-18.00
	Trening Revmatikarforeninga *)	Kl. 18.00 – 19.30	Kl. 18.00 – 19.30		Kl. 18.00-19.30
Tysdag	Morgonsvømming	Kl. 06.30 – 08.30	Kl. 06.30-10.00	Kl. 07.00-11.00	Kl. 06.30-10.00
		Kl. 08.30 – 10.00			
Onsdag	Aktiv senior *)	Kl. 14.00 - 15.00	Kl. 14.00 - 15.00		Kl. 14.00 - 15.00
	Leik-moro og familie	Kl. 17.00 - 20.00	Kl. 18.00-21.00	Stengt	Kl. 17.00-20.00
	Mosjon				
Torsdag	Morgonsvømming	Kl. 06.30 – 08.30	Kl. 06.30-10.00	Stengt	Kl. 06.30-10.00
		Kl. 08.30 – 10.00			
	Leik-moro og familie	Kl. 14.00 – 18.00	Kl. 14.00 – 18.00		Kl. 17.00-20.00
	Mosjon				
Fredag	Leik-moro og familie	Kl. 17.00 – 20.00	Kl. 17.00 – 20.00	Kl. 14.00-18.00	Kl. 17.00–20.00
	Mosjon				
Laurdag	Leik-moro og familie	Kl. 11.00 – 16.00	Kl. 11.00 – 16.00	Kl. 12.00-16.00	Kl. 11.00-16.00

Økonomiplan for 2024-2027

Søndag	Babysvømming				Kl. 11.00-12.00
	Leik-moro og familie	Kl. 12.00 – 17.00	Kl. 12.00 – 17.00	Kl. 12.00-16.00	Kl. 12.00-16.00
Sum timar ope for publikumssvømming		31 timar	31 timar	19 timar	30 timar

I tillegg til dette blir bassenget brukt av begge skolane til svømmeopplæring. Revmatikerforeninga og Aktiv på Dagtid/Aktiv Senior har også faste treningstimar. Det er Kulturavdelinga som dekker utgifter til reinhald etter at skolen har hatt svømmeopplæring. Dette blir utgiftsført på funksjon 381.

Tidsplan og effekt

Isolert sett vil ikkje ein reduksjon i opningstidene gi reduksjon i utgifter på teknisk drift av ventilasjon og straum. Innsparing vil komme som følge av reduksjon i stillingar for dei tilsette. Pr. no krev bassenget 2,3 årsverk for å drifte opningstida inklusiv timane til reinhald.

Med stengt basseng t.d. på onsdagar vil det utgjere 20% stilling (dvs. delt på to badevertar) Med ei gj.snittsløn på 415.000,- vil dette utgjere med årseffekt frå 01.01.2024 kr. 112.000,-.

Konsekvensvurdering

Positive: Dersom opningstidene blir redusert, kan vi prøve å leige ut bassenget i større grad.

Negative: Med reduserte opningstider kan vi miste brukarar. Vi har fått veldig mange nye brukarar av bassenget. Spesielt er dette aldersgruppa godt vaksne og pensjonistar. I eit folkehelseperspektiv er det nye bassenget eit særskilt godt tilbod til publikum.

Avvikle kommunal skyss for elevar på 2. årssteg

Elevar på andre årssteg som bur 4 kilometer frå skolen har etter opplæringslova rett til gratis skoleskyss.

Aukra kommune har ei kommunal ordning med rett til gratis skyss for elevar som bur 2-4 kilometer frå skolen. Denne skyssen er ikkje lovpålagt.

I tillegg har Gossen barne- og ungdomsskole kommunal midtskyss som utgjer omlag kr 220 000 i året. "Midtskyss" er ekstraskyss for elevar som sluttar tidleg på skolen. Det er ikkje ønskeleg å ha midtskyss i KOMPASS, sia ein då må vurdere færre skoledagar per veke eller lengre skoledagar.

Konsekvensvurdering

Fysisk mosjon og rørsle før og etter skoletid er fremjande for helse og læring. Det er eigne reglar som gjeld om skolevegen er å sjå på som særskilt farleg. Ingen negative konsekvensar.

Digitalisering

Dette tiltaket er ikkje vurdert, men det er gjort nokre tankar rundt tema frå digitaliseringsstrategien vi må sjå nærare på. I følge digitaliseringsstrategien skal ROR IKT-kommunane sjå på følgjande område:

- Automatiserte arbeidsprosessar. Kan vi komme dit at robot fattar vedtak på vegne av saksbehandlar i dei tilfelle vedkommande søker på ein rett dei har? T.d. barnehageplass.
- Systemanalyse:
 - Ta i bruk modular vi har tilgang på, men som vi ikkje kjenner effekten av. Kan vi då seie opp andre system?
 - Vurdere om systema vi har i dag er dei rette. Kva kan vi ev. slutte å bruke? Seie opp system som få personar brukar og som kan erstattast av andre vi allereie har.
 - Tek vi ut potensialet i Office365 (spesielt Teams) og P360? System med høge lisenskonstnadar som må utnyttast til det fulle. Kva med andre system? Kommunen må stille tydelege krav til tilsette om rett bruk av system.

Økonomiplan for 2024-2027

- Sjå på lisensar i dei ulike fagsystema.
- Utnytte potensialet i nasjonale felleskomponentar.
- Vidareutvikle MiSide-funksjonaliteten på heimesida. Løysing for sjølvbetening. Kva nye tenester kan vi legge til? Dette er også leverandøravhengig.

Konsekvensvurdering

Tiltaket er ikkje konsekvensutreda.

Kompass – Sykefravær

Tiltak Sjukefravær:

Analyse

Statistikk, årsrapport

Det samla fraværet har vore nokså stabilt dei siste åra. I 2022 enda fraværet på 9,61 %. Starten av året ble preget av korona. Det er store skilnadar gjennom 2022. Til dømes skil det heile 6% mellom høgaste og lågaste månad.

Korttidsfraværet gjekk opp frå 1,4 prosent i 2021 til 3,09% i 2022. Langtidsfraværet gjekk ned frå 7,7 i 2021 til 6,45%

Kostnader

Kostnader til sjukeløn korrigert for mottatte refusjonar er hittil i år på vel 9 millionar. Dette utgjer eit månadleg snitt på om 1.125.000. Kostnad i arbeidsgivarperioden er om lag 5,5 mill per år.

Ein har og betydelege kostnader til sjukevikarar var på i underkant av 7,7 mill. i 2022.

Konsekvensar for tenestekvalitet

Nærvær av fast bemanning er nødvendig for å sikre kvalitet i tenestene og godt arbeidsmiljø. Ekstra kostnader pga. fraværet kan føre til at ein må kutte andre budsjettpostar.

Omtale av tiltaket

Målalet for fravær er 6,12%. Å nå dette målet vil krevje prioritering og betydeleg innsats og tidsressurs frå mange leiarar og med lang tidshorisont. Det er ikkje realistisk å redusere sjukefraværet heilt.

Viktige prinsipp for arbeidet: Arbeidsmiljø handlar om arbeidet og er knytt til på kva måte ein organiserer, planlegg og gjennomfører arbeidet. Arbeidsmiljøet påverkar arbeidstakarane si helse, jobbgasjement og kommunen sine resultat og produktivitet.

Arbeidsmiljø er forskjellig frå arbeidsplass til arbeidsplass, og krev derfor ulike tilnærmingar. Det er likevel nokre faktorar som er felles og som ein må arbeide med:

- Krav og innflytelse
- Avklar forventningar
- Tilbakemelding/anerkjening
- Samspel/Partssamarbeid
- Forutsigbarheit
- Openheit/respekt

Ein skal og ta utgangspunkt i resultatata frå fersk 10-FAKTOR-undersøking.

Tiltak 1:

Analyse/gjennomgang av fravær i alle einingar. Alle einingar sett seg delmål for kor mykje ein kan redusere fraværet med i perioden, med sikte på å nå vedtatt hovudmål. Det skal være gode prosessar og involvering av tillitsvalde og medarbeidarar. Alle lagar eigne tiltaksplanar. Bruk av ekstern og/eller intern bistand.

Tiltak 2:

Analyse av data frå program for ressursstyring med påfølgjande tiltaksplan.

Tiltak 3:

Tett oppfølging av enkeltmedarbeidarar med hyppig eller langtidsfråvær

Tiltak 4:

Fast tema på leiarmøta.

Tiltak 5:

Statusmøter kvar eining med kommunedirektør

Tiltak 6:

Møte med legar eller kommunelegar i Aukra og Molde.

Konsekvensar (positive og negative)

Positive: Betre kvalitet i tenestene, større stabilitet, betre arbeidsmiljø, mindre turnover.

Negative: Ressurs- og tidkrevjande arbeid

Tidsplan og effekt

Innleiande forankring H2023

Oppstart H2023 V2023

Effekt:

2024: 350.000

2025: 500.000

2026: 500.000

2027: 500.000

Kompass – tilsettgoder

UTGREIING AV TILTAK

Tiltak nr.: 57. PERSONALGODER inkl. FUNKSJONSTILLEGG

Analyse

Organisasjons- og personalavdelinga har tolka det slik at dette punktet omfattar ikkje berre personalgoder som gåver ved merkedagar o.l., men og alle dei funksjonstillegga som kommunen gir til medarbeidarar med ekstra ansvar eller særlege funksjonar.

Ein uformell kartlegging viser at utgiftene til diverse tillegg i lønn til saman utgjer ca kr. **4 089 800** pr. år. I dette er inkludert tilleggslønn for medarbeidarar med 20 års teneste i kommunen kr. 5000,- og tilleggslønn for dei som har fylt 60 år (kr. 5 000 pr. år).

Vi har pr. april 23:

80 medarb med kr. 5 000,- ekstra lønn

14 av desse fyller begge kriteria om fylt 60 år og jobba 20 år i kommunen, så dei har ytterlegare 5000,- i ekstra lønn

Totalt utgjer dette kr. 475 000,-

Vi har og 10 medarbeidarar med kr. 50 000,- i ekstra lønn for fleksibilitet i tenesta (denne ordninga vart innført som ein prøveordning og skulle ha vore revidert ved utgangen av 2022). Ordninga har hatt liten effekt.

Dette summerer seg til kr. 500 000,-

Vi har 43 kontaktlærarar som får kr. 32 000,- kvar i lønnstillegg = **1.376.000**

I tillegg har vi fleire medarbeidarar som mottar andre typer tillegg for funksjonar/ kompetanse/ ansvar; eks. kr. 25 000 for arbeid med helseplattforma (1) kr 32 000 for Ped.leiar/ avd. leiar (21), og ein del andre summerar som kr. 7000,- for heimeteneste åleine i heimen (6), kr. 22 500,- for nattarbeidande (10)

Totalt summerer dette seg til kr. 1 060 000,-

Økonomiplan for 2024-2027

Når det gjeld gåver ved merkedagar og andre «goder» frå kommunen, summerer dette seg til (i følge reglement for påskjøning av tilsette i Aukra kommune 2017 -2021):

Blomster ved langvarig sjukdom:	Ca kr. 400,-
Tilsett fyller 50 år	Kr. 2000,-
Tilsett fyller 60/70 år	Kr. 500,-
Arbeidd minst 25 år i kommunen:	Klokke til max kr. 3000,-
Avslutning arb forhold pensjon/ AFP/ uførepensjon:	Kr. 3000,- i gåve
Tilsette si gravferd:	Krans ca kr. 3000,-
Eingongshonorar ved fullført vidareutdanning:	Kr. 10.000 for 30 studiepoeng Kr. 20.000 for 60 studiepoeng

Dette er alle eingongssummar som samanlikna med dei månadlege utgiftene til lønn og tilleggslønn, ikkje vil komme opp i ein slik sum at det er verdt å «spare» inn på dette. Som arbeidsgjevar er det viktig å vise anstendigheit og vanleg høflegheit både ved sjukdom, dødsfall og merkedagar for dei tilsette. Tilbakemeldingar har vore at blomster ved langvarig sjukdom, ikkje har vore praktisert likt i einingane. Eit forslag kan då vere at ein fjernar dette punktet i oversikta, og let det vere opp til kvar einingsleiar å vurdere i kva tilfelle og når ein vil gi ei merksemd til medarbeidar som blir sjuk. Dette er i tråd med diskusjon i AMU i 2022.

Eit punkt som kunne vore vurdert fjerna var eingongshonoraret ved fullført vidareutdanning. Dette er eit punkt i lønnspolitisk plan, som skal stimulere til vidareutdanning. På den annan side, er det truleg ganske få medarbeidarar som får tildelt eit slikt eingongsbeløp kvart år, slik at det ikkje er dei store summene å spare inn på dette.

Når det gjeld permisjonar kommunen gir med lønn, er mange av desse lovpålagde, dvs. at vi ikkje utan vidare kan stramme inn på desse.

Utdanningspermisjonar er i stor grad knytt til lærarar som tek vidareutdanning. Retten til permisjon går fram av arbeidsmiljølova §11-12. Dette er ein rett til ulønna permisjon. Av Hovudtariffavtalen §14.2 går fram at dersom kommunen meiner det er «nødvendig å heve kunnskapsnivå samt styrke kompetanse for å utføre pålagte arbeidsoppgaver/arbeidsfunksjoner, skal det gis permisjon med lønn og dekning av legitimerede utgifter».

For å stramme inn på utgiftene til utdanningspermisjon med lønn, må ein med andre ord ta ein gjennomgang av kompetansestrategien til kommunen, og bli einig om kva kompetanse som er ønskeleg og nødvendig for kommunen, og så halde seg strengt til dette når ein innvilgar utdanningspermisjonar. Inga utdanning som ligg på sida av det kompetanseområdet ein har definert som ønskeleg frå kommunen si side, kan då få innvilga lønna permisjon.

Utdanningsdirektoratet kan i mange tilfelle dekke nokre av kommunen sine tapte lærartimar når ein lærar tek vidareutdanning. Det er to typar finansieringsordning lærarane kan søke om:

Vikarordning: I vikarordninga får skoleeigar midlar, slik at læraren frigjerast frå sine vanlege arbeidsoppgåver.

Stipendordning: I stipendordninga får læraren utbetalt stipend.

Utdanningsdirektoratet godkjenner dei finansieringsordningane som er godkjent frå skoleeigar.

Totalt rekneskap over kommunen sine utgifter/ tap av arbeidstimar som følgje av vidareutdanning og permisjonar knytt til dette, manglar for denne analysen.

Velferdspermisjon har ein etter hovudtariffavtalen inntil 12 dagar tilgjengeleg. I 2022 var det 200 dagsverk som var koda som velferdspermisjon i Aukra kommune. Med ein gjennomsnittleg årslønn på kr. 542 000 utgjier dette om lag kr. 471 000 kroner i tapte arbeidstimar for kommunen. Spørsmålet er om det i desse dagsverka ligg eit potensiale for innstramming -dei tilsette går framleis til lege/ tannlege/ fysioterapi, må i gravferder og ha fri til andre velferdsgrunnar. Det ein må vere bevisst som leiar, er å halde seg til retningslinjene for kva velferdsgrunnar som gir rett til permisjon med eller utan lønn (ein betre oversikt over dette er på gong). Det er nok likevel ikkje her ein kan spare inn dei store beløpa. Organisasjons- og personalavdelinga har på bakgrunn av gjennomgangen av dei ulike ordningane for kommunen, komme til at innsparingar lettast kan gjerast på desse tre områda:

Beskriving av tiltaket

Funksjonstillegg

Alle tillegg til lønn som ikkje er tariffesta, dvs. lokalt inngått avtale, kan reforhandlas. Personlege tillegg som er gitt fordi ein har ein funksjon/ rolle, skal takast bort når ein ikkje lenger fungerer i rollen/ funksjonen. Usikker på om dette har vore praksis? Ein skal hausten 2023 gå gjennom alle funksjonstillegg for å vurdere dette.

6 stk får kr. 7000 for «åleinearbeid» i heimetenesta, men ingen jobbar i dag åleine i heimane... Vi har 43 kontaktlærarar med tillegg.

Tillegg for «lang og tro» teneste

Kommunen har valt å gi ein årleg lønnskompensasjon på kr. 5000,- for dei med lang (20 års) teneste i kommunen. Dette utgjier kr. 330 000 årleg pr. i dag. Alternativet dersom ein ville spare inn på dette, men samtidig markere at ein set pris på tilsette som blir i kommunen så lenge, kan vere å innføre ein eingongssum/ gåvekort el.l. for dei som har runda 20 års teneste i kommunen.

Seniortillegg

I dag får alle som fyller 60 år og er tilsett i kommunen, kr. 5000 ekstra lønn pr. år.

Seniorpolitiske tiltak bør stimulere til at fleire står lenger i jobb, dvs. ikkje pensjonerer seg tidleg med AFP eller tidleg alderspensjon. Det blir enno viktigare i framtida, at god kompetanse blir verande i kommunen, og kan halde ut lengst mogleg i arbeid. For at fleire skal stå lenger i arbeid, er det meir fritid/ fleksibilitet som kan vere avgjerande, ikkje at ein får utbetalt 5000 kroner ekstra i året.

Samanlikna med statleg tariffområde gir ein i dag 8 seniordagar (fri med lønn) til alle over 62 år (frå og med det året dei fyller 62). Desse dagane tar ein ut i tillegg til ordinær ferie på 30 (35) dagar. Ein avtalar i starten av året korleis dagane skal takast ut. Primært er det tenkt enkeltdagar, men ein kan og bli einig om å kunne ta ut fleire dagar i strekk om dette høver både for arbeidsgjevar og arbeidstakar.

Dette stimulerer til at fleire blir ståande lenger i jobb og kan bidra med god og viktig kompetanse.

Kommunen burde vurdere å innføre noko liknande?

8 dagar ekstra fri vil nok sikkert ikkje føre til ein lågare kostnad/ utgift for kommunen samanlikna med kr. 5 000,- i ekstra lønn for dei over 60, men innsparinga på sikt, med at fleire vil stå lenger jobb, og ein ikkje må erstatte verdifull kompetanse med ny rekruttering og opplæring, så vil rekneskapen gå i pluss vil ein tru. Dette er eit tema som bør diskuterast med dei tillitsvalde.

(sjå t.d Harstad kommune sin seniorpolitiske plan, eller Hustadvika kommune som har gått heilt bort frå seniorpolitiske tiltak, og har utarbeida heller ein livsfasepolitikk...)

Konsekvensar (positive og negative)

Ein gjennomgang av dei ulike ordningane med tillegg til lønn, funksjons- og/ eller rolleavhengig, kan synast fornuftig å gjere. Samtidig må ein sjølv sagt ta omsyn til at kommunen skal vere konkurransedyktig på lønns -og arbeidsvilkår, og dersom tillegga blir fråtatt dei tilsette, er kanskje vegen kort til å søke seg anna jobb utanfor kommunen? Her vil vere ein balansegang som er viktig å diskutere med dei tillitsvalde og bli einige om ein strategi som kommunen kan stå inne for. Det er likevel nokre ordningar som ikkje bør vidareførast, m.a ordninga med ekstra lønn for åleinearbeid i heimane (6 x7000 = 42 000), og funksjonstillegget for fleksibilitet i tenesta, jf. Arbeidsgjevarers styringsrett (10x 50000 = 500 000)

Tidsplan og effekt

Det er vanskeleg å talfeste ein innsparing på dette området før ein har gått gjennom dei enkelte avtalane og tillegga vi har i dag, og vurdert nytte/ kostnad ved å avslutte ordningane. Arbeidet med eventuelt å diskutere ordningane med tillitsvalde og få på plass nye retningslinjer på dette, bør starte i haust (2023) og vere avslutta innan første halvår 2024.

Anslag effekt:

Innsparingsmoglegheit ca. 542 000 (per år) ut frå det ein veit i dag...

Konsekvensvurdering

Ein gjennomgang av dei ulike ordningane med tillegg til lønn, funksjons- og/ eller rolleavhengig, kan synast fornuftig å gjere. Samtidig må ein sjølv sagt ta omsyn til at kommunen skal vere konkurransedyktig på lønns -og arbeidsvilkår, og dersom tillegga blir fråtatt dei tilsette, er kanskje vegen kort til å søke seg anna jobb utanfor kommunen? Her vil vere ein balansegang som er viktig å diskutere med dei tillitsvalde og bli einige om ein strategi som kommunen kan stå inne for. Det er likevel nokre ordningar som ikkje bør vidareførast, m.a ordninga med ekstra lønn for åleinearbeid i heimane (6 x7000 = 42 000), og funksjonstillegget for fleksibilitet i tenesta, jf. Arbeidsgjevarers styringsrett (10x 50000 = 500 000)

Lage budsjettmodell for grunnskolen

Analyse

Analysen av oppvekst viser at Aukra kommune har middels kvalitet og høye kostnader. Aukra har store skoler. Økonomianalysen viser at Aukra brukte 4 millioner kroner mer enn kommuner med like store skoler på undervisningen (funksjon 202). Når det korrigeres for gjesteelever fra Hustadvika (10,3 millioner kroner) øker forskjellen til 14 millioner kroner.

Analyser fra Agenda Kaupang viser ingen sammenheng mellom ressursbruk og tjenestekvalitet i kommunale tjenester i Norge i 2022, heller ikke i grunnskolen. Resultatene antas å henge mest sammen med interne forhold i organisasjonen. Det vil si ledelse, organisering og kompetanse.

Beskrivelse av tiltaket

Tiltaket er å lage en budsjettmodell for grunnskolen. Modellen vil beregne det samlede behovet for midler til grunnskolen og fordele midlene på en rettferdig måte mellom de to skolene. Modellen vil omfatte både 202 grunnskole (undervisningen) og 215 SFO. Lovens krav til tjenesten (gruppestørrelse 2) og avtaleverkets krav til tjenesten vil bli ivaretatt i modellen. Ressursbruken vil bli sammenlignet med andre kommuner og historiske tall i Aukra. Modellen vil gi et grunnlag for en faglig diskusjon om ressursbehovet i de to skolene.

Økonomiplan for 2024-2027

Det er liten grunn til å tro at elevene i Aukra har mye større behov i grunnskolen enn elever i andre kommuner. Hovedårsaken til høye kostnader kan antas å være kommunens høye inntekter. Et forsiktig estimat er at modellen vil vise muligheter for å spare i alle fall en million kroner. En budsjettmodell vil ikke i seg selv spare penger. Hvis kommunen for eksempel vil redusere bruken av spesialundervisning, må det samtidig gjøres tiltak for å styrke den ordinære undervisningen og arbeidet med tidlig innsats og tverrfaglig samarbeid innenfor oppvekst-tjenestene. Kommunen må jobbe med både ledelse, organisering og kompetanse for å hindre at lavere kostnad fører til lavere kvalitet i tjenesten.

Tidsplan og effekt

En ny budsjettmodell kan tas i bruk til skolestart 2024. Modellen kan lages vinteren 2023-24 og være ferdig til skolene skal ansette nye lærere for skoleåret 2024-25. Det forventes en effekt på en million kroner fra skoleåret 2024-25. Det vil si halv effekt i kalenderåret 2024 og hel effekt i kalenderåret 2025.

Konsekvensvurdering

Tiltaket vil legge større press på grunnskolen om å løse problemene tidlig. Det vil si å få til tidlig innsats og tverrfaglig arbeid innenfor oppvekst-tjenestene.

Aukra kommune har tatt imot svært mange flyktninger og asylsøkere i 2022. Disse nye elevene krever mye ressurser og lederkapasitet. Det er viktig å passe på at grunnskolen ikke blir overbelastet i omstillingsperioden.

RORikt - reduksjon av kommunen sine ikt-utgifter

Tenesteområdet administrasjon har i 2022 driftsutgifter knytt til IKT på kr. 6,9 mill. Dette er høgt i forhold til samanlikningskommunane og ein svært høg andel av RORikt sin ressursbruk er fordelt til dette området (13,42 stillingar og 52,5 prosent av kommunen sin andel av samarbeidet sine utgifter). I tillegg er tekniske tenester belasta med egne berekna deler.

Beskrivelse av tiltaket

RORikt har i 2022, (nyaste år med samanlikningsdata) høgaste driftsutgifter av ikt-samarbeida nedanfor, Samtidig betener samarbeidet færrest kommunar (4 i 2022). Aukra kommune har ei samla utgift på ikt-ansvaret på kr. 10,4 mill., av dette er kr. 6,9 mill. belasta 120 funksjonen. Til samanlikning har Ulstein same storleik på samla ikt-utgifter, men berre 2,1 mill. er belasta 120 funksjonen. Høgste IKT-utgift innanfor administrasjon i analysegrunnlaget er elles i Samnanger der det og ligg ei administrativ IKT-stilling til utgiftene. Utgiftene er her 4,5 mill.

Tiltaket ser på to deler, både samla utgiftsnivå og del lagt på funksjon 120 og som slik påverkar og eventuelt bidreg til feil i beslutningsgrunnlag for Kompass Aukra 2030. Skjønnsmessig vurdering på

Økonomiplan for 2024-2027

grunnlag av informasjonen ovanfor (utan å ha innhenta detaljert kunnskapsgrunnlag frå RORikt), er at området administrasjon maksimalt burde vore belasta med kr. 4 mill.

IKT-samarbeid	ROR ikt	IKT orkide	Søre sunnmøre ikt
Tal på kommuner	4	9	7
Tal på brukarar (og elevar)	18 000	?	?
Tal på innbyggjarar	50 341	56 507	49 000
Tal på tilsette	27		21
Årsverk		12,55	20,5
Sum driftsutgifter i årsrekneskap	62 192 000	48 633 000	61 582 100
Herav løn	23 326 000	6 375 000	18 532 432

ROR-ikt sin utvikling av

utgifter innanfor drift og investering:

Oversikt over utgifter	Rekneskap og årsmelding det enkelte år							Budsjett	
	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Drift	37 762	40 788	45 382	55 182	62 442	63 787	67 628	83 866	89 477
Investering	4 913	9 541	11 727	14 542	9 615	6 998	7 200	11 519	11 519
Totalt	42 675	50 329	57 109	69 724	72 057	70 785	74 828	95 385	100 996

Samarbeidet har hatt ei vesentleg auke i åra frå 2016 til og med 2022, og budsjetta for 2023 og 2024 viser same utvikling.

Konsekvensvurdering

Det må gjerast ei vurdering av RORikt sin ressursbruk. Dersom ressursbruk på administrasjon blir stadfesta å være reell, er det grunn for å vurdere dette for budsjettåret 2024. Kommunane i samarbeidet vil dette året truleg utløyser opsjon på nytt skybasert økonomi og HRM-system. Systema vil då bli drifta av ekstern systemeigar. Dette er mellom anna sett fokus på i iktOrkide si årsmelding slik: "Tradisjonell IKT får mindre betydning. Driftstenester blir levert av eksterne leverandørar som skytjeneste. Det må vurderast kva verknad dette vil få for RORikt sitt ressursbehov.

Det må gjerast ei vurdering av fordelinga på kommunen sine tenestefunksjonar. Denne bør vurderast/fastsettast av den enkelte kommune på grunnlag av KOSTRA-kompetanse, grunnlagsdata frå RORikt og kunnskap om eigen organisasjonen. Vidare bør ein, på same måte som for eigen organisasjon, gjere ei vurdering av det er mogeleg å drifte også dette samarbeidet smartare og meir effektivt.

I motsett fall vil dette tiltaket ikkje medverke til redusert utgiftsnivå for Aukra kommune, berre ei omfordeling mellom tenestoområda i kommunen.

Samarbeid om merkantile stillingar i einingane

Dette tiltaket må sjåas i samanheng med tiltak 34, der ein ser på om oppgåver kan flyttast frå merkantile tilbake til serviceavdelinga.

Kan einingane samarbeide om merkantil ressurs? Må kartlegge kva merkantile blir brukt til i einingane i dag. Om einingane framleis skal ha merkantile stillingar, kan dette organiserast på denne måten:

- Aukraskolen 1 merkantil
- Aukrabarnehagen 1 merkantil
- PLO og helse 1 merkantil.

Merkantil ressurs kan ha faste dagar hos dei ulike einingane.

Merkantil ressurs har, i tillegg til dei "tradisjonelle merkantiloppgåvene", også andre oppgåver. Dei er ei støtte i eiga eining for meir fagspesifikke oppgåver.

Konsekvensvurdering

Det kan vere fleire positive og negative konsekvensar enn det som er skissert nedanfor.

Positive:

Oppgåveløysinga og kvaliteten blir meir lik på fagområda.

Som eit eksempel: Innhaldet i elevmappane og barnemappane blir likt og einsarta for kommunen.

Kvaliteten er då ikkje avhengig etter kva skole/barnehage barnet har gått på.

Meir effektiv utnytting av ressursane.

Meir fokus på merkantile oppgåver i einingane

Negative:

Fagspesifikke oppgåver som merkantile har fått tildelt, må gjerast av andre tilsette på avdelinga om dette framleis ikkje kan vere merkantile sine oppgåver. Ulikt kva merkantile blir brukt til i einingane.

Struktur på merkantila stillingar (administrativ nærstøtte)

"Evt. mer effektiv drift oppgaver som ligger til adm nærstøtte"

Sjå på merkantile sine oppgåver der hovudansvaret ligg til **serviceavdelinga**. Ikkje berre innan helse og omsorg, men for alle einingar. Følgjande må takast stilling til:

- Treng vi lokale arkivarar og superbrukarar i P360 i einingane?
- Treng vi lokale superbrukarar i einingane i Compilo?
- Kva med støtte til handtering av personvern og informasjonssikkerheit i einingane?

Konsekvensvurdering

Positivt:

- Større kvalitet i oppgåveløysinga. Mindre feil blir gjort.
- Dokumentfangsten kan bli større.
- Avvikfangsten kan bli større.
- Reduksjon i tal på merkantile.
- Meir spesialisering i serviceavdelinga når det gjeld oppgåveløysinga.
- Einingane treng ikkje å bruke ressursar på arkivkompetanse og vere superbrukar i P360.
- Einingane treng ikkje å bruke ressursar på å vere superbrukarar i Compilo. Enkelte einingar/superbrukarar brukar lite tid på Compilo i dag.

Negativt:

- Ingen nærstøtte i sjølve avdelinga.
- Serviceavdelinga bør få tilført ressursar, sjå tiltak nr. 67, men utgifta kan bli dekt av sparte ressursar i einingane.

Ta bort sommerjobb til 10. klassinger

Tilbod om sommarjobb til alle 10. klassingar er eit forslag til tiltak i barne- og ungdomsplanen til Aukra kommune. Tiltaket er blant anna fremma for å utjamne sosiale skilnader.

Gossen barne- og ungdomsskole, Julsundet skole, Kultur, Teknisk, Bergetippen barnehage og Barnebo barnehage hadde 10. klassingar i sommarjobb i 2022. Kostnad i 2022 var kr. 368 408,71,- inklusive sosiale kostnader.

Tiltak kan settast i verk med det same, ved at ein ikkje tilbyr sommarjobb for 10. klassingar i 2024 og åra framover.

Kostnad for 2002 var kr. 368 408,-, men vil variere frå år til år avhengig av tal på 10. klassingar og kor mange som eventuelt hadde takka ja til sommarjobb.

Konsekvensvurdering

Positive:

Einingane har delte erfaringar med å ha 10. klassingar i sommarjobb. Enkelte har opplevd at det krev mykje organisering og oppfølging for å kunne tilby jobb til 10. klassingane, spesielt med tanke på at sommaren elles er ei periode der det er færre ressursar tilstade på arbeid på grunn av ferieavvikling. Andre melder at erfaringa har vert positiv og at 10. klassingane har bidratt til å avlaste.

Negative:

Tiltaket sommarjobb for 10. klassingar er fremma for å utjamne sosiale skilnader. Ungdomane får arbeidserfaring og vert kjent med kommunen gjennom å få tilbod om sommarjobb i kommunen. Erfaringa tek dei med seg vidare i livet og kan gjere den enklare å få seg jobb ved seinare anledning. For kommunen sin del kan det ha negative konsekvensar sett ut i frå eit rekrutteringsperspektiv. Ungdommar som har blitt kjent med kommunen via sommarjobb vel kanskje å søke seg inn i kommunen ved seinare anledning. Ved å ta vekk tiltaket mistar ungdommane denne moglegheita og kan bli utan sommarjobb, med dei følgjende det får.

Endre brannberedskap fra dreiende vaktlag til deltidsmannskap

Analyse

Aukra kommune betaler 2 millionar i året for deltid brannmannskap med dreiende vaktlag. Dette er fire vaktlag med fire personar i beredskap til ei kvar tid, noko som er beredskap utover minstekravet.

ROS-analyser utført av NORBR viser at beredskapen på Gossen er tilfredsstillande med deltidsmannskap uten vaktlag. Slik er det i dag mellom anna i Midsund, Gjemnes og Tingvoll. Krav om vaktlag er et først ved tettstadar på over 3000 personar.

Ordninga, då denne vart oppretta, var grunngjeve med ønske om ekstra beredskap då anleggshotellet med 2000-3000 rom på Nyhamna vart tatt i bruk under utbygginga 2003-2007.

Årsmelding frå NORBR viser at utrykkingar på Gossen i hovudsak gjeld helseoppdrag.

NORBR arbeider med revisjon av beredskaps-planane som skal ferdigstillast i april 2024.

Beskrivelse av tiltaket

Overgang til brannmannskap i deltid uten vaktlag. Då deler fire utrykkingsleiarar vakt til ei kvar tid. Ved alarm vil deltidsmannskap rykke ut når dei har anledning. I spesielle høve der det kan vere ekstra krevjande å få mannskap til å stille, er NORBR ansvarleg for å planlegge slik at ein er sikker på at beredskapen er tilfredsstillande, f.eks i jul- og påskehøgtid, sommarferiar og ved andre spesielle hendingar.

Sjå notat frå NORBR som ligg vedlagt.

Merknad til notatet frå NORBR:

I Aukra kommune sin ROS frå 2019 står det ikkje noko om slikt krav/forutsetningar frå Nyhamna. Nyhamna har eigne system for brannbekjempelse og eigt personell for røyk- og kjemikaliedykking. Dei forventar at NORBR mønstrar på Nyhamna når dei ber om hjelp, i tråd med det offentlige sitt ansvar for samfunnsmessig beredskap.

Konsekvensvurdering

Dette betyr lågare beredskap på Gossen. Det er alltid ein utrykkingsleiar på vakt, men det kan i ytterste konsekvens skje at det er få som rykker ut ved alarm. NORBR opplyser om at dette ikkje er erfaringane i andre kommunar utan vaktlag.

Då det ikkje var ambulanse stasjonert på Gossen kunne brannvesenet sin utrykking på helseoppdrag vere avgjerande. NORBR kan ikkje svare på kva som er tilfelle ved utrykking på helseoppdrag i dag,

Nyhamna har eigne beredskapsplanar uavhengig av beredskap i regi av NORBR..

Mannskapet (12 stykker) mister ei fast løn på tilsaman 2 millionar årleg dersom vaktlaga fell bort.

Redusere kostnader til stell av grøntområder

Analyse

Aukra kommune har ansvar for 61000 m² med plen. Vi har robotklippere på ein del areal og noko areal er avvikla i samband med flytting frå bygget. Vi leiger inn ferievikarar kvar sommar for å slå plener.

Ingen av dei kommunale leigetakarane slår plen sjølv. Bebuarar ved Bergtun slår plena kring bufellesskapet.

Vi leiger gartnar-tenester for ca. 150.000 pr år i sentrum, ved GBU, ved omsorgssenteret og på fergekaiane.

Vi leiger inn ferievikarar for om lag 80.000 til klipping av plener om sommaren.

Vi har ein tre-årig avtale med entreprenør om stell av dei nye uteområda som vart etablert i sentrum i samband med bygging av kulturhuset. Når denne avtalen går ut, må uteområda stellast for å haldast fine.

Beskrivelse av tiltaket

Gjennomgang av områder for å finne kvar vi kan gjere endringar.

Kan stell av uteområder gjerast som ein aktivitet for grupper som treng dette?

Erstatte plen med blomstereng.

Konsekvensvurdering

Lokalt gartnar mister oppdrag.

Redusert tilgang på sommarjobbar for ungdommar.

Mindre velstelte uteområder.

Fin aktivitet for gruppe som treng dette.

Stanse driftstiltaket Forvaltning av Aukraskogen

Analyse

Aukra kommune eig Aukraskogen og har vedtatt ei forvaltningsplan for denne.

Beskrivelse av tiltaket

Stanse løyvet på 200.000 til uttak av skog i 2025, 2026 og 2027.

Konsekvensvurdering

Publikum forventer at skogen vert stelt.

Framande artar vert ikkje fjerna.

Endring i fleksitillegg for sykepleiere

Sjuepleiarar som i dag tek på seg å jobbe både i Institusjonstenester og Heimetenesta, mottek i dag eit fleksitillegg på kr. 50.000/år. Tillegget er for at arbeidsgjevar skal kunne flytte på tilsette etter behov, utan nærare avtale. Tillegget blir betalt ut til den som har inngåttavtale, og ikkje ut frå reelt flytta vakter der ein jobbar både inne og ute. Arbeidsgjevar ønskjer ei endring på dette. Endre frå fast tillegg for fleksibilitet mellom Institusjonstenester og Heimetenesta, til å betale ut for vakter som reelt blir flytta. Noverande avtale må seiast opp og ny avtale framforhandlast.

Konsekvensar (positive og negative)

Betaling til tilsette blir meir reell og rettferdig etter faktisk fleksibilitet/flytta timar.

Ein del av tiltaka som ikkje er tilrådd vil være del av eit større prosjekt om omorganisering. Desse er lagt på sentralt område 89.

Netto løyvingar drift

Oversikt over tilrådde nye driftstiltak og budsjettendringar gjennom 2023

Tabellen nedanfor viser driftstiltak som er teke med i økonomiplan. Det gjeld budsjettendringar frå første og andre tertial 2023, og nye innmeldte driftstiltak som del av prosessen med utarbeiding av budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027.

Forklaring på endringskoder:

7: Budsjettendringar (tiltak innmeldt og vedteke frå første og andre tertial 2023)

41: Nye tiltak (innmeldt budsjettprosess 2024)

31: Innsparingstiltak (innmeldt budsjettprosess 2024)

25: Politiske vedtak (tiltak som har kome som forslag og blitt vedteken under politisk behandling)

Oversikt nye innmeldte driftstiltak, samt budsjettendringar gjennom førre år - tilrådd

Beløp i kroner

Org nivå 2	Tiltak	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Endringskode (kode)
Barnebo barnehage	Kompensasjon brukarbetaling - 3. barn gratis frå 1.8.2023. Visar til vedtak i revidert statsbudsjett.	99 000	99 000	99 000	99 000	7
Barnebo barnehage	Kompensasjon grunnet lågare makspris for barnehageplass frå 1. august 2024 for Barnebo barnehage	491 000	1 080 000	1 080 000	1 080 000	41
Barnebo barnehage	Morsmålsassistentar arabisk og ukrainsk	1 323 000	1 323 000	0	0	7
Barnebo barnehage	Styrka tilbod førskolebarn etter enkeltvedtak	1 843 000	674 000	674 000	420 000	7
Barnebo barnehage	Uttrekk stilling styrka grunnbemanning	-565 000	-565 000	-565 000	-565 000	7
Bergetippen barnehage	Kompensasjon grunnet lågare makspris for barnehageplass frå 1. august 2024 for Bergetippen barnehage	447 000	984 000	984 000	984 000	41
Gossen barne og ungdomsskole	Behov for bruk av alternativ opplæringsarena	400 000	200 000	0	0	7
Gossen barne og ungdomsskole	Bruk av alternativ opplæringsarena	501 000	205 000	0	0	7
Gossen barne og ungdomsskole	Ekstra utgifter-flyktningar	3 152 000	1 631 000	1 631 000	1 631 000	7

Økonomiplan for 2024-2027

Gossen barne og ungdomsskole	Nye behov på grunn av tilflytting	1 297 000	1 297 000	1 297 000	1 297 000	7
Gossen barne og ungdomsskole	SMIÅ-GBU	55 000	55 000	55 000	55 000	7
Gossen barne og ungdomsskole	Spesialundervisning - ny elev	481 000	481 000	481 000	279 000	7
Gossen barne og ungdomsskole	Tapt inntekt på grunn av vedtak om gratis 12 timar kjernetid for 1.klassingar i SFO	379 000	379 000	379 000	379 000	7
Gossen barne og ungdomsskole	Tapte inntekter -12 timar gratis SFO for 2.klassingar frå hausten 2023	401 000	401 000	401 000	401 000	7
Gossen barne og ungdomsskole	Utskifting av digitale tavler	81 000	81 000	81 000	81 000	7
Gossen barne og ungdomsskole	Økt foreldrebetaling fra 1. januar 2024 på Gossen SFO	-26 800	-26 800	-26 800	-26 800	41
Gossen barne og ungdomsskole	Åpen SFO om sommar, stengt jul og påske Gossen barne og ungdomsskole	-30 000	-30 000	-30 000	-30 000	25
Helse	Kostnader med nye legevaktformidling	690 000	690 000	690 000	861 000	7
Helse	Midlertidig auke i sjukepleiarressurs	162 000	0	0	0	7
Helse	Stilling som helsesykepleier på Helsestasjonen.	535 000	535 000	535 000	535 000	41
Helse	Tilsetting av psykiatrisk sjukepleiar	807 000	807 000	0	0	41
Helse	Økning idriftstilskot privatpraktiserande fysioterapeutar.	70 000	70 000	70 000	70 000	41
Innvandring og integrering	Behov for auka ramme i samband med ekstra busetting av flyktningar	500 000	0	0	0	7
Institusjon og butenester	Auka grunnbemanning på Aukra Omsorgssenter med 2 årsverk i pleie og aktiviteter	600 000	1 800 000	1 800 000	1 800 000	25
Institusjon og butenester	Kjøp av tenester frå Tøndergård	491 000	491 000	491 000	91 000	7
Institusjon og butenester	Musikkterapeut på Aukra Omsorgssenter 15% stilling	75 000	75 000	75 000	75 000	25
Julsundet skole	100% stilling som avdelingsleiar ved Julsundet skole	440 000	1 055 000	1 055 000	1 055 000	25
Julsundet skole	Drift av mekanisk verkstad v/ Julsundet skole	300 000	0	0	0	25
Julsundet skole	Ny elev med behov	639 000	639 000	639 000	320 500	7
Julsundet skole	Nye oppståtte behov	639 000	639 000	639 000	320 000	7
Julsundet skole	Tapte inntekter i SFO	234 000	234 000	234 000	234 000	7
Julsundet skole	Tapte inntekter på grunn av gratis kjernetid for 2. klassinger	289 000	289 000	289 000	289 000	7

Økonomiplan for 2024-2027

Julsundet skole	Økt foreldrebetaling frå 1. januar 2024 Julsundet SFO	-42 800	-42 800	-42 800	-42 800	41
Julsundet skole	Åpen SFO på sommar, stengt jul og påske Julsundet skole	-30 000	-30 000	-30 000	-30 000	25
Kjerringsundet	Tilskot prosjektarbeid Kjerringsundet 2024	17 900 000	0	0	0	41
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Auke i driftstilskot for Krisesenteret	120 000	120 000	120 000	120 000	41
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Auke i ramme til kontrollutvalet	30 000	30 000	30 000	30 000	41
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Aukra 2030 - strategisk næringsplan (PS-43/23) - nye møteplassar som understøtter næringsssatsing	500 000	0	0	0	41
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Aukra 2030 - strategisk næringsplan (PS-43/23) - næringskonferanse 2024	200 000	0	0	0	41
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Aukra 2030 - strategisk næringsplan (PS-43/23) - offentleg/privat samarbeid om bustadbygging	100 000	0	0	0	41
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Aukra 2030 - strategisk næringsplan (PS-43/23) - Tilskot til stimuleringsfondet	4 000 000	0	0	0	41
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Aukra 2030 - strategisk næringsplan (PS-43/23) - Treff for ungdom	50 000	0	0	0	41
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Grendeutval - driftsmidlar	10 000	10 000	10 000	10 000	25
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Kontigent ROR-IKT	-181 000	166 000	462 000	769 000	41
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Korrigerering av manglande valutgifter	-280 000	280 000	-280 000	280 000	41
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Nødmeldeavgift	262 000	363 000	365 000	369 000	41
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Oppgradering av kriseverktøy	25 000	25 000	25 000	25 000	7
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Oppgradering av kriseverktøy	-25 000	-25 000	-25 000	-25 000	7
Kultur	Auka ramme til kulturmidlar	250 000	250 000	250 000	250 000	25
Kultur	Auke i lokale aktivitetsmidler til Aukra idrettsråd	20 000	20 000	20 000	20 000	25
Kultur	Opprette 30% stilling som ungdomsarbeidar ved Kultur, etter ordinær skoletid	200 000	200 000	200 000	200 000	25

Økonomiplan for 2024-2027

NAV Aukra	Rettleiing - oppfølging av flyktningar i arbeid	728 000	667 300	0	0	7
Næring, revisjon, kyrkja mm	Auka ramme for revisjon	747 000	747 000	747 000	747 000	41
Næring, revisjon, kyrkja mm	Auka tilskot GassRORiks	650 000	650 000	650 000	650 000	7
Næring, revisjon, kyrkja mm	Aukra Sokn - auke av stillingsprosent kyrkjetenarar	62 000	62 000	62 000	62 000	41
Næring, revisjon, kyrkja mm	Aukra Sokn - nedtrekk rest frå tidlegare års mindreforbruk (2021 og 2022)	-236 000	0	0	0	41
Næring, revisjon, kyrkja mm	Aukra Sokn - revidert avtale om tenesteyting	205 000	205 000	205 000	205 000	41
Næring, revisjon, kyrkja mm	Aukra Sokn - tilskot til kyrkjelege formål justert for lønsvekst	265 000	265 000	265 000	265 000	41
Næring, revisjon, kyrkja mm	Aukra Sokn - vedlikehald av kyrkja	350 000	0	0	0	41
Organisasjonsavdelinga	Velferdsmidlar tilsette	452 000	452 000	452 000	452 000	41
Sentrale ansvar	Andre generelle driftsinntekter	-4 669 000	-4 669 000	-4 669 000	-4 669 000	7
Sentrale ansvar	Avdrag på lån	1 802 000	1 802 000	1 802 000	1 803 000	7
Sentrale ansvar	Berekena lønsbuffer 2024-2027	8 834 000	19 999 000	31 588 000	43 617 000	41
Sentrale ansvar	Eiendomsskatt	-4 294 000	-4 294 000	-4 294 000	-4 294 000	7
Sentrale ansvar	Finansiering lønsauke bruk av bufferkonti 2023	12 561 264	12 561 264	12 561 264	12 561 264	7
Sentrale ansvar	Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-17 700 000	-17 700 000	-17 700 000	-17 700 000	7
Sentrale ansvar	Honorarar finansforvaltninga	900 000	1 400 000	1 700 000	2 000 000	41
Sentrale ansvar	Inntekts- og formuesskatt	1 027 000	1 027 000	1 027 000	1 027 000	7
Sentrale ansvar	Justering differanse pensjonskostnad og kostnad gjennom belastning på 16,5 prosent	3 445 000	0	0	0	41
Sentrale ansvar	Kompass/KS-vedtak sjukefråvær	-650 000	-800 000	-800 000	-800 000	25
Sentrale ansvar	Motpost kalkulatoriske avskrivningar	-6 479 000	-6 479 000	-6 479 000	-6 479 000	41
Sentrale ansvar	Motpost kalkulatoriske renter	-8 039 000	-8 039 000	-8 039 000	-8 039 000	41
Sentrale ansvar	Overføring frå drift til finansiering av investeringar	6 995 000	0	0	0	7
Sentrale ansvar	Rammetilskudd	-7 164 000	-7 164 000	-7 164 000	-7 164 000	7
Sentrale ansvar	Renteinntekter	-9 950 000	-9 950 000	-9 950 000	-9 950 000	7
Sentrale ansvar	Renteutgifter	4 304 000	4 304 000	4 304 000	4 304 000	7
Sentrale ansvar	Reversering lokalt lønsoppgjjer 2023 lønsbuffer	1 654 000	1 654 000	1 654 000	1 654 000	7
Tekniske tenester	Auke i driftstilskot til NORBR	326 000	326 000	326 000	326 000	7
Tekniske tenester	Auke i husleige kommunale bustadar og omsorgsbustadar	-268 900	-268 900	-268 900	-268 900	41

Økonomiplan for 2024-2027

Tekniske tenester	Aukra idrettshall og aktivitetshus - vidare utgreiing og planlegging	500 000	0	0	0	25
Tekniske tenester	Drifts- og serviceavtalar bassenget	220 000	220 000	220 000	220 000	7
Tekniske tenester	Driftsavtalar og service i kulturhuset	230 000	230 000	230 000	230 000	7
Tekniske tenester	Kryssløsning i Julsundet	300 000	0	0	0	25
Tekniske tenester	Pilotprosjekt veterinærtenesta	56 000	56 000	0	0	41
Tekniske tenester	Planleggingsmidlar til legging av tartandekke	200 000	0	0	0	25
Tekniske tenester	Reguleringsplan Nautneset	150 000	0	0	0	41
Tekniske tenester	Service og driftsavtaler for Aukra kulturhus	450 000	450 000	450 000	450 000	41
Tekniske tenester	Totalrenovering av kommunal bustad	500 000	0	0	0	41
Tekniske tenester	Utgreiing for betre tilpassa uteområde ved Aukraskolane	200 000	0	0	0	25
Tekniske tenester	Utgreiing opprusting av Hauglandsvegen	300 000	0	0	0	25
Tekniske tenester	Utgreiing/avhending formålsbygg	200 000	0	0	0	41
Økonomiavdelinga	Fakturering medlemskap RORinnkjøp - auke	174 000	174 000	174 000	174 000	7
Økonomiavdelinga	Juridisk bistand, rettsak eigedomsskatt	1 500 000	0	0	0	7
Totalsum		30 744 764	4 846 064	13 214 764	25 093 264	

Kompensasjon grunnet lågare makspris for barnehageplass frå 1. august 2024 for Barnebo barnehage

Regjeringa har foreslått i statsbudsjettet å sette ned maksprisen i barnehagane frå 3000kr til 2000kr. I kommunar som ligg i sentraliserings sone 5 og 6, skal prisane ytlegare ned med 500kr til 1500kr. Aukra kommune ligg i sentralisering sone 5. Andre ordninga for reduksjon av foreldrebetaling vil også fortsette, som til dømes gratis barnehageplass for barn nummer 3 i barnehagen og gratis kjernetid for dei med låg inntekt.

På grunnlag av dette har vi regna kva dette vil seie for barnehagane, basert på tal frå fakturering oktober 2023, vi har tatt omsyn til dei reduksjons ordningane som dei alt har.

Barnebo barnehage: Her vil det med same grunnlag bli en nedgang med 98341 kr i månaden. Frå 1. august og ut året 2024 vil dette sei 491705kr i inntektsreduksjon.

Det er på Barnebo per oktober 2023, 90 barn, fleire av desse har redusert betaling. Barnebo har fått kompensert ramme for noko av dette tidlegare.

Morsmålsassistentar arabisk og ukrainsk

Jf PS

Styrka tilbod førskolebarn etter enkeltvedtak

20/1425

Uttrekk stilling styrka grunnbemanning

I 2020 blei ramma til Barnebo barnehage styrka med ei 100% stilling som fagarbeidar. Dette var meint som eit eittårig tiltak, men har blitt liggande i ramma. Barnebo barnehage har hatt mindreforbruk dei siste åra, og dette kan vere noko av forklaringa. Stillinga meldast no ut av ramma.

Kompensasjon grunnet lågare makspris for barnehageplass frå 1. august 2024 for Bergtippen barnehage

Regjeringa har foreslått i statsbudsjettet å sette ned maksprisen i barnehagane frå 3000kr til 2000kr. I kommunar som ligg i sentraliserings sone 5 og 6, skal prisane ytlegare ned med 500kr til 1500kr. Aukra kommune ligg i sentralisering sone 5. Andre ordninga for reduksjon av foreldrebetaling vil også fortsette, som til dømes gratis barnehageplass for barn nummer 3 i barnehagen og gratis kjernetid for dei med låg inntekt.

På grunnlag av dette har vi regna kva dette vil seie for barnehagane, basert på tal frå fakturering oktober 2023, vi har tatt omsyn til dei reduksjons ordningane som dei alt har.

Bergtippen: Her vil det med same grunnlag bli ein nedgang på 89512 kr i månaden. Frå 1. august og ut året 2024 vil det seie 447560kr i inntektsreduksjon.

Det er per oktober 2023 70 barn på Bergtippen barnehage.

Ekstra utgifter-flyktningar

Lønn framandspråkleg lærarar

Nye behov på grunn av tilflytting

Førskolelærar tilsett med erfaring og kompatanse i alternativ kommunikasjon

SMIÅ-GBU

inventar og utstyr, forbruksmateriell

Spesialundervisning - ny elev

Løn barne- og ungdomsarbeider

Tapt inntekt på grunn av vedtak om gratis 12 timar kjernetid for 1.klassingar i SFO

tapte inntekter SFO på grunn av gratis kjernetid

Tapte inntekter -12 timar gratis SFO for 2.klassingar frå hausten 2023

Tapte inntekter -12 t gratis SFO for 2.klassingar

Utsifting av digitale tavler

leasing av dig. tavler i klasserom

Økt foreldrebetaling fra 1. januar 2024 på Gossen SFO

Basert på same barnegruppe og med dei same redusert foreldrebetalingstilboda som dei har i dag. Vil det om vi aukar foreldrebetalinga med kommunal deflator 4,3% gi ein auke i inntekt på: Gossen SFO: 26800kr frå 1. januar og ut året.

Åpen SFO om sommar, stengt jul og påske Gossen barne og ungdomsskole

I Kompass 2030 var det meldt inn tiltak om stengt SFO på begge skolene under sommar, jul og påskeferieavvikling. Det er no foreslått at SFO stengast i jul og påske, og held opent om sommaren.

Tiltaket baserte seg på tidlegare vedteke politisk sak (K-sak 21/22)

Utrekninga i K-sak 21/22 var slik:

Med utgangspunkt i utvida opningstid, vert SFO halde opent 22 dagar meir. Med dette dømet, er det rekna frå 01.07.2022 til 30.06.2023:

Økonomiplan for 2024-2027

- sommaren 2022 15 dagar
- juleferien 2022 4 dagar
- påska 2023 3 dagar

Skoleåret startar igjen 3. januar 2023.

2 januar er planleggingsdag, og difor ikkje teken med.

Døme på ei tentativ utrekning av auka minimumskostnad ved å halde opent 22 dagar meir i året kan vere slik:

- Begge skolar held opent alle dagane
- Det er ikkje samordning mellom skole og barnehage
- Ingen av elevane har individuell rett til assistent
- Gruppa fungerer så godt at det ikkje er behov for ekstra bemanning
- Det er 14 barn eller færre på kvar skole som nyttar SFO desse dagane (grunnbemanninga er 1 vaksen per 14 barn)
- Det er 1 tilsett på kvar skole + 1 tilsett som gjer pause mogleg (SFO er opent frå 07.00-16.30 = 9,5 t.) Ein legg til grunn 11 timar per dag per skole med arbeidskraft
- Ein legg til grunn at pris per time er kr 300, inkludert sosiale avgifter

Ekstra kostnad: Kr 145 200 (11 timar per dag x 300 kr per time x 22 dagar x 2 skolar)

Det er no foreslått at SFO stengast i jul og påske, og held opent om sommaren. Dersom ein bryt opp utrekninga i K-sak 21/22og ser på kostnad pr. ferie får ein desse talla:

Ferie	Beløp	Utrekning
Sommar (15 dagar)	Kr 99 000	(11 timar per dag x 300 kr per time x 15 dagar x 2 skolar)
Jul (4 dagar)	Kr 26 400	(11 timar per dag x 300 per time x 4 dagar x 2 skolar)
Påske (3 dagar)	Kr 19 800	(11 timar per dag x 300 kr per time x 3 dagar x 2 skolar)

Stengt SFO under jul og påske på begge skolar vil med andre ord gje ein redusksjon i kostnad på kr. 46 200 for begge skolane, kr. 23 100 pr. skole.

Kostnader med nye legevaktformidling

Kostnad okt - des 2022

Stilling som helsesykepleier på Helsestasjonen.

De siste årene har det vært en markant økning av belastning på våre stillinger. Kan nevne:

1: Koronapandemi med store ressurser som gikk med til vaksineringsen. Generelt tilbud ble redusert denne perioden på tross av denne stillingen.

2: Influensavaksineringsen som tidligere ble håndtert av legetjenesten har vi bidratt stort med i gjennomføringen.

2: Stor velvilje fra kommunen til å ta i mot flyktninger. I fjor tok vi imot 120(!) flyktninger og i år skal kommunen ta i mot 70 stk. Dette har kommet som en stor belastning på vår tjeneste uten at det har

Økonomiplan for 2024-2027

medført noe ekstra ressurser. Denne gruppen tar mye av vår tid. Om kommunen kommer til å redusere mottak av antall flyktninger i de kommende årene er det fortsatt mye ekstra arbeid med oppfølging av de som har kommet. Alle konsultakjoner tar dobbelt så lang tid pga. bruk av tolk. Tidkrevende arbeid å kartlegge vaksinasjonsstatus og følge opp vaksinerings jamfør norsk standard, i tillegg til den generelle helsekartleggingen som må gjøres. Tidligere kjøpte kommunen tjeneste fra Molde kommune for å gjennomføre denne tjenesten.

3: Ønske fra kommunen om å drive COS-P arbeid med foreldreveiledningskurs. Dette tar tid å planlegge og gjennomføre.

4: Lovpålagt tilbud om barekoordinator. Dette vil medføre ekstra belastning på vår tjeneste da mange av disse har helsesykepleier som koordinator. Det er fortsatt et stort antall barn i Aukra som ikke får den lovpålagte tjenesten pga. mangel på koordinatorene (dette kjenner Jan Erik godt til).

5: I tillegg til dette så har vi mistet helsesekretærfunksjon og stilling på helsestasjonen pga. naturlig avgang av hun som hadde denne funksjonen. Medfører økt "sekretærarbeid" på helsesykepleiere. Det er arbeid som det er praktisk å gjøre selv med tanke på oversikt, men det tar tid!

Helsestasjonen er på femte året med tilskuddsmilder, og forventer ikke at Helsedirektoratet vil viderefører ordningen i enda et år, som betyr at vi må øke rammen for å fullfinansiere denne stillingen.

Helårskostnad for en Helsesykepleier er på ca kr 810 000. I 2023 mottok kommunen tilskudd på kr 535 000. Eininga dekket selv mellomværende.

Auke i ramme foreslås til kr 535 000

10100: 400 000

10900: 70 000

10990: 65 000

Tilsetting av psykiatrisk sjukepleiar

Auke gjeld i tilknytning til sak PS-44/23 (Endring av behov i samband med busetting av flyktningar). Det er behov for psykiatrisk sjukepleiar i kommunen for å handtere aukande utfordringar blant flyktningane som kjem. Auken gjeld førebels for ei midlertidig stilling i perioden 2024 - 2025. Det er tenkt ei 100 % stilling.

Tiltaket er meldt inn under ansvar/eining Helse (helsestasjonen). Dei som i dag jobbar med rus og psykisk helse i Aukra kommune, er organisert under ansvar 3044, Dagsenter psykisk helse. Leiar er einingsleiar for heimebaserte tenester. Om tiltaket vert iverksett, vil ein måtte sjå på kor stillinga skal plasserast i organisasjonen.

Økning idriftstilskot privatpraktiserande fysioterapeutar.

Driftstilskot fom 01.07.23 tom 30.11.23 jfr. sak i P360 22/01510-2

Driftstilskot til privatpraktiserande fysioterapeutar er justert pr 01.07.23 til kr 531.360,- pr år i full stilling.

Det er utbetalt etter gamal sats frå 01.07.23 – 31.08.23, og det blir difor etterbetalt slik:

Kr 2.880,- x 2 mnd = kr 5.760,- budsj art 13700 ansvar 7030 funksjon 241

Helårsvirkning fra 2024 er kr. 69 120.

Behov for auka ramme i samband med ekstra busetting av flyktningar

Det vert lagt til grunn at behovet for hjelp til livsopphald gradvis vil bli redusert etter 2023

Auka grunnbemanning på Aukra Omsorgssenter med 2 årsverk i pleie og aktiviteter

Aukra grunnbemanning på Aukra Omsorgssenter med 2 årsverk i pleie og aktiviteter. Kostnad 2024 kr. 600 000 (forutsatt ansatt fra september 2024).

Kjøp av tenester frå Tøndergård

Kjøp av teneter frå Tøndergård

Musikterapeut på Aukra Omsorgssenter 15% stilling

Musikterapeut på Aukra Omsorgssenter med 15% stilling.

100% stilling som avdelingsleiar ved Julsundet skole

100% avdelingsleiar opprettes ved Julsundet skole.

Kostnad frå skoleåret 2024/2025 kr. 440 000,. Politisk vedtak.

Beskriving frå opprinneleg innmeldt tiltak:

Julsundet skole er en 1-10 skole med ca 250 elever og 50 ansatte. Dagens skoler skal løyse fleire- og mer komplekse oppgåver i dag enn tidlegare. Vi lev i eit samfunn i stadig endring og også skolen og skolens drift må tilpassas det som moderne samfunn etterspør. Skolen har i dag 2 inspektører med mellom 20-40 % undervisning i stillinga si. Den eine inspektøren har ansvar for ungdomssteget og den andre for 1-7 steget. Jeg ser i dag behov for å opprette ein inspektør til slik at 1-7 steget på 2 inspektører. Vi har høg turn-over i leiinga, noko som kan tydst høgt arbeidpress. Forrige rektor har sagt opp, og no også ein av inspektørene. Utlysninga viser at få ynskjer å bli inspektør.

Gossen barne- og ungdomsskole har 3 inspektører, og har hatt det i fleire år. Ei organisering dei er svært nøgde med. I ein liten og gjennomiktig kommune er det fort å samanligne seg med kvarandre. Eg ber difor om at det blir tilført midlar til å styrke leiinga ved Julsundet skole slik at vi kan løyse dei utfordringane skolesamfunnet står framfør.

Ny elev med behov

Løn barne- og ungdomsarbeidar

Nye oppståtte behov

Løn Fagarbeidar

Tapte inntekter på grunn av gratis kjernetid for 2. klassinger

Tapte inntekster på sfo pga kjernetid for 2. klassingar

Økt foreldrebetaling frå 1. januar 2024 Julsundet SFO

Basert på same barnegruppe og med dei same redusert foreldrebetalings tilboda som dei har i dag. Vil det om vi aukar foreldrebetalinga med kommunal deflator 4,3% gi ein auke i inntekt på:

Julsundet SFO: 42800kr frå 1. januar og ut året.

Åpen SFO på sommar, stengt jul og påske Julsundet skole

I Kompass 2030 var det meldt inn tiltak om stengt SFO på begge skolene under sommar, jul og påskeferieavvikling. Det er no foreslått at SFO stengast i jul og påske, og held opent om sommaren.

Tiltaket baserte seg på tidlegare vedteke politisk sak (K-sak 21/22)

Utrekninga i K-sak 21/22 var slik:

Økonomiplan for 2024-2027

Med utgangspunkt i utvida opningstid, vert SFO halde opent 22 dagar meir. Med dette dømet, er det rekna frå 01.07.2022 til 30.06.2023:

- sommaren 2022 15 dagar
- juleferien 2022 4 dagar
- påska 2023 3 dagar

Skoleåret startar igjen 3. januar 2023.

2 januar er planleggingsdag, og difor ikkje teken med.

Døme på ei tentativ utrekning av auka minimumskostnad ved å halde opent 22 dagar meir i året kan vere slik:

- Begge skolar held opent alle dagane
- Det er ikkje samordning mellom skole og barnehage
- Ingen av elevane har individuell rett til assistent
- Gruppa fungerer så godt at det ikkje er behov for ekstra bemanning
- Det er 14 barn eller færre på kvar skole som nyttar SFO desse dagane (grunnbemanninga er 1 vaksen per 14 barn)
- Det er 1 tilsett på kvar skole + 1 tilsett som gjer pause mogleg (SFO er opent frå 07.00-16.30 = 9,5 t.) Ein legg til grunn 11 timar per dag per skole med arbeidskraft
- Ein legg til grunn at pris per time er kr 300, inkludert sosiale avgifter

Ekstra kostnad: Kr 145 200 (11 timar per dag x 300 kr per time x 22 dagar x 2 skolar)

Det er no foreslått at SFO stengast i jul og påske, og held opent om sommaren. Dersom ein bryt opp utrekninga i K-sak 21/22 og ser på kostnad pr. ferie får ein desse tallane:

Ferie	Beløp	Utrekning
Sommar (15 dagar)	Kr 99 000	(11 timar per dag x 300 kr per time x 15 dagar x 2 skolar)
Jul (4 dagar)	Kr 26 400	(11 timar per dag x 300 per time x 4 dagar x 2 skolar)
Påske (3 dagar)	Kr 19 800	(11 timar per dag x 300 kr per time x 3 dagar x 2 skolar)

Stengt SFO under jul og påske på begge skolar vil med andre ord gje ein redusksjon i kostnad på kr. 46 200 for begge skolane, kr. 23 100 pr. skole.

Tilskot prosjektarbeid Kjerringsundet 2024

Tilskot for å dekke Møre og Romsdal fylkeskommune sine utgifter til prosjektarbeid med Fv. 662 Kjerringsundsambandet for 2024. Grunnboringer er ein stor del av budsjettet for 2024.



Møre og Romsdal
VI0210 Kjerringsundet-Byggherrekostnader
Fv. 662 Kjerringsundsambandet
fylkeskommune

Budsjett 2024		
		Budsjett
T Total		
00	Eiers reserve	500 000
01	Ufordelt ramme	0
10	Kontrakt	0
Andre	byggherrekostnader	0
Arkeologi		2 500 000
Ecofakt-	Prøvetaking	0
Ekstern	prosjektering	0
Grunnboringer	- Norconsult	11 250 000
Grunnerstatning	SVV	0
Grunnerstatning	MRFK	0
Intern	prosjekteimg	0
KS2-Dovre	Group	0
Kvalitetssikring	av geo/grunn - Norconsult	0
Lønn	byggherre (PL/BL/KI)	400 000
Optimalisering	av forprosjekt - Norconsult	2 000 000
Refusjonskrav		0
Skipstøtanalyse	- Rambøll	150 000
SVV	- prosjekteringsassistanse	200 000
Vindmålinger	- Norconsult	900 000
Sum Total		17 900 000

Auke i driftstilskot for Krisesenteret

Ny kostnad for driftstilskot krisesenteret.

Auke i ramme til kontrollutvalet

Viser til vedtak i kontrollutvalet 19/23 om auke i ramme til kontrollutvalet.

Aukra 2030 - strategisk næringsplan (PS-43/23) - nye møteplassar som understøtter næringsssatsing

I sak 43/23 vedtok kommunestyret å gje løyve til tiltak for å gje nye møteplassar som understøttar næringsssatsing. Tilskotet disponerast av administrasjonen etter søknad frå Aukra Næringsforum

Aukra 2030 - strategisk næringsplan (PS-43/23) - næringskonferanse 2024

I sak 43/23 vedtok Kommunestyret løyving til å arrangere eigen næringskonferanse i 2024 med fokus på følgjande nøkkelinitiativ:

- Tilrettelegge for næringsutvikling innanfor energi- og hav-/sjønært areal
- Næringsutvikling for folkevekst
- Offentleg/privat samarbeid
- Næringsareal og arenaer
- Møteplassar
- Energiknutepunkt

Aukra 2030 - strategisk næringsplan (PS-43/23) - offentleg/privat samarbeid om bustadbygging

Kommunestyret vedtok i (PS-43/23) om Aukra 2030 - strategisk næringsplan at det skal løyvast midlar til gjennomføring av møteaktivitet for å skape eit offentleg/privat samarbeid om bustadbygging.

Aukra 2030 - strategisk næringsplan (PS-43/23) - Tilskot til stimuleringsfondet

Kommunestyret vedtok i sak 43/23 tilskot til Stimuleringsfondet med kr. 4.000.000,- Deler av tilskott vert øyremerka oppretting av mulig ny nærings sjef stilling i Aukra, og inntil 2.000.000. kr vert øyremerka tiltak som kan gje sjø- og kystnære opplevingar.

Kommunedirektøren vart bedt om å legge fram sak i høve årets budsjett handsaming om oppretting av slik stilling. Nytt tiltak for stilling som næringslivssjef er lagt inn og beskrive. Kommunedirektøren har ikkje foreslått oppretting av slik stilling og har derfor ikkje teke tiltaket inn i økonomiplan

Aukra 2030 - strategisk næringsplan (PS-43/23) - Treff for ungdom

I politisk sak 43/23 vart det vedteke å arrangere treff for ungdom som bur i Aukra kommune og ungdom som har flytta ut

Grendeutval – driftsmidlar

Det skal settast av eit årleg beløp til driftsutgifter fordelt mellom grendeutvala.

Kontigent ROR-IKT

I følgje ROR-IKT sitt budsjett for 2024 og økonomiplan 2024-2027 er Aukra kommune sin deltagarkontigent på kr. 7 239 000,- i 2024, kr. 7 586 000,- i 2025, kr. 7 882 000,- i 2026 og kr. 8 129 000,- i 2027. Budsjettjustering er lagt inn på bakgrunn av dette.

Nødmeldeavgift

Vertskommuneavtale mellom Ålesund kommune og samarbeidskommuner for Møre og Romsdal 110-sentral, Ålesund KF.

Styret i Møre og Romsdal 110-sentral KF har vedteke at nødmeldeavgiften per innbyggjar for kommunane skal vere på kr. 71,- for 2024. Ålesund kommunestyre har vedteke denne avgifta i møte datert 01.06.2023, sak 067/23. Saka om nødmeldeavgift vart behandla i Aukra kommunestyre 23. november 2023, saksnummer 47/23.

Auka ramme til kulturmidlar

Auka ramme til kulturmidlar.

Auke i lokale aktivitetsmidler til Aukra idrettsråd

Auke i lokale aktivitetsmidler til Aukra Idrettsråd med kr. 20 000.

Opprette 30% stilling som ungdomsarbeidar ved Kultur, etter ordinær skoletid

Opprette 30% stilling som ungdomsarbeidar med arbeidstid etter ordinær skoletid. Kostnader: 2024 kr. 200 000.

Rettleiing - oppfølging av flyktningar i arbeid

«Det er behov for ei 100% stilling som skal ha fokus på å få flyktningar ut i arbeid. Ukrainarar med mellombels kollektiv vern har rett, men ikkje plikt til introduksjonsprogram og har eit kortare kvalifiseringsløp. Det betyr at dei skal raskt ut i arbeid. NAV må derfor tidleg inn for å sikre gode og raske overgangar til arbeid. Auka kapasitet for å ivareta dette arbeidet vil kunne imøtekomast med ei tildeling til ei midlertidig stilling i 2 år.» «Det er behov for ei 100% stilling som skal ha fokus på å få flyktningar ut i arbeid. Ukrainarar med mellombels kollektiv vern har rett, men ikkje plikt til introduksjonsprogram og har eit kortare kvalifiseringsløp. Det betyr at dei skal raskt ut i arbeid. NAV må derfor tidleg inn for å sikre gode og raske overgangar til arbeid. Auka kapasitet for å ivareta dette arbeidet vil kunne imøtekomast med ei tildeling til ei midlertidig stilling i 2 år.»

Auka ramme for revisjon

I PS-53/23 vart Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for kontrollarbeid 2024 lagt fram. Der går det fram eit auke knytt til revisjon på kr. 747 000,-.

Aukra Sokn - auke av stillingsprosent kyrkjetenarar

I budsjettnotat frå Aukra Sokn datert 18.09.23 blir det utgreid om behov for auke i stillingsprosent på 5-10% på kvar av kyrkjetenarstillingane. Aukra Sokn har ein kyrkjetenar med hovedansvar for kyrkja i 25 % stilling og ein kyrkjetenar med hovedansvar for kyrkjegarden i 75 % stilling. Det har over fleire år blitt jobba overtid for å rekke over naudsynte oppgåver. Det er difor behov for å auke desse stillingane frå 75% til 80% (kyrkjegard) og frå 25% til 30% (kyrkje).

Aukra Sokn - nedtrekk rest frå tidlegare års mindreforbruk (2021 og 2022)

Frå tidlegare års mindreforbruk har Aukra Sokn opparbeida eit disposisjonsfond på kr. 1 134 946,- pr. 31.12.22. I tillegg er det mindreforbruk på kr. 282 958,- frå 2021 og 2022 som enda ikkje er overført disposisjonsfond. I andre tertial 2023 blei det vedteke at kr. 1 181 448,- av desse skal brukast til finansiering av investeringsprosjekt knytt til overrisslingsanlegg i Aukra kyrkje. Rest tidlegare års mindreforbruk er då kr. 236 456,-. Denne resten blir foreslegen trekt ut av tilskotet for 2024. Eventuelt mindreforbruk i 2023 vil bli teke stilling til i neste års budsjettprosess.

Aukra Sokn - revidert avtale om tenesteyting

Aukra Sokn og Aukra kommune har ein avtale om tenesteyting som stammar frå 1997. I avtalen er tenesteytinga verdsett til kr. 30 000 pr. år, pluss kr. 8 000 i kopiering. Avtalen er no revidert (PS-48/23) og verdsetting er auka til kr. 205 000 pr. år frå 2024 og vidare. Verdi av tenesteytinga har vore trekt ut i frå løyve til Aukra Sokn, og netto løyve blir utbetalt med 1/12 av årsbudsjett månadleg.

Aukra sokn har over fleire år drifta med mindreforbruk i forhold til vedteke tilskot. Det er påpeika frå Aukra Sokn at dei i sine detaljbudsjett (som har vore grunnlag for utmåling) ikkje har inkludert utgifter til avtale om tenesteyting. Dette blir difor no retta opp der ein legg inn verdien av tenesteaftale før ein fastsett brutto tilskot.

Det blir meldt om behov for auke av ramme tilsvarande auke av verdsetting i avtale om tenesteyting. I saksframlegget for revidering av avtale om tenesteyting blei det pekt på utviklingsarbeid som er satt i verk som fører til at til administrasjonen i Aukra Sokn kan jobbe meir effektivt og digitalt. Det vil truleg føre til at Aukra Sokn kan bruke mindre ressursar. Dette har ikkje vore oppe til diskusjon i budsjettprosess for 2024. Dette vil bli teke i nærmare drøfting av dette med

Aukra Sokn i løpet av 2024.

Aukra Sokn - tilskot til kyrkjelege formål justert for lønsvekst

Tilskot til kyrkjelege formål vert justert for lønsvekst.

Aukra Sokn - vedlikehald av kyrkja

I budsjettnotat frå Aukra sokn datert 18.09.23 opplyst det om at kyrkja har behov for vedlikehald.

Følgande vedlikehaldstiltak er planlagt:

- Vedlikehald vindaug. Det er utarbeidd tilstandsrapport på vindauga som viser at det er store råteskadar på treverk, kitt og glas. Anslått kostnad er kr. 300 000,-
- Utsifting av lyskastarar i koret og betre punktbelysning i kyrkjerommet. Anslått kostnad er kr. 70 000,-
- Utbetring av teleslynga for å dekke heile kyrkjerommet. Anslått kostnad er kr. 30 000,-
- Utvendig måling av kyrkja. Anslått kostnad er kr. 250 000,-

Total anslått kostnad for vedlikehald er kr. 650 000,-. Kr. 300 000,- av desse kan dekkast innanfor gjeldande ramme, og kr. 350 000,- blir meldt inn som budsjettjustering frå Aukra Sokn.

Velferdsmidlar tilsette

Det er politisk signalisert eit ønske om velferdsgoder for tilsette.

Aukra kommune har over nokre år gjeve julegåver og julebord til dei tilsette, som ei påskjøning. I 2021 og 2022 vart dette endra til ei felles gåve til eit humanitært formål.

Det er elles ikkje avsett midlar til velferdstiltak for tilsette. I dag praktiserast dette forskjellig frå avdeling til avdeling. Nokon held seg til at dette ikkje er åpna for i personalreglement eller løyvingar, andre har gjennom året aktivitetar og tilstelningar som heilt eller delvis blir dekt innanfor den ramma eininga/avdelinga har til disposisjon.

Kommunedirektøren vil derfor svare ut dei politiske signala ved å etablere dette som ei fast ordning for alle einingar/avdelingar gjennom at det blir gjeve ei ramme for velferdstiltak med kr. 1.000,- pr. fast tilsett.

I samarbeid med personalavdelinga, leiing og tillitsvalte vil det bli fastsett overordna retningslinjer for bruken av midlane. Midlane kan ikkje nyttast til individuelle stønader eller gåver, og det blir føresett at bruken skjer innanfor gjeldande skatteregler. Utover dette er det opp til den enkelte eining å fastsette bruken av eigne velferdsmidlar. Slik kan dette bli ei fleksibel ordning som kan nyttast slik det personalpolitisk er best for den enkelte eining/avdeling.

Ved framlegging av årets budsjett er det 452 tilsette i organisasjonen. Løyve vil bli lagt på område 10.4 personal og organisasjonsavdeling, med foreslag om at kommunedirektøren blir delegert mynde til vidare fordeling i starten av budsjettåret.

Berekna lønsbuffer 2024-2027

Årslønsveksten anslås til 4,2 % for 2024. Overheng frå 2023 til 2024 er 1,8 % og er teke omsyn til gjennom heilårseffekt av sentrale og lokale forhandlingar i 2023. SSB sine konjunkturtennder for årsløn ligg på 5,1% for 2024 og 3,8% for 2025 og 2026. Dette er lagt ut grunn for utrekninga av lønsbuffer.

Finansiering lønsauke bruk av bufferkonti 2023

Lønsoppger konflikt lærarar heilårsverknad 2023

Honorarar finansforvaltninga

Honorarar finansforvaltninga

Justering differanse pensjonskostnad og kostnad gjennom belasting på 16,5 prosent

Ny oppdatert oversikt viser ei vesentleg auke i pensjonskostnader for 2024. Denne blir teke i vare gjennom budsjettering på det sentrale området, likvel henført til den riktige funksjon for den enkelte av kommunen sine tenesteområder.

Kompass/KS-vedtak sjukefråvær

Politisk forslag om auke av kompass-tiltaket "kompass sykefravær" med kr. 300 000 kvart år i perioda.

Beskriving henta frå opprinneleg tiltak "Kompass sykefravær":

Statistikk, årsrapport

Det samla fråværet har vore nokså stabilt dei siste åra. I 2022 enda fråværet på 9,61 %. Starten av året ble preget av korona. Det er store skilnadar gjennom 2022. Til dømes skil det heile 6% mellom høgaste og lågaste månad.

Korttidsfråværet gjekk opp frå 1,4 prosent i 2021 til 3,09% i 2022. Langtidsfråværet gjekk ned frå 7,7 i 2021 til 6,45%

Kostnader

Kostnader til sjukeløn korrigert for mottatte refusjonar er hittil i år på vel 9 millionar. Dette utgjer eit månadleg snitt på om 1.125.000. Kostnad i arbeidsgivarperioden er om lag 5,5 mill per år.

Ein har og betydelege kostnader til sjukevikarar var på i underkant av 7,7 mill. i 2022.

Konsekvensar for tenestekvalitet

Nærvær av fast bemanning er nødvendig for å sikre kvalitet i tenestene og godt arbeidsmiljø. Ekstra kostnader pga. fråværet kan føre til at ein må kutte andre budsjettpostar.

Omtale av tiltaket

Målalet for fråvær er 6,12%. Å nå dette målet vil krevje prioritering og betydeleg innsats og tidsressurs frå mange leiarar og med lang tidshorisont. Det er ikkje realistisk å redusere sjukefråværet heilt.

Viktige prinsipp for arbeidet: Arbeidsmiljø handlar om arbeidet og er knytt til på kva måte ein organiserer, planlegg og gjennomfører arbeidet. Arbeidsmiljøet påverkar arbeidstakarane si helse, jobbgasjement og kommunen sine resultat og produktivitet.

Arbeidsmiljø er forskjellig frå arbeidsplass til arbeidsplass, og krev derfor ulike tilnærmingar. Det er likevel nokre faktorar som er felles og som ein må arbeide med:

- Krav og innflytelse
- Avklar forventningar
- Tilbakemelding/anerkjenning
- Samspel/Partssamarbeid
- Forutsigbarheit
- Openheit/respekt

Ein skal og ta utgangspunkt i resultatata frå fersk 10-FAKTOR-undersøking.

Tiltak 1:

Analyse/gjennomgang av fråvær i alle einingar. .Alle einingar sett seg delmål for kor mykje ein kan redusere fråværet med i perioden, med sikte på å nå vedtatt hovudmål. Det skal være gode

Økonomiplan for 2024-2027

prosessar og involvering av tillitsvalde og medarbeidarar. Alle lagar eigne tiltaksplanar. Bruk av ekstern og/eller intern bistand.

Tiltak 2:

Analyse av data frå program for ressursstyring med påfølgjande tiltaksplan.

Tiltak 3:

Tett oppfølging av enkeltmedarbeidarar med hyppig eller langtidsfråvær

Tiltak 4:

Fast tema på leiarmøta.

Tiltak 5:

Statusmøter kvar eining med kommunedirektør

Tiltak 6:

Møte med legar eller kommunelegar i Aukra og Molde.

Konsekvensar (positive og negative)

Positive: Betre kvalitet i tenestene, større stabilitet, betre arbeidsmiljø, mindre turnover.

Negative: Ressurs- og tidkrevjande arbeid

Tidsplan og effekt

Innleiande forankring H2023

Oppstart H2023 V2023

Effekt:

2024: 350.000

2005: 500.000

2026: 500.000

2027: 500.000

Motpost kalkulatoriske avskrivningar

Motpost kalkulatoriske avskrivningar

Motpost kalkulatoriske renter

Motpost kalkulatoriske renter

Rammetilskudd

Endring i rammetilskot ut frå statleg styrking, auke i innbyggjarar og endra inntektsutjamning.

Reversering lokalt lønsoppgjer 2023 lønsbuffer

Opprydding av ramme 89 sentrale ansvar.

Auke i husleige kommunale bustadar og omsorgsbustadar

Ved å auke husleiga i dei kommunale bustadane med kommunal deflator 4,3% vil det gi ein auke i inntekt på totalt 22414kr i månaden.

Dette vil i 2024 gi ein inntektsauke på 268966kr.

Aukra idrettshall og aktivitetshus - vidare utgreiing og planlegging

Vidare utgreiing og planlegging av Aukra idrettshall - auke i budsjett med kr. 300 000.

Tiltak låg opprinnelig med forslag om kr. 200 000 i 2024, dette blir no auka til totalt kr. 500 000.

Beskriving frå opprinneleg tiltak:

I budsjett 2022 vart det sett av midlar til utgreiing kring Gossen idrettsslag si henvending om støtte til finansiering av prosjektet ny idrettshall. Arbeidet vart starta opp, men er enno ikkje ferdigstilt. Det er gjort ei utgreiing av ulike finansieringsmodellar, utan at dette har gjeve svar og avklaring på alle spørsmål som denne henvendinga løfter. Administrasjonen er og kjent med at det i tida etter har vore endringar i premissane som låg til grunn for prosjektplanen. Det har mellom anna vore ei vesentleg auke av byggekostnader i perioda.

Vidare utgreiing og avklaring knytt til denne henvendinga bør gjerast og det blir derfor bede om ei løyving til dette arbeidet.

Kryssløsning i Julsundet

Utredning av kryssløsning Julsundet: utredning av kostnader knytt til planlegging, prosjektering og bygging. Det skal også leggast fram ei plan for kostnadsfordeling knytt til heile prosjektet.

Pilotprosjekt veterinærtenesta

Bakgrunn og grunngeving for pilotprosjektet

I fleire område i Møre og Romsdal er det utfordringar med tilgang på veterinærtenester. Kommunane har ei lovpålagt plikt til å sørge for tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell, og for å organisere veterinærvakt. Det er krav til spesialisert kompetanse og utstyr for å tilby tenester på mange ulike veterinærfaglege område; produksjonsdyr, inseminering, hest, kjæledyr, røntgen, operasjon og smittevern. Kommunane melder om utfordringar med å rekruttere veterinærar og vikarar til den kliniske veterinærvakta. Mange kommunar slit også med å rekruttere veterinærar til produksjonsdyrpraksis på dagtid, samt å ha tilgang på akuttbehandling av kjæledyr utanfor vanleg arbeidstid. Dei fleste smådyrklippkane i fylket har ikkje eiga vaktordning, men akuttbehandling for kjæledyr er også ein del av den kommunalt organiserte vaktordninga. Utfordringane er difor mangespektra; det manglar nok personell, nok personell med rett kompetanse til alle fagområda, og nok personell med utstyr til å utføre alle dei spesialiserte fagoppgåvene samfunnet etterspør. Årsaka til at det ikkje er nok tilgang på personell er at det ikkje er næringsgrunnlag for fleire veterinærar til å drive med sal av veterinærfaglege tenester i vaktområda i dag. Om det er næringsgrunnlag for ein person, eller to personar, manglar det framleis 1-2 personar for å få ei 3-delt eller 4-delt vaktordning. Tilstreккеleg tilgang på veterinærtenester er avgjerande for å ivareta dyrehelse, dyrevelferd og mattryggleik, og for at vi kan ha eit aktivt landbruk i heile landet.

Planleggingsmidlar til legging av tartandekke

Det vert sett av midlar i 2024 til planlegging og førebuing av legging av tertandekke.

Reguleringsplan Nautneset

Reguleringsplan for Nautneset er ei prioritert plan i planstrategien for Aukra kommune. Dette er eit omfattande arbeid der vi må leige prosess- og reguleringskompetanse. Noko av arbeidet kan vi utføre med eigne tilsette.

Innleige 80-100 timar + gebyr for plansakshandsaming.

Service og driftsavtaler for Aukra kulturhus

Serviceavtaler som :

Ventilasjon, ++ :

Badeanlegg: hev-senk

Amfi i Wicks-salen

Låsesystem i heile bygget

Totalrenovering av kommunal bustad

Det er avdekka eit behov for totalrenovering av ein kommunal bustad. Familien som bur i bustaden må ha midlertidig bustad i perioden.

Utgreiing for betre tilpassa uteområde ved Aukraskolane

Utgreiing for betre tilpassa uteområde ved Aukraskolane: Det skal utarbeidast ei utgreiing av uteområde ved Aukraskolane. Denne skal leggast fram for kommunestyret innan oktober 2024. Utgreiinga skal omfatte bruken av dei eksisterande uteområde ved Aukraskolane, og legge eit grunnlag for betre tilpassing til dei ulike klassetrinna. Utgreiing skal vere basert på brei medverknad med elevar, lærarar, elevråd og FAU. Resultat frå utgreiing skal danne grunnlag for avsetting i budsjett 2025 til formål *Betre uteområde ved Aukraskolane*.

Utgreiing opprusting av Hauglandsvegen

Opprusting av Hauglandsvegen (frå Hauglandskrysset mot flyplassen). Kr. 300 000 avsettast til å utgreie opprusting og asfaltering av denne strekninga.

Utgreiing/avhending formålsbygg

Løyve til miljøkartlegging, kalkyler og førebuing av eventuelle sal av av ASAS-bygget og Aukraheimen. Kommunedirektøren har mynde til å disponere lønsbuffer og er ikkje sak for politisk handsaming. I utmålt ramme er verknad frå sentrale og lokale lønsforhandlingar lagt inn i kvar driftsramme. Bruk og avsetning til lønsbuffer blir i si heilheit ført på sentralt område 89.

Oversikt innmeldte ønska driftstiltak frå einingane som ikkje er prioritert

Tabellen nedanfor viser driftstiltak som einingane/avdelingane meldte inn som ønske i budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027, men som ikkje er prioritert teke med i økonomiplana.

Oversikt nye innmeldte driftstiltak - ikkje tilrådd

Beløp i kroner

Org nivå 2	Tiltak	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027
Julsundet skole	100% stilling som inspektør ved Julsundet skole	1 041 000	1 041 000	1 041 000	1 041 000
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Etablering av ny stilling som næringssjef	933 000	933 000	933 000	933 000
Kultur	Auke i ramme for tilskot til kulturføremål, jfr. møtebehandling i Livsløpsutvalet PS-4/23	250 000	250 000	250 000	250 000
Organisasjonsavdelinga	100% stilling rådgjevar ved Organisasjonsavdelinga	847 000	847 000	847 000	847 000
Tekniske tenester	Aukra idrettshall og aktivitetshus - vidare utgreiing og planlegging	200 000	0	0	0
Totalsum		3 271 000	3 071 000	3 071 000	3 071 000

100% stilling som inspektør ved Julsundet skole

Julsundet skole er en 1-10 skole med ca 250 elever og 50 ansatte. Dagens skoler skal løyse fleire- og mer komplekse oppgåver i dag enn tidlegare. Vi lev i eit samfunn i stadig endring og også skolen og skolens drift må tilpassas det som moderne samfunn etterspør. Skolen har i dag 2 inspektører med mellom 20-40 % undervisning i stillinga si. Den eine inspektøren har ansvar for ungdomssteget og den andre for 1-7 steget. Jeg ser i dag behov for å opprette ein inspektør til slik at 1-7 steget på 2

inspektører. Vi har høg turn-over i leiinga, noko som kan tydst høgt arbeidspres. Førrige rektor har sagt opp, og no også ein av inspektørene. Utllysninga viser at få ynskjer å bli inspektør.

Gossen barne- og ungdomsskole har 3 inspektører, og har hatt det i fleire år. Ei organisering dei er svært nøgde med. I ein liten og gjennomsiiktig kommune er det fort å samanligne seg med kvarandre. Eg ber difor om at det blir tilført midlar til å styrke leiinga ved Julsundet skole slik at vi kan løyse dei utfordringane skolesamfunnet står framfør.

Etablering av ny stilling som nærings sjef

Opprette eiga stilling som nærings sjef i Aukra kommune

I sak PS-45/23 «Vidare oppfølging av strategisk næringsplan» som vart handsama i kommunestyret 5.september 2023 vart det fatta eit tillegg til vedtaket i punkt 3, fyrste kulepunkt om at delar av det vedtekte tilskotet til stimuleringsfondet kunne nyttast til å opprette ei ny stilling som nærings sjef no. Kommunedirektøren skulle legge fram sak i høve årets budsjetthandsaming om oppretting av slik stilling.

Kommunedirektøren har tolka vedtaket slik at vurderinga kunne takast inn i sjølve budsjettokumentet, og fremmar difor ikkje denne saka som ei separat sak. Kommunedirektøren har søkt å vurdere både dei positive og negative sidene med ei slik løysing, og sett forslaget opp mot behovet.

På positiv side:

Ei slik stilling vil gje kommunen auka kapasitet til å jobbe med næringsutvikling. Nærings sjefen ville kunne tatt ansvar for oppgåver som; følge opp den vedtekte næringsplanen, bidra til å koordinera kommunal oppfølging og sjå løysingar der kommunen kan leggja til rette for næringsutvikling, synleggjere næringsarbeidet i kommunen, arbeide aktivt for å få investorar og selskap til å etablere seg i kommunen, og sørgje for gode møte og medverknadsprosessar med næringslivet. I tillegg ville sjølv sagt aktiv støtte, hjelp og rådgjeving til kommunedirektør, kommunal sjef og ordførar i næringsarbeidet og nærings spørsmål vore ei sentral oppgåve. Nærings sjefen ville også fått spesiell fokus på å følge opp ambisjonane «Bringe energi til verda» og «Drive berekraftig bruk og hausting av sjø og sjønært areal», irekna arbeid opp mot Nyhamna, hydrogenfabrikk, spillvarme med vidare, i samarbeid med politisk og administrativ leiing.

På negativ side:

Dei mest opplagde punkta på negativ side er kostnaden med stillinga og at det ville kunne gjere det uklart opp imot oppgåvene til Aukra næringsforum (ANF). Næringslivet/bedriftene sjølv har ikkje bedt om/ønskja ei slik kommunal stilling og såleis ei endra oppgåve/rolleendring mellom næringslivet og kommunen. Behovet for styring av næringsarbeidet frå kommunen si side no, i høve tidlegare, er sikra gjennom utarbeidinga av strategisk næringsplan. Om ein fyrst hadde ein nærings sjef på heiltid ville det også vore naturleg at hen arbeida med næringsfondet, irekna bruk av Stimuleringsfondet. Kommunedirektøren ser at det ville kunne vore utfordrande opp imot «armlengdas» avstand mellom kommunen og næringslivet. Reglane om tilskot og konkurransevidande tiltak vil kunne vere utfordrande å handtere. Den kunne sjølv sagt fortsett kunne ligge hos ANF, men då vil vi til samen bruke meir pengar (ref. neste punkt).

Løysing utan eigen nærings sjef:

Kommunedirektøren vil foreslå at vi fortsett brukar Aukra Næringsforum aktivt som vår «næringsavdeling». I tillegg arbeidar både ordførar, kommunedirektør og kommunal sjef med oppgåver som er sentrale når det gjeld nærings satsing, sjølv om det sjølv sagt berre vil kunne vere ein avgrensa del av deira stillingar. Eit godt samarbeid mellom ANF og Aukra kommune vil være sær viktig. Aukra kommune har ikkje deltaking i styret i næringsforumet, men ordførar er observatør i styret.

Kommunestyret har allereie vedteke store tilskot til ANF i ei 3-årsperiode, med kr. 1,1 million kvart

år (2023-2026). Vi er også kjent med at leiar av ANF, Arnt Sommerlund, frå 1.januar 2024 vil avslutte oppgåva som dagleg leiar av GassROR. Han vil då ha meir kapasitet inn i næringsarbeidet i Aukra. Det forventar kommunedirektøren skal verte positivt. Ikkje minst vil styringa/retninga for næringsarbeidet no vere gitt gjennom strategisk næringsplan.

Kommunedirektøren si innstilling difor på at det ikkje vert opprette ei stilling som næringsssjef. Om det på eit seinare tidspunkt skulle verte aktuelt så meiner kommunedirektøren at det tidlegast kan gjerast ei ny vurdering på det tidspunktet den vedtekte støtta til Aukra Næringsforum er ferdig.

Auke i ramme for tilskot til kulturføremål, jfr. møtebehandling i Livsløpsutvalet PS-4/23

Tiltaket blir fremma med bakgrunn i møtebehandling i livsløpsutvalet, PS-4/23 - Tilskot til kulturføremål.

Livsløpsutvalet sette fram følgjande forslag:

“Grunna gledelig auka aktivitet i ulike kulturføremål, ønskjer livsløp å auke ramma for kulturmidlar frå 550.000,- til kr. 800.000,-.”

100% stilling rådgjevar ved Organisasjonsavdelinga

Avdelinga sine oppgaver og forventninger til oss gjenspeiles ikke i budsjettet. Avdelinga er dimensjonert som en tradisjonell personalavdeling og ikke for å jobbe strategisk, verken for å møte nåværende behov eller ikke minst å ruste oss for framtida.

I ei tid der det nødvendig med stadig endring og omstilling kreves nye måter å organisere og utføre oppgavene på. Vi må skape en kultur for forbedring, innovasjon og omstilling. Her må en jobbe på mange felt og nivå samtidig. Blant annet med HR-strategi/organisasjonsstrategi.

Fraværet er for høgt. Det krever at vi går djupt inn med kompetanse, både med prosess- og strategisk kompetanse på forebyggende tiltak samt på operativt nivå.

Kompass Aukra 2030 og 10-FAKTOR har gitt oss et godt grunnlag å jobbe videre med leder- og medarbeiderutvikling. Flere omfattende tiltak står for tur.

Avdelinga hadde tre medarbeidere. Ei av stillingene var finansiert av rekrutteringsfond og skulle gjøres til fast stilling. Det er vakanse i stillinga.

Vi ber om at budsjettet styrkes med ei stilling fra og med 1. januar 2024.

Aukra idrettshall og aktivitetshus - vidare utgreiing og planlegging

I budsjett 2022 vart det sett av midlar til utgreiing kring Gossen idrettslag si henvending om støtte til finansiering av prosjektet ny idrettshall. Arbeidet vart starta opp, men er enno ikkje ferdigstilt. Det er gjort ei utgreiing av ulike finansieringsmodellar, utan at dette har gjeve svar og avklaring på alle spørsmål som denne henvendinga løfter. Administrasjonen er og kjent med at det i tida etter har vore endringar i premissane som låg til grunn for prosjektplanen. Det har mellom anna vore ei vesentleg auke av byggekostnader i perioda.

Vidare utgreiing og avklaring knytt til denne henvendinga bør gjerast og det blir derfor bede om ei løyving til dette arbeidet.

Kjerringsundet

Politisk har både Fylkestinget og kommunestyre i mars/april handsama og vedteke den såkalla KS2 «Kvalitetssikring av styringsunderlag og kostnadsoverslag for valt prosjektalternativ». Det vart vedteke å arbeide vidare med optimalisering for å redusere risiko og usikkerheit rapporten peikar på. Samstundes vart det vedteke at endeleg vedtak om realisering vil skje etter tilbudsopning av utlyst entrepriser.

Som byggherre har Møre og Romsdal fylkeskommune i 2023 arbeida vidare med kostnads- og risikonedtaking, mellom anna bygd vindmålingsmast på Tangen, gjennomført skipsstøtanalyser, kvalitetssikra tidlegare grunnundersøkingar og optimalisert ytterligare forprosjekt. Aukra

Økonomiplan for 2024-2027

kommunestyre har løyvd 25 mill kr som byggherrekostnader for vidare aktivitet knytt til optimalisering av Kjerringsundsambandet.

I samband med innspel til Nasjonal transportplan ,som skal leggast fram våren 2024, har Aukra kommune vore opptatt av og ført fram argument for omklassifisering av fylkesvegen Kjerringsundet til riksveg. Det er gledeleg å sjå at fylkestinget har støtta dette som innspel til Nasjonal transportplan.

Investeringar i budsjett og økonomiplan

Til grunn for utarbeiding av investeringsbudsjett ligg vedteke revidert økonomiplan 2023 - 2026. I tillegg er alle kjente endringar frå politiske enkeltvedtak teke omsyn til.

Investeringsbudsjettet er fastsett som brutto utgift og inntekt pr. investeringsprosjekt. Brutto utgift vil seie at meirverdiavgift er med som ein del av Investeringsutgifta. Unntak for dette er investeringar innafør det ordinære mva-området (gjeld mellom anna investeringar knytt til vann, avløp og renovasjon). I kommunen sitt økonomireglement er det bestemt at det ved rullering av økonomiplana skal det gjerast ei ny vurdering av det enkelte investeringsprosjekt med omsyn til endring i løns- og prisvekst og konsekvensar for driftsbudsjettet i kommande år. Dette er innarbeidd som endringar i prosjekta sine investeringsutgifter det enkelte år.

Detaljane i investeringsbudsjettet er vist i dei ulike tabellane nedanfor.

Samla oversikt over totale investeringar, korleis desse er finansiert og delar knytt til vidareutlån går fram i tabellen "Oversikt Investering og finansiering"

Investeringstabell for kommunen samla

Andre investeringer

Beløp i 1000

	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	2024	2025	2026	2027	2024-27
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga					
ROR-IKT investeringar	995	995	995	995	3 980
Rulleringsplan for elevPC i Aukraskolen	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
Rulleringsplan for PC-ar til politikarane	0	0	0	250	250
Sum Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	1 995	1 995	1 995	2 245	8 230
Kultur					
Kommunal eigenandel for spelemidlar	600	600	600	600	2 400
Sum Kultur	600	600	600	600	2 400
Tenester til heimebuande					
Bilar heimetenester	1 780	300	350	350	2 780
Sum Tenester til heimebuande	1 780	300	350	350	2 780
Tekniske tenester					

Økonomiplan for 2024-2027

Bytte av arbeidsbilar	550	545	625	650	2 370
Felles toppsystem alle kommunale bygg	1 360	0	0	0	1 360
Fjellbrønner Julsundet skole	1 000	0	0	0	1 000
Foldedør Bergetippen - NY	110	0	0	0	110
Frilidrettsbane med tartandekke på Riksfjord stadion - NY	0	4 500	0	0	4 500
Gang- og sykkelveg Småge - Smågetoppen	0	0	0	5 000	5 000
Kjøleanlegg Julsundet	600	0	0	0	600
Meiropent bibliotek -NY	550	0	0	0	550
Ombygging av Bergland	16 420	0	0	0	16 420
Oppgradering av garderobesbrannstasjon	7 165	0	0	0	7 165
Pumpe for trykkauke i omsorgssenteret- NY	100	0	0	0	100
Pumptrack Julsundet	4 500	0	0	0	4 500
Pumptrack på GBU - NY	0	0	1 000	0	1 000
Spyleplass ved Riksfjord stadion - NY	500	0	0	0	500
Tilpassingar til fjernvarme i kommunehuset	5 750	0	0	0	5 750
Tiltak på spredning av granulat fra Riksfjord stadion	119	0	0	0	119
To forsterka bustader	0	4 000	0	0	4 000
Veg og industriareal på fastlandet	6 100	4 200	0	0	10 300
Sum Tekniske tenester	44 824	13 245	1 625	5 650	65 344
Sentrale ansvar					
'Buffer' investeringsutgifter	0	15 000	24 000	20 000	59 000
Kjøp av fin.anl.midler	900	900	900	900	3 600
Sum Sentrale ansvar	900	15 900	24 900	20 900	62 600
Sum	50 099	32 040	29 470	29 745	141 354

Selvkost

Beløp i 1000

	Økonomiplan				Sum
	2024	2025	2026	2027	
Investeringsprosjekter					
Tekniske tenester					
Generelle investeringar avløp	780	800	600	600	2 780
Generelle investeringar vatn	610	625	600	600	2 435
Tiltak i hovedplan avløp	11 190	3 300	3 300	2 200	19 990
Tiltak i hovedplan vatn	5 900	0	4 000	0	9 900
VA Fanghol bustadområde	0	2 500	0	0	2 500
Sum Tekniske tenester	18 480	7 225	8 500	3 400	37 605
Sum	18 480	7 225	8 500	3 400	37 605

Andre investeringer

Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga

ROR-IKT investeringar

Aukra kommune sin del av ROR-IKT sine investeringar

Rulleringsplan for elevPC i Aukraskolen

Rulleringsplanen er slik: Elevar som startar i 1. klasse får utdelt nettbrett som dei skal bruke i perioden 1. til 4. trinn. Elevar som startar i 8. klasse får utdelt PC som dei skal bruke i perioden 8. til 10. trinn. Elevane i 5. klasse tek over PC-ane som 10. trinn har brukt og i tillegg blir det supplert med nye PC-ar ved behov.

Rulleringsplan for PC-ar til politikarane

Det er vedteke at politikarane skal ha nettbrett. Nettbretta vert skifta ut ved nytt kommunestyret

Kultur

Kommunal eigenandel for spelemidler

Kommunal eigenandel ved spelemiddelsøknader: Ved søknad om spelemidler kan ein søkje om tilskot på inntil 50 % av godkjent kostnad. Grunnlaget for tilskot til nærmiljøanlegg er frå 2015 auka til kr. 600 000,-. Maksimalt tilskot per anleggseining er kr. 300 000. Eigendelen er knytt opp mot vedteken handlingsplan i plan for idrett, aktivitet og friluftsliv.

Tenester til heimebuande

Bilar heimetenester

Utskifting av bilar til heimetenesta i høve plan.

Eininga har ein langsiktig plan for utskifting av bilparken, som inneber å skifte om lag ein bil kvart år og da har vi bilene i minimum 10 år. Investeringskostnadane vil variere avhengig av kva behov eininga har for størrelse og trekk kraft. Det er ei overordna målsetting å skifte til miljøvenlege bilar og i all hovudsak elbil. Det ligger Kr 300 000,- i 2024. Enkelte år blir det planlagt å skifte to bilar som i 2023, i tillegg til hjelpemiddelbilen som var planlagt i 2022. Disse bilar er bestilt i 2023, men levering blir ikkje før 2024. Ramme for 2023 (Kr 1 480 000,-) var derfor flyttet fra 2023 til 2024 i Økonomirapportering og budsjettkorrigering pr. 31.08.2023.

Tekniske tenester

Bytte av arbeidsbilar

Bilane til Tekniske tenester har ein høg gjennomsnittsalder, og kostnadar til drift og vedlikehald har dei siste åra vore høge. Den eldste bilen er frå 2006. Vi har eit mål om at bilane skal ha ein god standard og vere av ei utforming som gjer det trygt og effektivt for våre tilsette å vere i beredskap til ei kvar tid. Fleire av bilane vil bli mellom 20 og 25 år i løpet av dei neste 10 åra, slik at det er viktig at ein startar utskifting og kan fordele dette over fleire år. Elektriske bilar vert vurdert.

Felles toppsystem alle kommunale bygg

Alle nye kommunale bygg er tilrettelagt for eit sentralt driftsanlegg (toppsystem). Det står igjen klargjering av nokre eldre bygg. Dette gjer at dei tekniske anlegga kan overvakast og til dels driftast via nettet og medføre at personell ikkje behøver å reise til bygga for å justere det tekniske anlegget. Gjennom eit samarbeid med Molde Eigedom KF er dei tekniske anlegga tilrettelagt basert på deira krav. I 2023 vart SD-anlegget for energisentralen oppdatert og Bergetippen vert oppdatert i 2024. Planen er å knyte saman alle bygga i i felles system i løpet av 2024.

Fjellbrønnar Julsundet skole

Delar av Julsundet skole har framleis elektrisitet som energikjelde til oppvarming. Det er planlagt å bore fleire fjellbrønnar slik at heile skolen nyttar fornybar energi til oppvarming.

Foldedør Bergetippen - NY

Avdeling Nisseberget, bygd i 2014 har eit stort opphaldsrom. Det er behov for å dele rommet i perioder i løpet av dagen for barn med behov for spesialpedagogisk hjelp, barn som treng søvn/kvile, eller høve til å dele barna inn i mindre grupper. Vi har hatt kontakt med leverandør og fått ei anbefaling. Det er viktig med tilstrekkelig oppheng i taket, og eigedomsavdelinga i kommunen har

saman med tømmer vurdert kva jobb som må gjerast i forkant for å forsterke opphenget til døren/veggen.

Friidrettsbane med tartandekke på Riksfjord stadion - NY

Fra handlingsprogrammet for idrettsanlegg i november 2022 (spillemidler):

Prioritet 3 – Friidrettsdekke er et prosjekt som vil gi Aukra kommune et basisanlegg for friidrett, med sprintbaner, løpebaner, lengde grop, kulekast og høyde. I tillegg vil fast dekke ved kunstgressbanen gjøre at man får lagt til rette for granulat oppsamling. På denne måten vil anlegget utgjøre 2 funksjoner, en for idretten og en for ytre miljøet. Aukra Idrettsråd mener at Aukra kommune må budsjettere for denne anleggsutviklingen og realisere prosjektet i budsjett 2023. Anlegget må inn i listen for å være spillemiddel berettiget. Anlegget ligger inne i handlingsprogrammet for 2023.

Grov kalkylen for prosjektet som er foreløpig og usikker.

Gang- og sykkelveg Småge - Smågetoppen

Prosjektet gjeld gang- og sykkelveg med veglys på ca. 1100 meter. Tiltaket er prioritert i Trafikktryggingssplana 2019-2023. Terrenget er svært utfordrande. Om ein legg gang- og sykkelvegen på sørsida av vegen, viste ei svært usikker kalkyle ein kostnad på om nær 17 millionar kroner i 2024. Då kommunen var i kontakt med Statens Vegvesen om gangvegen under arbeidet med kommuneplanen for nokre år sidan, var SVV skeptisk til å legg gangvegen på sørsida. Planlegging og regulering er foreslått i 2022, og ei eventuell detaljprosjektering i 2023. Ein vil då få ei vurdering på om dette er let seg gjennomføre, og i tilfelle ja, ei sikrere kalkyle.

Kjøleanlegg Julsundet

Ved bygging av Julsundet skule, vart kjøling av ventilasjonsluft tatt ut av budsjettet. Det viser seg likevel at det er eit stort behov for dette på sommarstid.

Her er det mogleg å bruke væske frå brønnparken som kjøling. Det trengs ei ombygging av ventilasjonsaggregat, og bygging av ein kjølesentral på teknisk rom. Når dette er bygd, har vi «gratis» kjøling av bygget.

Kulturhus og basseng

I søknad datert 14 desember 2021 vart det søkt om tilskot til etablering av Basseng og Bygningsmasse. Møre og Romsdals fylkeskommune har i sitt svar signalisert at totalt godkjent søknadsbeløp for Aukra kommune er 18,2 mill. kroner.

I 2022 vart kommunen tildelt 6,1 mill kroner av årets pott. Desse er mottekne utbetalt i 2023. Vidare er vi i 2023 informert om at vi er tildelt 6 mill. kroner av rest godkjent søknadsbeløp med 12,1 mill. kroner. Beløpet vil bli anmoda utbetalt i 2023. Rest til gode av godkjent søknadsbeløp er då 6,1 mill. kroner. Dette er lagt inn som forventta utbetalt tilskot i 2024.

Meiropent bibliotek -NY

Programvare og utstyr for å kunne innføre meiropent bibliotek vart opprinneleg lagt inn i kulturhusprosjektet. Denne investeringa har vore utsatt gong på gong da det har vore andre anskaffingar som har vore prioritert i forhold til både teknisk og funksjonell drift av huset. Det har i heile prosjektperioden for kulturhuset vore meininga at kommunen etter opninga av det nye biblioteket skulle tilby innbyggjarane eit meiropent bibliotek. Denne investeringar vert difor foreslått inn i budsjett 2024.

Ombygging av Bergland

Tenester for heimebuande disponerer 20 heildøgns omsorgsbustader, og ein ser at i halvparten av desse bustadane bur det personar som har utfordringar med psykiske lidningar og utryggleik, samt demenssjukdom. Dei er ikkje veldig fysisk svekka og det gjer at det vert lite turn-over mellom

bebuarane, slik at det vert lite sirkulasjon på bustader i heildøgns omsorg på Aukra Omsorgssenter. Fleire av personane kunne budd i mindre bufellesskap med oppfølging av heimesjukepleie på enkeltvedtak, og individuell tilpassa hjelp frå assistent. Dette gjeld særleg personar som får tidleg demens og personar med psykiske lidingar, då desse har utfordringar med å bu aleine grunna utryggleik. Bergland består av 5 bueingar. Ein ønskjer å lage eit bufellesskap med 4 bueingar med eit fellesareal og ei base for tilsette, som ved behov kan bemannast heile døgnet i dei periodane det er naudsynt.

Husbanken har gjeve tilsegn om tilskot til bygging av Bergland bufellesskap med 6,4 mill. kroner. Tilskotet blir gjeve til 4 omsorgsbustader, kor 4 utgjer netto tilvekst. Anmodning om utbetaling av tilskotet skal være framsett seinast innan januar 2025. I motsett fall faller retten til tilskotet bort i sin helhet uten forutgående varsel.

Oppgradering av garderober brannstasjon

Tiltak for å skilje rein og skitten sone for brannmannskap. Nordmøre og Romsdal Brann IKS leiger lokale av kommunen og dei er representert under planlegging av prosjektet. Arbeidstilsynet sine krav er delt løysing for damer og herrar for tiltaket. Dette medførte ei vesentleg arealauke for prosjektet i forhold til det som var meldt inn i budsjett 2022. Delar av eksisterande energisentral skal nyttast og dette arealet er bygd om. Bygget skal takast over i februar 2024.

Vedtatt Kostnadsramme økt i april 2024 fra 16,1 mill kr til 20, 8 mill. kr inkl mva (PS - 18/23).

Prosjektet blir ført med ordinær mva, og ikkje kompensasjon, og dermed skal totalt budsjett i investeringsregnskap vise kostnadsramme **ekskl. mva**. Dette er berekna ut til **kr 16 969 439,-**. Beløpet lagd inn i budsjett 2024 samsvarer restbeløp på kostnadsramme.

Pumpe for trykkauke i omsorgssenteret- NY

Trykk under 4 bar gjer at vasstrykket i Aukra omsorgssenter er for dårleg. Dette merkast spesielt i 2. og 3. etasje og i produksjonskjøkkenet.

Pumptrack Julsundet

Kommunestyre har vedtatt bygging av pumptrack/skatebane ved Julsundet skole. Det er avgjort kvar banen skal leggst. Dette inneber flytting av ballbingen noko som medfører ekstrakostnader. Det vert utarbeidd ei kalkyle for heile prosjektet i 2023. Etter dette vil ein vite meir nøyaktig kva prosjektet vil koste. I budsjettet er det tatt høgde for prisregulering og tillegg for prosjektering av overvatn som viser seg er nødvendig for aktuell tomt.

Spyleplass ved Riksfjord stadion - NY

Det er strenge krav til oppsamling og handtering av granulat ved kunstgrasbanar. Riksfjord stadion manglar ein spyleplass for vedlikehaldsutstyr. Denne er planlagt nord for banen i same område som GIL må sette opp eit bygge nytt lager for traktoren.

Tilpassingar til fjernvarme i kommunehuset

Prosjektet gjeld ombygging av ventilasjonsaggregatet i kommunehuset for å tilpasse det til anna temperatur frå energisentralen, infrastruktur frå inntak og inn i huset, og kjøp og montering av nye radiatorar med individuell styring i kvart kontor.

Det var i 2015 utarbeidd ei kartlegging av nødvendig ombyggingsarbeid for tilpassing til fjernvarme. Vi har nå fått ei ny kalkyle, der vi vert anbefalt: bytte av varmtvasstank til ny med forvarming frå fjernvarmen (må byttast med tanke på alder), ny varmesentral med ny automatikk og mengderegulerte pumper, nytt ventilasjonsaggregat med roterande gjenvinnar som vil auke verkningsgraden frå ca. 50% til 85% (alder og ombyggingskostnad for kjøling tilseier også at aggregatet bør byttast), legge inn kjøling frå brønnparken, og fjerne kjølekompressorar som står på taket. Det er også laga ein opsjon på romkontroll som inkluderer styring av sonespjeld for ventilasjon, temperaturmåling og temperaturstyring på romnivå, tilretteleging for lysstyring og

klargjering for tilkopling til SD-anlegg/toppsystem. Kommunehuset nærmar seg 25 år gammalt, og har store behov for oppgraderingar av det tekniske anlegget.

Tiltak på spredning av granulat fra Riksfjord stadion

Regjeringa vedtok i 2021 eit nytt kapittel i forurensingsforskrifta, kapittel 23A, som omhandlar bruk av laust plasthaldig fyllmateriale (granulat) i kunstgrasbanar. I hovudsak handlar forskrifta om tiltak for å hindre at granulat havnar i naturen. Forskrifta, som trådte i kraft 1. juli 2021: §23A-4 t.o.m §23A-9, forklarar kva krav som stilles til anlegga.

Sluser med rister, børster, skilt for brukarar, korrekt køyretøy/utstyr

Granulatrister/filter i kummar

Informasjonsplikt

Kunnskap og dokumentasjonsplikt

Handtering av oppsamla granulat på eller utanfor banen, inkl samle opp granulat som ligga utanfor banen

Ved renovering eller nybygg vert det krav om fysiske barrierar rundt banen og substitusjonsplikt . Aukra kommune er eigar av kunstgrasbanen på Riksfjord og arbeider med forsvarleg handtering av granulat. I 2022 vart granulat kring banen samla opp, det vart satt opp skilt, installert granulatrister, spelarstasjonar og filter i kummer. I 2024 er det planlagt å lage snødeponi og spyleplass med fast dekke. Denne er planlagt nord for banen i same område som GIL må sette opp eit bygge nytt lager for traktoren.

To forsterka bustader

Totalt	1 259 260 465	1 451 415 275	1 649 184 900	1 857 413 020

Økonomiplan for 2024-2027

i prosent av sum driftsinntekter	180 %	208 %	237 %	269 %
----------------------------------	-------	-------	-------	-------

Mål i vurderinga av økonomisk nivå 2024 - 2027 reknast som eit snitt for desse fire åra, 224 prosent.

Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter



Tabell	KOSTRA 2019	KOSTRA 2020	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	Budsjett 2023	Økplan 2024	Økplan 2025	Økplan 2026	Økplan 2027
Aukra kommune	0,0 %	3,3 %	3,1 %	10,4 %	-1,4 %	1,4 %	-0,1 %	-1,0 %	-2,1 %

Aukra kommune har ikkje vedtekne finansielle måltal for netto finans og avdrag i prosent av brutto driftsinntekter.

Sjølv om det er ei auke i rentenivå fører utvida avdragstid, budsjetterte store gevinstar ved forvaltninga av den langsiktige finansielle driftsmidla til reduksjon i nøkkeltala frå 2023. Det er viktig å vere merksam på at desse måltala er sterkt påverka av budsjettert forventning til avkastning på finansielle omløpsmidlar, i 2024 er denne fastsett til 50,3 mill. kroner og ved utgangen av 2027 til 74 mill. kroner. Ved oppstart av prosjekt og overføring av oppsparte midlar til finansiering, vil desse verknaden av desse reduserast vesentleg og fjernast.

Ser ein isolert på renteutgifter aukar desse frå 2022, før utviding av avdragstid og auke i rentenivå, frå 14,9 mill. kroner til 36,7 mill. kroner i 2024.

Vurdering av den økonomiske utviklinga

Beløp i 1000

	Budsjett 2023	Økonomiplan			
		2024	2025	2026	2027
Sum inntekter	-674 463	-698 109	-696 491	-694 141	-687 805
Sum utgifter	545 938	581 530	554 735	556 397	565 540
Brutto resultat	-128 526	-116 579	-141 756	-137 743	-122 265
Netto finansutgifter og inntekter	21 298	9 976	-683	-6 755	-14 310
Motpost avskrivinger	-51 434	-53 652	-53 651	-52 668	-51 830
Netto resultat	-158 662	-160 254	-196 090	-197 166	-188 405
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	158 662	160 254	196 090	197 166	188 405

Økonomiplan for 2024-2027

Årsresultat	1	-0	-0	-0	-0
Netto resultat i prosent av sum inntekter	23,5 %	23,0 %	28,2 %	28,4 %	27,4 %

I økonomiplan 2024 - 2027 er kommunen i brudd med egne vedtekne finansielle måltal for storleik på netto driftsresultat, og netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter.

Det generelle disposisjonsfondet er godt over måлтаlet på 8 prosent i alle åra, noko som gjev økonomisk og politisk handlingsrom. Kommunen har og slik tryggleik for at behov for auka utgifter knytt til endra premisser i drifta, som ikkje kan dekkast innanfor løyvd driftsramme, kan finansierast.

Det er to usikre faktorar som kan få vesentleg betyding for kommunen sitt framtidige økonomiske handlingsrom. Dette er pågåande rettssak knytt til storleik på eigedomsskatt og forslag om å inkludere 10 prosent av eigedomsskatt og inntekter frå havbruksfondet i systemet for inntektsutjamning. Dette kan få stor innverknad på kommunen sitt økonomiske handlingsrom. Ved utarbeiding av budsjett 2025 og økonomiplan for 2025 -2028, håper ein at dette har funne si avklaring.

Skulle ingen av desse bli ein realitet bør ein frå 2026/2027 vurdere å finansiere noko av kommunen sine investeringar gjennom bruk av eigenfinansiering (bruk av det generelle disposisjonsfond) i staden for ved nye låneopptak. Dette vil sikre større tryggleik for å ivareta ei berekraftig økonomisk utvikling til det beste for seinare generasjonar.

Kommunen sine ramme- og tenesteområde

Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga

Omtale av tenesteområdet

Ramme 10.1 består av kommunedirektør, kommunalsjef drift og kommunalsjef plan og utvikling, politisk leiing og serviceavdeling. Serviceavdelinga er ein av stabs- og støttefunksjonane i kommunen med til saman 3,9 årsverk. Per 01.01.24 er 1 årsverk i vakanse.

Avdelinga yt tenester til politiske organ, og kommunedirektøren, og har ein rådgjevande funksjon ut mot einingane. Avdelinga yt òg tenester til innbyggjarane. Avdelinga har mellom anna desse oppgåvene:

- Felles postmottak.
- Ekspedisjon og sentralbord.
- Politisk sekretariat.
- Valansvarleg for kommunestyre- og stortingsval.
- Overordna dokumentasjons- og arkivansvar for organisasjonen.
- Kommunikasjonsavdeling
- Informasjonssikkerheit- og personvern: Overordna ansvar for fag, samt rolla informasjonssikkerheitsleiar.
- Systemeigar og administratorar for fleire fagsystem
- Sosiale tenester: Ansvar for startlån, bustønad, parkeringsløyve og drosjekort.
- Digitalisering.
- Funksjonar innanfor IKT-samarbeidet som bestillarrolle, deltaking i faggrupper og arbeidsgrupper.

Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

Dei fleste oppgåvene som ligg til serviceavdelinga handlar i stor grad om informasjon og kommunikasjon på ulike nivå. Derfor er også ein del utfordringar knytt til dette området.

Kommunikasjon og informasjon

Kommunikasjons straegien inneheld ein del mål og tiltak som skal etterlevast i heile organisasjonen. Fleire av måla jobbar kommunikasjonsavdelinga aktivt med i dag, men det er også viktig at heile organisasjonen jobbar mot dei same måla. Kommunen sin hovudkanal for informasjon til innbyggjarane og andre interessentar, er heimesida. I hovudsak skal all informasjon starte der. I tillegg brukar kommunen aktivt Instagram, Facebook og LinkedIn i sin kommunikasjon. Det er viktig å nå så mange brukargrupper som mogleg med informasjonen, og då må kommunen ta i bruk mange forskjellige kanalar.

Digitalisering og digital transformasjon

Aukra kommune har vore ein aktiv bidragsytar i arbeidet med å utforme Strategi for digital transformasjon for eigarkommunane i ROR-IKT. Strategien gjeld for perioden 2022-2029 og set retninga for arbeidet med digitalisering i eigarkommunane.

Strategien vil innebere omfattande endringar med mål om betre brukaropplevingar og smartare og meir effektiv oppgaveløysing. Ei slik tilnærming kan føre til at organisasjonen må endrast, ansvar blir flytta eller prosessar må designast på nytt. Det handlar like mykje om endringsleiing, kompetanse- og organisasjonsutvikling og forvaltingsutvikling som teknologi.

Kommunane i ROR-IKT samarbeidet skal auke evna si til å jobbe smidig og innovativt slik at nye arbeidsmåtar og prosessar kan takast i bruk. Digitaliseringsarbeidet handlar ikkje lenger berre om kva vi skal digitalisere, men om korleis digitalisering kan skape innovasjon og føre til effektivisering.

Digitalt utanforskap

Kommunen har sidan hausten 2022, jobba aktivt med førebygging av digitalt utanforskap blant eldre. I samarbeid med pensjonistlaget har det vore tilbod om digital kafé frå hausten 2022, med påfølgjande samlingar vår og haust 2023. Målet er at innbyggjarane skal ha tilbod om digital kafé i åra som kjem.

Kommunen iverksette hausten 2023 eit nytt tilbod for digital hjelp på biblioteket. Kommunen vil ta med seg erfaringane frå biblioteket i den vidare planlegginga i 2024.

Universell utforming

Universell utforming bygger på tanken om at tenester skal vere tilgjengelege for alle, uavhengig av alder, funksjonsevne og utdanningsnivå. Når tenestene ikkje er tilgjengeleg for alle, er dette med på å utvikle digitalt utanforskap.

Alle offentlege nettsider og appar skal ha ei tilgjengelegheitserklæring. Tilgjengelegheitserklæringa hjelper verksemdene med å få oversikt over status og gir brukarane av løysingane moglegheit for å gi tilbakemelding når nettsida eller appen ikkje fungerer for dei. Dei fleste nettstadane oppfyller ikkje krava til tilgjengelegheit fullt ut, så dette er noko kommunen må jobbe vidare med saman med leverandørane.

Elektroniske dokument skal også fylle krava til universell utforming. Kommunen skal derfor gjennomføre opplæring av saksbehandlarar om korleis utforme dokument i tråd med krav til universell utforming.

Dokumentasjonsforvaltning

Målet var at bevarings- og kassasjonsplanen skulle bli ferdigstilt og vedteken politisk hausten 2023. Grunna kapasitetsutfordringar er dette utsett til 1. halvår 2024. Eit av måla til arkivplana er å sikre at kommunen har ein tilfredsstillande dokumentfangst etter gjeldande regelverk. Dette på grunn av at kommunen skal kunne ha tilgang til viktig informasjon for ettertida.

Fleire fagsystem som kommunen brukar, har eigen modul for "oppbevaring" av dokument. Desse systema er ikkje godkjent som arkiv. Organisasjonen er derfor avhengig av at leiar sikrar at arkivverdige dokumentasjon blir overført til sak- og arkivsystemet, jf. arkivloven.

Personvern og informasjonssikkerheit

Kommunen har jobba systematisk med opplæring av tilsette og anna oppgåveløysing i tråd med GDPR-regelverket. Ansvar for å sikre personvernet til tilsette, elevar, bebuarar og andre brukarar av tenestene til kommunen, er delegert til einingsleiarane. Det same gjeld opplæring av nytilsette. Kommunen har eit spesielt ansvar for å ta i vare personvernet til barn og unge. Skolen må spesielt ha fokus på appar og fagsystem som blir brukt til undervisning, tilfredsstillende krava til GDPR.

Ved innføring av nye system og nye måtar å løyse oppgåvene på, har kommunen eit ansvar å sikre at krava til personvern og informasjonssikkerheit blir tatt i vare, både for tilsette og innbyggjarane.

Kommunen må framleis ha fokus på personvern og informasjonssikkerheit i alle ledd i oppgåveløysinga.

Utfordringar og tiltak for kommande år

Universell utforming

Avdelinga skal gjennomføre opplæring av tilsette om universell utforming. Dette for å sikre at ulike dokument som brev og planverk blir utarbeidde i tråd med krava til Forskrift om universell utforming av IKT-løsningar. Det er eit krav om at elektroniske dokument, t.d. brev sendt til innbyggjarar elektronisk eller dokument på heimesida som t.d. politiske saker og plandokument, skal følgje denne forskrifta.

Tilbod om digital kafe og digital hjelp til innbyggjarar

Halde fram med tilbodet digital kafé og vurdere vidareføring av prosjektet om "digital hjelp på biblioteket", som er eit drop-inn tilbod.

Opplæring i bruk av fagsystem

Avdelinga tilbyr opplæring i bruk av fagsystem både til tilsette og andre som har behov for dette. Det blir fortløpande vurdert om avdelinga skal tilby opplæring gjennom webinar. Dette er avhengig av avdelinga sin kapasitet.

Personvern og informasjonssikkerheit

Kommunen skal sikre at nytilsette får opplæring i dette temaet og at dei gjennomfører KS sin kurspakke. Informasjonssikkerheitsleiar må bli involvert i prosjekt som t.d. innføring av nye fagsystem for å sikre at personvern og informasjonssikkerheit blir ivaretatt.

Dokumentasjonsforvaltning

Arkivleiar må bli involvert i prosjekt som t.d. innføring av nye fagsystem for å sikre at krav til dokumentasjonsforvaltning blir ivaretatt. Bevarings- og kassasjonsplana skal opp til politisk behandling 1. halvår 2024.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Opprinnelig budsjett	25 360	25 360	25 360	25 360
Sum Vedtak forrige periode	-225	56	-1 322	-1 322
Sum Budsjettendring i år	282	282	282	282
Konsekvensjusteringer	57	338	-1 040	-1 040
Konsekvensjustert ramme	25 417	25 698	24 320	24 320
Politisk vedtak				
Grendeutval – driftsmidler	10	10	10	10
Sum Politisk vedtak	10	10	10	10
Innsparingstiltak				
Færre politiske møte - tiltak 39	-260	-260	-260	-260
Kompass – Tilsettsamling	-50	-50	-50	-50
Møtegodtgjersle - tiltak 70	-100	-100	-100	-100
Sum Innsparingstiltak	-410	-410	-410	-410
Nye tiltak				
Auke i driftstilskot for Kriesenteret	120	120	120	120
Auke i ramme til kontrollutvalet	30	30	30	30
Aukra 2030 - strategisk næringsplan (PS-43/23) - nye møteplassar som understøtter næringsssatsing	500	0	0	0
Aukra 2030 - strategisk næringsplan (PS-43/23) - næringskonferanse 2024	200	0	0	0
Aukra 2030 - strategisk næringsplan (PS-43/23) - offentleg/privat samarbeid om bustadbygging	100	0	0	0
Aukra 2030 - strategisk næringsplan (PS-43/23) - Tilskot til stimuleringsfondet	4 000	0	0	0
Aukra 2030 - strategisk næringsplan (PS-43/23) - Treff for ungdom	50	0	0	0
Kontigent ROR-IKT	-181	166	462	769
Korrigerings av manglande valutgifter	-280	280	-280	280
Nødmeldeavgift	262	363	365	369
Sum Nye tiltak	4 801	959	697	1 568
Nye tiltak og realendringer	4 401	559	297	1 168
Ramme 2024-2027	29 818	26 257	24 617	25 488

Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Mål 2024	Mål 2025	Mål 2026	Mål 2027
1.3 Vidareutvikle infrastruktur	Halde fram arbeidet med å gi Gossen fastlandssamband	Årleg avsetjing til fond for fastlandsløysing i tråd med politisk vedtak	100 000 000	100 000 000	100 000 000	100 000 000
4.2 Kommunen sine "nye" innbyggjarar frå Orten skal føle seg velkomne	Sikre gode og likeverdige tenester					
5.1 Brukarorienterte, digitale løysingar til innbyggjarar, næringsliv og tilsette	Digitale løysingar skal gje ein heilskapleg brukaroppleving, følgje krava om universell utforming og ha eit klart og godt språk	Universell utforming	0	0	0	0
	Kommunen skal legge til rette for deltaking i digital oppgåveløysing på tvers av kommunegrensar					
	Personvern og informasjonssikkerheit skal takast i vare på alle område	Opplæring av tilsette	0	0	0	0
5.2 Tilstreккеleg digital kompetanse blant tilsette og innbyggjarar	Kommunen skal hjelpe innbyggjarane til å finne fram til og bruke digitale tenester	Tilbod om digital kafé og anna digital hjelp	2	0	0	0

Tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å forstå samanhengen mellom tenesteutvikling og digitalisering	Opplæring i bruk av fagsystem	0	0	0	0
--	-------------------------------	---	---	---	---

Økonomiavdelinga

Omtale av tenesteområdet

Avdelinga har fagleg ansvar for økonomi, løn, innkrevjing, innkjøp og finansforvaltning. Innanfor desse områda skal avdelinga yte god fagleg bistand til einingane og utarbeide forsvarlege grunnlag for administrativ og politisk leiing sine vedtak.

Vidare har avdelinga ansvar for prosess og utarbeiding av budsjett og økonomiplan med handlingsdel og årsrapport, og drift- og system-ansvar for kommunen sitt overordna virksomhetsstyringsverktøy, Framsikt og kommunen sitt ERP system Visma Enterprise. Avdeling yter juridisk bistand til heile organisasjonen.

Avdelinga er kommunen sitt eigedomsskattekontor med ansvar for det administrative arbeidet knytt til taksering av skatteobjekta og utskriving av eigedomsskatt.

Avdelinga har 8 tilsette i 7,8 årsverk.

Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

Kommunelova, av 22 juni 2018, sine føresegner kring rekneskap og budsjett m.m. legg føringar for løysinga av avdelinga sine oppgåver. I lova er det lagt sterk vekt på ei forsvarleg langsiktig økonomistyring, og det blir stilt krav om handlingsreglar og økonomiske måltal.

Avdelinga har kontinuerleg fokus på at organisering og fordeling av oppgåver slik at desse har ein god samanheng. Slik kan vi og trygge mest mogeleg at desse kan bli tekne i vare ved fråvær eller endring av medarbeidarar på avdelinga. Vidare er det fokus på styrking av dei tilsette si kompetanse, slik at dei opplever å vere autonome medarbeidarar med stor tru på meistring og høg motivasjon for å løyse avdelinga sine oppgåver.

Avdelinga fortsett arbeidet med kontinuerleg å halde seg oppdatert på digitale løysingar som kan gjere arbeids-kvardagen vår meir effektiv og medverke til betre kvalitet. Dette gjeld både for egne interne arbeidsprosessar, men og i stor grad for arbeidsprosessane i resten av organisasjonen. Dette tek mykje tid, men vil gje oss gevinst i enden.

Nye og fleire digitale system fordrar kontinuerleg kvalitet på tilgangstyringar, elektronisk saksgang samt integrasjon mellom ulike fag og økonomisystem. Svikt i desse forhold kan få store konsekvensar som mogleg feilinformasjon til tredjepart, eller at uvedkommande får tilgang til person-sensitive opplysningar. HRM er mastersystem for tilgangsstyring og tilsette på løn har ansvaret for oppdatering og kvalitetssikring kring dette. I 2023 har avdelinga hatt oppgåver og delteke i arbeidet kring tilgangsstyringa i Helseplattforma.

Avdelinga har i første halvår 2023 hatt vakante stillingar. Tilsetting er no gjort og avdelinga har pr. no to tilsette under opplæring. Vidare er det motteke oppseiing av tilsett på løn som frå 1. desember ønskjer å gå over til tilvære som pensjonist. Denne stilling vil bli halden vakant inntil kommunedirektøren si gjennomgang av intern organisering er ferdig og ein har eit oppdatert grunnlag å vurdere dette på.

Samtidig har og avdelinga opplevd ei auka oppgåvemengde etter opning av kulturhus og etableringa av aktiviteten i dette. Fleire daglege oppgåver, avstemming av betalingsløyisingar og mellomoppgjer med eksterne aktørar som har aktivitet i huset. I tillegg er det og oppgåver knytt til komplekse mva-spørsmål og eventuell justering av denne grunna endring i driftsplan. Dette saman med vakanse har medverka til at avdelinga i 2023 ikkje har fått jobba med etterslepet av forbetring- og utviklingsoppgåver slik som planlagt.

Arbeidet med auka bruk av eHandel, utarbeiding av opplæringsplan, som sikrar systematisk og løpande opplæring av intern organisasjon, og gjennomføringa av denne fortsett i 2024. Ønskje om utarbeiding av intern-kontroll handbok for økonomi-området, etter mal frå lønsområdet, blir og med inn i 2024. Arbeidet med restanser sjukepengekrav har jamlege vore arbeidd med gjennom 2023. Etterslepet var stort og ein har derfor ikkje lykkast i å ferdigstille dette arbeidet. Dette må derfor fortsette i 2024.

Stillinga som advokat har primært fokus på eigedomsskattekontoret sine oppgåver og gjev desse prioritet. Gjennom 2023 har det blitt nytta ressursar til ny allmenn taksering og ikkje minst til oppgåver i samanheng med rettssak på dette området.

Einingar/avdelingar elles har òg støtte i kommunen sin juridiske kompetanse, som er organisert til økonomiavdelinga. Dette gjeld både i samband med enkeltsaker som til dømes klagesaker, men òg knytt til gjennomgang av ulike reglement som ledd i organisasjonsutvikling.

Utfordringar og tiltak for kommande år

Avdelinga må fortsette arbeidet med å kome ájour på oppgåver kring økonomisk internkontroll, GDPR, innkjøp og store refusjonsrestansar med meir.

Årsrekneskapen 2022 vart levert til fastsett frist. Dette er ein klar ambisjon og for årsrekneskapen 2023, men med vakant stilling på løn vil utfordringa med å greie dette i 2024 være større .

Ansvarsområdet offentlege innkjøp er utfordrande å følge opp tilstrekkeleg og god nok måte med avdelinga sine ressursar. Ivaretaking av daglege løpande oppgåver krev prioritet foran dette utviklingsarbeidet.

Det er gjort eit styre-vedtak i ROR-IKT om å etablere opsjon på kjøp av nytt ERP-system (løn/økonomi/personal). Målsetting er at ny avtale skal starte 1.1.2024. Forseinka prosess gjer at dette truleg blir seinare. Utløysinga av opsjon vil medføre mange og nye oppgåver for avdelinga. Nytt system frå anna leverandør vil så langt ein er kjent med frå tilsvarande prosessar medføre omfattande ressursar.

Dersom ein skal kunne delta i utviklinga på ERP-system, og dra nytte av funksjonaliteter og automatiseringar, må endring av system gjerast. Det er i dag i mykje større grad etablert automatisering av arbeidsprosessar og oppgåver, slik at ein både kan jobbe meir effektivt og smartare. Tilsette på avdelinga vil i større og større grad ha controller oppgåver i staden for rutineoppgåver. Dette vil og medføre behov for endra kompetanse på avdelinga. Vakant rådgjevarstilling vart derfor gjeve tydeligare innhald i forhold til dette, og tilsetting som controller er i 2023 gjort.

Fortsatt stor arbeidsmengde, etterslep på utvikling/forbetring og nye ERP system gjer det kritisk å ha tilstrekkeleg og kompetent bemanning tilstades.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Opprinnelig budsjett	9 931	9 931	9 931	9 931
Sum Vedtak forrige periode	0	-2 000	-	-2 000
			2 000	
Sum Budsjettendring i år	1 988	488	488	488
Konsekvensjusteringer	1 988	-1 512	-	-1 512
			1 512	
Konsekvensjustert ramme	11 919	8 419	8 419	8 419
Innsparingstiltak				
Aukra Sokn - revidering av tenesteavtale	-167	-167	-167	-167
Sum Innsparingstiltak	-167	-167	-167	-167
Nye tiltak				
Sum Nye tiltak	0	0	0	0
Nye tiltak og realendringer	-167	-167	-167	-167
Ramme 2024-2027	11 752	8 252	8 252	8 252

Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Mål 2024	Mål 2025	Mål 2026	Mål 2027
5.1 Brukarorienterte, digitale løysingar til innbyggjarar, næringsliv og tilsette	Kommunen skal tilby effektive digitale løysingar som set innbyggjarar og tilsette i stand til å løyse oppgåvene sine og som gir alle brukarane eit digitalt førsteval	Informasjon/moglegheiter som er tilgjengeleg i Minside skal gjerast kjent for innbyggjarane og tilsette via heimeside og andre kommunikasjonskanalar	0	0	0	0
5.2 Tilstreккеleg digital kompetanse blant tilsette og innbyggjarar	Tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å kunne nyttiggjere dei digitale løysingane som kommunen tek i bruk	Revidere og sette i verk årleg opplæringsplan	1	1	1	1
6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar	Medarbeidarane i Aukra kommune har god og rett kompetanse og er positive omdømebyggjarar	Ta inn kompetanseplan i den årlege medarbeidersamtalen	1	1	1	1
		Årlig revidering av kompetanseplan for Økonomiavdelinga	1	1	1	1
	Oppsøker aktivt utdanningsarenaer og jobbmesser	Tal på Økonomiavdelinga si deltaking på eksterne arenaer pr. år	2	2	2	2
	Tek i bruk digitale løysingar etter kvart som dei blir gjort tilgjengeleg	Økonomiavdelinga tek i bruk nye formålstenlege digitale løysingar som kjem gjennom året	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %
8.1 Aukra kommune skal arbeide for å skape gode haldningar og forståing om rett energibruk	Endre haldningar gjennom informasjon og rådgjeving	Økonomiavdelinga sett fokus på eiga dagleg drift, og kva vi kan bidra med for å redusere klimaavtrykket				

Oppdrag

Namn på org.eining	Kategori	Oppdrag	Frist
Aukra kommune	Klima	Alle nyinnkjøpte kommunale tenestebilar skal vere fossilfri	31.12.2027

Organisasjonsavdelinga

Omtale av tenesteområdet

Organisasjons- og personalavdelinga er ein del av kommunedirektøren sin stab. Avdelinga har 2 faste heiltidsstillingar på HR-området. I tillegg har avdelinga hatt ei midlertidig stilling. Denne stillinga skulle gjerast om til fast stilling, men er vakant i påvente av omstillingsprosjekt "Kompass Aukra 2030". Hovudverneombod i 20% er organisatorisk lagt til tenesteområdet.

Primæransvaret for avdelinga er å legge til rette for at leiarar har eit godt grunnlag for å utøve sitt leiaransvar, både strategisk og operativt. Dette gjeld alle områder på heile HR-feltet. Vi skal utvikle og halde vedlike styringsystem og fastsette overordna strategiar og retningslinjer for ein effektiv og samordna organisasjon, mellom anna HR-strategi. Dette blir gjort på bakgrunn av samfunnsdelen av kommuneplanen og i tråd dialog med einingane. Avdelinga bidrar med grunnlagsmaterieil for avgjerdsler for øvste leing. Vi jobbar med leiarutvikling og medarbeidarutvikling. Avdelinga legg til rette for og leiar prosessar i einingane. Vi rettleier leiarane i spørsmål om lov- og avtaleverk. Avdelinga tar i vare partsamarbeid med arbeidstakarorganisasjonane. Avdelinga har ein rolle i arbeidsmiljøutval og saksbehandlar også til andre utval, mellom anna administrasjonsutval.

Avdelinga sett i verk oppgåver initiert av sentrale styresmakter, KS og etter lokale vedtak i politiske utval.

Blant andre oppgåver ligg mellom anna lønsforhandling og andre forhandlingar, rekruttering, HMS og arbeidsnærver.

Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

Vi står overfor gjennomgripande endringar, mellom anna er arbeidslivet i endring. For å møte endringane treng vi ein nyskapande arbeidsgivarpolitikk.

Ein arbeidsgivarpolitikk bidreg til at vi når måla i samfunnsoppdraget. Gjennom ein god strategi skal vi rekruttere, utvikle og behalde kompetente medarbeidarar.

Vi må ha fokus på endring og omstilling der vi vågar å utforske det ukjente og vågar å stå i spenninga mellom det nye og det gamle. Gjennom god leing har vi ei unik moglegheit til å påverke og å nå mål saman med andre.

Vi vil saman med leiarane og dei tillitsvalde starte arbeidet med å utvikle ein arbeidsgivarpolitikk med fokus på faktorar som gjer at vi blir ein framtidsretta og nyskapande arbeidsgivar.

Etterspørselen og konkurransen om arbeidskrafta vil tilta. Dette gjeld særleg innanfor helse. Befolkningsutviklinga og endring i brukarbehov og arbeidsmåtar vil endre korleis vi kan løyse oppgåvene i perioden.

Det er for høgt frávær i organisasjonen. Utan tiltak vil ein ikkje sjå nedgang i fráværet.

Utfordringar og tiltak for kommande år

Kompass Aukra 2030

Avhengig av kva som blir bestemt å gå vidare med, vil avdelinga få rollar i gjennomføring av tiltak. Dette vil bli blant hovudområda våren 2024.

I arbeidet med Kompass Aukra 2030 kom det inn fleire innspel om betre organisasjonsstruktur. Eit prosjekt blir igangsett i 2024.

Arbeidsgjevarpolitikk/HR-strategi

er eit anna av dei store tiltaka framover. Det blir lagt opp til prosessar for medverking og eigarskap. Ein vil og i tida framover ha fokus på resultatata i 10-FAKTOR, oppfølging og forbetring.

Kompetanseutvikling og rekruttering

Ein av dei største utfordringane vi ser, er tilgang på kvalifisert arbeidskraft. Kommunen har mykje god kompetanse. Likevel kan vi no sjå dei same utfordringane som resten av Noreg. Særleg gjeld dette helsefagleg kompetanse, men vi ser no at det blir utfordrande i fleire fagfelt.

Vi må ha kompetanseplanar som bidreg til utvikling av kunnskap, ferdigheiter, haldningar og evner. Det gir oss eit grunnlag for å skape ein dynamisk organisasjon som er budd på endringar.

Vi ønsker å legge til rette for læring og utvikling. Den beste kompetanseutviklinga skjer gjennom det daglege arbeidet og kollegaer imellom. Denne forma for læring må verdsettast.

Kommunen har fond for rekruttering, utvikling og omstilling.

Heiltidskultur

Det har over lang tid vore fokus på heiltidskultur. Avdelinga har hatt tett dialog med einingane. Tillitsvalde, administrasjonen og politikarar deltek i intern arbeidsgruppe.

Ein har høg gjennomsnittleg stillingsstørrelse (86,5%). Neste 80% av dei tilsette har over 75% stilling. Dette er svært gode tal. Sommarvikarar og andre med korte engasjement tel med i statistikken. Desse, saman med dei som har delvis uføregrad, gjer at 100% heiltid ikkje er mogleg.

Heiltidskultur er viktig for gode tenester til brukarane og for attraktive arbeidsplassar. Ein vil fortsette det gode arbeidet med mellom anna fokus på turnusordningar. Stillingar lysast ut som heile stillingar og ein vil arbeide for at flest mogleg har fulle stillingar.

Nærvær og fråvær

Lågt fråvær er ein av faktorane som må vere på plass for at vi skal levere på samfunnsoppdraget. Vi må auke innsatsen for å sikre høg grad av nærvær.

Enkelttiltak for å få ned sjukefraværet har ofte ikkje effekt på lang sikt. Ein må difor jobbe på fleire hald samstundes og med eit perspektiv som er langsiktig.

Vi vil jobbe både på overordna nivå, med den enkelte eining og med enkelttilsette. Leiar- og medarbeidarutvikling, AMU, lokale HMS-grupper, gode verktøy for styring og god samhandling med tillitsvalde og vernetenesta blir viktig. Det er planlagt fleire prosjekt framover med fokus på økt nærvær. Det er lagt ei plan for arbeidet, jamfør Kompass Aukra 2030.

Måлтаlet for Aukra kommune total er 6,12%.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Opprinnelig budsjett	3 966	3 966	3 966	3 966
Sum Budsjettendring i år	153	153	153	153
Konsekvensjusteringer	153	153	153	153
Konsekvensjustert ramme	4 119	4 119	4 119	4 119
Nye tiltak				
Velferdsmidler tilsette	452	452	452	452
Sum Nye tiltak	452	452	452	452
Nye tiltak og realendringer	452	452	452	452
Ramme 2024-2027	4 571	4 571	4 571	4 571

Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Mål 2024	Mål 2025	Mål 2026	Mål 2027
6.1 Aukra kommune legg til rette for internopplæring, etter- og vidareutdanning	Aktiv bruk av utdanningsfond og fond til etter- og vidareutdanning	Antall søknader til utdanningsfond	8	8	8	8
6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar	Analiserer kompetansebehov og utarbeider kompetanseplanar med årlege revideringar	Årlig revidering av kompetanseplan	1	1	1	1
	Medarbeidarane i Aukra kommune har god og rett kompetanse og er positive omdømebyggjarar	Total score på faktor 4 i 10-faktorundersøking for dei tilsette i kommunen	4,4	4,5	4,5	4,5
		Total score på faktor 7 i 10-faktor undersøkinga for dei tilsette i kommunen	4,0	4,2	4,2	4,2
	Oppsøker aktivt utdanningsarenaer og jobbmesser	Delta på jobbmesser	2	3	3	3
	Tek i bruk digitale løysingar etter kvart som dei blir gjort tilgjengeleg					

Barnevern

Omtale av tenesteområdet

Barnevernstenesta i Aukra og Vestnes er organisert i samarbeid med barnevernstenesta i Molde kommune. Molde kommune er vertskommune i samarbeidet.

Målet for samarbeid innan barnevern er å sikre ein robust teneste med høg kvalitet. Barnevernet si oppgåve er å yte hjelp til barn, ungdom og deira familiar, samt å gje råd og rettleiing til samarbeidspartnarar. Barnevernet si målgruppe er barn, ungdom og unge vaksne (frivillig ettervern) i alderen 0 - 25 år. Tenesta skal sikre at barn og unge, som lever under tilhøve som kan skade deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg. Tenesta skal bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår. Barnevernstenesta har eit spesielt ansvar for å hindre at barn får varige problem, ved å avdekke situasjonar som etter barnevernlova gir grunnlag for tiltak.

Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

Barnevernsreforma har i skrivande stund snart vore gjeldande i to år. Den handlar ikkje berre om kva barnevernet sine oppgåver er, men vel så mykje om førebyggjande tiltak i kommunen. Aukra kommune har difor i snart to år jobba med innføring av modellen Bedre tvarrfaglig innsats (BTI). BTI er ein samhandlingsmodell for tenester som møter gravide, barn, unge og foreldre det er knytt undring eller bekymring til. Hovudmåla er tidlegare innsats og betre tverrfagleg samarbeid knytt til arbeidet med barn og unge og deira familiar, slik at færre saker treng å hamne hos barnevernet.

Aukra kommune opplever eit tett og godt samarbeid om barnevernstenesta i vertskommunesamarbeidet.

Utfordringar og tiltak for kommande år

Det vart ikkje - som planen var - utarbeidd ein førebyggjande plan i 2023. Målet er no at denne planen skal kome i første halvår 2024. Planen skal godkjennast av kommunestyret.

Implementering og bruk av BTI som verktøy skal prioriterast i 2024. Innføring av BTI er eit viktig strategisk grep for å nå målet om tidleg og rett innsats til barn og unge, og ikkje minst for at dei rette fagpersonane vert kopla på sakene.

Aukra kommune skal halde fram med å gje alle tilsette i barnehage, skole og på helsestasjonen ei grunnleggjande innføring i "Trygghetssirkelen". Det vil framleis gå ut tilbod til foreldre om foreldrerettleiingskurs basert på trygghetssirkelen

Møteplass for ungdom med faste vaksenpersonar vert vidareført.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Opprinnelig budsjett	9 395	9 395	9 395	9 395
Konsekvensjustert ramme	9 395	9 395	9 395	9 395
Ramme 2024-2027	9 395	9 395	9 395	9 395

Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Mål 2024	Mål 2025	Mål 2026	Mål 2027
2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø	Barn og unge skal bli møtt av nok og godt kvalifiserte tilsette					
2.2 Utjamne sosiale skilnader	Alle barn og unge har like høve til deltaking på ulike arenaer					
2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium	Lågterskeltilbod for foreldrerettleiing	COS-P Sertifisering (foreldrerettleiing)	6	6	6	6
	Samordning av alle tenester slik at barn og unge får rett hjelp til rett tid					
	Tilgjengelege lågterskeltilbod (helse, PPT, psykolog, BUP)					

Pedagogisk rådgjevar

Omtale av tenesteområdet

Pedagogisk rådgjevar er skole- og barnehagefagleg ansvarleg og rapporterar direkte til kommunedirektøren.

Stillinga omfattar ansvar og oppgåver knytt til barnehagelova og opplæringslova. Pedagogisk rådgjevar har økonomiansvar, samt utgreiings- og sakshandsamaransvar i høve til ressursfordeling, kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i skole og barnehage. Pedagogisk rådgjevar leiar og følgjer opp alle styrar- og rektormøte. Det ligg mykje arbeid i å bidra til meining i omgrepa "Aukraskolen" og "Aukrabarnehagen". Dette inneber å identifisere standardar for god kvalitet. Pedagogisk rådgjevar utfører oppgåver på vegne av barnehagemynde ved å føre kommunale tilsyn med barnehagane og sikre godkjenningar.

Pedagogisk rådgjevar deltek i interkommunalt samarbeid i Kunnskapsnett Romsdal og Digitaliseringsgruppe Oppvekst.

Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

Undervisning og skolemiljø; pedagogisk analyse

God undervisning og opplæring føreset systematiske analyser av pedagogiske utfordringar. Skolane (og barnehagane) bestemte gjennom satsinga "Inkluderande barnehage- og skolemiljø" at analysemodellen "pedagogisk analyse" skal nyttast. Det er behov for meir opplæring i bruk av modellen, og at analysemodellen vert ein del av den obligatoriske dokumentasjonen i enkelte saker. Pedagogisk analyse vert sett på dagsorden i rektormøte og styrarmøte framover.

Undervisning og skolemiljø; skolenærver

Alle elevar skal ha inkluderande fellesskap som **fremjar** helse, trivsel og læring. Alle som jobbar i skolen har aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt. Gode relasjonar, planer, gode rutiner og god

Økonomiplan for 2024-2027

undervisning bidreg til *skolenærvær*. Bruk av pedagogisk analyse og oppdatert plan for skolenærvær vert sett på dagsorden framover.

Lese- og skriveplan

Revidering av ny lese- og skriveplan i samarbeid med rektorane, PPT og Skriveseteret/NTNU er framleis i fokus. Vi har fått dekomp-midlar for å fortsette samarbeidet med Skriveseteret/NTNU. Alle tilsette i Aukraskolen skal styrke kompetansen når det gjeld skrive- og leseopplæringa til elevane våre.

Utarbeide plan for tilpassa opplæring

Pedagogisk rådgjevar arbeider saman med rektorane for å få på plass ein plan for tilpassa opplæring.

Kommunal tilstandsrapport for Aukrabarnehagen og Aukraskolen

Vidareutvikle tilstandsrapporten i samarbeid med barnehagestyrarar og rektorar.

Utfordringar og tiltak for kommande år

Auka nærvær

Sikre bruk av felles plan for nærvær i skolen, *Kvar dag tel*. Sikre at planen vert revidert i samsvar med aktuell forskning og erfaringar frå praksis.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Opprinnelig budsjett	7 991	7 991	7 991	7 991
Sum Vedtak forrige periode	0	0	-240	-240
Sum Budsjettendring i år	26	26	26	26
Konsekvensjusteringer	26	26	-214	-214
Konsekvensjustert ramme	8 017	8 017	7 777	7 777
Nye tiltak				
Sum Nye tiltak	0	0	0	0
Ramme 2024-2027	8 017	8 017	7 777	7 777

Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Mål 2024	Mål 2025	Mål 2026	Mål 2027
2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø	Barn og unge skal bli møtt av nok og godt kvalifiserte tilsette	Tilstandsrapport	1	1	1	1
2.2 Utjamne sosiale skilnader						

Næring, revisjon, kyrkja mm

Omtale av tenesteområdet

GassROR IKS

I ny samarbeidsavtale, godkjent av Kommunestyret den 16.06.2011, går det i punkt 5.2 fram at Aukra kommune årleg skal bidra med eit tilskot tilsvarande 10 pst. av til ei kvar tid innfordringsbar eigedomsskatt. For 2023 er tilskotet berekna til 24,3 mill. kroner.

Etter overføring av tilskot i 2023, har Aukra kommune ytt eit samla bidrag på 315,3 mill. kroner til samarbeidet.

Aukra Sokn

Kommunen sitt økonomiske ansvar går fram av lov om trus- og livssynssamfunn § 14. Tilskot til Aukra Sokn er i framlagte budsjett sett til kr. 3 913 000,- ut frå Aukra Sokn sitt meldte behov, då korrigert for auka lønsutgifter. Sjå innmeldte tiltak i eige tabell.

Møre og Romsdal revisjon IKS

i KS-sak 53/21 er følgjande opplyst knytt til kjøp tenester frå revisjonen: Aukra kommune v/kontrollutvalet kjøper revisjonstenestene frå Møre og Romsdal Revisjon SA. Frå 1.1.2019 har revisjonstenestene blitt fakturert etter medgått tid. Berekna revisjonsutgifter blir vidareført med 888.000,- inklusiv forvaltningsrevisjon og attestasjonar.

Utfordringar og tiltak for kommande år

Aukra Sokn

Frå tidlegare års mindreforbruk har Aukra Sokn opparbeida eit disposisjonsfond på kr. 1 134 946,- pr. 31.12.22. I tillegg er det mindreforbruk på kr. 282 958,- frå 2021 og 2022 som enda ikkje er overført disposisjonsfond. I andre tertial 2023 blei det vedteke at kr. 1 181 448,- av desse skal brukast til finansiering av investeringsprosjekt knytt til overrislingsanlegg i Aukra kyrkje. Rest tidlegare års mindreforbruk er då kr. 236 456,-.

I brev frå Aukra Sokn datert 18.09.23 gjerast det greie for nye eller endra prioriteringar for 2024 og dei økonomiske konsekvensane av dette. Nedanfor trekkast prioriteringane som har økonomisk konsekvens utover ramma fram.

Drift

Kyrkja har behov for vedlikehald. Følgjande vedlikehaldstiltak er planlagt:

- Vedlikehald vindaug. Det er utarbeidd tilstandsrapport på vindauga som viser at det er store råteskadar på treverk, kitt og glas. Anslått kostnad er kr. 300 000,-
- Utskifting av lyskastarar i koret og betre punktbelysning i kyrkjerommet. Anslått kostnad er kr. 70 000,-
- Utbetring av teleslynga for å dekke heile kyrkjerommet. Anslått kostnad er kr. 30 000,-
- Utvendig måling av kyrkja. Anslått kostnad er kr. 250 000,-
- Total anslått kostnad for vedlikehald = kr. 650 000,-.

Aukra Sokn har ein kyrkjetenar med hovedansvar for kyrkja i 25 % stilling og ein kyrkjetenar med hovedansvar for kyrkjegarden i 75 % stilling. Det har over fleire år blitt jobba overtid for å rekke over naudsynte oppgåver. I budsjettnotat frå Aukra Sokn blir det difor meldt om behov for auke i stillingsprosent på 5-10% på kvar av kyrkjetenarstillingane. Auke av kyrkjetenarstillingane frå 75% til

Økonomiplan for 2024-2027

80% (kyrkjgard) og frå 25% til 30% (kyrkje), vil utgjere ei varig auka kostnad på kr. 62 000,- inklusive sosiale kostnader.

Aukra Sokn og Aukra kommune har ein avtale om tenesteyting som stammar frå 1997. I avtalen er tenesteytinga verdsett til kr. 30 000 pr. år, pluss kr. 8 000 i kopiering. Avtalen er no revidert (PS-48/23) og verdsetting er auka til kr. 205 000 pr. år frå 2024 og vidare. Ramma til Aukra Sokn blir justert i forhold til auke. Sjå beskriving av tiltak for meir informasjon.

Investering

Det er ikkje planar om nye større investeringar i 2024.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Opprinnelig budsjett	28 783	28 783	28 783	28 783
Sum Vedtak forrige periode	-42	-42	-42	-42
Sum Budsjettendring i år	650	650	650	650
Konsekvensjusteringer	608	608	608	608
Konsekvensjustert ramme	29 391	29 391	29 391	29 391
Nye tiltak				
Auka ramme for revisjon	747	747	747	747
Aukra Sokn - auke av stillingsprosent kyrkjetenarar	62	62	62	62
Aukra Sokn - nedtrekk rest frå tidlegare års mindreforbruk (2021 og 2022)	-236	0	0	0
Aukra Sokn - revidert avtale om tenesteyting	205	205	205	205
Aukra Sokn - tilskot til kyrkjelege formål justert for lønsvekst	265	265	265	265
Aukra Sokn - vedlikehald av kyrkja	350	0	0	0
Sum Nye tiltak	1 393	1 279	1 279	1 279
Nye tiltak og realendringer	1 393	1 279	1 279	1 279
Ramme 2024-2027	30 784	30 670	30 670	30 670

Gossen barne og ungdomsskole

Omtale av tenesteområdet

Gossen barne- og ungdomsskole er ein grunnskole med 1.-10.årssteg. Eininga har budsjettansvar for to område- grunnskole og SFO.

Skolen har no 300 elevar. Det var venta at elevtalet skulle gå ned, men på grunn av både tilflyttingar og ikkje minst nyankomne flyktningar har elevtalet vore stabilt frå forrige skoleår. 9,3 % (28) av elevane har spesialpedagogisk vedtak etter Opplæringslova § 5-1 og 18,3 % (55) av elevane har vedtak etter Opplæringslova § 2-8, særskild språkopplæring for minoritetsspråklege elevar.

65 elevar deltek på leksehjelp som er ei ordning for 3.-10. klasse og 61 barn går på SFO. Moderasjonsordningane som er innført ser vi bidreg til at fleire nyttar SFO.

Skolen vart opna hausten 2013, og vi har flotte rammer for opplæringa både inne og ute.

Hausten 2023 feira GBU 10år. Tilsette, foreldre og elevar gjekk saman om å organisere ein storstilt Skolegardsfest med underhaldning, utstillinger, aktivitetar og kafè i regi av FAU. Inntektene frå kafeen gjekk til ferdigstillinga av gapahuken på skolen sitt utandørs undervisningsområde, Camp-GBU.

Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

Skolemiljø

Skolen skal utvikle inkluderande fellesskap som fremjar helse, trivsel og læring for alle. Alle som jobbar på skolen har aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt. Vi jobbar saman med elevane og heimane for at alle elevane skal oppleve at dei høyrer til.

Alle tilsette i Aukraskolen som møter barn og unge skal ha god fagkompetanse og god relasjonskompetanse. Elevane skal ha autoritative vaksne som er varme rollemodellar og som set tydelege grenser. Dei vaksne sitt positive relasjonelle forhold til elevane og føresette skal gi elevane god emosjonell og fagleg støtte slik at ein får eit godt og læringsfremjande miljø. Verdiplattforma skal synast og nyttast i det daglege arbeidet.

Sjå eleven innafrå- SEI

Det er i barneåra grunnlaget for psykisk helse og sosial kompetanse vert skapt. Emosjonell utvikling får meir og meir ein plass, på lik linje med utviklinga av kognitive og motoriske eigenskapar. Vi skiftar no fokus frå å sjå på eleven si ytre åtferd til å vere opptatt av å sjå barnet/eleven frå innsida. Det blir beskrive som eit fagleg paradigmeskifte i barne- og ungdomsplanen.

Medverknad- medskaping

Skolen skal la elevane medverke og lære dei kva demokrati betyr i praksis. Elevmedverknad skal prege skolen sin praksis. Elevane skal medverke og ta medansvar i læringsfellesskapet saman med dei tilsette kvar dag. Å utvikle eit læringsfellesskap saman med elevane er viktig fordi det fører til ein klasseromspraksis som fremjer djubdelæring og som inviterer til å utforske og skape.

Lese- og skriveplan

Revidering av ny lese- og skriveplan i samarbeid med pedagogisk rådgjevar, PPT og Skrivesenteret/NTNU er framleis i fokus, og vi har fått decomp-midlar for å fortsette samarbeidet. Alle tilsette i Aukraskolen skal styrke kompetansen når det gjeld skrive- og leseopplæringa til elevane våre. Gossen barne- og ungdomsskole har fokus på korleis vi riggar lese- og skriveopplæringa slik at vi møter det mangfaldet som er i klasseromma.

Utarbeide plan for tilpassa opplæring

Aukraskolane jobbar saman med pedagogisk rådgjevar for å få på plass plan for tilpassa opplæring.

Camp GBU

1.-4.klasse har uteskole kvar veke. I samband med dette har vi fått tingslyst eit område til utandørs opplæring. Området er nær skolen, er i ly for vind, nær fjøra og ligg i ein liten skog som innbyr til leik og læring. Bygging av ein gapahuk er no i gang. FAU er pådrivar for å få det til.

Rammeplan for SFO

Vi ønsker å styrke samarbeidet mellom SFO og skolen til det beste for elevane.

KOKK-ernæring

Vi erfarer at elevane set stor pris på å kunne starte dagen på skolen med havregrynsgraut og at dei i tillegg får ein lunsj i veka. Dette er flott for skolemiljøet og det fremjar konsentrasjon og læringa til elevane.

Utfordringar og tiltak for kommande år

Manglar lærarar

Vi opplever ei aukande utfordring med å rekruttere lærarar. Vi har fleire tilsette no som jobbar som lærar utan godkjent utdanning. Nokre av desse er i gang med utdanning og det vil avhjelpe noko på sikt.

Leiing

Leiing har stor betydning for elevane si læring. Fleire forskningsrapportar viser no at fleire og fleire oppgåver blir lagt til skolen, slik også i vår kommune. Eit tiltak som er viktig for å kunne møte alle desse utfordringane er å få på plass ein assisterande rektor, sjå på leiingsressursen og leiarspennet når det gjeld personalansvaret.

Bygge gode lag rundt elevane

Lærarar: Å rekruttere nok kvalifiserte lærarar vil bli ei utfordring framover. Det er og behov for andre yrkesgrupper i skolen. Saman med lærarane må desse danne "laget rundt eleven" og dei må jobbe tett i lag for å utvikle elevane best mogleg både fagleg, sosialt og emosjonelt. Barn som ikkje får dekkja sine grunnleggande behov for emosjonell trygghet og har utvikla uhensiktsmessige indre arbeidsmodellar for samspel, kan vere urolige, ha vanskar i samband med oppmerksomheit og vise mykje læringshemmande adferd i skolen. (Moss & St-Laurent, 2001). Kompetansen vi har fått gjennom samarbeidet med kommunepsykologen har vore til stor nytte.

SMIÅ -Praktisk læringsarena

Fråværet er aukande i grunnskolen, også for elevane i Aukra. Nasjonalt er ikkje fråværet kartlagt men det er ei kjennsgjering at fråværet er aukande i dei fleste kommunane i Norge. Fleire elevar slit med skolevegning, psykiske utfordringar og meistarar ikkje kvardagen i klasserommet. Det blir også gjeve signal på at fråværet har blitt høgare etter Covid-19. Fleire born/ungdommar har det vanskeleg, dette viser seg mellom anna i aukande utagering og valdsbruk i klasserommet. Dette skaper utrygge opplærings situasjonar for både tilsette og elevar. GBU ønskjer å gjere noko med dette og vil tilby enkelte elevar tilbod om ein eller to dagar per veke med meir praktisk retta undervisning. Kongstanken er at vi med dette kan sette Aukra kommune på kartet med høgt skolenærvær, høg trivsel og tilpassa opplæring for alle elevar i skolen. Vi ønskjer at alle elevar skal ha skoledagar der dei opplever og kjenner på meistring. Ein felles pedagogisk tanke bak og for å sjå på dei ulike læringsmåla knytt opp mot ei meir praktisk retta undervisning i eit tilbod vi har valt å kalle «Smiå» Smiå er ein stad der ting blir skapt eller ting blir reparert og smeden med sin faglege kunnskap skaper nye vakre gjenstandar av sitt materiale. Tilsette med sin fagkunnskap og varierte yrkesbakgrunn og private kompetanse gjer at vi trygt kan sende elevane til Aukraskolen si «Smiå»

Økonomiplan for 2024-2027

Med eit raust menneskesyn, MOT sine verktøy og grunntanken der som er «Tøff kjærleik» og med eit varmt blick for elevane vil dei skape ein trygg, solid og god læringsarena.

Særskild språkopplæring

Opplæringslova § 2-8 gir opning for å organisere særskild språkopplæring i eigne innføringstilbod. Vi har mange nyankomne flyktingar og frå hausten 2023 vart innføringsklassane igjen på GBU. God særskild norskopplæring er viktig for å sikre at dei nyankomne flyktingane så raskt som mogleg vert inkludert i den ordinære opplæringa.

Psykisk helse - livsmeistring- hjelp til å bære sin eigen bagasje

I overordna del av læreplanen blir føremålet med opplæringa tydeleggjort "... elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å mestre liva sine" (opplæringslova §1-1). WHO seier at skolen kanskje er den aller viktigaste arenaen for å forebygge psykiske helseplager. Systematisk og tverrfagleg arbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge med fokus på tidleg innsats.

Auka nærvær

Fråfall er ei stor utfordring i vidaregåande skole, og det er og ei utfordring i grunnskolen, også her i kommunen . Vi er i mål med ei felles plan for Aukraskolen: Kvar dag tel. Tiltaket framover er å implementere planen.

Sommarjobb for alle 10.klassingane

Vi vil vere med å jobbe saman med næringslivet for å realisere målet i samfunnsplana om sommarjobb for alle 10.klassingane i kommunen. Erfaringane frå tidlegare år er at både elevane og foreldra set stor pris på tiltaket, og vi tenker at tiltaket kan vere eit godt rekrutteringstiltak på lengre sikt.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Opprinnelig budsjett	37 098	37 098	37 098	37 098
Sum Vedtak forrige periode	-596	-596	-596	-596
Sum Budsjettendring i år	8 557	6 540	6 135	5 933
Konsekvensjusteringer	7 961	5 944	5 539	5 337
Konsekvensjustert ramme	45 059	43 042	42 637	42 435
Politisk vedtak				
Åpen SFO om sommar, stengt jul og påske Gossen barne og ungdomsskole	-30	-30	-30	-30
Sum Politisk vedtak	-30	-30	-30	-30
Innsparingstiltak				
Økt foreldrebetaling SFO Gossen barne og ungdomsskole	-100	-200	-200	-200
Sum Innsparingstiltak	-100	-200	-200	-200
Nye tiltak				
Økt foreldrebetaling fra 1. januar 2024 på Gossen SFO	-27	-27	-27	-27
Sum Nye tiltak	-27	-27	-27	-27
Nye tiltak og realendringer	-157	-257	-257	-257
Ramme 2024-2027	44 902	42 785	42 380	42 178

Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Mål 2024	Mål 2025	Mål 2026	Mål 2027
2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø	Alle tilsette som møter barn og unge har god relasjonskompetanse	COS-P kurs - antal tilsette ved Gossen barne- og ungdomsskole som er skolerte	3	3	3	3
	Barn og unge skal bli møtt av nok og godt kvalifiserte tilsette	Utarbeiding av modell for ressurstildeling	31.12			
		Årleg revidering av lokal kompetanseplan for Gossen barne- og ungdomsskole	1	1	1	1
2.2 Utjamne sosiale skilnader	Utarbeide plan for tilpassa opplæring					
2.3 Medverknad frå barn og unge	Alle barn og unge skal verte høyrde i saker som gjeld dei. Elevråda kan vere ein kanal	Tal på møte pr. elevråd ved Gossen barne- og ungdomsskole gjennom året	6	6	6	6
	Elevmedverknad og medansvar i læringsfellesskapet					
2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium	Samordning av alle tenester slik at barn og unge får rett hjelp til rett tid	Antal møter med skoleteam ved Gossen barne- og ungdomsskole	4	4	4	4
	Tilgjengelege lågterskeltilbod (helse, PPT, psykolog, BUP)	Samarbeid mellom Gossen barne- og ungdomsskole og kommunepsykolog	10,0 %	10,0 %	10,0 %	10,0 %

Elevmedverknad og medansvar i læringsfellesskapet

Skolen skal la elevane medverke og lære kva demokrati betyr i praksis. Elevmedverknad skal prege skolen sin praksis. Elevane skal medverke og ta medansvar i læringsfellesskapet som dei skapar saman med lærarane kvar dag.

Utarbeide plan for tilpassa opplæring

Lage plan for tilpassa opplæring i eit samarbeid med skolane og pedagogisk rådgjevar.

Elevmedverknad og medansvar i læringsfellesskapet

Skolen skal la elevane medverke og lære kva demokrati betyr i praksis. Elevmedverknad skal prege skolen sin praksis. Elevane skal medverke og ta medansvar i læringsfellesskapet som dei skapar saman med lærarane kvar dag.

Utarbeide plan for tilpassa opplæring

Lage plan for tilpassa opplæring i eit samarbeid med skolane og pedagogisk rådgjevar.

Julsundet skole

Omtale av tenesteområdet

Julsundet skole er ein grunnskole med 248 elevar på 1. – 10. årssteg. Skolen har opplæringstilbod til elevar frå Julsundet, frå 1. – 7.klasse og frå Julsundet og søre Hustadvika i Hustadvika kommune for 8.-10. klasse. Samarbeidet med Hustadvika kommune gir eit auka elevtal til skolen og gjer at vi har eit større kompetansemiljø for dei tilsette på ungdomsskolen.

Det er ein vekst i elevtalet ved skolen, med mykje tilflytting av inbyggjarar til skolekrinsen. Elevtalet frå Jendem har flata ut og ligg stabilt medan det er ei auke i tilfang frå barnahagebarn i området. I ungdomsskolen er det parallellar på alle trinn med vel 20 elevar i kvar klasse. Aukra kommune har lagt til rette for gode fysiske og økonomiske rammer til å utføre samfunnsmandatet.

Skolen har 38 elevar med vedtak om spesialundervisning, noko som er omlag 16 prosent av elevane. Dei fleste elevane på 5.-7. trinn nyttar tilbodet med gratis leksehjelp 2 timar pr. veke, medan det er eit fåtal som bruker leksehjelp på 8. og 9. trinn. Leiinga er sett saman av rektor og to avdelingsleiarar. Vi har merkantil konsulent i 80 % stilling. Det er 44 stillingar i eininga fordelt på områda grunnskole og SFO. SFO har tilbod for 62 barn og har ein SFO-leiar som koordinerer den daglege drifta. I Aukra har ein moderasjonsordningar som bidreg til at mange born er på sfo.

Vi har eit høgt fokus på psykisk helse og skolenærvær. Dette blir i eit godt tverrfagleg arbeid saman med andre etatar i kommunen. Kommunen samarbeider tverrfagleg i eigen kommune, Hustadvika kommune og Molde kommune. Psykisk helse er ei viktig satsing for skolen. Aukra kommune skal ha god psykisk helse og dei ulike yrkesgruppene våre er svært dyktige i laget rundt eleven. Saman med lærer arbeider barne- og ungdomsarbeider og miljøterapeut med å få eleven til å vere klar for læring.

Vi opplever at det er ein del elevar treng støtte for å mestre liva sine og det brukast mykje tid til dette. Enkelte klassar har lavere læringstrykk på grunn av uro og dei tilsette arbeider hardt og systematisk med å få opp læringstrykket.

Elevane har eit godt uteområde, med klasserom ute i både fjøre og på fjell. Det er eit viktig mål for skolen å gå tilbake til tidlegare gode tradisjonar og vi ønsker at eleane skal lære ute i naturen. 1.-4. trinn har fast uteskoledag ein dag i veka og heile skolen satsar på å ha tverrfaglege temaveker som går på hav, skog og fjell.

Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

Skolemiljø

Skolen skal utvikle inkluderande fellesskap som fremjar helse, trivsel og læring for alle. Alle som jobbar på skolen har aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt. Vi jobbar saman med elevane og heimane for at alle elevane skal oppleve at dei høyrer til.

Alle tilsette i Aukra-skolen som møter barn og unge skal ha god fagkompetanse og god relasjonskompetanse. Elevane skal ha autoritative vaksne som er varme rollemodellar og som set tydelege grenser. Dei vaksne sitt positive relasjonelle forhold til elevane og føresette skal gi elevane god emosjonell og fagleg støtte slik at ein får eit godt og læringsfremjande miljø. Verdiplattforma skal synast og nyttast i det daglege arbeidet.

Sjå eleven innanfrå

Målet i første omgang er å sertifisere ein pr klassesteg. Det er i barneåra grunnlaget for psykisk helse og sosial kompetanse vert skapt. Emosjonell utvikling får meir og meir ein plass, på lik linje med utviklinga av kognitive og motoriske eigenskapar. Vi skiftar no fokus frå å sjå på eleven si ytre

åtferd til å vere opptatt av å sjå barnet/eleven frå innsida. Det blir beskrive som eit fagleg paradigmeskifte i barne- og ungdomsplanen.

Medverknad-medskaping

Skolen skal la elevane medverke og lære dei kva demokrati betyr i praksis. Elevmedverknad skal prege skolen sin praksis. Elevane skal medverke og ta medansvar i læringsfellesskapet som dei skapar saman med lærerane kvar dag.

Lese- og skriveplan

Revidering av ny lese- og skriveplan i samarbeid med pedagogisk rådgjevar, PPT og Skriveseteret/NTNU er framleis i fokus, og vi har fått decomp-midlar for å fortsette samarbeidet med Skriveseteret/NTNU. Alle tilsette i Aukraskolen skal styrke kompetansen når det gjeld skrive- og leseopplæringa til elevane våre.

Utarbeide plan for tilpassa opplæring

Aukra-skolane jobbar saman med pedagogisk rådgjevar for å få på plass ein plan for tilpassa opplæring.

Rammeplan for SFO

Vi ønsker å styrke samarbeidet mellom SFO og skolen til det beste for elevane.

KOKK-ernæring

Vi erfarer at elevane set stor pris på å kunne få lunsj tre gonger i veka. Dette er flott for skolemiljøet og det fremjar konsentrasjon og læringa til elevane ut skoledagen.

Utfordringar og tiltak for kommande år

Manglar lærarar

Vi opplever ei aukande utfordring med å få tak i lærarar. Vi har fleire vikarer no som jobbar som lærar utan godkjent utdanning. Rekrutering til faste stillingar er også utfordrande.

Leiing

Fleire forskningsrapportar viser no at fleire og fleire oppgåver blir lagt til skolen, slik også i vår kommune. Eit tiltak som er viktig for å kunne møte alle desse utfordringane er å vurdere å få på plass assisterande rektor, 3 iavdelingsleiarar, sjå på leiingsressursen og leiarspennet når det gjeld personalansvaret.

Bygge gode lag rundt elevane

Lærarar: Å rekruttere nok kvalifiserte lærarar vil bli ei utfordring framover. Det er og behov for andre yrkesgrupper i skolen. Saman med lærarane må desse danne "laget rundt eleven" og dei må jobbe tett i lag for å utvikle elevane best mogleg både fagleg, sosialt og emosjonelt. Barn som ikkje får dekkja sine grunnleggande behov for emosjonell trygghet og har utvikla uhensiktsmessige indre arbeidsmodellar for samspel, kan vere urolige, ha vanskar i samband med oppmerksomheit og vise mykje læringshemmande adferd i skolen. (Moss & St-Laurent, 2001) (Udir.no). Kompetansen vi har fått gjennom samarbeidet med kommunepsykologen har vore til stor nytte.

Praktisk opplæringsarena

Vi erfarer at ein praktisk opplæringsarena/meistringsarena er viktig for nokre av elevane våre i ei periode. Begge skolane arbeidar med å etablere praktiske opplæringsarena i tilknytning til skolen.

Psykisk helse - livsmeistring- hjelp til å bære sin eigen bagasje

I overordna del av læreplanen blir føremålet med opplæringa tydeleggjort "... elevane og lærlingane

Økonomiplan for 2024-2027

skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å meistre liva sine” (opplæringslova §1-1). WHO seier at skolen kanskje er den aller viktigaste arenaen for å forebygge psykiske helseplager. Barn og unge skal få hjelp til å meistre liva sine. Systematisk og tverrfagleg arbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge med fokus på tidleg innsats.

Auka nærvær

Fråfall er ei stor utfordring i vidaregåande skole, og det er og ei utfordring i grunnskolen, også her i kommunen . Vi er i mål med ei felles plan for Aukraskolen: **Kvar dag tel.**

Sommarjobb for alle 10.klassingane

Vi vil og vere med å jobbe saman med næringslivet for å realisere målet i samfunnsplana om sommarjobb for alle 10.klassingane i kommunen.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Opprinnelig budsjett	21 097	21 097	21 097	21 097
Sum Vedtak forrige periode	-2 926	-2 926	-2 926	-2 926
Sum Budsjettendring i år	3 489	3 489	3 489	2 851
Konsekvensjusteringer	563	563	563	-75
Konsekvensjustert ramme	21 660	21 660	21 660	21 022
Politisk vedtak				
100% stilling som avdelingsleiar ved Julsundet skole	440	1 055	1 055	1 055
Drift av mekanisk verkstad v/ Julsundet skole	300	0	0	0
Åpen SFO på sommar, stengt jul og påske Julsundet skole	-30	-30	-30	-30
Sum Politisk vedtak	710	1 025	1 025	1 025
Innsparingstiltak				
Ta bort redusert leseplikt for samlingsstyrar bibliotek Julsundet skole	-40	-40	-40	-40
Økt foreldrebetaling på SFO Julsundet barne og ungdomsskole	-100	-200	-200	-200
Sum Innsparingstiltak	-140	-240	-240	-240
Nye tiltak				
Økt foreldrebetaling frå 1. januar 2024 Julsundet SFO	-43	-43	-43	-43
Sum Nye tiltak	-43	-43	-43	-43
Nye tiltak og realendringer	527	742	742	742
Ramme 2024-2027	22 187	22 402	22 402	21 764

Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Mål 2024	Mål 2025	Mål 2026	Mål 2027
2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø	Alle tilsette som møter barn og unge har god relasjonskompetanse	COS-P kurs, antal tilsette ved Julsundet skole som er skolerte	3	3	3	3
	Barn og unge skal bli møtt av nok og godt kvalifiserte tilsette	Utarbeideing av modell for ressurstildeling	31.12.2024			
		Årleg revidering av kompetanseplan for Julsundet skole	1	1	1	1
2.2 Utjamne sosiale skilnader	Revidere lese og skriveplanen	Revidere lese og skriveplan	0	31.12.2025	0	0
	Revidere planen Kvar dag tel					
	Utarbeide plan for tilpassa opplæring i Aukra-skolen					

Økonomiplan for 2024-2027

2.3 Medverknad frå barn og unge	Alle barn og unge skal verte høyrde i saker som gjeld dei. Elevråda kan vere ein kanal	Tal på møte pr. elevråd ved Julsundet skole gjennom året	6	6	6	6
2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium	Samordning av alle tenester slik at barn og unge får rett hjelp til rett tid	Møter i ressursteam ved Julsundet skole	6	6	6	6
	Tilgjengelege lågterskeltilbod (helse, PPT, psykolog, BUP)	Samarbeid mellom Julsundet skole og kommunepsykolog	10,0 %	10,0 %	10,0 %	10,0 %

Revidere lese og skriveplanen

Vi jobber sammen med Ntnu og skrivesenteret for å lage ein lese og skriveplan.

Revidere planen Kvar dag tel

Revidere planen Kvar dag tel, årlig.

Utarbeide plan for tilpassa opplæring i Aukra-skolen

Lage plan for tilpasset opplæring i eit samarbeid mellom skolene og pedagogisk rådgiver.

Revidere lese og skriveplanen

Vi jobber sammen med Ntnu og skrivesenteret for å lage ein lese og skriveplan.

Revidere planen Kvar dag tel

Revidere planen Kvar dag tel, årlig.

Utarbeide plan for tilpassa opplæring i Aukra-skolen

Lage plan for tilpasset opplæring i eit samarbeid mellom skolene og pedagogisk rådgiver.

Barnebo barnehage

Omtale av tenesteområdet

Barnebo barnehage er ei pedagogisk verksemd etter Lov om barnehagar. Rammeplan for innhaldet og oppgåvene gjer greie for samfunnsmandatet til barnehagen. Verksemda skal ivareta barns behov for omsorg og leik og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Eit godt samarbeid med foreldra til barna er avgjerande for å lykkast med arbeidet.

Barnehagen skal ha ein førebyggjande, helsefremjande og sosialt utjamnande funksjon, og er slik ein veldig viktig arena for tidleg innsats på alle livsområder for barna.

40 % av barna er minoritets-, to- eller fleirspråklege. Dette er eit viktig bakteppe for det pedagogiske arbeidet i eininga og for foreldresamarbeidet.

Barnehagen ligg på Gossen og er frå hausten 2023 organisert på to bygg i 7 avdelingar:

- Furutun har tre avdelingar med barn i alderen 1 - 3 år.
- Aukratun har fire avdelingar med barn i alderen 3 - 5 år.

Ved oppstart nytt barnehageår (15.8.23) hadde barnehagen 90 barn. Per 16.10.23 har barnehagen gjort opptak av fleire barn og fleire har starta. Så langt vi veit no, har vi 99 barn innan 01.02.2024.

Det er ca 30 årsverk i eininga fordelt på 32 fast tilsette.

Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

Kvaliteten på tilbudet

Barnehagen skal tilpasse det allmenpedagogiske tilbudet etter behova og føresetnadene til alle barna og slik skal barnehagen ha ein førebyggjande, helsefremjande og sosialt utjamnande funksjon.

Barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, i kortare eller lengre periodar, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for at barnet skal kunne nyttiggjere seg av barnehagetilbudet på lik linje med andre barn og få likeverdige utviklings- og aktivitetsmuligheter.

I kommuneplanen sin samfunnsdel er barn og unge eige satsingsområde. I tillegg er det vedteke ein strategiplan for barn og unge, med fokus på samhandling, førebygging og tidleg innsats. Slik skal kommunen gjere barnehagen i stand til å ivareta barna i tråd med samfunnsmandatet i lov og forskrifter. Slik er barnehage ein sær viktig arena for forebygging og tidleg innsats.

Barna skal bli møtt av nok og kvalifiserte tilsette.

Ein må sjå normene for grunnbemanning og pedagogtettleik i samheng med forventningane i lov og rammeplan til kva barnehagen skal vere for barn, opningstida til barnehagen og opphaldstida til barna opp mot kravet om tilstrekkeleg bemanning.

Barnebo oppfyller gjeldande norm for pedagogtettleik. Det nasjonale målet er 50 % pedagogar innan 2025 og 60 % innan 2030. Det nasjonale målet er 25 % barne- og ungdomsarbeidarar innan 2030. Ved rekruttering av nye tilsette blir barnehagelærarar prioritert til normen er innfridd.

Eit trygt og godt barnehagemiljø.

Dei tilsette i barnehagen skal ha ei observerande grunnhaldning for å sikre at uheldige

samspelsmønster vert raskt oppfatta og gjort noko med. I dette arbeidet vert *Plan for eit godt psykososialt miljø i Aukrabarnehagen* nytta som verkty for å førebygge, avdekke, handtere og følge opp.

Regionalt tiltak for kompetanseutvikling

I samarbeid med Høgskulen i Volda deltek Aukrabarnehagen i utviklingsarbeid saman med barnehagane i Kunnskapsnett Romsdal. Gjennom aksjonslæring som metodikk skal vi utvikle praksis på avdelingane knytt til fagområda som er valde ut.

Trygghetssirkelen (COS)

Som ein del av kommunen sitt førebyggjande arbeid møter foreldre Trygghetssirkelen gjennom heile oppveksten til barna, mellom anna på foreldremøter, gjennom foreldreaktiv tilvenjing til barnehagen, i foreldresamtalar og i tilbud om foreldrekurs.

Barnehagane gjennomfører kvart år foreldrekurs i Trygghetssirkelen (COS-P) til foreldra i barnehagen og andre foreldre ved kapasitet. COS-P er basert på mange tiår med forskning på kva som gir barn ei trygg tilknytning til sine næraste omsorgspersonar. Kurset kan hjelpe foreldre med å verte tryggare i forståinga av barn sine kjensler, åtferd og behov, og hjelpe foreldre å forstå meir om korleis samspelet med barna vert betre.

Barn med trygg tilknytning har det betre! Trygge barn vert trygge og ansvarlege vaksne!

Dei tilsette har delteke i COS fordjuping "Se barnehagebarnet innenfra"-programmet. Fokus har vore å sjå barnet innanfrå, sjå seg sjølv utanfrå og sjå på relasjonane mellom. Framover blir det viktig å koble på nye tilsette og gjenkalle, repetere og øve oss på det vi har lært gjennom refleksjon og arbeid med case i internopplæringa.

Utfordringar og tiltak for kommande år

Folketalsutvikling

Det er venta ein svak vekst i aldersgruppa 0 - 5 år i framskrivningstala. Konkret ser vi at talet på fødte varierer noko, men over tid er tendensen synkande. Det som held oppe barnetalet er tilflytting, arbeidsinnvandring og busetting av flyktningar.

Barnehagetilbodet 2023/2024 er organisert i sju avdelingar. Ni barn på kvar avdeling på Furutun og 18 barn på kvar avdeling på Aukratun

Normene for bemanning i barnehage.

Pedagognorm: Det skal vere minst ein pedagog per sju barn under 3 år og minst ein pedagog per 14 barn over 3 år.

Grunnbemanningsnorm: Barnehagen skal ha minst ein tilsett per tre barn under 3 år og minst ein tilsett per seks barn over 3 år.

Aukra kommune ligg innanfor minimumskravet for både grunnbemanning og pedagogisk bemanning. Denne bemanninga skal oppretthaldast ved fråver hos tilsette ved sjukdom, permisjonar, feriar mm. Normene for bemanning gjeld ikkje i heile opningstida og ikkje i heile opphaldstida til barna.

Det er knytt fleire utfordringar til dette:

Økonomiplan for 2024-2027

Den største utfordringa er å ha nok og kvalifiserte tilsette etter normene for bemanning.

Det er eit kontinuerleg arbeid å skaffe nok tilkallingsvikarar, lære dei opp, introdusere dei for barn og foreldre, for så at dei fer vidare til anna eining, inn i fast arbeid, studiar mm. Det er ikkje ein karriereveg å vere tilkallingsvikar. Vi må sjå på korleis vi kan ha tilstrekkeleg bemanning til å dekke fråver blant tilsette.

Regjeringa vil skjerpe kravet til pedagogisk bemanning til minimum 60 % innan 2030. Pedagogane har 4 timar per veke til plantid. Når andelen pedagogar aukar minkar grunnbemanninga tilsvarande det plantida aukar totalt sett. Dette må vi finne gode løysingar på.

Forholdet mellom barnehagen si opningstid, barna si opphaldstid og normene for bemanning heng ikkje saman. I store perioder av dagen ligg vi under bemanningsnormene. Dette må vi synleggjere.

Eit trygt og godt barnehagemiljø

Med 40 % minoritets-, to- og fleirspråklege barn har barnehagen eit stort mangfald gjennom mange religionar, kulturar, skikkar og språk. Vi vel å sjå på mangfald som ein verdi og ein ressurs. Likevel kan språkbarrierer vere krevande, spesielt gjeld dette i tilfelle der vi ikkje har eit felles språk med foreldra. Då blir kommunikasjon og informasjon meir tungvindt, ikkje så spontan og må planleggast. I det daglege pedagogiske arbeidet er det krevande for barn å ikkje bli forstått og å nå fram med budskapet sin og for tilsette er opplevast det vanskeleg å ikkje kunne forstå og hjelpe.

Inkluderande arbeidsliv og nærvær

Det er eit pågåande arbeid å halde flest mogeleg i arbeid lengst mogeleg. Barnehage er ein av bransjane det er eit ekstra fokus på, gjennom eit eige bransjeprogram i IA-avtalen. Barnebo har hatt eit høgt sjukefråver over tid og sjølv om det er synkande no, skal fokuset på forebygging og oppfølginga prioriterast høgt. Partsamarbeidet med tillitsvalte, verneombod og samarbeidet med Organisasjonsavdelinga, NAV og Arbeidslivssenteret er viktig støtte i dette arbeidet.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Opprinnelig budsjett	19 982	19 982	19 982	19 982
Sum Vedtak forrige periode	-1 242	-1 242	-1 242	-1 242
Sum Budsjettendring i år	3 720	2 551	1 228	974
Konsekvensjusteringer	2 478	1 309	-14	-268
Konsekvensjustert ramme	22 460	21 291	19 968	19 714
Innsparingstiltak				
Stengt barnehage i påske og juleveka for at tilsette skal avvikle ferie.	-132	-132	-132	-132
Sum Innsparingstiltak	-132	-132	-132	-132
Nye tiltak				
Kompensasjon grunnet lågare makspris for barnehageplass frå 1. august 2024 for Barnebo barnehage	491	1 080	1 080	1 080
Sum Nye tiltak	491	1 080	1 080	1 080
Nye tiltak og realendringer	359	948	948	948
Ramme 2024-2027	22 819	22 239	20 916	20 662

Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Mål 2024	Mål 2025	Mål 2026	Mål 2027
1.2 Aukra kommune skal ha ei positiv utvikling av folketalet, lik gjennomsnittet i landet	Levere gode kommunale tenester	Arbeide for eit godt psykososialt barnehagemiljø	0	0	0	0
2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø	Alle tilsette som møter barn og unge har god relasjonskompetanse	Arbeide for eit godt psykososialt barnehagemiljø				
	Barn og unge skal bli møtt av nok og godt kvalifiserte tilsette	Arbeide for at bemanningsnormene skal gjelde heile opningstida	0	0	0	0
		Godt kvalifiserte tilsette skal sørge for at barn blir sett, hørt og inkludert i fellesskapet	0	0	0	0
2.2 Utjamne sosiale skilnader	Alle barn og unge har like høve til deltaking på ulike arenaer	Utvikle tilbodet om kokk i barnehagen	0	0	0	0
2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium	Lågterskeltilbod for foreldrerettleiing	Barnehagen gjennomfører foreldrekurs i Trygghetssirkelen kvar haust				
		Bruke tolk ved behov				
		Drøfte aktuelle saker i Tverrfagleg småbarnsteam				
		Samarbeide med andre faginstansar ved behov				
	Samordning av alle tenester slik at barn og unge får rett hjelp til rett tid	Innføre BTS samhandlingsmodell og BTI-verktyet. Innføre Stafettlogg-verktyet.	0	0	0	0
6.1 Aukra kommune legg til rette for internopplæring, etter- og vidareutdanning	Aktiv bruk av utdanningsfond og fond til etter- og vidareutdanning	Gje støtte til aktuelle sertifiseringar og fordjupingar.	0	0	0	0
		Gje støtte til tilsette som tek barnehagelærarutdanning og fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar				
6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar	Analyserer kompetansebehov og utarbeider kompetanseplanar med årlege revideringar	Bruke kompetanseutviklingsplanen som strategisk verkemiddel i rekrutteringa				
	Leiinga har definert klare mål for arbeidet og er tilgjengeleg for dei tilsette	Leiinga på barnehagen er tett på tilsette og lett tilgjengeleg	0	0	0	0

Bergetippen barnehage

Omtale av tenesteområdet

Bergetippen barnehage er ei pedagogisk verksemd som vert drive i tråd med Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagen. Verksemda skal ivareta barns behov for omsorg og leik, fremme læring og danning og vere eit tilgjengeleg og likeverdig tilbod for alle barn i barnehagealder i Julsundet. Barnehagen er starten på utdanningsløpet for barn og målet er at motivasjon for læring og utvikling skal bli etablert og vare gjennom heile utdanningsløpet og vidare inn i vaksenlivet. Barnehagen er såleis ein særskilt viktig arena for tidleg innsats.

Bergetippen har medio oktober 2023 72 barn f alderen 1 – 5 år. Eininga ønsker å tilpasse barnehagedrifta til behovet for fastlands-Aukra. Bergetippen barnehage har eit stort og flott

uteområde med rike høve til variert leik. Bergetippen barnehage er også hyppig på tur i nærmiljøet i Julsundet.

Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

Bergetippen barnehage har i 2023 hatt fokus på tilsette sin innsikt og forståing av barns indre tanker og kjensler. Heile kollegiet har arbeida med temaet å Sjå barnehagebarnet innanfrå. Dette temaet vil vi arbeide vidare med og fordjupe oss vidare gjennom felles refleksjon og dialog.

Utfordringar og tiltak for kommande år

Det er mange spørsmål om korleis folketalet vil endre seg i Julsundet. Julsundet er ei bygd i vekst med mykje tilflytting. Barnehagetilbodet må vere fleksibelt for å imøtekome behovet så langt som mogleg.

Barnehagen sin inntekt er variabel og vert påverka av talet på barn over og under 3 år, talet på dei som har rett til redusert foreldrebetaling, gratis kjernetid, søskenmoderasjon internt i barnehagen og søsken-moderasjon mellom barnehage og SFO.

Lov om barnehager stadfester krav om bemanning, talet på barn pr. bemanning og talet på barn pr. pedagogar. Det er ikkje samsvar mellom barnehagen sin opningstid, barna sin opphaldstid og tilsette sin arbeidstid. Store delar av dagen er bemanninga lågare enn minstekravet i Lov om barnehager.

Ei anna utfordring er å oppretthalde bemanninga når det er fråvære blant tilsette. Det er ikkje mange tilgjengelege tilkallingsvikarar med barnehagekompetanse. Å oppretthalde bemanninga ved sjukdom, eller anna fråvær er krevjande. Det er svært vesentleg for kvaliteten på tenesta og at vi lykkast med å halde oppe nærværet.

Målet er at 60% av alle tilsette skal vere barnehagelærarar. Fleire pedagogar pr. avdeling gir betre kontinuitet i det pedagogiske arbeidet, tettare oppfølging barn og familiar, samarbeid med andre etatar mm. Det er ei god styrke og kvaliteten vert betre når ein har to barnehagelærarar på kvar avdeling. Utfordringa med to pedagogar er at det utløyser meir plantid. Pedagogane skal ha 4 t. plantid pr.veke. Det betyr at det kvar veke er 4 timar x 2 at dei ikkje er saman med barna. Vi ser at fagkompetansen er ei styrke, men tida tilsette er saman med barna vert lågare og på avdelinga vert personaltettleiken dårlegare.

Barnevernsreforma/oppvekstreforma krev at kommunen blir enda betre påvårt arbeid med tidlig innsats og forebygging i barnehagen. Grunnpilaren i reforma er forebygging og tidlig innsats heilskapleg tenestetilbod som krev samarbeid og samhandling på tvers av mange sektorar.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Opprinnelig budsjett	15 195	15 195	15 195	15 195
Sum Vedtak forrige periode	-356	-356	-356	-356
Sum Budsjettendring i år	727	727	727	727
Konsekvensjusteringer	371	371	371	371
Konsekvensjustert ramme	15 566	15 566	15 566	15 566
Innsparingstiltak				
Feriestengt jul og påske	-75	-75	-75	-75
Sum Innsparingstiltak	-75	-75	-75	-75
Nye tiltak				
Kompensasjon grunnet lågare makspris for barnehageplass frå 1. august 2024 for Bergtippen barnehage	447	984	984	984
Sum Nye tiltak	447	984	984	984
Nye tiltak og realendringer	372	909	909	909

Økonomiplan for 2024-2027

Ramme 2024-2027	15 938	16 475	16 475	16 475
-----------------	--------	--------	--------	--------

Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Mål 2024	Mål 2025	Mål 2026	Mål 2027
1.2 Aukra kommune skal ha ei positiv utvikling av folketalet, lik gjennomsnittet i landet	Levere gode kommunale tenester					
2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø	Alle tilsette som møter barn og unge har god relasjonskompetanse	Arbeide for eit godt psykososialt barnehagemiljø.				
	Barn og unge skal bli møtt av nok og godt kvalifiserte tilsette	Dekningsgrad av bemanningsnormen i heile opningstida.				
		Godt kvalifiserte vaksne skal sørge for at alle barn blir sett, høyrte og inkludert i fellesskapet.				
		Tilsette barnehagelærarar i Bergetippen barnehage ut over norm for pedagogtettleik				
2.2 Utjamne sosiale skilnader	Alle barn og unge har like høve til deltaking på ulike arenaer	Sikre at barn med nedsatt funksjonsevne får eit egna individuelt tilrettelagt barnehagetilbud ved Bergetippen barnehage. jmf § 37 i Lov om barnehager.				
2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium	Lågterskeltilbod for foreldrerettleiing	Bergetippen barnehage arrangerer foreldrekurs i trygghetssirkelen for foreldre kvart år. t, med åtte kveldar	8	8	8	8
		Etablere samarbeid med andre faginstanser ved behov.				
	Samordning av alle tenester slik at barn og unge får rett hjelp til rett tid	Bergetippen: Innføre BTS, samhandlingsmodellen, og ta i bruk BTI-verktøyet.				
6.1 Aukra kommune legg til rette for internopplæring, etter- og vidareutdanning	Aktiv bruk av utdanningsfond og fond til etter- og vidareutdanning	Alle tilsette ved Bergetippen barnehage skal delta i kompetansehevinga				
		Støtte til tilsett i Bergetippen barnehage som tek barnehagelærarutdanning				
6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar	Analyserer kompetansebehov og utarbeider kompetanseplanar med årlege revideringar	Bergetippen barnehage tek imot barnehagelærarstudentar og andre elevar under barnehagefagleg utdanning.				
		Kompetanseutviklingsplan for Bergetippen barnehage				
	Legge til rette for og stå fram som attraktiv læreplass for unge under utdanning	Lærling ved Bergetippen barnehage	1	1	1	1
		Tilby praksisplass ved Bergetippen barnehage				
	Leiinga har definert klare mål for arbeidet og er tilgjengeleg for dei tilsette					

Innvandring og integrering

Omtale av tenesteområdet

Eining for innvandring og integrering består av tre avdelingar:

- Ei avdeling som skal busette, kvalifisere og integrere vaksne flyktningar og flyktningfamiliar.
- Ei avdeling for einslege mindreårige flyktningar.
- Vaksenopplæring med tilbod om norskopplæring og grunnskoleopplæring for vaksne og innføringsklassar for elevar i grunnskolealder. Eininga hadde ansvaret for innføringsklassane ut vårsemesteret 2023.

Busetting, kvalifisering og integrering.

Den opprinnelege oppmodinga frå IMDi om busetting av flyktningar i 2023 var på 120 personar. Det vart fatta politisk vedtak om busetting av 60 personar. Seinare på året mottok kommunen ei tilleggsoppmoding på 10 personar. Samla stilte Aukra kommune 70 busettingsplassar til disposisjon i 2023. Det er 75 aktive deltakarar i kommunen sitt introduksjonsprogram. Introduksjonsprogrammet består av norskopplæring, samfunnsfag og tiltak retta mot skole eller arbeid, samt dei obligatoriske modulane foreldrerettleiing og livsmeistring. Elevane ved vaksenopplæringa har også tilbod om grunnskoleopplæring for vaksne. Flyktningar frå Ukraina, med midlertidig kollektiv vern, har rett, men ikkje plikt til å delta i introduksjonsprogrammet.

Einslege mindreårige flyktningar.

Eininga har eitt døgnbemanna bufellesskap for einslege mindreårige flyktningar. Der har det budd tre gutar frå Afghanistan på 17, 18 og 19 år i første halvår 2023. Ein av desse gutane fekk familiesameining i juni 2023, og ein har flytta på hybel. Det er berre ein gut att i bufellesskapet, og avdeling for einslege mindreårige flyktningar blir lagt ned seinast 31.12.23.

Alle dei einslege mindreårige flyktningane som har vore busett i Aukra kommune har enten tatt fagbrev, er lærlingar eller går på vidaregåande skole. Ein einsleg mindreårig har flytta frå kommunen.

Vaksenopplæring.

Det er om lag 100 elevar som får undervisning ved Aukra vaksenopplæring. Dei fleste av dei er deltakarar i kommunen sitt introduksjonsprogram for nykomne innvandrarar. Resten er andre innvandrarar med rett og/eller plikt til norskopplæring. Det vert det undervist 23 timar norsk med samfunnsfag per veke. I tillegg har deltakarar med rett og plikt til introduksjonsprogram undervisning i digitale ferdigheiter og introfag. Introfag er til dømes arbeidslivskurs, burettleiing, økonomikurs, kvardagsmatematikk og temakurs med eksterne førelesarar. Livsmeistring og foreldrerettleiing er obligatoriske modular i den nye Integreringslova. Flyktningar frå Ukraina, med midlertidig kollektiv vern, har også 23 timar norskundervisning per veke. I tillegg er det obligatorisk å delta på foreldrerettleiing for deltakarar som har barn under 18 år. Flyktningar med midlertidig kollektiv vern har også tilbod om faget livsmeistring, men har ikkje andre introfag. Svært mange elevar frå Ukraina har ein kombinasjon av norskopplæring og arbeidspraksis i bedrift. Det er også tilbod om norskopplæring på kveldstid.

Hausten 2023 har Aukra vaksenopplæring tilbod om grunnskoleopplæring for vaksne.

Fire deltakarar i introduksjonsprogrammet er elevar ved siste året av grunnskoleopplæringa (10. klasse) ved Molde vaksenopplæringscenter. Dei vil vere kvalifisert til vidaregåande skole frå hausten 2024. Tre deltakarar er elevar i 9. klasse same stad. Overgang til grunnskole for vaksne tel ikkje som måloppnåing i introduksjonsprogrammet, men for den einskilde deltakar betyr det likevel at dei vert kvalifisert til vidare utdanning.

Resultat for 2023: 22 personar har avslutta introduksjonsprogrammet i 2023. Av desse har 16 personar gått over i jobb, 3 går på vidaregåande skole, ein går siste året i grunnskole for vaksne og 2 har tiltak i NAV.

Innføringsklassar.

Frå 1. januar 2022 tok Eining for innvandring og integrering over ansvaret for innføringstilbodet for elevar i grunnskolealder. Dette gjeld hovudsakleg elevar med flyktningbakgrunn. På det meste var det over 30 elevar i innføringsklassane. Eining for innvandring og integrering hadde ansvaret for dette tilbodet ut skoleåret 2022/23. Frå skoleåret 2023/24 har Gossen barne- og ungdomsskole tatt over ansvaret for desse klassane.

Utvikling av tenesteområdet i økonomiplanperioda

Det gode samarbeidet med kommunale avdelingar, privat næringsliv og utdanningsinstitusjonar må halde fram for å sikre gode resultat i framtida. Den store auka i busettingar har medført ei utviding av staben både i administrasjon og vaksenopplæringa. Svært mange busettingar krev stor fleksibilitet og arbeidsvilje frå dei tilsette, og nye oppfølgingsbehov dukkar opp. Det er svært viktig å ha fokus på å halde på kompetanse når det skjer store omveltningar i flyktningfeltet.

Eining for innvandring og integrering koordinerar eit Erasmus+ prosjekt. Prosjektet omhandlar studieteknikk for flyktningar med låg utdanningsbakgrunn frå heimlandet og andre samansette utfordringar som vanskeleggjer læring. Eininga mottok 250000 Euro for å gjennomføre prosjektet i perioden 2022-2024. Dette arbeidet er no godt i gang, og prosjektet er eit samarbeid med utdanningsinstitusjonar i Hellas, Kypros, Spania og Belgia.

Eininga legg til rette for at dei tilsette skal få styrka kompetansa si innan arbeidet i flyktningfeltet. Ein av lærarane har tatt vidareutdanning i norsk, og ein av programrådgjevarane har avslutta opplæring i den obligatoriske modulen livsmeistring. Tre tilsette har deltatt på ei kursoppdatering i den obligatoriske modulen foreldrerettleiing. Ein av miljøterapeutane i avdeling for einslege mindreårige flyktningar er i ferd med å avslutte ein mastergrad i pedagogikk. Ein tilsett har gjennomført mentorutdanninga innan radikaliserings.

Utfordringar og tiltak for kommande år

Det siste halvanna året har det skjedd store endringar i flyktningfeltet. Etter mange år med låge busettingstal, vart situasjonen brått endra då krigen i Ukraina braut ut. Eit vedtak på busetting av 120 personar i 2022 og 70 personar i 2023, førte til at bemanninga både i administrasjon og vaksenopplæring måtte styrkast. Oppmodinstala for 2024 er ikkje kjent, men tala som nasjonale myndigheiter opererer med, tilseier at Aukra kommune kan vente seg store oppmodingar også i 2024.

Eininga må framleis ha fokus på vidareutvikling av tenesta, sjølv om arbeidspresset er stort og fokuset er på dei mest grunnleggjande, naudsynte og lovpålagte oppgåvene. Det er ei klar utvikling som viser at dei flyktningane som kjem frå Ukraina no, treng meir oppfølging enn dei som kom tidlegare.

Eininga har tilpassa tenesta etter dei nye krava i samband med ny lov om integrering som trådte i kraft 1. januar 2021, og også etter den midlertidige lova for flyktningar frå Ukraina med midlertidig kollektiv vern. Alle deltakarar får tilbod om karriererettleiing. Introduksjonsprogrammet er individuelt tilpassa og skreddarsydd for den einskilde deltakar. Flyktningar frå Ukraina med midlertidig kollektiv vern, har rett, men ikkje plikt til å delta i introduksjonsprogrammet. I Aukra kommune har alle flyktningar frå Ukraina takka ja til å delta i introduksjonsprogrammet. Denne

Økonomiplan for 2024-2027

gruppa har eit kortare kvalifiseringsløp, der målet er arbeid for dei som har utdanning utover vidaregåande skole frå heimlandet.

Eininga vil framleis ha stort fokus på arbeidsretting av introduksjonsprogrammet, og det gode samarbeidet med andre kommunale einingar og privat næringliv må halde fram. Dette samarbeidet gjer at mange deltakarar i introduksjonsprogrammet har moglegheit til å kombinere norskopplæring med arbeidspraksis i bedrift, noko som i fleire tilfelle har ført til jobb.

For nybusette flyktingar kan overgangen til det norske samfunnet vere utfordrande, særleg med tanke på foreldrerolla i eit nytt land med anna kultur og på samarbeid med skole/barnehage, helsestasjon m.m. Eininga har tre tilsette som er sertifiserte ICDP (International Child Development Program) rettleiarar. Foreldrerettleiing er ein av modulane som er obligatorisk i introduksjonsprogrammet. Eininga har tidlegare fått midlar av Bufetat, både til å sertifisere dei tilsette og til å gjennomføre foreldrerettleiingskurs.

Det er eit stort behov for utdanningsløp for deltakarar over 25 år, og eininga vil framleis ha fokus på samarbeid med Møre og Romsdal fylke og dei vidaregåande skolane i området med tanke på utdanningstilbod til denne gruppa. Eininga vil også ha styrka fokus på korte kvalifiseringsløp i samarbeid med NAV innanfor spesifikke fagområde.

I den nye integreringslova er det fokus på frivilligheit og friluftsliv i introduksjonsprogrammet, og eininga vil derfor halde fram med å rekruttere frivillige som kan bidra i arbeidet med integrering. Saman med NAV og Heimetenesta, har Eining for innvandring og integrering ein avtale med Stiftelsen JoinUs om gatefotball. Dette er eit tilbod ein gong i veka for alle over 15 år. Før fotballtrening møtast alle til eit måltid mat og sosialt samvære. Det er per i dag omlag 30 personar som nyttar seg av tilbodet. Dette er eit førebyggjande tiltak som har fokus på meistring, nettverk og samhandling, samt å hindre einsemd og utanforskap. Frå januar 2023 vart dette tilbodet utvida til å gjelde aktiviteter for kvinner. Kvinnene møtast kvar måndag til ulike aktivitetar. Eininga har også hatt aktivitetsveker i sommarferien for alle barn i grunnskolealder. Dette er eit populært integreringstiltak, og omlag 80 barn har nytta seg av tilbodet. Halvparten av barna har flyktningsbakgrunn.

Eininga vil framleis vere medlem i FFKF (Faglig forum for kommunalt flyktingarbeidere) og bidra til erfaringsutveksling med dei andre medlemskommunane både i fylket og nasjonalt.

Eininga har fokus på å styrke den digitale opplæringa av deltakarane i introduksjonsprogrammet. Det er svært viktig at denne gruppa kan nyttiggjere seg bruka av digitale tenester og undervisning.

I ein situasjon der verda er prega av uro på fleire kantar, er også flyktingfeltet framleis prega av usikkerheit og uføreseielegheit. Dette gjer det vanskeleg å planlegge for framtidige behov, sjølv om ein har indikatorar som tyder på at den store tilstrøyminga av flyktingar til landet vil halde fram. Men samtidig veit ein ikkje kor lenge flykningane frå Ukraina blir, eller om dei blir verande i landet. Dersom busettingstalet i kommunen framleis vil vere høgt, er det viktig at dei andre kommunale tenestene som er involvert i arbeidet med flyktingar blir styrka.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Opprinnelig budsjett	26 878	26 878	26 878	26 878
Sum Vedtak forrige periode	-6 560	-6 560	-6 720	-6 720
Sum Budsjettendring i år	1 081	581	581	581

Økonomiplan for 2024-2027

Konsekvensjusteringer	-5 479	-5 979	-6 139	-6 139
Konsekvensjustert ramme	21 399	20 899	20 739	20 739
Innsparingstiltak				
Fleire flyktingar i jobb ved å tilrettelegge transporttilbod	-1 152	-1 500	-1 500	-1 500
Ikkje erstatte tilsette ved naturleg avgang i flyktingtenesta	-1 667	-2 433	-2 433	-2 433
Ikkje lovpålagte tenester	-500	-500	-500	-500
Innsparing på grunn av avviking av bufellesskap for einslege mindreårige flyktingar	-740	-740	-740	-740
Redusert bruk av overtid	-600	-600	-600	-600
Sum Innsparingstiltak	-4 659	-5 773	-5 773	-5 773
Nye tiltak				
Sum Nye tiltak	0	0	0	0
Nye tiltak og realendringer	-4 659	-5 773	-5 773	-5 773
Ramme 2024-2027	16 740	15 126	14 966	14 966

Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

Hovudmål (Slik vil vi ha det)	Delmål (Slik gjer vi det)	Indikator	Mål 2024	Mål 2025	Mål 2026	Mål 2027
1.2 Aukra kommune skal ha ei positiv utvikling av folketallet, lik gjennomsnittet i landet	Legge til rette for aktiv og stimulerande fritid	Fritidsaktivitetar og møteplassar	100	100	100	100
		Støtte til fritidsaktivitetar	30	20	20	20
	Levere gode kommunale tenester	Svarprosent på nasjonal brukarundersøking for deltakarar i introduksjonsprogrammet	94,0 %	94,0 %	94,0 %	94,0 %
		Årleg måloppnåing for deltakarar som har avslutta introduksjonsprogrammet	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %
	Skape attraktive bumiljø	Tal på arrangement der Eining for innvandring og integrering er involvert	10	10	10	10
1.5 Alle skal ha høve til deltaking i ei variert og aktiv fritid	Ivareta og legge til rette for eldsjelene og stimulere fleire til deltaking i det frivillige arbeidet	Tal på aktivitetar saman med frivilligheita	80	80	80	80
2.2 Utjamne sosiale skilnader	Alle barn og unge har like høve til deltaking på ulike arenaer	Barn som får støtte til å delta i fritidsaktivitetar	20	15	15	15
2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium	Lågterskeltilbod for foreldrerettleiing	Tal på gjennomførte kurs i foreldrerettleiing for deltakarane i introduksjonsprogrammet	2	2	2	2
6.1 Aukra kommune legg til rette for internopplæring, etter- og vidareutdanning	Aktiv i faglege nettverk på tvers av kommunegrensar	Tal på nettverksmøter der Eining for innvandring og integrering er involvert	20	20	20	20

Kultur

Omtale av tenesteområdet

Våre verdier:

- **Alle skal kjenne seg trygge i vårt hus**
- **Vi skal gi alle lyst til å komme tilbake**
- **Alle som utfører tenester opptre som ambassadører for huset**

Folkehelse

Satsinga på folkehelse i kommunen må vidareførast og er eit gjennomgåande tema i samfunnsplanen. Lov om folkehelse og fleire stortingsmeldingar peiker på kor viktig det er med samhandling på tvers av sektorar. I tillegg til tidleg innsats og gode levekår, er psykisk helse eit viktig satsingsområde.

Aukra Kulturskole

Kulturskolen sitt samfunnsoppdrag er forankra i opplæringslova, § 13-6: «Alle kommunar skal åleine, eller i samband med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skoleverket og kulturlivet elles.» Aukra kulturskole skal vere eit ressurs- og kompetansesenter for kulturfag i kommunen gjennom opplæring, oppleving og formidling innan fagområda dans, kunst, musikk, teater og teknologi. For Aukra kulturskole er nasjonal rammeplan og lokal læreplan styringsverktøy for innhaldet og organiseringa.

Aukra folkebibliotek

Lov om folkebibliotek seier at «Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet. Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.» Med endring i lova frå 2013, skal folkebiblioteket legge stor vekt på møteplassfunksjonen og rolla som formidlar.

Ungdomsråd

Kommunelova § 5-2 har frå 2019 vore tydeleg på at alle kommunar skal ha eit ungdomsråd, eller eit anna medverkingsorgan for ungdom. Dette skal sikre ein brei, open og tilgjengeleg medverknad i alle saker som gjeld ungdom.

Overordna mål for kulturplan 2021-2024

Arena for kulturaktivitet	Frivillig sektor	Barn og unge	Kulturformidling	Kultur og næring	Fysisk aktivitet og friluftsliv
Gjennom målretta kulturarbeid vere ein attraktiv bukommune der alle kjenner at dei høyrer til.	Skape god kommunikasjon og møteplassar mellom kommunen og frivillige, samt skape gode rammer for frivillig aktivitet.	Alle barn skal oppleve ein trygg oppvekst og ha tru på eigne krefter.	Formidle historia vår og skape identitet gjennom kunst - og kulturformidling.	Bygge merkevare rundt kulturopplevingar og attraksjonar.	Utvikle eit godt fysisk tilrettelagt nærmiljø med flotte friluftsområde, turstiar og arenaer for fysisk aktivitet. Dette skal bidra til å gjere folk meir aktive.

Utfordringar og tiltak for kommande år

Med kulturtenesta samla under eit tak gir det store synergjar, både med tilgjengelegheit og samarbeid. I samråd med brukarane skal vi finne gode dei gode løysingane slik at vi når målsettingane i visjonen.

Drift av Aukra kulturhus har tilført eininga mange nye arbeidsoppgåver. Driftsprosjektet skal evaluerast i 2024 og fram til då arbeider vi med å finne ei fornuftig fordeling mellom drift av kulturhuset og utvikling av fagområda slik at heilskapen blir ivaretatt og kan vidareutviklast på ein god måte.


I tråd med sentrale føringar og vedtatt rammeplan skal kulturskolen vere eit kulturpedagogisk ressurscenter i kommunen. Stortingsmelding 18 (2021) tydeleggjer regjeringa at barn- og ungdomskulturfeltet er eit politisk satsingsområde på nasjonalt nivå. Målet er å gje alle barn og unge, uavhengig av bakgrunn, tilgang til kunst og kultur. Kulturskolen er et sentralt verkemiddel for å nå dette målet.

- Vidareføre friplassordning i kulturskolen for familiar med låg inntekt.
- Synleggjere kulturskolen som ressurscenter i kommunen for å forebygge utanforskap.
